Her er det nokre postar med feil periodisering som gjer at resultatet i oversikta er om lag kr 210.000,- betre enn realiteten.

Ein kan ikkje sjå at det har skjedd endringar siste månad som skulle tilseie at prognosen blir endra i høve til rapporteringa per 31.07.2018. Vi trur av økonomiavdelinga leverer eit mindreforbruk i 2018. Storleiken vil vere avhengig av om delar av fleksitidssaldoar må honorerast i løpet av året. Ein har imidlertid grunn til å tru at avdelinga skal klare å levere eit mindreforbruk på mellom kr 400.000,- og kr 500.000,- i 2018.

Personal- og organisasjonsavdelinga

Med utgangspunkt i rekneskapa for dei siste åra og resultatet sett for heile året, vil avdelinga samla sett gå i ballanse. Det er likevel usikre moment, og resultatet er avhengig av at dei aktivitetane som er planlagde vert halde og at det ikkje oppstår uventa kostnader.

Avdelinga har hatt lite sjukefråvær, men nokre kroner i refusjon er det likevel. Det er og knytt om lag 50.000,- til foreldrepermisjon som er bokført juli.

Det er postar i rekneskapen som går med eit meirforbruk. Dette bør rettast opp i høve til neste års budsjett, med tanke på å få rettast mogleg tal knytt til aktivitetane i budsjettet. Dette gjeld til dømes posten blad, aviser og telefoni, samt servering. Desse må difor balanserast opp i mot postar som har positive avvik. Dette gjeld mellom anna kursutgifter og opphald kurs, som må regulerast i forhold til samla budsjett.

Personal- og organisasjonsavdelinga hadde i perioden januar-juli tilnærma eit balansert forbruk, med eit positivt avvik på 0,65%. For perioden januar-august har avdelinga eit positivt avvik på 3,06%.

Prognose for 2018: Om ikkje store uforutsette hendingar oppstår, vil vi samla sett gå ut med eit lite underforbruk.

Informasjonsteknologi

Avvik i inntekter - ingen avvik å melde. Inntekter frå driftsavtaler vert fakturert årleg i november/desember.
Avvik i utgifter - Alvorleg avvik på 28,5% (ned frå 29,3% førre rapportering) skuldast betaling av faktura for både 1. og 2. halvdel av 2018 frå SSIKT som ikkje er periodisert, elles i balanse i forhold til budsjett. Det er likevel eit overforbruk på 3% på denne posten (kjøp frå kommunar). Tala i budsjettet vart lagt inn etter informasjon om driftskostnad for Herøy frå SSIKT.
Prognose per 31.12.2018 i kr - Det er ikkje grunn til å tru at det skal verte eit vesentleg avvik på dette ansvaret ved årets slutt til trass for alvorleg avvik i denne perioden.
Evt ting som kan oppstå seinare i året - Lisensar vert fakturert noko ulikt frå leverandør til leverandør. Vi får rekningar både per kvartal, halvår og år. Dette kan gi utslag i avvik i utgifter enkelte månader, men jamnar seg ut i løpet av året.

Overføringar

Denne er litt vanskeleg å uttale seg om. Grunnen er bl.a. at mange av utbetalingane skjer 1 til 2 gongar per år og ein har då ei utfordring med periodiseringa. Det ein veit er at kommunen i år har utgiftsført ein faktura på kr 150.000,- som galdt rekneskapsåret 2017. Den andre usikre faktoren gjeld samarbeid der vi i dag betaler inn akonto summar med der årsavrekninga både kan syne meirkostnadar og meirutgifter (krisesenter, revisjon, arbeidsgjevarkontrollordninga, innkjøpsordninga med mange fleire).

I mangel på ei betre prognose så går det forhåpentlegvis mot eit rekneskap som tilsvarar budsjettet per 31.12.2018.

Barnehageavdelinga

Pr utgangen av august, har seksjonen eit negativt avvik på 3,3 mill.
Avviket skuldast i hovudsak at det 1. juli vart utbetalt kommunalt tilskot til ordinær drift i private barnehagar for månadane juli, august og september. Periodiseringa vert då per
31.august ikkje rett.
Barnehagane har mange funksjonshemma barn som krev ekstra ressursar. Prognose for viser at dette kan gje eit meirforbruk i høve budsjettet på ca 1 mill. Det vil eventuelt kunne dekkast inn av bunde fond (styrkingsmidlar) eller gjennom eit muleg mindreforbruk på funksjon 211 på grunnskule.
Lønnsutgiftene i kommunale barnehagar er noko høgare enn budsjettert. Dette skuldast sjukefråver og bruk av vikarar. Meirutgiftene vert kompensert av refusjon sjukepengar.
Det er lavare brukarbetaling enn budsjettert. Dette skuldast færre barn enn barnehagen sin kapasitet i enkelte barnehagar, og at fleire småbarn gir lavare brukarbetaling enn om det var
fleire store barn (småbarn tel for to store barn når det gjeld plasskapasitet)

Meir inntekt enn budsjettert er kompetanseutviklingsmidlar frå staten og KS (207 000), badetilskot til kommunale og private barnehagar (311 400) og tilskot for minoritetsspråklege barn (287 612)

Prognose: Det går mot eit meirforbruk på funksjon 211 pga av ekstra hjelp til barn med særskilte behov. Pga den lovfesta bemanningsnorma, kan ein ikkje dekke opp dette ved intern omfordeling. Der er fortsatt noko styrkingsmidlar på fond, som kan nyttast til å dekke opp meirforbruket på dette området.

Grunnskuleavdelinga

Status netto forbruk pr aug: 63%, mot same tid i 2017: 60,26%

Utgifter: Omtrent på budsjett, men samla lønnsutgifter ligg 2,3 mill over budsjett. Må sjåast opp mot refusjon sjukelønn og foreldrepengar, til saman 2,1 mill over budsjett. I tillegg ligg her inne vikarutgifter og tilskotsmidlar til lærarar på vidareutdanning.
Høgare leasingutgifter (fleire årstrinn med i'Pad) og kjøp av EDB-utstyr (Chromebooks) til u.trinnet er ekstra kostnader dette året.

Inntekter: Omtrent på budsjett, men dette er pga øyremerka tilskot dette året. Brukarbetaling for SFO og kulturskule er kr.700' lavare enn budsjettert.
Øyremerka tilskot til tidleg innsats og kompensasjon for lærarnorma er utbetalt, medan kostnadene for fleire undervisningstimar, vil gå fast resten av året.

Prognose: Rekneskapen viser omtrent balanse no, men sidan tilskota er utbetalt i forkant av kostnader, vil det kunne bli eit meirforbruk dette året. Dette vil vere relatert til kostnader både til lønn og kompetanseutvikling som kan dekkast inn av fond som er vidareført til bruk for ulike pedagogiske satsingar. Ved hjelp av dette, skal vi balansere budsjettet i 2018.

Helse og omsorg leiing

Avvik utgifter: Fyrste og andre betaling til ressurssenteret for omstilling (RO) er betalt. Rekningane vert belasta på helse og omsorg adm. Kostnaden er ikkje budsjettert, slik at her får vi eit avvik samla sett. Ein del av det negative avviket per d.d gjeld forskottering knytt til 7-stjerna HO, som vi får 6/7 delar tilbake på, ved slutten av året.

Avvik inntekter: Ingen avvik.

Prognose: Det vert eit lite avvik knytt til kjøp av tenester av RO, som ikkje er budsjettert inn i 2018-budsjettet. Det vert spart på andre postar for å minimere avviket.

Barn, familie og helse

Avvik utgifter: Avdelinga må melde om eit alvorleg avvik totalt sett for einiga. I det alt vesentlege har det si årsak i store utbetalingar av kommunale midlar frå NAV kontoret. NAV-leiaren viser til eit samansatt bilde om årsaka til dette, mellom anna innstramming av regelverket for arbeidsavklaringspengar (AAP)
og auke i tal på personar som har brukt opp dagpengerettane sine, eller som ikke har opptent dagpengerettar. Det har vore ei eiga sak og orientering frå NAV-leiar til formannskapet om dette, med fokus på tiltak for å betre situasjonen.

Når det gjeld dei andre områda i avdelinga har det vore eit meirforbruk når det gjeld varar og tenester. Dette gjeld i hovudsak medisinsk forbruksmateriell. Det er også eit mindreforbruk på husleige, som gjeld leigeavtalene fastlegene har med kommunen. Det er varsla ei mindreinntekt på dette område over tid. Mindreinntekta her er om lag like stort som det var ved same tid i 2017.

På dei øvrige områda avdelinga har ansvar for, er forbruk om lag i tråd med budsjett. Det kan vere at tala viser ein underdekning, men dette kan stort sett førast tilbake til mellom anna innvilga tilskot, som ikkje er førte på tidspunktet for rapporten.

Avvik inntekter: Ein del tilskot har ikkje kome inn/ikkje bokførte per d.d

Prognose: Det vert eit meirforbruk for 2018. NAV varslar at om trenden i utbetaling av sosialhjelp fortsett lik ut året, vil vi trenge ca 11-12 millionar, medan budsjettet er på 4 million. Det vert førebudd ei eiga sak, med forslag til tiltak for dette området.
I avdelinga elles vert det førespegla eit meirforbruk til om lag 1,5 mill for 2018, der det alt vesentlege av dette har si årsak i dei inngåtte avtalane med fastlegane. Avtalane slik dei ligg føre, er forøvrig vurdert til å vere heilt nødvendige for å sikre stabilitet i tenesta.

Pleie og omsorg

Pleie og omsorg har eit overforbruk i rekneskapen på 3,3mill

Periodiserer for:
Manglande salsinntekter (vederlag institusjon august manglar) 1mill

Overforbruk er då på 2mill

Avvik utgifter: Det er store utgifter knytt til ekstrainnleige for pasientar som av ulike grunnar treng ekstra oppfølging. I tillegg har vi pr dags dato eit overforbruk på medisinske forbruksvarer på 160 000,- Utgiftene her er stigande etter nytt anbod.

På ansvar 3247 ligg det utgifter knytte til drift av transportmiddel inkl årsavgift og forsikring som ikkje er budsjetterte i høgde 180 000,-

På ansvar 3246 ligg det ferievikarutgifter på litt iver 46 000,- Desse tilhøyrer avdeling for tenestekoordinering.

Avdelinga har brukt 67% av budsjettet, noko som er 2% meir enn forventa.

Prognose: Som meldt i førre rapportering har pleie og omsorg eit negativt avvik per d.d. Pasientbehov er vi pliktig å følge opp på ein forsvarleg måte, noko som fører til uventa utgifter. Vi forventar at det kjem inn noko meir statstilskot enn budsjettert også til pleie og omsorg, og vi håpar å minimere avviket her.

Bu- og habilitering

Avvik utgifter: Ekstrahjelp og bemanning på grunn av auke i behov, gir ekstra kostnader. Av erfaring veit vi at ein del av dette kjem tilbake som auke i inntekter frå staten.

Avvik inntekter: Det vil nok kome ekstra inntekter, då ein del av meirforbruket utløyser statstilskot.

Prognose: Erfaringstal viser at avdelinga brukar å kome positivt ut ved slutten av året, sjølv om tala er raude store delar av året. I 2017 fekk vi i overkant av 2 millionar meir enn budsjettert til det staten kallar ressurskrevjande brukarar. Om at staten held på nokon lunde tilsvarande "refusjonsnøkkel" i 2018, håper vi å få det negative avviket i balanse i år også.

Tenestekoordinering

Avvik utgift: Innsparinga skyldast at vakant stilling i 50% er helde ledig i heile 2018, i tillegg til at det ikkje er leigd inn sjukevikar i 100% stilling frå mars 2018. I sistnemnde er det tilsett ein person frå 01.10. slik at innsparinga vil ikkje auke i tilsvarande grad resten av hausten. 50% stillinga er også lyst ut, men det vil ikkje bli tilsett nokon i stillinga før januar 2019. Det vil også kome til ein del utgifter på slutten av året i teknisk drift (3512), slik at det til slutt vil bli balanse mellom regnskap og budsjett på dette ansvaret.

Avvik inntekt: På slutten av året vil det også bli gjort nokre overføringar til 3511 frå fond (prosjektkonto 32011) som vil auke mindreforbruket.

Prognose: Avdelinga vil samla sett truleg ha eit mindreforbruk på vel 600.000 ved årsslutt.

Kulturavdelinga

Samla sett viser rekneskapen for område 40 eit mindreforbruk på vel 700’ ved utgangen av august 2018.

Særleg kommentar:
For ansvarsområde kulturproduksjon (Ansvar 4061- konserthus) viser rekneskapen viser eit meirforbruk i drifta på ca kr. 118’. Ei gjer merksam på at ikkje alle utgifter og inntekter for andre tertial er med og månadsrapporten gir soleis ikkje eit korrekt bilde av status. Deler av avviket skuldast at ein del av inntektene på arrangement som skal spelast etter 31. august er inntektsførte i andre tertial og ved utgangen av august utgjer dette litt over kr. 1 mill. Faktisk meirforbruk ved utgangen av 2 tertial er ca. 420’.

4062, kino og kiosk: Prognose ved årsslutt er eit overskot på kr. 40 mot vel 80’ i budsjettet.
Prognose ved årsslutt for ansvarsområda 4061-4062 er eit underskot på ca. kr. 450 000.

Kommunalsjefen si vurdering er at det er noko usikkert korleis ein vil kome ut for område 40. Slik det ser ut pr.august månad vurderer ein det til at samla prognose for kulturavdelinga ved årsslutt er i beste fall eit underskot på omlag kr. 100 000.

Anleggs- og driftsavdelinga

Avdelinga har god kostnadskontroll og ein legg til grunn eit positivt resultat på om lag 150-200 000 kr.

Brannvern og feiing

Det er ikkje tilfredstillande resultat eller prognose for avdelinga. Det ligg an til meirforbruk på om lag 600'-700 000kr. Det er usikkerheit kring sjukefråver (ekstravakter) og tal på utrykkingar resten av året.

Utviklingsavdelinga ink Landbrukskontoret

Avdelingane har god kostnadskontroll og går mot eit mindreforbruk på om lag kr. 500.000,- for 2018.

Eigedomsavdelinga

Eigedomsavdelinga har eit meirforbruk sett opp mot periodisert budsjett. Ser vi dette opp mot årsbudsjett ser vi no at også dette kan gå med meirforbruk. Dette er som tidlegare knytt til at budsjettet for løpande drift no er oppbrukt samstundes som bygningsmessige manglar fortsatt krev oppfølging i 2018, sjølv om budsjettposten er tom. På denne bakgrunn stopper vi no også alt planlagt vedlikehald som det ikkje er inngått kontrakt for .

Vi har eit mindreforbruk innanfor reinhald som vi håper kan bidra til at meirforbruket vert redusert, men det er pt. vanskeleg å seie noko meir konkret.

Skatt, ramme, finans, tilskot

Skatteinntektene per 31.08.2018 er på om lag 170,95 mill kr medan vi har budsejttert med 265,5 mill kr for 2018. Slik det ligg an no vil vi klare budsjettet. Likevel gjer vi merksam på at november er ein viktig skattemånad. Då får vi vite to faktorar som blir viktige for dei eindelege skatteinntektene. Marginoppgjeret og endeleg fordelingsprosent for 2018. Slår desse to fakturane negativt ut for Herøy kommune kan ein risikere at skatteinntektene vert mindre enn budsjettert.

Rammetilskotet vart budsjettert til 214,3 mill kr. Men endringar i endeleg folketal/forketalssamansetjing per 31.12.2017 gjorde at dette vart resusert til om lag 213,0 mill kr. Per 31.07.2018 ha vi bokført 148,4 mill i slike inntekter. Rammetilskott vert ikkje utbetalt i august og desember. Ei normalutbetaling av rammetilskottet er på 21,6 mill kr - dvs om lag 64,8 mill kr resten av året og ein total på om lag 213,2 mill kr. Vårt håp er at skatteinntektene på landsbasis vert høgare enn budsjettert slik at vi samla får balanse mellom budsjetterte og reelle frie inntekter.

Under aktiv forvaltning har vi budsjettert med ei total avkastning på 4,14 mill kr. Kanskje noko høgt i og med at vi har om lag 80,0 mill plassert i marknaden. Det gir ei snittavkastning på nær 5,2% og det er mykje når 60,0 mill kr er plassert i obligasjonar og rentepapir. Hittil i 2018 er avkastninga på nær 2,1 mill kr.

Renter på innskott og statstilskott (rentekompensasjon) er totalt budsjettert med i alt om lag 4,5 mill kr. Inntektene hittil er på nær 0,6 mill kr. Trass i at rentekompensasjonen først blir utbetalt i januar 2019 vil ein her ikkje klare dei budsetterte inntektene. Grunnen til dette er at innskota er mindre enn rekna med og at renta på innskot også er lavare enn rekna med. Ein ser ikkje vekk frå at ein her kan få mindreinntekter på om lag 1,5 mill kr. Aksjeutbyttet frå Tussa AS er nær 0,4 mill kr høgare enn budsjettert.

Vi har budsjettert med totalt 38,8 mill kr i rente- og avdragskostnadar i 2018. Det er eit håp om at vi vi treffe bra med dette anslaget. Vi må kontrollrekne minsteavdraget før vi kan seie noko meir eksakt her.

Vi har budsjettert med pensjonsavvik/mindrekostnadar pensjon på om lag 14,7 mill kr. Om dette vil bli rett er vanskeleg å seie. Tala stammer frå opplysningane vi fekk frå pensjonsselskapa i 2017 og dei er ikkje kontrollrekna i ettertid basert på nye oppgåver vi har fått frå selskapa. Dette voner vi er klart til budsjetttkontrollen per 30.09. I 2017 utgjorde desse mindrekostnadane om lag 19,0 mill kr og vi vonar at dei vert på om lag det same nivået i 2018.

Til slutt må vi nemne at vi har budsjettert med bruk av disp fond på heile 11,3 mill kr for å få 2018 budsjettet i balanse.

Konklusjon: Med det vi ser i dag kan vi håpe på å gå i balanse alt sett under eit. Bruken av disposisjonsfondet vil vere avhengig av resultatet i driftsavdelingane og blir totalsituasjonen der negativ vil fondsbruken bli større enn dei budsjetterte 11,3 mill kronene.

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2018/810
		Arkiv:	210

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
32/18	Komite for helse og omsorg	04.10.2018
41/18	Komite for næring, kultur og idrett	15.10.2018
24/18	Komite for oppvekst	17.10.2018
67/18	Maritim og teknisk komite	15.10.2018
177/18	Formannskapet	16.10.2018
122/18	Kommunestyret	25.10.2018

TERTIALRAPPORT PER 01.09.2018.

Møtebehandling:

Møtebehandling i MTK, KN og KHO vart lagt fram i møte.
Rett tertialrapport for komite for oppvekst vart delt ut i møte.
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 16.10.2018

Tertialrapporten per 01.09.2018 vert godkjend.

Møtebehandling:

Tilråding/Vedtak i Maritim og teknisk komite - 15.10.2018

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for oppvekst - 17.10.2018
Tertialrapporten per 01.09.2018 vert godkjend.

Møtebehandling:
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 15.10.2018
Tertialrapporten per 01.09.2018 vert godkjend.

Møtebehandling:
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for helse og omsorg - 04.10.2018
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding:

Tertialrapporten per 01.09.2018 vert godkjend.

Særutskrift:

- Kommunalsjef helse og omsorg
- Kommunalsjef oppvekst
- Kommunalsjef samfunnsutvikling
- Kommunalsjef stab

Vedlegg:

- Tertialrapport for sektor oppvekst
- Tertialrapport for sektor helse og omsorg
- Tertialrapport for sektor stab
- Tertialrapport for sektor samfunnsutvikling
- Tertialrapport for sektor samfunnsutvikling. Vedlegg.

Saksopplysningar:

Saka gjeld tertialrapport pr. 01.09.2018 og rapporteringa tek utgangspunkt i årsplanen for 2018..

Bakgrunn
I K-sak 53/02 vart det vedteke reglement for rapportering av løpande drift og prosjekt. Etter dette skal det rapporterast kvart tertial på sjukefråvær, teneste, vedtak og prosjekt.

Sjukefråvær
Kommunestyret har i K-sak 17/03 vedteke:
"Herøy kommune teiknar samarbeidsavtale med trygdeetaten for eit meir inkluderande arbeidsliv. Samarbeidsavtalen skal gjelde frå 1 april 2003."

Eit av føremåla med samarbeidsavtalen er å få ned sjukefråværet. For å følgje med utviklinga i sjukefråværet skal det rapporterast for dette kvart tertial.
IA- avtalen er resignert. Partane er NAV Arbeidslivssenter, arbeidstakarorganisasjonane ved Fagforbundet lokalt og arbeidsgjevar ved rådmannen.

Vedtaksrapportering
Vedtaksrapportering omfattar oppfølging av vedtak fatta i politiske organ. På denne måten skal formannskapet og kommunestyret kvart tertial få ei oppdatering på kor langt ein har kome i oppfølginga.

Tenesterapportering
Denne rapportering omfattar avvik i kommunen si oppfølging av innbyggarane sine rettar etter lovverk, lokale vedtekter, retningsliner og vedtak. Avviket kan vere registrert i form av avviksrapportar frå medarbeidarar, rapport frå tilsynsorgan, revisjonsrapportar eller som klage frå innbyggarane.

Prosjektrapportering
Det er utarbeidd prosedyrar for planlegging og gjennomføring av anlegg og byggeprosjekt frå eit prosjekt vert planlagt, finansiert, lagt ut på tilbod/innhenta tilbod, gjennomført og til det er avslutta (inklusive sluttrekneskap). Status for dei ulike prosjekta skal rapporterast.

Vurdering og konklusjon:
Det er viktig at rådmannen får tilbakemelding. Det gjeld både struktur og innhald. Rådmannen vi då prøve å tilpasse seinare rapportar i forhold til tilbakemeldingane

Fosnavåg, 02.10.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Tertialrapport 2 Oppvekst 2018

1. Viktige hendingar

- Det er tilsett godt kvalifiserte pedagogar og assistentar i alle ledige stillingar i Oppvekst for barnehage- og skuleåret 2018/19.
- Eksamen gjennomført både i ungdomskule og norskopplæring for vaksne, med gode resultat. Positiv utvikling.
- Planlegging/ organisering i nytt administrasjonssystem (Tieto Education) har vore utfordrande og har teke mykje kapasitet. Implementering tar tid, ikkje minst jfr integrasjon mot andre verktøy.
- Myrsnipa barnehage har fått eit løft i sommar, med nytt kjøkken
- Barnehageopptaket 2018; alle som skal starte i august, fekk tildelt plass. Framleis ledige plassar i ytre Herøy, til disposisjon for dei som eventuelt vil starte seinare på året.
- Satsing på digitale verktøy for læring. Nyttar frå og med dette skuleåret i'Pad på 1.-3.årstrinn. Høgskulen i Volda / Skrivesenteret ved Universitetet i Stavanger skal gjennomføre følgjeforsking på effekten. Oppstart innføring av Chromebook på ungdomstrinnet. Stokksund har fått verktøy 1:1, innføring på YHU har starta. Behov for ekstra løyving for full implementering både av i'Pad og Chromebook.

2. Vedtaksrapport

Saksnummer **K-sak 51/18**	**Sakstittel** **Forvaltningsrevisjon Tideg innsats**
Vedtak	1.Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet – Tidleg innsats, Herøy kommune (utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 05.03.2018). 2.Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast: . Overgangsplanen skal innehalde rutinar knytt til overføringsmøter mellom kontaktlærar og barnehage. . Kommunen skal vurdere om det er hensiktsmessig og utarbeide felles strategi-/kvalitetsplan for heile oppvekstsektoren. . Kommunen skal setje i verk tiltak for å oppfylle minimumskrava i rettleiar m.h.t. antal timar leksehjelp ved alle skulane. 3.Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterar om status for gjennom-føringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **20.08.2018**
Status	Rapport sendt innan fristen.
Framdrift	-
Saksnummer **K-sak 53/18**	**Sakstittel** **Tilstandsrapport for grunnskulen**
Vedtak	Kommunestyret tek saka til vitande
Status	-
Framdrift	-

3. Fokus Økonomi

Mål	Netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av sum driftsinntekter innan 2020.	Disposisjonsfondet skal vere på minimum 5 % av skatt/ramme innan 2020.
Korleis lukkast?	Realistisk budsjettering og god økonomistyring	Realistisk budsjettering og god økonomistyring
Korleis måle?	Rekneskap	Rekneskap
Status 2017	1,47	39.642.000
Ambisjon 2021	1,75 %	30.000.000
Resultatmål 2018	1,00 %	30.000.000
Tiltak 2018		
Tiltak	God budsjettdisiplin på drift. Vikarutgifter kun når anna er uforsvarleg. Søkje tilskot til utviklingstiltak der det er muleg.	Tiltaka for god budsjettdisiplin, skal medføre eit mindreforbruk på årsbasis.
Tiltak	Vurdere og tilpasse drifta i alle avdelingar etter faktisk økonomisk status	Tiltaka skal medføre eit mindreforbruk på årsbasis.
Status:	Tiltaka har fokus, og vert følgt opp. Handlingsrommet vert utfordra av saker der kostnader ligg utanfor vår styring	Gode rutinar og oppfølgjing.

4. Fokus Organisasjon

Kommunen har gjennomført ei evaluering etter Kommunekompasset og Kommunebarometeret. I tillegg er det gjennomført endringar i den administrative organiseringa i kommunen.

Kommunen gjennomførte Kommunekompasset i 2018 og fekk ein skår på 435 av 800 moglege. Dette er bra, og nest best av alle kommunar mellom 5000-10000 innbyggjarar, som har brukt kommunekompasset sidan 2010. Det er 12. beste plassering av alle målingar gjort i kommunekompasset i Noreg.

Utfordringane for kommuneorganisasjonen dei komande åra:

- Nedbemanning som følgje av nødvendig økonomisk omstilling.
- Kompetanseutvikling.
- Gode leiarar på alle nivå for å lukkast med økonomistyring, omstilling, tilsette, tenestene og brukarane.
- Ta i bruk ny teknologi. Til dømes: digitalisering og velferdsteknologi.

Mål	Kommunen skal vere ein effektiv, kompetent, utviklingsorientert, lærande og politisk	Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass	Auka nærvær i samsvar med målsetjinga i IA-avtalen og totalt på	Avgrense tidleg avgang: Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal

	målstyrt kommune-organisasjon.	der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeids-gjevarpolitikken sine mål.	heile kommunen minimum 92,5 %	stå i arbeid fram til fylte 65 år. Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.
Korleis lukkast?	Oppfølging Kommune-kompasset.	Oppfølging arbeids-gjevarpolitikken.	Førebyggje og følgje opp sjukemelde.	Oppfølging seniorpolitikken.
Korleis måle?	Ny gjennomgang Kommune-kompasset.	Medarbeidar-undersøking.	Sjukefråver-statistikk.	Statistikk.
Status 2016	329 poeng	Ikkje undersøkt.	7,19 %	67,7 % i arbeid ved 65 år, 45,5 % i arbeid ved 67 år.
Ambisjon 2021	450 poeng	Betre enn landsgjennomsnitte t.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Resultatmål 2018	400 poeng	Betre enn landsgjennomsnitte t	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Tiltak 2018				
Tiltak alle sektorar	Gjennomføre Kommune-kompasset	Medarbeidardag	Implementering av nytt HMS-regime i heile organisasjonen, med dei oppgåvene som ligg til det.	
Tiltak	Gjennomføre samarbeids-prosjekt med Vanylven/Sande kommune.			
Status	Kommunekompass et er gjennomført. Sektoren har ingen samarbeidsprosjekt	Fleire tilsette deltok på medarbeidardagen	HMS-grupper er etablert.	

5. Fokus Tenesterapportering

Overordna mål:

- Oppnå og dokumentere tilfredsstillande resultat og kvalitet innanfor dei ulike tenesteområda.
- Sikre god brukarmedverknad og løpande utvikling i tenesteytinga.
- Levere tenester i samsvar med brukarane sine lovfesta rettar.
- Digitalisering, innovasjon og bruk av ny teknologi

Mål	Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar skal vere over landssnittet.	Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk.
Korleis lukkast?	Brukarfokus.	Opplæring i lovverk og sakshandsaming.

Korleis måle?	Brukarundersøkingar, Kommunebarometeret.	Avvik og klager. Tilsyn.
Status 2017		23 tilsyn, 60 avvik
Ambisjon 2021	Betre enn landsnittet.	Mindre enn 1 avvik per tilsyn i snitt
Resultatmål 2018	Betre enn landsnittet.	Mindre enn 1 avvik per tilsyn i snitt
Tiltak 2018		
Tiltak alle sektorar:		Sektorvis oppfølging og rapportering av avvik i Compilo
Status	Ingen brukarundersøkingar i 2.tertial	Ingen melde avvik i 2.tertial
Tiltak		Implementering av nytt personvernreglement, med dei oppgåvene som ligg til dette.
Status		Arbeidet er i gang, både internt og i samarbeid i Sjustjerna.
Tiltak Oppvekst:	Revidere strategi- og handlingsplanar.	Sikre god kompetanse på lov- og regelverk
Status	Revisjon utført. Arbeid med gjennomføring av handlingsplanar i kvar avdeling	Høgt fokus på oppdatering og auka kunnskap om nye lover og forskrifter.
Tiltak	Kompetansebygging i barnehagane, fokus på kvalitet, vaksenrolla, læring og utvikling.	
Status	Deltaking i nasjonale satsingar; Inkluderande barnehage- og elevmiljø	
Tiltak	Beredskapsteam og innsatsteam for trygge elev- og læringsmiljø	
Status	Etablert. I tillegg etablert Innsatsteam på dei største skulane, gjennom pilot i nasjonal satsing	
Tiltak	Tiltaksplan for auka leseferdigheiter	
Status	Skal starte våren 2019	
Tiltak	Implementere nytt digitalt adm.program	Kvalitetssikre malar og prosedyrer
Status	Er godt i gang, men eit omfattande arbeid med mange modular	Dette skjer i implementeringsprosessen

13. september 2018

Kommunalsjef Oppvekst

2. TERTIALRAPPORT 2018

HELSE OG OMSORG

1. Viktige hendingar

- Deltaking i KS sitt læringsnettverk «heilskaplege pasientforløp».
- Deltaking i nasjonalt velferdsteknologiprogram.
- Samarbeidsprosjekt med Vanylven og Sande kommunar, ifht å vurdere samanslåing av NAV og barnevern.
- Planprogram for ny kommunedelplan for helse og omsorg vart stadfesta i formannskapet den 10. april. Arbeidet er i gang, men på etterskot ifht ønska tidsline.
- Oppfølging av ROP-tilsyn.
- Arbeid høve samanslåing av bustadsosial, rus og psykisk helse.
- Arbeid i høve overføring av flyktningtenesta til sektor for oppvekst.
- Har tatt i bruk fyrste RoomMate (digitalt tilsyn) i omsorgbustad.
- Førebuing for oppstart av eRom (elektronisk pasientrom) på Myrvåg omsorgssenter.

2. Vedtaksrapport

Planprogram for ny kommunedelplan for helse og omsorg vart stadfesta i PS 64/18.
Status: Arbeidet er i gang, men skissert tidsline i planprogrammet er for optimistisk.

3. Fokusområde økonomi

Mål	Netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av skatt + rammetilskott innan 2020.	Disposisjonsfondet skal vere på minimum 5 % av skatt/ramme innan 2020.
Korleis lukkast?	Realistisk budsjettering og god økonomistyring	Realistisk budsjettering og god økonomistyring
Korleis måle?	Rekneskap	Rekneskap
Status 2017	1,47	39.642.000
Ambisjon 2021	1,75 %	30.000.000
Resultatmål 2018	1,00 %	30.000.000
Tiltak 2018		
Rammekutt 1,75 %		
Alle	God budsjettdisiplin på drift.	Tiltaka for god budsjettdisiplin, skal medføre eit mindreforbruk på årsbasis.
	Vikarutgifter kun når anna er uforsvarleg.	
	Søkje tilskot til utviklingstiltak der det er muleg.	
	Redusere overtidsbruk	
	Hente ut inntektspotensialet	
	Restriktiv på innkjøp	

Status:	Vi arbeidar med dette. Overtidsbruken er redusert per d.d, samanlikna med 2017.	Alle avdelingsleiarane rapporterer i Agresso. Høg fokus på god budsjettdisiplin. Vi har avvik ifht auka behov, sosialstønad og legetenester, som gjer måloppnåing særs utfordrande.
Driftsreduksjon 10 mill		
	Tiltaksplan innan 31.03.2018.	
Status:	Tiltaksplan vart levert innan fristen. Vedtekne tiltak vert lagt inn i budsjett for 2019.	

4. Fokusområde Tenesterapportering

Overordna mål:

- Oppnå og dokumentere tilfredsstillande resultat og kvalitet innanfor dei ulike tenesteområda.
- Sikre god brukarmedverknad og løpande utvikling i tenesteytinga.
- Levere tenester i samsvar med brukarane sine lovfesta rettar.
- Digitalisering, innovasjon og bruk av ny teknologi

Mål	Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar skal vere over landssnittet.	Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk.
Korleis lukkast?	Brukarfokus.	Opplæring i lovverk og sakshandsaming.
Korleis måle?	Brukarundersøkingar, Kommunebarometeret.	Avvik og klager. Tilsyn.
Status 2017		23 tilsyn, 60 avvik
Ambisjon 2021	Betre enn landsnittet.	Mindre enn 1 avvik per tilsyn i snitt
Resultatmål 2018	Betre enn landsnittet.	Mindre enn 1 avvik per tilsyn i snitt
Tiltak 2018		
Alle sektorar		Sektorvis oppfølging og rapportering av avvik i Compilo kvart tertial.
Status:	Ei enkel brukarundersøking er gjennomført i prosjektet «Kvikk Herøy» Tilbakemelding der vert presentert no over sommaren. Helsestasjon, rusomsorga, barnevern og heimetenesta skal ha kartlegging gjennom betre kommune, hausten 2018.	Avvik 2 tertial samla: 184 avvik Høg alvorsgrad: 23 avvik Middels alvorsgrad: 75 avvik Låg alvorsgrad: 86 avvik Avvika er stor grad knytt til medisin. Dei fleste avvika er lukka, nokre få er under handsaming og ikkje lukka. Ingen tilsyn 2. tertial. Fleire ROS-analyser er under arbeid i sektoren.
		Implementering av nytt personvern-reglement, med dei oppgåvene som ligg til det. Samarbeid med SSIKT.
Status:		Kurs og opplæring er gjennomført. Kartlegging av prosesser kring lagring

		og bruk av personopplysningar er i gang i helse og omsorg.
Helse og omsorg	Gjere undersøkinga så tilgjengeleg (brukarvenleg) som mogleg, og betre annonseringa i forkant, for å auke deltakingsprosenten	Kompetanseheving for alle sakshandsamarar, med fokus på heilskapleg og lik sakshandsaming i heile sektoren
Status:	Vi har fokus på dette.	Gjennomført
	Deltaking i læringsnettverket, heilskaplege pasientforløp, men tanke på å auke i kvalitet og koordinering	Gjennomgang av praksis for å sikre at «likt tilfelle handsamast likt»
	Det er satt ned eit tverrfagleg forbetringsteam i Herøy kommune, som inkluderer kommunalsjefen si leiargruppe. Det er utarbeidd sjekklister for gode pasientforløp, for alle i helse og omsorg, som er implementert i Gerica. Opplæring pågår. Oppstart av bruk etter oppstartsamling i gode pasientforløp lokalt i Herøy i oktober. Samarbeid med Servicetorget om å lage film, som vert presentert på oppstartsdagen. Arbeidet er presentert for pensjonistlaga i Herøy.	Avdeling for tenestekoordinering har tatt over ansvar for sluttføring av alle enkeltvedtak etter helse og omsorgstenestelova (HOL), frå 01.08. som vil bidra til heilskapeleg og lik sakshandsaming i heile sektoren.
	Deltaking i velferdsteknologiens ABC og nasjonalt veldferdsteknologiprogram. Ulike velferdsteknologiske tiltak vil kunne gi auka oppleving av kvalitet og dermed bidra til betre resultat på brukarundersøking eller resultatmålingar.	Utvikling og oppdatering av prosedyrar i Compilo. Prioritere særleg prosedyrar kor ulike fagfolk har ulike roller men må samarbeide for å utvikle ei god teneste overfor den einskilde brukar
	Leiar for veldferdsteknologigruppa har presentert arbeidet på alle fagdagar i helse og omsorg, for helse- og omsorgskomitè, råda og pensjonistlaga i Herøy. Vi har tatt i bruk RoomMate og skal vere pilot på eRom i Myrvåg frå september.	Alle avdelingane arbeidar med revidering av prosedyrar i Compilo. Internrevisjon av prosedyrar og rutinar har prioritering, og vert etterspurt framdrift av.
	Enda større fokus på fagleg utvikling og samhandling mellom ulike fagområder til beste for den einskilde brukar	Klarspråksatsing – brukarvenleg søknadsskjema med enkel brosjyre, i tillegg til oppdatert nettside om helse og omsorgstenester med folkeleg språk
	Helse og omsorg ved avdeling for tenestekoordinering har tatt over sakshandsaming ifht tildeling av kommunale utleigebustadar. Alle enkeltvedtak etter HOL, vert handsama av avdeling for tenestekoordinering. Vi har innført bustadmøte på tvers av sektorar/avdelingar. Vi drøftar nye møtearena ifht kva som er hensiktsmessig i høve utviklingsområde. Vi har satt ned eit tverrfagleg forbetringsteam innan sektoren. Vi arbeidar med ny	Desse tiltaka er gjennomført, men vi arbeidar vidare med Klarspråk inn mot ny heimeside og vedtaksmalar.

	kommunedelplan for helse og omsorg.	

5. Fokusområde organisasjon

Kommunen gjennomførde kommunekompasset på nytt i 2018 og fekk ein skår på 435 av 800 moglege. Dette er bra, og nest best av alle kommunar mellom 5000-10.000 innbyggjarar, som har brukt kommunekompasset sidan 2010. Det er 12 beste plassering av alle målingar gjort i kommunekompasset i Norge.

Utfordringane for kommuneorganisasjonen dei komande åra:

- Nedbemanning som følgje av nødvendig økonomisk omstilling.
- Kompetanseutvikling.
- Gode leiarar på alle nivå for å lukkast i forhold til økonomistyring, omstilling, tilsette, tenestene og brukarane.
- Ta i bruk ny teknologi, til dømes digitalisering og velferdsteknologi.

Mål	Kommunen skal vere ein effektiv, kompetent, utviklingsorientert, lærande og politisk målstyrt kommune-organisasjon.	Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeids-gjevarpolitikken sine mål.	Auka nærvær i samsvar med målsetjinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92,5 %	Avgrense tidleg avgang: Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.
Korleis lukkast?	Oppfølging Kommune-kompasset.	Oppfølging arbeids-gjevarpolitikken.	Førebyggje og følgje opp sjukemelde.	Oppfølging seniorpolitikken.
Korleis måle?	Ny gjennomgang Kommune-kompasset.	Medarbeidar-undersøking.	Sjukefråver-statistikk.	Statistikk.
Status 2016	329 poeng	Ikkje undersøkt.	7,19 %	67,7 % i arbeid ved 65 år, 45,5 % i arbeid ved 67 år.
Ambisjon 2021	450 poeng	Betre enn landsgjennomsnitte t.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Resultatmål 2018	400 poeng	Betre enn landsgjennomsnitte t	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Tiltak 2018				
Alle sektorar	Gjennomføre Kommune-kompasset	Medarbeidardag	Implementering av nytt HMS-regime i heile organisasjonen, med	

			dei oppgåvene som ligg til det.	
Status:	Vert gjennomført i midten av mai.	Mange deltok på medarbeidardag.	HMS-grupper er i hovudsak på plass.	
	Gjennomføre samarbeids-prosjekt med Vanylven/Sande kommune.			
Status:	Herøy og Vanylven kommune arbeidar med vertskommuneavtalar som skal til politisk handsaming i oktober.			
Helse og omsorg	Rullering av helse og omsorgsplanen.			
Status:	6 arbeidsgrupper leverte «råutkast» av sitt arbeid med innspel til planen den 20. juni. Kommunalsjef og RO har arbeidd med første «skisse» til plan, son no er under arbeid og kvalitetssikring på fagnivå.			

TERTIALRAPPORT 2. TERTIAL 2018 – STAB

Sist oppdatert 14.09.18

1. Viktige hendingar

Tidspunkt	Hending
1. mai	Roll up – verdiane i Herøy kommune
2. mai	GDPR-kurs (personvern) i Volda
14. og 15. mai	Intervju Kommunekompasset
26. mai og 6. juni	Forhandlingar om lokal særavtale SGS 1002
31. mai	Kommunalsjef stab tok del på Bispevisitas i Herøy
5. juni	Kurs sjukefråværsoppfølging i regi av NAV
7. juni	IA-møte
8. juni	Kommunalsjef stab var Nordhordland Næringsforum i Måløy
12. juni	Tariffkonferanse Ålesund
12. juni	Budsjettkonferanse Thon Hotell Fosnavåg
13. juni	Film om verdiane i Herøy kommune
12. og 13. juni	Leiarsamling for personalleiarar i Ålesund
18. og 19. juni	Skulebesøk frå ungdomsskulane i Herøy v/ 8. klasse
28. juni	Møte i HMS-gruppa for rådhuset
30. august	Krasj-kurs i budsjettarbeid for stabsleiarane

2. Vedtaksrapport

Ingen vedtak å rapportere.

Saksnummer K-sak xx/xx	Sakstittel
Vedtak	
Status	
Framdrift	

3. Fokusområde Økonomi

Mål	Netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av sum driftsinntekter innan 2020.	Disposisjonsfondet skal vere på minimum 5 % av skatt/ramme innan 2020.
Korleis lukkast?	Realistisk budsjettering og god økonomistyring	Realistisk budsjettering og god økonomistyring
Korleis måle?	Rekneskap	Rekneskap
Status 2017	1,47	39.642.000
Ambisjon 2021	1,75 %	30.000.000
Resultatmål 2018	1,00 %	30.000.000
Tiltak 2018		
Alle sektorar	God budsjettdisiplin på drift.	Tiltaka for god budsjettdisiplin, skal medføre eit mindreforbruk på årsbasis.
	Vikarutgifter kun når anna er uforsvarleg.	
	Søkje tilskot til utviklingstiltak der det er muleg.	
	Redusere overtidsbruk	
	Hente ut inntektspotensialet	
	Restriktiv på innkjøp	
Status:	- Det er ingen eller minimal bruk av sjukefråvær. Reinhald tek ikkje inn vikar 1. fråværsdag. - Det er søkt om OU-midlar i samband med Kommunekompasset - Sektoren har eller stort fokus på både inntekter og utgifter	- Driftsbudsjett er tema på stabsleiarmøte etter kvar månadsrapportering - Driftsbudsjettet vert gjennomgått for kvar avdeling før kvar tertialrapportering
Stab	Halde stillingar vakant so lenge det er fagleg forsvarleg.	
Status:	2,4 stillingar vakant	
Driftsreduksjon 10 mill		
Alle sektorar	Tiltaksplan innan 31.03.2018.	
Status:	Stab har levert tiltaksplan innan frist.	

4. Fokusområde Tenester

Overordna mål:

- Oppnå og dokumentere tilfredsstillande resultat og kvalitet innanfor dei ulike tenesteområda.
- Sikre god brukarmedverknad og løpande utvikling i tenesteytinga.
- Levere tenester i samsvar med brukarane sine lovfesta rettar.
- Digitalisering, innovasjon og bruk av ny teknologi

Mål	Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar skal vere over landssnittet.	Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk.
Korleis lukkast?	Brukarfokus.	Opplæring i lovverk og sakshandsaming.
Korleis måle?	Brukarundersøkingar, Kommunebarometeret.	Avvik og klager. Tilsyn.

Status 2017		23 tilsyn, 60 avvik
Ambisjon 2021	Betre enn landsnittet.	Mindre enn 1 avvik per tilsyn i snitt
Resultatmål 2018	Betre enn landsnittet.	Mindre enn 1 avvik per tilsyn i snitt
Tiltak 2018		
Alle sektorar		Sektorvis oppfølging og rapportering av avvik i Compilo kvart tertial.
Status:		Status 2. tertial: 0 avvik som ikkje er lest 0 avvik som ikkje er under handsaming 4 avvik som er lukka Avviks-ID: 2516 Meld: 05.02.18 kl. 10.30 Hending: 31.01.18 kl. 10.00 Gjeld: Dårleg luft Meld av: YHU Meld til: Oppvekst Handsamar: Eigedom Alvorsgrad: Låg Status: Lukka 14.06.18 Kategori: HMS Avviks-ID: 1984 Meldt: 13.3.2017 11:42 Hending: 13.3.2017 11:00 Gjeld: Elektrisk arbeid Meldt av: Eigedom Meldt til: Eigedom Handsamar: Stab Alvorsgrad: Høg Status: Lukka 14.6.2018 Kategori: HMS Avviks-ID: 2565 Meld: 13.03.18 kl. 15.01 Hending: 13.03.18 kl. 09.00 Gjeld: Manglande oppvarming Meld av: YHU Meld til: YHU Handsamar: Eigedom Alvorsgrad: Låg Status: Lukka 9.8.2018 Kategori: Organisasjon/intrent Avviks-ID: 1826 Meld: 20.1.2017 14:56 Hending: 20.1.2017 14:00 Gjeld: Manglande reinhald Meldt til: Helse og omsorg Meldt av: Helse og omsorg Handsamar: Eigedom Alvorsgrad: Høg Status: Lukka 9.8.2018 Kategori: Organisasjon/internt
		Implementering av nytt personvern-reglement, med dei oppgåvene som ligg til det. Samarbeid med SSIKT.
Status:		- Kommunalsjef Stab er representant i interkommunal GDPR-gruppe, som

		skal utarbeide felles rutinar for kommunane på Søre Sunnmøre. - Leiarar m.fl. har teke del på GDPR-kurs i mai. - Byrja med personvernkartlegging i avdelingane, men det er svært ulik kor langt sektorane er komen
Stab	Betre digital plattform for publikum, tilpassa mobil og nettbrett.	Kontinuerleg oppdatering av nettside som gir betre søk og informasjon. T.d. ved: - Samle alt planverk på ei side - Samle resultat av brukarundersøkingar på ei side
Status:	Det vert jobba med å få på plass ny internettside. Tentativt implementert 16. oktober 2018	Pågår kontinuerleg
	Digitalisering og kvalitetssikring av reinhaldsplan for kommunale bygg. Dette betyr: - digitalisering av planteikningar - revisjon av romnummerering - kvalitetssikring av reinhaldsnivå og standard.	Kassasjon og arkivering hos IKA (fjernarkiv).
Status:	Gjennomført	Pågår
	Intern brukarundersøking for Stabs-tenestene.	Arbeide med å auke del EHF-faktura frå 62% i 2017 til 75% i 2018.
Status:	Gjennomført. Resultat Stab: 4,7 Resultat landet: 4,7	Pågår
	Etablere forslagskasse for innbyggarane til politikarane.	Oppretting av avvikskanal for innbyggarar.
Status:	Gjennomført	Gjennomført
		Etablering av rutinar og handsaming av kommunal borgarleg vigsel.
Status:		Gjennomført

5. Fokusområde organisasjon

Kommunen gjennomførde Kommunekompasset i 2018 og fekk ein skår på 435 av 800 moglege.

Utfordringane for kommuneorganisasjonen dei komande åra:

- Nedbemanning som følgje av nødvendig økonomisk omstilling.
- Kompetanseutvikling.
- Gode leiarar på alle nivå for å lukkast i forhold til økonomistyring, omstilling, tilsette, tenestene og brukarane.
- Ta i bruk ny teknologi, til dømes digitalisering og velferdsteknologi.

Mål	Kommunen skal vere ein effektiv, kompetent, utviklingsorientert, lærande og politisk målstyrt kommune-organisasjon.	Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeids-	Auka nærvær i samsvar med målsetjinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92,5 %	Avgrense tidleg avgang: Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i

		gjevarpolitikken sine mål.		arbeid fram til fylte 67 år.
Korleis lukkast?	Oppfølging Kommune-kompasset.	Oppfølging arbeids-gjevarpolitikken.	Førebyggje og følgje opp sjukemelde.	Oppfølging seniorpolitikken.
Korleis måle?	Ny gjennomgang Kommune-kompasset.	Medarbeidar-undersøking.	Sjukefråver-statistikk.	Statistikk.
Status 2016	329 poeng	Ikkje undersøkt.	7,19 %	67,7 % i arbeid ved 65 år, 45,5 % i arbeid ved 67 år.
Ambisjon 2021	450 poeng	Betre enn lands-gjennomsnittet.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Resultatmål 2018	400 poeng	Betre enn lands-gjennomsnittet.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Tiltak 2018				
Alle sektorar	Gjennomføre Kommune-kompasset	Medarbeidardag	Implementering av nytt HMS-regime i heile organisasjonen, med dei oppgåver som ligg til det.	
Status:	Gjennomført	Gjennomført, fleire i Staben tok del.	Gjennomført	
Stab	Gjennomføre samarbeids-prosjekt med Vanylven/Sande kommune.	Obligatorisk HMS-opplæring av leiarar, tillitsvalde og verneombod.	Rapporter på sjukefråvær kvart tertial.	Revidere og oppfylging av medarbeidarar i tråd med seniorpolitikken og senioravtale.
Status:	Pågår. Slutt-rapportar frå arbeidsgruppene er ferdig. Sande kommune har sagt nei til vidare samarbeid, medan Ulstein kommune har sagt seg positiv. Politisk skal for handsaming vedkomande interkommunalt samarbeid mellom Herøy, Vanylven og Ulstein, på skatteområdet	Gjennomfør	Gjennomført	Pågår
	Opplæring av leiarar i løn- og personalarbeid.	Framleis arbeid med revidering av arbeidsgjevar-politikk og	Gjennomføre regelmessige IA-møter.	

		personalrutinar m.m.		
Status:	Påbegynt arbeidet med å utforme innhald, men ikkje gjennomført opplæring.	Pågår	Gjennomført	
	Korrigere og vedlikehalde system (Compilo og tidBANK m.m.) i høve ny organisering.			
Status:	Pågår. Mykje arbeid og særs tidkrevjande.			
	Konkludere på organisasjonsform (KF) og behov for delegeringar m.m. for Eigedoms-avdelinga. Politisk vedtak.			
Status:	Dels gjennomført. Organisasjonsform er vedteken.			
	Kartlegging og samla oversyn over fagsystem.			
Status:	Gjennomført			

6. Prosjektplan – lokale IKT-investeringar

Prosjekt som går over lokalt investeringsbudsjett i Herøy kommune er påført estimert kostnad. Økonomiske rammer IKT-investeringar i Herøy 2018 er på 1 500 000, i tillegg til 500 000 som er øyremerka velferdsteknologi.

Infrastruktur	**Tal**	**Kroner**	**Status**
Kabling velferdsteknologi eRom Myrvåg omsorgssenter		250 000	Gjennomført
Kabling velferdsteknologi og utbygging av trådlausdekning PO/BuHab		250 000	Pågår
Utbygging av trådlausdekning skule		250 000	Moltu står att
Utbygging 10G nettverk mellom kommunale bygg		200 000	Gjennomført
Maskinrullering			
Herøy legesenter	*25*	250 000	Gjennomført
Myrvåg Legekontor	13	130 000	Gjennomført
Herøy og Sande legevakt	3	30 000	Gjennomført

Herøy kyrkjelege fellesråd	14	140 000	Gjennomført
Stokksund skule klassesett	30	200 000	Gjennomført
Tynnklientar administrasjon		100 000	Pågår
Lånepc/kurstralle rhu og po	*25*	200 000	Gjennomført
Andre prosjekt			
Meirope/sjølvbetent bibliotek		Felle/eige budsjett	Gjennomført
Nytt skuleadministrativt system		SSIKT	Sluttfase
Oppdatering Agresso, elektronisk reiserekning		SSIKT	Pågår
Totalt	**110**	**2 000 000**	

7. Prosjektplan - Eigedomsinvesteringar

Eigedomsavdelinga skal i 2018 gjennomføre ei rekke investeringar i kommunale bygg.

Generelle postar	Aktivitet	Status
Asbestsanering	1. Kartlegging av asbest.	Gjennomført
	2. Sanering av asbest	Pågår
	3. Naudsynte fylgjetiltak	Pågår
Asfaltering	Asfaltering av uteområde.	Pågår
Brannsikring	Prioritering mellom meldte avvik	Pågår
	Gjennomføring av tiltak	Pågår
Desentralisert ventilasjon	Etablering av desentralisert vent.	Pågår
EPC	Ferdigstilling av analysefase.	Pågår
Leikeplassar	Oppgradering av uteområde.	Pågår

Stab	Aktivitet	Status
Herøy rådhus	1. Ombygging av hovudinngang	Pågår
	2. Bygging av rullestolrampe	Pågår

	3. Sanering av trappeheis	Pågår
	4. Nye ytterdører og skalsikring.	Gjennomført
	5. Nye branndører og soneinndeling	Pågår
Nedre Dragsund 2	Tilrettelegging for vidare utleige.	Pågår
Oppvekst	**Aktivitet**	**Status**
Bergsøy skule Borga	1. Klargjering for asbestsanering	Ikkje påbegynt
	2. Asbestsanering	Ikkje påbegynt
	3. Etablering av desentralisert ventilasjon	Pågår
	4. Rehabilitere fasade sør-aust	Ikkje påbegynt
	5. Ombygging av varmesystem	Ikkje påbegynt
Bergsøy skule Blåhaugen	1. Utarbeiding av skisseprosjekt	Ikkje påbegynt
	2. Utarbeiding av kostnadskalkyle	Ikkje påbegynt
Einedalen skule	Fleirbrukshall	Pågår
Leikanger skule og grendahus	1. Asfaltering	Pågår
	2. Økonomisk avslutning	Pågår
Moltu skule	Solskjerming	Ikkje påbegynt.
Stokksund skule	Nye vindu - byggetrinn 1	Ikkje påbegynt
Helse og omsorg	**Aktivitet**	**Status**
Herøy omsorgssenter – blå	Bygging av uteplass ved Dagsenteret. Finansiert med private midlar	Ikkje påbegynt
Herøy omsorgssenter – gul	Miljøkartlegging	Gjennomført
	Miljøsanering og riving	Pågår

Herøy omsorgssenter - raud/grøn	Prosjektering av fullsprinkling	Gjennomført
Myrvåg omsorgssenter	Planlegging av ombygging	Ikkje påbegynt
Sjukeheimsvegen 14	1. Nytt yttertak	Påbegynt
	2. Nye ytterdører	Påbegynt
	3. Nytt verendarekkverk	Påbegynt
Storenesvegen 30-36	1. Nytt yttertak	Påbegynt
	2. Ny fasadekledning	Ikkje påbegynt
Samfunnsutvikling	**Aktivitet**	**Status**
Herøy kulturhus og idrettshall	1. Nye ytterdører og skalsikring.	Gjennomført
	2. Nye branndører og soneinndeling	Gjennomført
	3. Fasaderehabilitering	Påbegynt
	4. Rehabilitering av publikumstoalett	Ikkje påbegynt
	5. Andre naudsynte tiltak	Ikkje påbegynt
Herøy gard	Prosjektering av brannsikring	Pågår
Herøy brannstasjon	Kjøp av tomt	Går ut
	Klargjering av tomt	Ikkje påbegynt.
	Nybygg	Pågår

9. Sjukefråværsrapport 2. tertial 2018

Tabell 1 viser sjukefråværet for 3. tertial 2017 og 1. og 2. tertial 2018

Tertialvise fråvær i % Herøy kommune 3. tertial 2017, 1. og 2. tertial 2018 L= Langtidsfråvær, K= Kortidsfråvær									
Avdeling	**3. tertial 17**	**K**	**L**	**1. tertial 18**	**K**	**L**	**2. tertial 18**	**K**	**L**
Personal og org. inkl. HT	4,12	2,91	1,21	2,89	2,27	0,62	3,85	1,89	1,96
Økonomi (>10)	4,1	4,1	0	11,96	2,43	9,53	6,33	3,35	2,98
Fellessekr. (<5)	0,47	0,47	0	16,37	0	16,37	13,31	2,91	10,4
Rådm./ass.rådm. (<5)	0	0	0	0	0	0	0	0	0
IKT (<5)	0	0	0	-	-	-	-	-	-
Servicetorget (<10)	20,25	5,02	15,23	10,4	1,63	8,77	1,2	1,2	0
Utviklingsavd. (<10)	9	0,81	8,19	2,07	2,07	0	0,39	0,39	0
Barnehageavd. (<40)	8,07	2,91	5,16	14,67	2,92	11,75	9,12	2,85	6,27
Grunnskuleavd. (<250)	7,19	1,19	6	9,79	2,6	7,19	4,26	0,74	3,52
Anl. og drift (<15)	5,26	0,85	4,4	15,89	1,93	13,97	7,65	0,34	7,31
Brannvern (<30)	14,76	0	14,76	13,89	0,59	13,29	10,58	0,21	10,37
Helse (<40)	1,6	0,33	1,27	5,59	2,75	2,84	5,22	0,11	5,11
Pleie og omsorg (<300)	9,98	2,34	7,64	11,08	3,19	7,89	7,46	1,61	5,86
Bu og hab. (<75)	13,71	2,67	11,04	12,84	2,98	9,05	10,97	2,7	8,27
Barnevern (<10)	14,52	0,23	14,29	13,47	1,35	12,12	1,51	1,51	0
Kultur (>10)	8,95	1,75	7,2	19,25	0,83	18,42	13,79	0,25	13,54
Eigedom (<40)	7,53	3,93	3,6	12,77	3,56	9,21	9,84	2,34	7,5
NAV kommune (10)	24,69	2,78	21,91	19,59	0,65	18,94	14,71	4,88	9,82
Totalt fråvær	9,32	1,91	7,41	10,94	2,66	8,28	6,95	1,51	5,43

Tabell 2 viser sjukefråvær 2. tertial 2016, 2017 og 2018

Tertialvise fråvær i % Herøy kommune 2. tertial 2016, 2017 og 2018 L= Langtidsfråvær, K= Kortidsfråvær									
Avdeling	**2. tertial 16**	**K**	**L**	**2. tertial 17**	**K**	**L**	**2. tertial 18**	**K**	**L**
Personal og org. inkl. HT	0,92	0,92	0	3,15	2,23	0,93	3,85	1,89	1,96
Økonomi (>10)	3,53	3,53	0	4,86	3,26	1,6	6,33	3,35	2,98
Fellessekr. (<5)	6,8	0,51	6,29	0	0	0	13,31	2,91	10,4
Rådm./ass.rådm. (<5)	0	0	0	0	0	0	0	0	0
IKT (<5)	10,59	0	10,59	0	0	0	-	-	-
Servicetorget (<10)	3,38	3,38	0	6,26	0,65	5,62	1,2	1,2	0
Utviklingsavd. (<10)	5	0,31	4,69	3,33	0,72	2,61	0,39	0,39	0
Barnehageavd. (<40)	6,4	1,35	5,05	5,71	3,47	2,24	9,12	2,85	6,27
Grunnskuleavd. (<250)	3,01	1,06	1,95	4,65	0,68	3,97	4,26	0,74	3,52
Anl. og drift (<15)	1,24	1,24	0	4,57	0,63	3,95	7,65	0,34	7,31
Brannvern (<30)	0,28	0,13	0,14	21,35	0,02	21,33	10,58	0,21	10,37
Helse (<40)	0,95	0,55	0,4	3,13	0,4	2,73	5,22	0,11	5,11
Pleie og omsorg (<300)	6,78	1,36	5,42	7,79	1,67	6,12	7,46	1,61	5,86
Bu og hab. (<75)	11,72	2,3	9,41	10,52	2,1	8,82	10,97	2,7	8,27
Barnevern (<10)	3,58	1,16	2,43	14,28	1,09	13,19	1,51	1,51	0
Kultur (>10)	0,45	0,22	0,22	2,41	0,73	1,67	13,79	0,25	13,54
Eigedom (<40)	10,84	2,38	8,46	8,49	1,85	6,64	9,84	2,34	7,5
NAV kommune (10)	11,1	3,9	7,21	21,36	1,77	19,58	14,71	4,88	9,82
Totalt fråvær	5,57	1,39	4,17	6,83	1,4	5,43	6,95	1,51	5,43

Herøy kommune har eit samla sjukefråvær på 6,95% for 2. tertial 2018. Dette ser vi av tabell 1. og 2. Med eit sjukefråvær på 6,95% har Herøy kommune nådd målet om 92,5% nærvær for 2. tertial 2018. Sjukefråværet 2. tertial 2018 er såleis ikkje ulikt fråværet for same tidsrom i

2017. Går vi tilbake til 2016 var sjukefråværet for 2. tertial 5,57, som er den beste målinga vi har hatt dei siste åra. Sjå tabell 2. og diagrammet under.

2. tertial har over tid vore den perioden i året det har vore lågast sjukefråvær over tid. Mykje av årsaken til dette er nok at mange vel å ta ut ferie i denne perioden, og såleis ikkje vert liggande med status sjukefråvær.

Diagram 1 Tertialvise fråvær 2014-2018



Dersom vi ser på utviklinga siste året (tabell 1), ser vi at 3. tertial 2017 hadde sjukefråvær på 9,32% medan 1. tertial 2018 hadde ein oppgang på om lag ein og ein halv prosent, for så å gå ned til 6,95%.

Variasjonane i sjukefråvær er stort mellom dei ulike seksjonar, avdelingar og sektorar, og det er verd å merke seg at få tilsette gjer stort utslag på sjukefråværet.

Frå 1. tertial 2018 og til 2. tertial 2018, kan vi merke oss ein nedgang hos sektor for oppvekst som omfattar skule og barnehage. Skule har ein nedgang på 5,53% og barnehage har ein nedgang på 5,55%. Vi ser også at anlegg- og drift som sorterer under utvikling, har ein nedgang på 8,24% i perioden. Brannvern kan også vise til ein nedgang frå 13,89% til 10,58%. Likeeins har avdelingane som sorterer innan helse og omsorg hatt ein nedgang på 3,62%. Vi ser også ein viss nedgang i bu og habilitering på 1,87%. Barnevern kan vise til ein nedgang frå 13,87% til 1,51%, medan kulturavdelinga som sorterer under sektor for Samfunnsutvikling har ein nedgang frå 19,25% til 13,79%. Eigedom har om lag 3% nedgang i perioden 1. til 2. tertial 2018.

Tala som ligg under NAV gir ikkje eit reelt bilete, då bustadsosiale tenester og flyktningtenester reelt sett ligg under Barn, familie og helse. Samla sjukefråvær for NAV, bustadsosiale tenester, sosialavdelinga og KVIKK Herøy (slik det kjem fram av tabellen), har ein samla nedgang på 4,88%.

Personal- og organisasjonsavdelinga som sorterer under Stab har ein auke på om lag 1%.

Det samla sjukefråværet for 2. tertial er om lag som forventa med omsyn til at det har vore ferieavvikling denne perioden og ut i frå det erfaringsgrunnlag med omsyn til talmateriale tilbake i tid. Sjukefråværet er likevel langt over det vi kan seie oss nøgd med på mange av arbeidsplassane i Herøy kommune.

Herøy kommune jobbar både med førebygging, og å legge til rette for at medarbeidarar skal kunne komme tilbake i arbeid etter sjukedom. Dette kan ofte ta tid. Vi er aktivt søkande etter å finne alternative arbeidsplassar i Herøy kommune, men vi ser mange klare avgrensingar med omsyn til kompetanse, arbeidsområder og det faktum at det skal finnast ei ledig stilling ein stad i organisasjonen. Elles fyl Herøy kommune faste rutinar for sjukefråværsoppfølging.

Kommunalsjef Stab
Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth

Tertialrapportering samfunnsutvikling

1. Viktige hendingar

- Ein Gisingeniør slutta i juli
- Delteke på Nor-fish messe i Trondheim august
- Nytilsett Gisingeniør starta september
- Landbruksavdelinga har flytta frå leigde lokale hos S-Flis i Dragsund til Herøy kommune sine lokale i Nedre Dragsund 2 (Fristadbygget).

2. Fokusområde økonomi

Mål	Netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av skatt + rammetilskott innan 2020.	Disposisjonsfondet skal vere på minimum 5 % av skatt/ramme innan 2020.
Korleis lukkast?	Realistisk budsjettering og god økonomistyring	Realistisk budsjettering og god økonomistyring
Korleis måle?	Rekneskap	Rekneskap
Status 2016	3,70 % eks RDA	17.492.000
Ambisjon 2021	1,75 %	30.000.000
Resultatmål 2018	1,00 %	30.000.000
Tiltak 2018		
Rammekutt 1,75 %		
Alle	God budsjettdisiplin på drift. Vikarutgifter kun når anna er uforsvarleg. Søkje tilskot til utviklingstiltak der det er muleg. Redusere overtidsbruk Hente ut inntektspotensialet Restriktiv på innkjøp	Tiltaka for god budsjettdisiplin, skal medføre eit mindreforbruk på årsbasis.
Status: Kultur	150 063kr (Vakanse) – Ligg an til å klare kravet	Alle avdelingsleiarane rapporterer i Agresso. Høg fokus på god budsjettdisiplin.
Utvikling	133 525kr (Vakanse og utleige) – Ligg an til å klare kravet	
Anlegg og drift	143 675kr (Rammekutt) – Ligg an til å klare kravet.	
Brann	154 000kr (Interne overføringar og kjøpestopp) – Klarer ikkje kravet med dagens drift.	
Landbruk	55 265kr (Vakanse) – Ligg an til å klare kravet	

3. Fokusområde teneste

Utfordringane for dei kommunale tenestene vil variere frå tenesteområde til tenesteområde. Dei felles utfordringane er:

- Oppnå og dokumentere tilfredsstillande resultat og kvalitet innanfor dei ulike tenesteområda.
- Sikre god brukarmedverknad og løpande utvikling i tenesteytinga.
- Levere tenester i samsvar med brukarane sine lovfesta rettar.
- Digitalisering, innovasjon og bruk av ny teknologi

Mål	Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar skal vere over landssnittet.	Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk.
Korleis lukkast?	Brukarfokus.	Opplæring i lovverk og sakshandsaming.
Korleis måle?	Brukarundersøkingar, Kommunebarometeret.	Avvik og klager. Tilsyn.
Status 2017		23 tilsyn, 60 avvik
Ambisjon 2021	Betre enn landsnittet.	Mindre enn 1 avvik per tilsyn i snitt
Resultatmål 2018	Betre enn landsnittet.	Mindre enn 1 avvik per tilsyn i snitt
Tiltak 2018		
Alle sektorar **Status:**		Sektorvis oppfølging og rapportering av avvik i Compilo kvart tertial. Avvik 2 tertial samla: 2 avvik Høg alvorsgrad: 0 avvik Middels alvorsgrad: 1 avvik Låg alvorsgrad: 1 avvik Avvika er stor grad knytt til internt/hms. Alle avvik er lukka per d.d
Samfunnsutvikling **Status:**	Gjennomføre brukarundersøking på utvalgte tenester i alle avdelingar i sektoren. Minimum 1 brukarundersøking pr.avdeling Ingen av avdelingane har gjennomført brukarundersøkelsar, men ein vil kjøre eit pilotprosjekt (utviklingsavd.) med sms brukerundersøkelse før jul.	
Status:	Gjennomføre samarbeidsprosjekt på tvers avdelingar i sektoren, minimum 3 prosjekt. Anlegg og drift = Klatreparken / Solparken, Utvikling = Klatreparken, Solparken, Brann og redning = Kartlegging av risikoutsatte grupper saman med eigedom og pleie/omsorg. Gjeld i kommunale	

	utleigebustader/institusjonar og heimebuande. Kultur = Skal- og sonesikring på kulturhuset saman med eigedom, Middagsombringing saman med pleie og omsorg, Den kulturelle spaserstokken saman med sjukeheimane. Landbruk= utarbeide Klima- og energiplan i lag med Eigedom (Robert Myklebust ansvarleg)	

4. Tertialrapportering organisasjon:

Kommunen har gjennomført ei evaluering etter Kommunekompasset og Kommunebarometeret. I tillegg er det gjennomført endringar i den administrative organiseringa i kommunen.

Utfordringane for kommuneorganisasjonen dei komande åra:

- Nedbemanning som følgje av nødvendig økonomisk omstilling.
- Kompetanseutvikling.
- Gode leiarar på alle nivå for å lukkast i forhold til økonomistyring, omstilling, tilsette, tenestene og brukarane.
- Ta i bruk ny teknologi, til dømes digitalisering og velferdsteknologi.

Mål	Kommunen skal vere ein effektiv, kompetent, utviklingsorientert, lærande og politisk målstyrt kommune-organisasjon.	Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeids-gjevarpolitikken sine mål.	Auka nærvær i samsvar med målsetjinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92,5 %	Avgrense tidleg avgang: Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.
Korleis lukkast?	Oppfølging Kommune-kompasset.	Oppfølging arbeids-gjevarpolitikken.	Førebyggje og følgje opp sjukemelde.	Oppfølging seniorpolitikken.
Korleis måle?	Ny gjennomgang Kommune-kompasset.	Medarbeidar-undersøking.	Sjukefråver-statistikk.	Statistikk.
Status 2016	329 poeng	Ikkje undersøkt.	7,19 %	67,7 % i arbeid ved 65 år, 45,5 % i arbeid ved 67 år.
Ambisjon 2021	450 poeng	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Resultatmål 2018	400 poeng	Betre enn landsgjennomsnittet	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Tiltak 2018				
	Gjennomføre	Medarbeidardag	Implementering av	

Alle sektorar	Kommune-kompasset		nytt HMS-regime i heile organisasjonen, med dei oppgåvene som ligg til det.	
Status:	Gjennomført Det er ikkje gjennomført møte for avdelingane utanfor rådhuset.		HMS-grupper er på plass. Herøy brann og redning har etablert HMS-utval og gjennomført møter i gruppen.	
	Samarbeidsprosjekt med Vanylven er i prosess.			

Generell kommentar for område organisasjon er at kommunekompasset vert lagt til grunn i det strategiske arbeidet i sektoren.

5. Tertialrapportering samfunnsutvikling

.

Gjennom arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen 2013 – 2025 er det utarbeidd mål, strategiar og handlingsplan for samfunnsutviklinga:

Mål	Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.	Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggjar for tryggleik, trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar.	Herøy kommune skal ha godt omdøme.
Korleis lukkast?	Oppfølging samfunnsplan	Oppfølging samfunnsplan	Oppfølging samfunnsplan
Korleis måle?	Innbyggjarundersøking. Folketalsutviklinga. Data reiseliv.	Innbyggjarundersøking.	Innbyggjarundersøking.
Status 2017	8 957 innbyggjarar.	Innbyggjarundersøkinga 2017.	Innbyggjarundersøkinga 2017.
Ambisjon 2021	10 000 innbyggjarar	Betre enn landssnittet.	Betre enn landssnittet.
Resultatmål 2018	9 000 innbyggjarar	Betre enn landssnittet.	Betre enn landssnittet.
Tiltak 2018			
Status:	Masterplan for reiseliv - Arbeidet er ferdigstilt og vert løfta fram for næringsforum og kommune for vidare utvikling.	Fokus på trafikksikringstiltak- Arbeidar med oppfølgjing av trafikksikringsplanen	Forankre serviceplakat. Avdelingar har gjennomgått og drøfta serviceplakaten. Kontinuerlig fokus og det er utarbeidd eigen «servicefilm»

	Tilrettelegge for bustadbygging(felt) ved kontinuerlig handsaming av reguleringsplanar	Trygg og forsvarleg beredskap på sentrale og viktige område i kommunen Kommunen har tilfredstillande beredskap	Forankre etiske retningslinjer- -ikkje gjennomført
	Tiltak knytt til byutviklingsprosjektet er m.a Solparken, Klatrepark, kryssing av hamna, Skarabakken Prosjekta er underarbeid.	Aktiv satsing på kulturtiltak	Forankre kjerneverdiane til organisasjonen Kontinuerlig fokus utover.
	Vidareføre kultursatsing i kommunen – vere med å gi tilbod, veiledning og tilrettelegging til alle aldersgrupper gjennom eit breitt kulturtilbod	Ta intiativ til samarbeid med ulike lag og org. er ein viktig del av kulturavdelinga sitt daglege virke. Dette tertialet kan nemnast forarbeid ifm søknader om tilskot til planlagde idrettsanlegg i kommunen.	Følgje opp kommunikasjonsplanen
	Revidere arbeidsgjevar-politikken	Gjennomføre næringslivsundersøking – ikkje gjennomført	KOSTRA-tala som er presentert viser at Herøy kommune bruker nesten heile sakshandsamingstida kommunen har til rådigheit i td. byggesaker. Dette skuldast i hovudsak korleis vi rapporterer og tala er lite truleg rett då vi ligg godt innanfor vår sakshandsamingstid på saker med både 3 og 12-vekers frist. Tiltak: Auka fokus på rapportering av KOSTRA tal og utrekning av sakshandsamingstid.
	Tilrettelegge for næringsetablering – Reguleringsarbeid på Eggesbønes	Følgje opp driveplikta i jordbruket. Fyrste steg er eit drøftingsmøte med næringsorganisasjonane i landbruket. (Bondelaga, småbrukarlag, sau- og geitealslag og villsaulag)	
	Delta på næringslivet sine møteplassar – ein møter der det er naturleg (Shippingklubb, HNF)	Gjennomføre «Hygge og nytte – møte» med gardbrukarane i Herøy og nabokommunane. Ein kombinasjon gjennomgang av regelverk og triveleg fagprat.	

	Bedriftsbesøk Planlegg besøk til Tango Seaweed.		

6 Folketalsutvikling og sysselsetjing (Kjelde: Plan og analyse v/MR fylke)

Demografi

I januar 2018 var folketalet i Herøy 8 965, det er ei endring på 8 personar eller 0,1 prosent frå året før. Vi har byrja å følgje folketalsendringar pr. mnd (første måndag i mnd) :

	Folketal	**Endring**
September 18	8929	-39
August 18	8968	+7
Juli 18	8961	+4
Juni 18	8957	

Folketalsutviklinga er resultatet av fødselsoverskot pluss nettoflytting. Desse komponentane kan vi bryte ned for å forstå utviklinga enda betre.

Fødselsoverskotet er talet på fødde eit år minus talet dødde same år. I 2017 blei det fødd 92 barn samstundes som det døddе 78 personar i befolkninga. Det gav eit fødselsoverskot på 14. Samanlikna med 2016 var talet på fødde 83, døddе 62 og fødselsoverskotet 21. Fødselstala er låge både regionalt og nasjonalt, og det er svært få kommunar kor fødselstala er høge nok til å oppretthalde befolkningsstorleiken utan tilflytting eller innvandring.

Forutan fødselsoverskotet er det innanlandskflytting og innvandring som vil avgjere om ein kommune opplev vekst eller nedgang. For fylket samla er den innanlandske nettoflyttinga negativ, med eit flyttetap på kring 1000 personar årleg i tidsperioden sidan 2012. Av det flyttetapet utgjer om lag 60 prosent personar som tidligare har innvandra til fylket. Den innanlandske nettoflyttinga for kommunen var i 2016 på -50 personar. Det er lågare enn året før, med ei endring på -1 personar. Nettoinnvandringa har vore årsaken til den gode folketalsutviklinga fylket har vore gjennom det siste tiåret. Her har særleg arbeidsinnvandringa vore avgjerande, men no er talet innvandrarar til fylket lågare enn tidligare, samstundes som talet som utvandrarar aukar. Nettoinnvandringa til Herøy var på 45 personar. Det er 32 personar høgare enn året før.

Det siste tiåret har folketalet i kommunen auka med 612 personar, som er ei endring på 7,3 prosent. Av dei 36 kommunane i fylket kjem kommunen på 13. plass i befolkningsutvikling i perioden.

Folketalsutviklinga handlar om meir enn berre vekst eller nedgang i folketalet. Samansetninga av befolkninga er svært viktig for utviklinga, og ikkje minst for korleis det offentlege skal dimensjonere sitt tenestetilbod. Per 1. januar 2018 hadde kommunen 2 199 barn og unge under 20 år, noko som tilsvarar 24,5 prosent av befolkninga. Talet på personar 67 år og eldre i befolkninga var 1 519 og utgjer 16,9 prosent. For fylket er delen barn og unge på 24,1 prosent, medan andelen eldre er 16,6 prosent. Talet kvinner per 100 menn i aldersgruppa 20-39 år har vore lågt i Møre og Romsdal samanlikna med dei andre fylka i lengre tid. I 2018 er det 90,7 kvinner i aldersgruppa 30 til 39 år per 100 menn i Møre og Romsdal, medan det i Herøy er 89,9.

Folketalsveksten i Møre og Romsdal 2009-2018





Folketalsutvikling i Herøy kommune

- Nedgang
- Ingen endring
- Vekst

Grunnkrets		Folketal		
Nummer	Navn	2018	Endring frå 2008	Endring frå 2013
15150101	Kvalsvik	226	-37	-22
15150102	Skorpa	0	0	0
15150103	Kopparstad	116	0	15
15150104	Kvalsund	529	96	58
15150105	Igesund	515	142	8
15150106	Fosnavåg sentrum	256	-17	33
15150107	Øvre Fosnavåg	170	58	18
15150108	Nørvåg	80	-8	11
15150109	Eggesbønes	1173	-38	36
15150110	Myklebustvatnet	256	98	-25
15150111	Straumane	262	-222	22
15150112	Elsebø	637	275	-2
15150113	Flusund	285	82	13
15150114	Gjertnes	37	6	-1
15150201	Runde	108	-16	-8
15150202	Sævik	129	-10	-13
15150203	Remøy	196	-7	-7
15150204	Voldsund	154	-14	-15
15150205	Leinebygda	509	79	53
15150206	Bø	243	-34	-6
15150207	Frøystad	559	34	-22
15150301	Moltustranda sentrum	412	8	45
15150302	Austre Moltustranda	152	29	-6
15150303	Stokksund	482	44	-2
15150304	Tjørvåg	204	-3	-36
15150305	Aurvåg	163	-29	-11
15150306	Dragsund	498	51	20
15150307	Leikong	389	49	-4
15150308	Jøsok	208	-5	-23


Folketalsutvikling, 2000 til 2018
Tal personar
10 000
9 000
8 000
7 000
6 000
5 000
4 000
3 000
2 000
1 000
0
8 390
8 359
8 374
8 355
8 355
8 386
8 373
8 321
8 353
8 349
8 383
8 533
8 727
8 847
8 847
8 934
8 972
8 957
8 965
2000
2001
2002
2003
2004
2005
2006
2007
2008
2009
2010
2011
2012
2013
2014
2015
2016
2017
2018
Innvandrarar
Befolkninga utan innvandrarar


Relativ del 80 år og eldre av befolkninga, 2018 og 2030
Del 80 år og eldre av befolkninga
14%
12%
10%
8%
6%
4%
2%
0%
Molde
Ålesund
Kristiansund
Vanylven
Sande
Herøy
Ulstein
Hareid
Volda
Ørsta
Ørskog
Norddal
Stranda
Stordal
Sykkylven
Skodje
Sula
Giske
Haram
Vestnes
Rauma
Nesset
Midsund
Sandøy
Aukra
Fræna
Eide
Averøy
Gjemnes
Tingvoll
Sunndal
Surnadal
Rindal
Halsa
Smøla
Aure
2018
2030

Utdanning

Den nasjonale utviklinga er at stadig fleire tek høgare og lengre utdanningar, og kvinner i særleg grad. Utdanningsnivået i befolkninga viser kor mange som har kva som deira høgaste fullførte utdanning. På landsbasis har 26,5 prosent av befolkninga grunnskole, 40,6 prosent vidaregåande skule eller fagskule, 23,4 prosent kort høgare utdanning (inntil 3 år) og 9,5 prosent har lang høgare utdanning (4 år eller meir). I Herøy er fordelinga 30,5 prosent med grunnskole, 48,1 prosent med vidaregåande skule eller fagskule, 18,0 prosent med kort høgare utdanning og 3,4 prosent med lang høgare utdanning. Dei siste ti åra har utviklinga vore -7,3 prosentpoeng for grunnskuleutdanning, 0,6 prosentpoeng for utdanning frå vidaregåande skule og fagskule, 4,7 prosentpoeng for kort høgare utdanning (inntil 3 år) og 2,0 prosentpoeng for lang høgare utdanning (4 år eller meir).

I Møre og Romsdal er det fleire som vel yrkesfaglege enn studiespesialiserande studieretningar når dei startar på vidaregåande skule. Av 2011-kullet i fylket gjennomførte 64,7 prosent av dei som starta på yrkesfag utdanninga si, medan 89,1 prosent av dei som starta på studiespesialiserande studiar same år gjennomførte den.



	Grunnskule	Vidaregåande skole	Universitet og høgskule, kort	Universitets og høgskule, lang
Kvinner, 2000	44 %	44 %	12 %	1 %
Menn, 2000	38 %	51 %	10 %	1 %
Kvinner, 2016	31 %	43 %	22 %	3 %
Menn, 2016	30 %	53 %	14 %	3 %

Inntekt

Inntekt er eit viktig tema knytt til levekår. Ofte nyttar ein median som sentralitetsmål når ein ser på inntektsstatistikk. Median er midtverdien i talrekke som er rangert (summen av dei to delt på to om det er partal). På denne måten blir ikkje sentralitetsmålet påverka av ekstremverdiar på same måte som gjennomsnitt kan bli. I 2016 var brutto medianinntekt i Herøy 359 500 kroner. Brutto medianinntekt i Møre og Romsdal var 370 600 kroner i 2016 og i Noreg var den 380 200 kroner.



	Totalt	17-34 år	35-66 år	67 år eller eldre
Herøy, 2010	297 100	196 900	391 600	206 200
Herøy, 2016	359 500	245 400	458 600	276 700
Møre og Romsdal, 2010	305 700	195 300	383 300	212 900
Møre og Romsdal, 2016	370 600	229 100	470 400	283 700

Sysselsetting

Folketalsutviklinga i Møre og Romsdal er sterkt knytt til utviklinga i arbeidsmarknaden. Den sterke folketalsauka som fylket har opplevd har vore eit resultat av arbeidsinnvandring, samstundes som vi i liten grad ser tilflytting til stader som ikkje har hatt eit arbeidsmarknad med god utvikling. I Herøy var det i alt 3 946 sysselsette som hadde arbeidsstaden sin i 2017. Endringa i perioden 2016 til 2017 var på -0,7 prosent. Det er den 23 sterkaste utviklinga av dei 36 kommunane i fylket. Av dei sysselsette i kommunen arbeider høvesvis 398 i jordbruk, skogbruk og fiske, 850 i sekundærnæringar, 1 423 i sørvisnæringar, 100 i off.adm., forsvar og sosialforsikring, 316 i undervisning, 715 i helse- og sosialtenester og 115 i personleg tenesteyting.







<u>Merknad til sysselsettingstala:</u>

I den registerbaserte sysselsettingsstatistikken til SSB har ein stor del av dei tilsette ved NTNU Ålesund fått arbeidssted i Trondheim i 2017. Dette medfører at sysselsettingstala, særleg innan utdanning i statleg sektor, er underrapporterte – både for Ålesund og fylket samla. I tillegg til å påverke talet på og utviklinga i sysselsettinga påverkar dette også pendlarstatistikken. Anslagsvis er det om lag 250 personar som er omfatta av denne feilen.

7 Investeringsprosjekt

Investeringsprosjekt Samfunnsutvikling		
Nummer/namn	**Status***	**Planlagt ferdigstilt**
Avlaupsplan	Delt i fleire prosjekt	løpande
Trafikktrygging	Delt i fleire prosjekt	løpande
Prosjekt Intensivbelysning	Avklaringsfasen	2019
Prosjekt Fartshumpar	Ferdigstilt	2018
Prosjekt Nærøykrysset	Ferdig prosjektering, avklaring av vegen vidare.	2019
Prosjekt 51405 - Almenningen	Arbeida delvis ferdig	2018
Prosjekt 70029 - Infrastruktur Nørvågen	Prosjekteringsfase	2018
Prosjekt 51211 - Bru til Vågsholmen	Prosjekteringsfase	2018
Prosjekt 51702 - Mjølstadneset	Prosjekteringsfase september	2018
Prosjekt 51701 - Mindre prosjekt i bustadfelt	Delt i fleire prosjekt	2018
Prosjekt 51212 - Myrabakken	Under arbeid	2018
Prosjekt - Leine hamn heving av veg	Ikkje oppstarta	2018
Prosjekt 51704 - Slamavskiljar Nykrem	Avventar resursar	2019
Prosjekt Verket	Avklaringsfase	2018
Prosjekt - 51703 Solparken	Prosjekteringsfase	2019
Kiwi til Automarin	Avklaringsfase	2019
Byutvikling	Delt i fleire prosjekt	løpande
Prosjekt 51212 Klatreparken	Utførelsesfase	Byggetrinn1og2
Grøft for overvatn Huldalsvegen	Ikkje oppstarta	2018
Infrastruktur Bø/Arhaug	Avklaringsfase	2019
Mindre prosjekt i bustadfelt og snuplassar	Utførelsesfase	2018
Prosjekt Snuplass Indre Dragsund	Ferdigstilt	2018
Prosjekt Mur Leine	Ferdigstilt	2018
Prosjekt Mur Myklebust	Ferdigstilt	2018
Oppgradering av veg Kleppeåsen	Ikkje oppstarta	2019
Telenor basestasjon på Runde	Ferdigstilt	2018
Lisjevatnet i Dragsund	Ferdigstilt	Mai/Juni 2018
Sjølvbetjeningsautomatar biblioteket	Ferdigstilt	2018
Idrettshall Bergsøy stadion (forskottering av spelemidlar)	Under utføring	2018
Ladestasjon Fosnavåg parkeringshus	Under arbeid	2018
Delutbygging av industriområde Eggesbønes	Avklaringsfase	2018/2019

Anleggsprosjekta vedlegg.1

8 Planarbeid i Herøy kommune

Ein stadig aukande trend i plansaker er strengare krav frå regionalt hald til utgreiing. Mindre og mindre utgreiingar kan skyvast ut i tid (td. til byggesak). På reguleringsplan for Paradisbukta har det slått inn fleire krav til utgreiing enn det vi har fått tidlegare og fekk på td. deponi på i Fosnavåg hamn(indre og ytre, godkjent des. 2017 og feb. 2018). Nytt er krav om grunnundersøkinga for grunnstabilitet(boreprøver) og marint naturmangfald. I tillegg er dei «vanlege» krava til utgreiing til stades; terrestrisk naturmangfald, arkeologi, forureining(både under og etter anleggsfasen og forureining av sjø og land), trafikktryggleik, havnivåstigning, stormflo etc. Samstundes med at krava vert stadig strengare aukar også kompleksiteten i sakene. Truleg vil kommunene ha behov for å leige inn konsulentfirma til bistand i planarbeid i større grad enn det vert gjort i dag på grunn av strengare krav frå regionale myndigheiter.

Planarbeid Samfunnsutvikling

PlanID	Plannamn	Plantype	Off.-privat	Status
201267	FV 654 Flusundkrysset - kryss mot Kvithaugsmyra	Detaljregulering	Offentleg	Ikkje starta opp
201501	Reguleringsendring del av Eggesbøjordet	Reguleringsendring	Privat	Planforslag oppheva av Fylkesmannen
201511	Flusund brygge 27/2	Detaljregulering	Privat	Under handsaming
201514	Indre Moltumyr	Detaljregulering	Privat	Ferdig
201601	Masseuttak stein	Detaljregulering	Privat	Løyve til oppstart
201701	Øvre Flusund 27/1	Detaljregulering	Privat	Under handsaming
201702	Leikong bustadfelt med naustområde, B43	Detaljregulering	Privat	Under handsaming
201706	Kommunedelplan for Herøy - Hamneplan	Kommunedelplan for tema	Offentleg	Under handsaming
201707	Detaljreguleringsplan Eggesbønes- Marine Harvest tomta	Detaljregulering	Offentleg	Under handsaming
	Igesund - Kleiva	Detaljregulering	Offentleg	Under handsaming
	Nerlandsøybrua	Detaljregulering	Offentleg	Under handsaming
	Mindre reguleringsendring Bergslia, vendehammar gnr. 30 bnr. 122	Reguleringsendring		Ikkje starta opp
	Reguleringsendring fortau Bergslibakken	Reguleringsendring		Under handsaming
	Reguleringsendring Bergshaugen nord (28/6	Reguleringsendring	Privat	Under handsaming
	Kleivaneset	Detaljregulering	Privat	Under handsaming
201505	Teigebogen	Detaljregulering	Privat	Under handsaming
201604	Strategisk næringsplan	Kommunedelplan for tema	Offentleg	Under handsaming
	Interkommunal kystsoneplan	Kommunedelplan for areal	Offentleg	Under handsaming
201705	Elsebø 30/9	Detaljregulering	Privat	Under handsaming

	Reiselivsanalyse	Temaplan	Offentleg	Under handsaming
	Aspevika fritidsområde aust	Detaljregulering	Privat	Under handsaming
	Parkeringsareal Myrvåg gnr. 45 bnr. 66	Reguleringsendring		Ikkje starta opp
201804	Reguleringsendring Nærøya	Reguleringsendring	Privat	Under handsaming
	Runde Panorama	Detaljregulering	Privat	Under handsaming
201265	Kvalsund hamn	Detaljregulering	Offentleg	Under handsaming, regulert i Nerlandsøybrua
201402	Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv	Kommunedelplan for tema	Offentleg	Ikkje starta opp
	Frivilligplan for Herøy	Temaplan	Offentleg	Ikkje starta opp
201411	Herøy gard	Detaljregulering	Offentleg	Ikkje starta opp
201602	Ytre del av Fosnavåg, byutvikling		Offentleg	Ikkje starta opp
	Parkeringsplass lysløype Leikong	Detaljregulering	Offentleg	Ikkje starta opp
201309	Planfri kryssing Koppen	Detaljregulering	Offentleg	Ikkje starta opp
201260	Gang-og sykkelveg Nykrem - Djupvik	Detaljregulering	Offentleg	Ikkje starta opp
201254	Gang-og sykkelveg Frøystad - Torvik	Detaljregulering	Offentleg	Ikkje starta opp
201312	Gang-og sykkelveg Moltu	Detaljregulering	Offentleg	Ikkje starta opp
	Gangveg Osen, Leikong	Detaljregulering	Offentleg	Ikkje starta opp
201506	Røyra 19/85	Detaljregulering	Privat	Ikkje starta opp
201710	Kulturminneplan	Kommunedelplan for tema	Offentleg	Under handsaming
201709	Reguleringsendring frå parkering til park/leik ved Valaker Fosnavåg	Reguleringsendring	Offentleg	Under handsaming
	Reguleringsplan for Sandvika gnr 59 bnr 1	Detaljregulering	Privat	Gitt løyve til oppstart
	Reguleringsplan for Leite fritidsområde 26/10 og 26/18	Detaljregulering	Privat	Under handsaming
	Detaljreguleringsplan fortau Auto Marine - Spar Fosnavåg	Detaljregulering	Offentleg	Ikkje starta opp
	Mindre reguleringsendring Kvalsund	Reguleringsendring	Privat	Under handsaming
	Nedre Sørlia	Detaljregulering	Privat	Under handsaming
	KS 9 Bergshaugen	Detaljregulering	Privat	Under handsaming
	Budaneset fritidsbygg	Detaljregulering	Privat	Under handsaming

Kommunalt planarbeid med økonomiske løyvingar			
PlanID	**Plannamn**	**Status**	**Løyving**
201707	Detaljreguleringsplan Eggesbønes- Marine Harvest tomta	Ein reguleringsplan med stor kompleksitet og mange uventa utgreiingar i planfasen gjer at prosjektet har pådrege seg store kostnadar i planfasen. Mål om offentleg ettersyn iløpet av 2018, men det er uklart når dei ulike utgreiingane er klar.	10.000.000 Forbruk per september 2018: 1.009.102

Prosjekt under arbeid

Prosjekt 51405 - Almenningen			Prosjektleiar Lene S. Huldal
Omtale:			
Budsjett2014	kr	1 500 000,00	Status/merknadar
K-sak 37/17	kr	1 100 000,00	Løyving i K-sak 37/17 gjeld at kostnadar til flytting av stasjon skal finansierast ved byutviklingsmidlar. Beløpet
Avlaupsplan	kr	500 000,00	som er belasta på avlaupsplanen er relatert til overbygget.
Løyving	kr	3 100 000,00	Arbeida med å flytte stasjonen er ferdig og området rundt er mellombels tilstelt.
Forbruk	kr	1 803 652,00	
Rest	kr	1 296 348,00	Forbruk per september 2018.

Prosjekt 70029 - Infrastruktur Nørvågen			Prosjektleiar Frank Robert /Lene
Omtale:			
Løyving i budsjett 2017			Status/merknadar
Løyving	kr	10 000 000,00	Gjeld bygging av avlaupsnett i Nørvågen og oppgradering av veg.
			Teikning- og anbudsgrunnlag mottatt, endringar i vegføring for å minke behov for areal av eigedomar med bustadar.
Forbruk	kr	129 025,00	Justering av teikningsgrunnlag må påreknast.
Rest	kr	9 870 975,00	Grunnavtalar i gang, god dialog.

Prosjekt 51211 - Bru til Vågsholmen			Prosjektleiar Frank Robert /Lene
Omtale:			
Løyving i budsjett 2017			Status/merknadar
Løyving	kr	2 800 000,00	Ny bru til Vågsholmen
Forbruk	kr	345 225,00	Ferdig prosjektert, teikning- og anbudsgrunnlag foreligg. Dialog om grunnkjøp er oppretta.
Rest	kr	2 454 775,00	

Prosjekt 51702 - Mjølstadneset			Prosjektleiar Lene / Eldar
Omtale:			
Løyving i budsjett 2017			Status/merknadar
Løyving	kr	4 500 000,00	Lene: Stasjon satt ned, Prosjektbygg i gong med masseuttak, jobbar med avtalt tilstelling mot nabo.
Forbruk	kr	2 025 073,77	Eldar: prosjektering ferdig i løpet september/oktober 2018. Anbudsprosess er neste fase.
Rest	kr	2 474 926,23	

Prosjekt 51701 - Mindre prosjekt i bustadfelt			Prosjektleiar: Eldar og Lene
Omtale:			
Løyving i budsjett 2017 og 2018			Status/merknadar
Løyving	kr	1 500 000,00	Lene: Snuplass i Dragsundråsa er flytta. (Lene)
Forbruk	kr	1 215 677,00	Eldar: Mur Myklebust - arbeid ferdig. Mur Leine - arbeid ferdig. Snuplass øvre Dragsund - arbeid ferdig.
Rest	kr	284 323,00	Der er i tillegg utført noko asfaltering av midlane. Vist forbruk er per august 2018.

Prosjekt 51210 - Myrabakken bustadfelt			Prosjektleiar - Eldar
Omtale:			
Løyvingar i budsjett 2015/2016			Status/merknadar
Løyving	kr	7 000 000,00	Reklamasjonsarbeid pågår, skal vere ferdig september/oktober 2018. Gjenstår øk. avslutning og tomtesalg.
Tryg forsikring	kr	1 729 023,00	Forbruket er per august 2018. I tillegg til løyving har Tryg forsikring utbetalt 1.729.023,- kr (reklamasjon).

Forbruk	kr	8 936 735,00
Rest	kr	-207 712,00

Prosjekt 51704 - Slamavskiljar Nykrem

Prosjektleiar - Eldar

Omtale:

Avlaupsplan 2017			Status/merknadar
Løyving	kr	2 000 000,00	Avklaringsfase: har motteke pris på slamavskiljarar. Grunnavtalar er i boks. Arkeologisk registrering er
Forbruk	kr	19 875,00	fullført. Avventar ledig kapasitet på avdelinga før utføring.
Rest	kr	1 980 125,00	

Prosjekt 51212 - Klatreparken

Prosjektleiar - Eldar

Omtale:

Byutvikling			Status/merknadar
Løyving	kr	1 377 793,00	Løyving gjeld kommunal del av finansiering, jf. K-sak i juli. I tillegg kjem alle stønadar/spelemidlar.
Forbruk	kr	1 015 020,00	Byggetrinn 1 og 2 er under arbeid, skal stå ferdig i løpet av september 2018.
Rest	kr	362 773,00	Forbruk per august 2018

Prosjekt 18001 - Telenor basestasjon på Runde

Prosjektleiar - Eldar

Omtale:

Løyving i budsjett 2018			Status/merknadar
Løyving	kr	1 000 000,00	Herøy kommune er ferdig, restarbeidet står på Telenor.
Forbruk	kr	692 739,00	Forbruk per august 2018, ikkje alle rekningar er motteke enno.
Rest	kr	307 261,00	

Prosjekt 18002 - Nærøykrysset (trafikktrygging)

Prosjektleiar - Eldar

Omtale:

Trafikktryggingsprosjekt			Status/merknadar
Løyving			Løyving: Trafikktryggingsmidlane. Motteke 50/50 stønad på 750.000 kr. Mogleg ein må søkje om meir stønad.
Forbruk	kr	278 163,00	Avklaringfase: prosjekteringa er i avslutningsfasa.
Rest	kr	-278 163,00	Forbruk per august 2018.

Prosjekt 18003 - Intensivbelysning (trafikktrygging)

Prosjektleiar - Eldar

Omtale:

Trafikktryggingprosjekt			Status/merknadar
Løyving			Løyving: skal nytte av trafikktryggingsmidlane. Forbruk: per august 2018.
Forbruk	kr	11 375,00	Avklaringfase Coop Tjørvåg og Mix Eggesbønes.
Rest	kr	-11 375,00	Når det gjeld Spar og Coop på Bergsøya, må takast i samband med seinare arbeid (avløp Kiwi til Auto Marine)

Prosjekt - 51703 Solparken

Prosjektleiar - Eldar

Omtale: Anlegging av park på dagens parkeringsplass ved Valaker

Byutviklingsmidlar			Status/merknadar
Løyving			Prosjektering ferdig. Sak for formannskapet kjem opp i oktober.
Forbruk	kr	831 575,40	Forbruk pr. september 2018.
Rest	kr	-831 575,40	

Prosjekt 50017 - Hurtigladestasjon Fosnavåg parkeringshus

Prosjektleiar - Eldar

Omtale:	Hurtigladar for elbil i Fosnavåg Parkeringshus		
Byutviklingsmidlar			Status/merknadar
Løyving	kr	420 000,00	Arbeid/materiell er bestilt. Forventa ferdig i løpet av hausten 2018.
Forbruk	kr	12 350,00	Forbruk pr. august 2018.
Rest	kr	407 650,00	

Prosjekt 18009 - Lisjevatnet i Dragsund			Prosjektleiar - Eldar
Omtale:	Tetting av Lisjevatnet i Dragsund		
Byutviklingsmidlar			Status/merknadar
Løyving	kr	750 000,00	Arbeidet er ferdig. Har reklamert til entreprenør på skader på asfalt i kommunal veg, avventar utbetring.
Forbruk	kr	436 100,00	Forbruk pr. august 2018.
Rest	kr	313 900,00	

Prosjekt 50170 - Delutbygging av industriområde Eggesbønes			Prosjektleiar - Eldar
Omtale:	Utviding Marine Harvest		
Byutviklingsmidlar			Status/merknadar
Løyving	kr	10 000 000,00	Klart til anbodsfase i løpet av september 2018
Forbruk	kr	35 350,00	Forbruk pr. august 2018.
Rest	kr	9 964 650,00	

Prosjekt 18004 - Grøft for overvatn Huldalsvegen			Prosjektleiar - Eldar
Omtale:	Grøft for overvatn		
Byutviklingsmidlar			Status/merknadar
Løyving	kr	350 000,00	Materiell er bestilt. Avventar deltaking i fellesgrøft Tømrer Prosjekt AS
Forbruk	kr	148 500,00	Forbruk pr. august 2018.
Rest	kr	201 500,00	

HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JD	Arkivsaknr:	2016/643
		Arkiv:	047

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
178/18	Formannskapet	16.10.2018
123/18	Kommunestyret	25.10.2018

EIGARSKAPSKONTROLL REKNESKAPSÅRET 2017

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.
Olaug Andreassen reiste habilitetsspørsmål. Ho er medlem av styret i Herøy Vasslag. Ho går frå under handsaming av habilitet.
Ho vart samrøystes kjend inhabil, jfr. KL §40, FVL §6, 1. ledd bokstav e.

Tilråding i Formannskapet - 16.10.2018

Herøy kommunestyre tek eigarskapskontroll rekneskapsåret 2017 til vitande.

Tilråding:

Herøy kommunestyre tek eigarskapskontroll rekneskapsåret 2017 til vitande.

Særutskrift:

Kontrollutvalet
Økonomiavdelinga

Vedlegg:

1 Søre Sunnmøre reinhaldsverk AS
2 Hareid fastlandssamband AS
3 Muritunet AS
4 Sunnmørsbadet Fosnavåg AS
5 Tussa kraft AS
6 Furene AS
7 Runde miljøbygg AS
8 Fosnavåg konserthus AS
9 Kystvegen Måløy Florø AS
10 Herøy vasslag SA
11 Stemmedal vasslag SA
12 Forklaring av sentrale begrep

Samandrag av saka:

Herøy kommune har eigarskap i fleire føretak, og desse føretaka utfører viktige samfunnsmessige funksjonar og interesser. For å være ein aktiv og god eigar, er det naudsynt for kommunen å være orientert om den økonomiske utviklinga i desse føretaka.

Det er etablert ei rutine der administrasjonen gjer ei enkel økonomisk vurdering av økonomien i føretak der kommunen har eigarinteresser. Denne saka er den administrative oppfølginga av rekneskapsåret 2017.

Det er ingen av føretaka som syner ei alarmerande utvikling, men fleire føretak har ei negativ utvikling i 2017. Når det gjeld Sunnmørsbadet Fosnavåg AS, så synast eigenkapitalen å være tapt.

For detaljar om det enkelte føretak, vert det synt til vedlegga. Det er i saksutgreiinga gitt ein kort kommentar på enkelte sentrale føretak.

Bakgrunn:

Kommunestyret vedtok i K-sak 183/07 Selskapskontroll og oppfølging av økonomisk engasjement, rutinar for administrasjonen si oppfølging av kommunen sitt økonomiske engasjement og eigarskap i ulike selskap (selskapskontroll).

På bakgrunn av dei rutinane som vart vedteke i K-sak 183/07, vart selskapskontroll utført for rekneskapsåra 2008 og 2009.

Rutinen for administrativ oppfølging av selskapa viste seg å være arbeidskrevjande, og rådmannsgruppa etablerte i 2015 ei arbeidsgruppe som skulle revidere rutinen. Den reviderte rutinen vart vedteke av kommunestyret i K-sak 76/16. Den nye rutinen inneber ein forenkla arbeidsprosess for den administrative oppfølginga, då den økonomiske vurderinga vert gjort på bakgrunn av rekneskapstal som ligg offentleg tilgjengeleg i Brønnøysundregisteret.

Den reviderte rutinen fokuserer i større grad på kommunen si utøving av eigarskap, og nyttar no omgrepet eigarskapskontroll i staden for selskapskontroll.

Saksopplysningar:

Ny rutine for lovpålagt eigarskapskontroll var vedteke i K-sak 76/16 den 25.05.2016. Denne saka er den årlege rapporten som følgje av denne rutinen.

Dette er tredje året at eigarskapskontrollen vert utført etter ny rutine. Eigarskapskontroll for rekneskapsåret 2015 vart vedteke i K-sak 187/2016, og eigarskapskontrollen for rekneskapsåret 2016 vart vedteke i K-sak 145/2017.

Oppstillinga nedanfor syner selskap der Herøy kommune har eigarandelar eller eigarinteresser, sortert etter organisasjonsform. Opplysningane om bokført verdi er henta frå balansen i kommunen sitt rekneskap 2017 note 9. Oversikta inneheld og opplysningar om bokført verdi i balansen, eigardel og om det er utarbeidd ei analyse av føretaket.

Rutinen opnar for at kommunestyret kan bestille ein utvida rapport om enkeltføretak.

Oversikt eigarskap i Herøy kommune

Selskap	Bokført verdi	Eigardel	Analyse
Interkommunalt samarbeid KL §27			
Interkommunal veterinærvakt			
Interkommunal kveldslegevakt			
Senter mot incest og seksuelle overgrep M&R			
Overgrepsmottak			
Interkommunalt samarbeid. KL §27. Eige rettssubjekt.			
Vest kontroll		11,11 %	
Vertskommunesamarbeid §28-1a, 28-1b og 28-1c			
SSIKT - Søre Sunnmøre IKT.			
Søre Sunnmøre Landbrukskontor			
Interkommunalt legevaktsamarbeid, natt § 28b			
Interkommunal gjeldsrådgjeving			
Sunnmøre krisesenter			
Interkommunal arbeidsgjevarkontroll			
Interkommunal jordmorteneste			
Interkommunale selskap			
Sunnmøre regionråd IKS		5,26 %	
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS		14,29 %	
Interkommunalt Arkiv IKS		2,62 %	
Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS		36,36 %	Vedlegg 1

AS/ASA deleigd av kommunal/kommunale aktørar			
Nordøyvegen AS	5 000	0,1 %	
Hareid fastlandssamband AS	104 000	1,4 %	Vedlegg 2
Sande fastlandssamband AS	30 000	1,5 %	
Muritunet AS	130 000	0,9 %	Vedlegg 3
Sunnmørsbadet Fosnavåg AS	4 570 000	54,4 %	Vedlegg 4
Tussa kraft (SE aksjar)	55 192 000	16,9 %	Vedlegg 5
Tussa kraft AS	1 000 264		
Furene AS	187 981	8,1 %	Vedlegg 6
Runde miljøbygg AS	1 501 000	6,8 %	Vedlegg 7
Rovdefjordbrua AS	70 000	1,5 %	
Fosnavåg konserthus AS	8 005 000	52,8 %	Vedlegg 8
Kystvegen Måløy-Florø AS	15 000	1,1 %	Vedlegg 9
Leikanger grendahus	50 000		
Moltustranda grendahus	439 900		
Samvirkeføretak			
Kommunal Landspensjonskasse gjensidig forsikringsselskap	17 209 940		
Herøy Vasslag SA	353 350		Vedlegg 10
Stemmedalen Vassverk SA	268 200		Vedlegg 11
Moltustranda Vassverk SA	3 600		
Nerlandsøy Vasslag SA			

Utval av selskap der det er gjort ei økonomisk analyse er gjort administrativt, og ein har laga analyser på alle aksjeselskap med verdi over 100.000 kr i note 9. I tillegg er det gjort analyse av SSR IKS og Herøy vasslag SA og Stemmedalen Vasslag SA. Dei to sistnemnte grunna betydeleg garantiansvar.

Analysen inneheld opplysningar om selskapet sitt vedtektsregistrerte formål, Herøy kommune sin definerte strategi med eigarskapet, rekneskapstal for dei tre sist tilgjengelege åra, og ei kolonne med fargekode basert på utviklinga i rekneskapstala. Vidare inneheld analysen informasjon om kven som har representert kommunen som eigar i eigarskapsorganet, og namnet på styremedlemane i selskapet. For nokre selskap er det gitt tilleggsinformasjon i form av kommentarar. Til sist ligg ei detaljert forklaring til enkelte økonomiske begrep som er nytta i analysen.

Vurdering og konklusjon:

Kommentar til enkelte av selskapa:

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS
Rekneskapen for 2017 syner eit underskot før skatt 2,45 mill.kr. Styret opplyser i årsmeldinga at underskotet hovudsakleg skuldast ekstraordinære av- og nedskrivingar. Det er og føreteke store investeringar siste åra.

Underskotet innan hushaldningsrekneskapet var - 3.318.000 i 2017 (+ 2.897.000 i 2016). Underskotet er ført mot sjølvkostfondet, og sjølvkostfondet er i tillegg korrigert for tidlegare feilføring av renter. Dette har medført ein samla reduksjon av sjølvkostfondet med – 5.505.000, og fondet utgjer per 31.12.2017 kr 10.112.000.

Selskapet leverer eit overskot innan næringsverksemda kr 176.722. Overskotet er avsett til annan eigenkapital.

Selskapet sin eigenkapital er positiv kr 4.031.637 (1.026.929 i 2016).

Sunnmørsbadet Fosnavåg AS
Rekneskapen for 2017 syner eit underskot før skatt kr - 581.173 (- 934.118 i 2016). Driftsinntektene er 12,18 mill.kr (11,91 mill.kr i 2016, og driftsresultatet er positivt kr 140.147 (- 15.191 i 2016).

Selskapet har ein del gjeld, men den langsiktige gjelda er og i 2017 blitt vesentleg redusert, og er ved årsskiftet 41,45 mill.kr (49,2 mill.kr i 2016).

Selskapet sin arbeidskapital og likviditetsgrad har ei negativ utvikling, og eigenkapitalen vert vurdert som tapt.

Styret er ikkje pliktig å utarbeide årsmelding, og det er heller ikkje utarbeida årsmelding. Styret har i brev til revisor stadfesta at dei er kjent med sitt ansvar for å oppretthalde eigenkapital og likviditet tilpassa verksemda. Styret opplyser at dei er merksame på den lave eigenkapitalen, og at den sannsynlegvis vert negativ i 2018. Styret meiner å ha likviditet til i dekke sine forpliktingar i 2018

Fosnavåg Konserthus AS

Rekneskapen for 2017 syner eit overskot før skatt kr 1.683.185 (1.628.623 i 2016). Driftsinntektene er 3,36 mill.kr (3,36 mill.kr i 2016, og driftsresultatet er positivt kr 1.845.187 (1.856.671 i 2016).

Selskapet si langsiktige gjelda er i 2017 blitt vesentleg redusert, og er ved årsskiftet 15,87 mill.kr (18,52 mill.kr i 2016).

Vår analyse er positiv på alle indikatorar som er vurdert.

Vegen vidare:
Dette er tredje året eigarskapskontrollen vert utført etter revidert rutine. Det går raskt å innhente rekneskap og årsmeldingar frå Brønnøysundregistra og kontrollen er mindre arbeidskrevjande. At styret si plikt til å utarbeide årsmelding er falt bort for fleire at selskapa, gjer at det er mindre informasjon å finne, og ein manglar styret sine vurderingar som grunnlag for den administrative eigarskapskontrollen.

På analyseskjemaet for det enkelte selskap, er feltet «Strategi for eigarskap» berre utfylt i dei selskapa der eigen eigarskapsstrategi er vedteken av kommunestyret.

I ny kommunelov § 26-1 er det vedtake lovmessige krav til utarbeiding av eigarskapsmelding som skal vedtakast i kvar valperiode. Lova er ikkje i kraft enno. Når slik eigarskapsmelding må utarbeidast, vil det være naturleg at ein prøver å få å plass klart definerte eigarskapsstrategiar for dei selskapa som Herøy kommune eig eller har eigarinteresser i.

Fosnavåg, 04.10.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jan Driveklepp

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

Vedlegg 1

Organisasjonsnummer 987 570 970

Formål i vedtekter:

Selskapet si kjerneverksemd er å vere kommunane sitt forvaltnings- og bestillarorgan, som leverer avfallstenester til hushaldningar, fritidsbustader, skular og barnehagar. Selskapet sitt føremål er å dekke eigarkommunane sine behov, plikter og oppgåver med tanke på:

1.Å drive framtidsretta og miljøretta innsamling, transport og sortering av hushaldningsavfall - som kommunanemåtte bli pålagde å ta hand om eller sjølv i fellesskap ønskjer å etablere. Selskapet skal planlegge og sørge for gjennomføring av andre miljøtiltak der kommunane i fellesskap ønksjer dette.

2. Eit brukarvennleg, fleksibelt og likeverdig tenestetilbod for alle innbyggarane og som stimulerer tilberekraftig haldningar og adferd. Dette skal skapast gjennom aktiv informasjon og kommunikasjon.

3. Eit kostnadseffektivt tenestetilbod basert på samarbeid og stordrift.

Strategi for eigarskap:

Selskapet skal vere eigarkommunane sitt forvaltings- og bestillarorgan som leverer avfallstenester til hushaldningar, fritidsboligar, skular, barnehagar og offentleg verksemd.
m.m.

Revidert eigarstrategi sist vedteke i K-sak 2016/146

Kapital og utbytte

Tal i heile 1 000 kroner	2015	2016	2017
Selskapet sin aksjekapital	-	-	-
Selskapet sin eigenkapital	-95	1 027	4 031
Totalt antal aksjer i selskapet:	-	-	-
Antal aksjar eigde av Herøy kommune	-	-	-
Herøy kommune sin eigarandel (%)	-	-	-
Størrelsen på ansvarlege lån frå kommunen	-	-	-
Størrelsen på garantiar frå kommunen	-	-	-
Avsett til utbytte - kommunen sin del	-	-	-

Driftsanalyse

Tal i heile 1 000 kroner	2015	2016	2017	Tendens
Driftsinntekter	45 298	46 908	47 641	
- endring i prosent		**3,6**	**1,6**	
Dekningsbidrag	17 387	18 773	18 198	
Dekningsgrad (%)	38,4	40,0	38,2	
Endring i dekningsgrad i prosent		**4,3**	**-4,6**	
Resultat før skattekostnad	2 786	4 280	-2 450	
Resultat i % av inntekt	**6,2**	**9,1**	**-5,1**	
Sjølvfinansieringsevne	**5 612**	**7 468**	**1 772**	
Arbeidskapital	**3 758**	**27 849**	**13 509**	
- endring i prosent		**641,1**	**-51,5**	
Likviditetsgrad (%)	**119,20**	**197,81**	**169,26**	
Eigenkapitalprosent	**-0,17**	**0,94**	**3,33**	

Forklaring til fargekodar:

1 = Positiv tendens siste året.
2 = Negativ tendens siste året.
3 = Negativ tendens siste 2 år eller svært negativt siste året.

Herøy kommune var representert av Ann-Katrin Storøy (vara for Arnulf Goksøyr) i representantskapsmøtet for 2017.

Styret har i 2017 bestått av: Georg Fulford (styreleiar),Håkon Vestnes, Gro Anita Eng (fram til 24.05.17), Edel Kvalsund Goksøyr, Margareth Leinebø, Ole Andreas Sæther og Truls Håbakk og Anne Holstad (styremedlem etter 24.05.17)

Grunnlagsopplysningar. Tal i heile 1 000 kr	**2015**	**2016**	**2017**
Inntekter	45 298	46 908	47 641
Varekostnadar	11 414	10 363	9 910
Løns- og personalkostnadar	16 497	17 772	19 533
Ordinære avskrivingar	2 916	3 449	4 271
Resultat før skattekostnad	2 786	4 280	-2 450
Skattekostnad	90	261	49
Avsett til utbytte i selskapet	-	-	-
Varebeholdning	-	-	-
Sum omløpsmiddel	23 335	56 321	33 014
Selskapet sin aksjekapital			
Selskapet sin eigenkapital	-95	1 027	4 031
Kortsiktig gjeld	19 577	28 472	19 505
Totalkapital/balansesum	56 549	108 899	120 966

Totalt antal aksjer i selskapet
Antal aksjar eigde av Herøy kommune

Størrelsen på ansvarlege lån frå kommunen
Størrelsen på garantiar frå kommunen

Hareid fastlandssamband AS

Vedlegg 2

Organisasjonsnummer 939 743 863

Formål i vedtekter:

Selskapet sitt formål er å arbeide for realisering av Hafast-sambandet - et fergefritt vegsamband mellom Hareid og Ålesund, via Sula.

Strategi for eigarskap:

Kapital og utbytte

Tal i heile 1 000 kroner	2015	2016	2017
Selskapet sin aksjekapital	7 587	7 587	7 587
Selskapet sin eigenkapital	3 660	2 979	2 462
Totalt antal aksjer i selskapet:	7 587	7 587	7 587
Antal aksjar eigde av Herøy kommune	104	104	104
Herøy kommune sin eigarandel (%)	1,37	1,37	1,37
Størrelsen på ansvarlege lån frå kommunen	-	-	-
Størrelsen på garantiar frå kommunen	-	-	-
Avsett til utbytte - kommunen sin del	-	-	-

Driftsanalyse

Tal i heile 1 000 kroner	2015	2016	2017	Tendens
Driftsinntekter	393	271	271	
- endring i prosent		**-31,0**	**-**	
Dekningsbidrag	353	224	238	
Dekningsgrad (%)	89,8	82,7	87,8	
Endring i dekningsgrad i prosent		**-8,0**	**6,2**	
Resultat før skattekostnad	-428	-680	-516	
Resultat i % av inntekt	**-108,9**	**-250,9**	**-190,4**	
Sjølvfinansieringsevne	**-428**	**-680**	**-516**	
Arbeidskapital	**4 021**	**3 048**	**2 318**	
- endring i prosent		**-24,2**	**-24,0**	
Likviditetsgrad (%)	**5 927,54**	**38 200,00**	**77 366,67**	
Eigenkapitalprosent	**86,55**	**92,00**	**99,84**	

Forklaring til fargekodar:

1 = Positiv tendens siste året.

2 = Negativ tendens siste året.

3 = Negativ tendens siste 2 år eller svært negativt siste året.

Styret har i 2017 bestått av: Gunvor Ulstein, Jan Rune Hurlen, Stig Remøy, Sølvi Remøy, Anders Riise, Anette Bonnevie Wollebæk, Kjell Sandli, Eva Vinje Aurdal, Jim Arve Røssevoll og Stein Arve Waagan

Kommentarar:

2014: Regjeringsvedtak om at HAFAST er vald som trase for E39. Stortinget løyver planleggingsmidlar.

Grunnlagsopplysningar. Tal i heile 1 000 kr	**2015**	**2016**	**2017**
Inntekter	393	271	271
Varekostnadar	32	47	33
Løns- og personalkostnadar	8	-	-
Ordinære avskrivingar	-	-	-
Resultat før skattekostnad	-428	-680	-516
Skattekostnad	-	-	-
Avsett til utbytte i selskapet	-	-	-
Varebeholdning	-	-	-
Sum omløpsmiddel	4 090	3 056	2 321
Selskapet sin aksjekapital	7 587	7 587	7 587
Selskapet sin eigenkapital	3 660	2 979	2 462
Kortsiktig gjeld	69	8	3
Totalkapital/balansesum	4 229	3 238	2 466
Totalt antal aksjer i selskapet	7 587	7 587	7 587
Antal aksjar eigde av Herøy kommune	104	104	104

Størrelsen på ansvarlege lån frå kommunen
Størrelsen på garantiar frå kommunen

Muritunet AS

Vedlegg 3

Organisasjonsnummer 961 721 652

Formål i vedtekter:

Selskapet sitt føremål er å eige og drive instutisjonen Muritunet i Valldal. Institusjonen skal gje medisinsk behandling og levere former for helsefremjande og sjukdomsforbyggjande tenester som ein del av det totale helesetilbodet i landsdelen.Hovedvekta skal ligge på spesialisert rehabilitering, opptrening og opplysning samt anna verksemd som står i samanheng med dette.

Strategi for eigarskap:

Kapital og utbytte

Oppstartsmøte: 13.04.2016				
PLANEN ER UTARBEIDD AV:		**TEGNNR.**	**DATO**	**SIGN.**
		2326-01	12.01.2018	JMO

Stadfesting av at planen er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak

Dato _____ Plansjef _____

Detaljregulering for Elsebø – gnr.30 bnr.9

Planidentifikasjon:	Eigengodkjenningsdato:	Eigengodkjend av:
1515-201705	xx.xx.2018	Herøy kommunestyre

REGULERINGSFØRESEGNER

tilknytta detaljregulering for Elsebø – gnr.30 bnr.9

Utarbeidd: 12.01.2018
Revidert: 13.06.2018
Eigengodkjend:

Områdeomtale/plangrense:
Plangrensene er vist på plankartet 2326-01
Revidert 12.01.2018 – Per Mulvik AS
Sist revidert 16.04.2018 – Herøy kommune, etter vedtak i F-sak 61/18

§ 1 GYLDIGHEITSOMRÅDE

Desse føresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor grensene skal areala nyttast og bygningane plasserast som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

§ 2 ANDRE BESTEMMINGAR

Desse føresegnene kjem i tillegg til dei til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

§ 3 PRIVATRETTSLEGE AVTALAR

Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§ 4 REGULERINGSFORMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med plan- og bygningslova til følgjande føremål:

4.1 Bygningar og anlegg (Pbl. § 12-5 nr. 1)

- 1111 Bustader – frittliggande småhus: BFS
- 1112 Bustader – konsentrert småhus: BKS
- 1550 Renovasjon, felles: f_BRE
- 1610 Leikeplass, felles: f_BLK

4.2 Samferdsel og teknisk infrastruktur (Pbl. § 12-5 nr. 2)

- 2011 Køyreveg, offentleg; o_SKV
- 2011 Køyreveg, felles; f_SKV
- 2015 Gangveg, felles: f_SGG
- 2018 Annan veggrunn, offentleg: o_SVT
- 2018 Annan veggrunn, felles: f_SVT
- 2019 Annan veggrunn, felles: f_SVG
- 2082 Parkeringsplass, felles: f_SPP

4.3 Landbruks-, natur- og friluftsformål og reindrift (Pbl. § 12-5 nr. 5)

- 5130 Friluftsformål, offentleg: o_LF

4.4 Omsynssoner (Pbl. § 12-6)

- 140 Frisikt

4.5 Føresegnsområde/bestemmelsesområde (Pbl. § 12-7)

- 12 Føresegnsområde kulturminne

§ 5 FELLESFØRESEGNER

a. Når særlege grunnar talar for det kan kommunen tillate mindre vesentlege endringar frå reguleringsplanen innanfor ramma av bygningslovgjevinga og dei kommunale vedtektene.

b. Bygningar skal plasserast innanfor regulerte byggegrenser og elles innanfor linjer for planlagd bebyggelse der slike er vist. Gesims- og mønehøgde målast ut frå gjennomsnittleg planert terreng rundt bygget.

c. Innanfor byggjeområda kan det oppførast trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar der nødvendig. Frittståande bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge tilpassa bebyggelsen elles i området.

d. Kulturminne merka i plankartet som RpBg ID 138370 kan bli fjerna utan vilkår om utgraving.

e. Ved byggesøknad/-melding skal garasjeplasseringa visast sjølv om den ikkje skal byggast samstundes med andre bygg.

f. Garasjar skal oppførast i ei høgd og det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje. Utforming, farge- og materialbruk må harmonere med bustadhuset.

g. Der terrenget etter opparbeiding gjer det naudsynt med støttemur mot grannetomt eller veg, kan kommunen angi planeringshøgder. Det tillatast oppført forstøtningsmur i eigedomsgrensa.

h. Innanfor kvar tomt må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til bekk/vassdrag eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.

i. Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggjeområda.

j. Kommunen skal ved handsaming av byggesøknader sjå til at bygga får ei god form og materialbruk og at bygg i same område vert mest mogleg harmoniske i form, farge og storleik.

k. Gjerde og hekkar langs gater/vegar skal ikkje vere høgare enn 1,0m over tilgrensande vegnivå og 0,5m ved kryss/avkøyrsle. Sjå elles føresegnene vedkomande frisiktlinjer.

l. Dersom det under graving vert mistanke om, eller påvist ustabile masser, må det gjerast grundigare kartleggingar av grunntilhøva.

§ 6 AREALBRUK

6.1 BYGNINGAR OG ANLEGG, PBL. §§12-5 NR.1

6.1.1 Generelt

a. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er evt. glasfasade.

b. Ved val av takvinkel skal eksisterande/kringliggjande bustadhus takast omsyn til slik at bygga som gruppe gjev ei harmonisk områdeoppfatning. Dette skal likevel ikkje vere til hinder for det arkitektoniske uttrykket. Nye bygg skal framheve byggjeskikken for si tid og medverke til vidare utvikling av denne.

c. Det skal avsetjast to (2) parkeringsplassar pr. bueining derav ein i garasje eller carport. Situasjonsplan skal vise plassering av garasje for tal bilar etter parkeringskravet.

d. Dersom garasje ikkje vert bygt tilsvarande krav til tal parkeringsplassar, skal parkeringsplass reknast inn i grunnlaget for BYA med 20m2 pr. bilplass.

e. Ikkje utbygd del av tomta skal utformast tiltalande. Det er ikkje tillate med skjemmande skjeringar eller fyllingar. Skjeringar som følgjer av utgraving/planering av tomt skal tilplantast med stadeigen vegetasjon. Skråningar skal framstå som vegetasjonsbelte.

f. Mur mot offentleg veg skal godkjennast av kommunen.

g. Der planering medfører støttemur mot nabotomt eller veg, skal muren vere av høg estetisk kvalitet.

h. Ev. utelagring kan berre tillatast dersom funksjonanen vert skjerma av vegetasjon, gjerde eller overdekkande bygning. Dette må vurderast i kvar enkelt sak og ut i frå funksjon og omfang. Skjermingstiltak skal godkjennast av kommunen.
i. Opphaldsareal ute skal opparbeidast og fortrinnsvis ferdigstillast samstundes med bygningane/ anlegget.
j. Der bygningsplassering er vist med linjer for planlagd bebyggelse (sosi-kode 1213) tillatast eit avvik på inntil ein (1) meter.

6.1.2 Bustadar – frittliggande småhus (BFS) Innanfor BFS kan det byggjast frittliggande småhus med inntil to (2) bueiningar på kvar tomt. Til arealet høyrer naudsynte anlegg for å oppfylle bygningane sin funksjon.

b. Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygd areal (%-BYA):
BFS-område: maksimum BYA 30%
c. Bustadbygg skal ha ei gesimshøgd som ikkje overstig 6,5m og ei mønehøgd som ikkje overstig 8,5m.
d. Garasjar/carport skal ha ei gesimshøgd som ikkje overstig 4,0m og ei mønehøgd som ikkje overstig 5,0m.
e. Garasjar/carport skal ikkje byggjast større enn med 49,9m2 grunnflate og i berre ei høgd.
f. Som minste uteopphaldsareal (MUA) på den enkelte tomt innanfor BFS-områda skal det setjast av minimum 20m2 eigna for leik. Arealet skal gå fram av situasjonsplan

6.1.3 Bustadar – konsentrert småhus (BKS)

a. Innanfor BKS kan det byggjast bustadhus med inntil seks bueiningar i kvar bygning. Til arealet høyrer naudsynte anlegg for å oppfylle bygningane sin funksjon.
b. Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygd areal (%-BYA):
BKS-område: minimum BYA 25% og maksimum BYA 40%
c. BKS-område skal planleggast under eitt, men kan byggjast ut i trinn.
d. Bustadbygg innanfor BKS1 og BKS2 skal ha ei gesimshøgd som ikkje overstig 6,5m og ei mønehøgd som ikkje overstig 8,5m.
e. Bustadbygg innanfor BKS3 skal ha ei gesimshøgd som ikkje overstig 7,0m og ei mønehøgd som ikkje overstig 9,0m.
f. Garasjar/carport skal ha ei gesimshøgd som ikkje overstig 4,0m og ei mønehøgd som ikkje overstig 5,0m.
g. Garasjer/carport skal som hovudregel organiserast som felles garasjeanlegg. Unntaksvis kan frittståande enkel garasje eller carport (til ei bueining) byggjast med grunnflate inntil 36m2.
h. Som minste uteopphaldsareal (MUA) innan KS-område skal det setjast av minimum 15m2/bueining eigna for leik. Areal til MUA samlast i område med minimum netto leikeareal på 60m2.

6.1.4 Leikeplass (BLK)

a. Leikeplassen skal ved utbygging setjast i slik stand at den er eigna for leik og opphald.
b. Leikeplassen skal utførast som rekreasjons- og leikeområde.
c. Prinsippa om universell utforming bør så langt råd er leggjast til grunn slik at leikeplassen heilt eller delvis kan nyttast av alle.
d. Leik for born i alderen 1-7 år skal prioriterast og leikeplassen skal opparbeidast i samsvar med den til den kvar tid gjeldande forskrift om leikeplassutstyr. Leikeplassen skal ha areal og utstyr nok til varierte aktivitetar som fremjar rørsleglede, gir allsidig rørsleerfaring, sanseerfaring og moglegheit for læring og meistring.
e. Leikeplassen skal minimum opparbeidast med sandkasse, benk og eitt leikeapparat.
f. f_BLK1 er nærleikeplass felles for BKS1-3.
g. Der leikeplassen grensar til trafikkareal skal det setjast opp gjerde.

6.1.5 Renovasjonanlegg (BRE)

a. Innanfor f_BRE1 er det avsett plass til nedgravd renovasjonsanlegg.
b. f_BRE er felles for bustadane innanfor BKS1-3.

6.2 SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR, PBL. §§12-5 NR.2

6.2.1 Generelt

a. Innanfor område for veggrunn er det ikkje tillate med andre innretningar/anlegg enn dei som er naudsynte for drift og vedlikehald av veggrunnen.
b. Vegskråningar skal setjast i stand med tilplanting/tilsåing samstundes med ferdigstilling av bustadfeltet.
c. Tilkomst og kryssløysing skal opparbeidast i samsvar med planen.
d. I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegksjeringar og fyllingar som kan leggast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal jf. Pbl.kap.16. Evt. vist skråningsutslag på plankartet kan endrast som følgje av nærare detaljprosjektering.
e. I vegareal kan det leggjast VA-leidningar, EL-, tele- og fiberkablar.
f. Plassering av avkøyrsler markert med pil i plankartet kan fråvikast ved behov.

6.2.2 Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)

a. Gjeld område avsett til grøft, skjering, fylling, støttemur, snøopplag m.m.
b. Opparbeidast med breidder som vist i plankartet.
c. Eigedomstilhøve som for tilgrensande veg.

6.2.3 Gangveg/gangareal (SGG)

a. f_SGG1 og f_SGG2 er felles for alle eigedomar innanfor plangrensa.
b. Gangvegar opparbeidast med fast dekke, breidder som vist i plankartet, og så langt mogleg i samsvar med prinsippa for universell utforming.

6.2.4 Køyreveg (SKV)

a. o_SKV1 er offentleg køyreveg med snuplass.
b. f_SKV2 er felles tilkomstveg for BKS2 og BKS3
c. f_SKV3 er felles tilkomstveg for BKS1
d. Vegane opparbeidast med fast dekke og breidder som vist i plankartet.

6.2.5 Felles parkeringsplass

a. f_SPP1 er felles parkeringsplass for bustadane innanfor BKS1-3 og opparbeidast med fast dekke.

6.3 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL, PBL. §§12-5 NR.5

6.3.1 Friluftsformål (LF1)

a. I friluftsområda er det ikkje tillate å drive verksemd eller føre opp bygg eller anlegg som etter kommunen sitt skjønn er til hinder for bruken av området.
b. Det kan etablerast gangstiar innanfor området.
c. Gangsti skal ha naturleg dekke ev. dekke av grus.
d. o_LF1 er offentleg.

§ 7 OMSYNSSONER, Pbl. §12-6

7.1 Frisiktsoner

a. Frisiktsoner er vist med omsynssone, kode H140. Frisiktsoner i vegkryss må ikkje nyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsona skal planerast ned til 0,5m over tilgrensande vegar sitt nivå.
b. Enkeltståande høgstamma tre kan tillatast.

§ 8 FØRESEGNSOMRÅDE/BESTEMMELSESOMRÅDE, Pbl. §12-7

a. Kulturminne som er merka i plankartet med rpbg ID 138370 kan bli fjerna utan vilkår om utgraving.
b. Dersom det viser seg at tiltak innanfor planen kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte,forandre, tildekke, skjule eller på annen måte utilbørleg skjemme automatisk freda

kulturminne eller framkalle fare for at dette kan skje, må arbeida straks stansast og kulturminneforvaltninga varslast umiddelbart. Ansvaret ligg hjå tiltakshavar og/eller ansvarshavande leiar på plassen. Kulturminneforvaltninga avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan fortsette og vilkåra for det. Fristen kan under gitte forhold forlengast.

§ 9 REKKEFØLGJEKRAV

a. Felles nærleikeplass skal opparbeidast og ferdigstillast før det vert gjeve mellombels bruksløyve og ferdigattest. Leikeareal innanfor byggjeareala (MUA) skal opparbeidast samtidig med bustadhusa.

b. O_SKV1 skal byggjast som vist på plankartet t.o.m snuplassen før kommunen kan tillate bygging innanfor BKS1-3.

Herøy kommune, xx/xx/2018

_____

ordførar

FORSLAGSSTILLAR:
TOMTESERVICE AS

PLANOMTALE:
FRAMLEGG TIL DETALJREGULERING FOR:

Elsebø – gnr-30 bnr.9

PlanID: 1515-201705

DATO 12.01.2018

Tomteservice AS

mulvik
www.mulvik.no

norhus
prosjekt

Innhold

1 SAMANDRAG 3
2 BAKGRUNN 3
2.1 Målet med planen 3
2.2 Forslagsstillar, plankonsulent, eigarforhold 4
2.3 Tidlegare vedtak i saka 4
2.4 Utbyggingsavtalar 4
2.5 Krav om konsekvensutgreiing 4
3 PLANPROSESSEN 4
3.1 Medverknad, varsel om oppstart ev. planprogram 4
4 PLANSTATUS OG RAMMER 5
4.1 Overordna planar 5
4.2 Gjeldande og tilgrensande reguleringsplanar 5
4.3 Temaplanar 6
4.4 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar 6
5 SKILDRING AV PLANOMRÅDET – EKSISTERANDE TILHØVE 7
5.1 Lokalisering 7
5.2 Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk 7
5.3 Staden sin karakter 8
5.4 Landskap 8
5.5 Kulturminne og kulturmiljø 8
5.6 Naturverdiar 8
5.7 Rekreasjonsverdi/-bruk, uteområde 8
5.8 Landbruk 8
5.9 Trafikkforhold 9
5.10 Barn sine interesser 9
5.11 Sosial infrastruktur 9
5.12 Universelt tilgjenge 9
5.13 Teknisk infrastruktur 9
5.14 Grunnforhold 10
5.15 Støyforhold 10
5.16 Luftforureining 10
5.17 Risiko og sårbarheit (eksisterande situasjon) 10
5.18 Næring 10
5.19 Analysar/utgreiingar 11
6 SKILDRING AV PLANFRAMLEGGET 11
6.1 Planlagt arealbruk 11
6.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsformål 11

6.3 Bebyggelsen si plassering og utforming 13
6.4 Bumiljø/bukvalitet 13
6.5 Parkering 14
6.6 Tilknyting til infrastruktur 14
6.7 Trafikkløysing 14
6.8 Planlagde offentlege anlegg 15
6.9 Miljøoppfølging 15
6.10 Universell utforming 15
6.11 Uteopphaldsareal 15
6.12 Landbruksfaglege vurderingar 16
6.13 Kulturminne 16
6.14 Sosial infrastruktur 16
6.15 Plan for vatn og avløp samt tilknyting til offentleg nett 16
6.16 Plan for avfallshenting 17
6.17 Avbøtande tiltak/løysingar ROS 17
6.18 Avbøtande tiltak/løysingar Naturmangfaldlova 17
6.19 Rekkefølgjekrav 17
7 VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET 17
7.1 Overordna planar 17
7.2 Landskap, omgjevnader og staden sin karakter 18
7.3 Estetikk 19
7.4 Kulturminne og –miljø, ev. verneverdi 19
7.5 Tilhøvet til naturmangfaldslova 19
7.6 Rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk 19
7.7 Uteområde 19
7.8 Trafikkforhold 19
7.9 Barn sine interesser 19
7.10 Sosial infrastruktur 19
7.11 Universell tilgjengeligheit 20
7.12 Energibehov – energibruk 20
7.13 ROS 20
7.14 Jordressursar/landbruk 20
7.15 Teknisk infrastruktur 20
7.16 Økonomiske konsekvensar for kommunen 20
7.17 Konsekvensar for næringsinteresser 20
7.18 Interessemotsetnader/konflikttema 20
7.19 Avveging av verknader 20
8 KONSEKVENSUTGREIING 21

9 INNKOMNE INNSPEL 21
9.1.1 Britt Wenche Bostad (24.04.2017) 21
9.1.2 Statens Vegvesen (15.03.2017) 21
9.1.3 NVE (19.04.2017) 21
9.1.4 Søre Sunnmøre Landbrukskontor (24.04.2017) 21
9.1.5 Møre og Romsdal fylkeskommune (09.03.2016) 21
9.1.6 Fylkesmannen (10.03.2016) 23

- Vedlegg som følgjer saka:

1. 2326_Plankart (PDF/SOSI)
2. 2326_Reguleringsføresegner (PDF/DOC)
3. 2326_951 Illustrasjonsplan
4. 2326_211 Lengdeprofil o_SKV1 (PDF)
5. 2326_212 Lengdeprofil f_SKV2 (PDF)
6. 2326_213 Lengdeprofil f_SKV3 (PDF)
7. 2326_214 Lengdeprofil f_SKV4 (PDF)
8. 2326_ROS-sjekkliste
9. 2326_Referat frå oppstartsmøte
10. 2326_Varslingsbrev
11. 2326_Annonse
12. 2326_Innspel/merknad til oppstart
13. 2326_Sol-/skuggeanalyse
14. 2326_Illustrasjonar/fjernverknader

1 SAMANDRAG

På vegne av Tomteservice AS fremjar ein med dette framlegg til detaljreguleringsplan for del av gnr.30 bnr.9 på Elsebø i Herøy kommune.
Planen med namn «Elsebø – gnr.30 bnr.9» har planID «1515-201705», er utarbeidd i samsvar med overordna plan - med nokre justeringar - og så langt praktisk mogleg tilpassa innkomne merknader. Verknader av planframlegget er synleggjort gjennom utarbeiding av 3D-modell med utsnitt frå denne som vedlegg saman med m.a sol-/skuggeanalyse.

Det har vore samtalar og undervegsmøte med Herøy kommune m.a i høve vegløysingar, snuplass, ev. omdisponering av KS7 m.m. og vi vurderer no saka tilstrekkjeleg opplyst som grunnlag for ei positiv kommunal handsaming. Planframlegget vert fremja som detaljreguleringsplan i samsvar med Pbl§§12-3.

2 BAKGRUNN

2.1 Målet med planen

Bergsøy er eit sentralt og populært bustadområde i Herøy kommune der marknaden - etter forslagsstillar si vurdering - har behov for leiligheiter som dei kan tilby. I gjeldande områdeplan «201247 Indre Bergsøy» er aktuelt område (KS7 og KS8) avsett til konsentrert busetnad med krav om utarbeiding av detaljreguleringsplan før utbygging. Ved varsel om oppstart signaliserte ein ønskje om omdisponering av KS7 til frittliggande småhus, men dette utgår grunna motstand frå både kommune og fylkesmann (jfr. merknad til planoppstart). Ein legg difor områdeplanen til grunn og regulerer begge områda til konsentrert småhusbusetnad.

For KS7 (BKS3) føreligg ingen konkrete planar om utbygging, så dette området er difor mindre detaljert i planframlegget. For KS8 (BKS1-2) derimot er planane konkrete og består i hovudsak av korsdelte 4M-

bustadar og ein 6M-bustad med tilhøyrande anlegg som carport/garasje, parkeringsplass/trafikkareal, leikeplass m.m.

Prinsippet for UU/tilgjengeleg bustad leggast til grunn der hovudfunksjonar er samla på inngangsplanet og det er lagt vekt på romslege og solrike tomter med nærleik til felles leikeplass og kringliggjande frilufts-område. Forholda ligg godt til rette både for barnefamiliar og eldre som kanskje vil byte ut einebustaden med noko mindre og lettstelt med god tilkomst og kort veg til sentrum. Mange av parkeringsplassane er tilpassa rørslehemma, og ein har elles så langt mogleg lagt parkeringsplassar og øvrig trafikkareal til ytter-kant av planområdet med formål å oppnå eit mest mogleg bilfritt bustadmiljø i kjernen av planområdet.

2.2 Forslagsstillar, plankonsulent, eigarforhold

Forslagsstillar: Tomteservice AS.
Plankonsulent: Per Mulvik AS.
Grunneigar: Nils-Jacob Elsebø.

2.3 Tidlegare vedtak i saka

Ingen.

2.4 Utbyggingsavtalar

Ein varsla ved oppstart om at det blir inngått utbyggingsavtale mellom tiltakshavar Tomteservice AS og Herøy kommune vedr. tekniske anlegg, også anlegg som ligg utanfor plangrensa.

2.5 Krav om konsekvensutgreiing

Tiltaket er vurdert etter forskrifta om konsekvensutgreiing i samsvar med Pbl kap.4. Sidan både formål og i hovudsak også avgrensing er i samsvar med overordna plan og elles utan vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn er det ikkje behov for konsekvensutgreiing – jfr. referat frå oppstartsmøte.

3 PLANPROSESSEN

3.1 Medverknad, varsel om oppstart ev. planprogram

Formell saksgang i samsvar med reglane i plan- og bygningslova sikrar at kravet om medverknad vert ivareteke gjennom lovfesta høyringar og offentleg ettersyn. Det er ikkje sett krav om planprogram.

Oppstartsmøte
Det vart halde oppstartsmøte med kommunen 13.04.2016 med drøfting av m.a følgjande tema:

- Avklaring av planstatus og plantype/tilhøvet til overordna plan
- Krav til detaljeringsgrad og leveranse
- Omsyn til leikeplass – arealbehov og plassering – evt. fråvik i høve områdeplan.
- Snuplass/plassering av avkøyrsle – evt. fråvik i høve områdeplan.
- Utbyggingsavtale
- Storleik på carport – evt. fråvik i høve områdeplan.
- Plangrense

Møtereferat er vedlagt.

Varsel om oppstart
Varsel om oppstart datert 27.02.2017 vart annonsert i avisa Vestlandsnytt og ved varslingsbrev med frist for innspel/merknader satt til 24.04.2017. Varslingsbrev og annonsetekst er vedlagt.

Innspel/merknader til varsel om oppstart
I samband med varsel om planoppstart kom det inn 7 innspel. Desse er vurdert, oppsummert og kommentert bak i planomtalen. Alle innspel er vedlagt.

Vidare saksgang
Etter handsaming av planframlegget i kommunen og vedtak om utlegging til offentleg ettersyn, vert framlegget sendt til berørte partar for uttale normalt med ein frist på 6 veker etter utsending.
Etter høyringsfristen vert framlegg til reguleringsplan evnt. justert i samsvar med innkomne innspel før endeleg kommunal handsaming. Nedanfor er ei enkel oversikt over planprosess med planlagt framdrift.

Planfase	Medverknad	Tid
Oppstartmøte	konsulent/kommunen	13.04.2016
Varsel om oppstart av planarbeid, med annonse i avis, kunngjering på kommunen si nettside og varslingsbrev til berørte partar.	konsulent	Varslingsbrev: 27.02.2017 Kunngjeringsannonse: 27.02.2017 Merknadsfrist: 24.04.2017
Vurdering av innkomne merknadar	konsulent	Mai 2017
Utarbeiding av planforslag	konsulent	Mai – Desember 2017
Oversending av planframlegg til kommunen	konsulent	Januar 2018
Kommunal handsaming om utlegging til offentleg ettersyn/ høyring (frist 12 veker).	kommunen	Januar 2018
Offentleg ettersyn/høyring (6 veker)	kommunen	Januar - Mars 2018
Handsaming av merknader og ev. godkjenning av plan.	kommunen	Mars 2018
Ev . endring av planforslag og nytt offentleg ettersyn.	*kommunen/konsulent*	

4 PLANSTATUS OG RAMMER

4.1 Overordna planar

Kommuneplanen sin arealdel /kommunedelplanar
I kommuneplanen sin arealdel for Herøy 2013-2025 utgjer planområdet del av B52 - noverande bustadbebyggelse.

4.2 Gjeldande og tilgrensande reguleringsplanar

Gjeldande reguleringsplan for området er områdeplanen «201247 Indre Bergsøy» - godkjent 27.11.2014 – med krav i føresegnene §6 om detaljregulering før utbygging av m.a KS7 og KS8.

Planarbeidet er såleis i samsvar med overordna plan og utan krav om konsekvensutgreiing. Kartutsnittet nedanfor syner gjeldande og tilstøytande planar i området. Sørvestre del av planområdet grensar til reguleringsplanen «197301 Bergsøy/Bendal»



Figur 1: Gjeldande og tilgrensande reguleringsplanar med varsla plangrense i raudt.

4.3 Temaplanar

Inge kjende med relevans for saka.

4.4 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for samordna areal- og transportplanlegging:
Planlagd utbygging er i samsvar med retningslinjene for samordna areal- og transport-planlegging der målet er ein mest mogleg effektiv, trygg og miljøvennleg transport slik at transportbehovet vert avgrensa. For den nye bustadbusetnaden på Elsebø ser vi ikkje vesentlege konsekvensar i høve dette.

RPR for å styrke born og unge sine interesser i planlegginga
Særleg pkt. 5 som går på krav til fysisk utforming er relevant i denne plansaka:

a) Areal og anlegg som skal brukast av born og unge skal være sikra mot forureining, støy og trafikkfare.

b) I nærmiljøet skal det finnast areal der barn kan utfalde seg og skape sitt eige leikemiljø. Det føreset blant anna at areala:
- Er store nok og eignar seg for leik og opphald.
- Gjev høve til ulike typar leik til ulike årstider.
- Kan nyttast av ulike aldersgrupper med høve til samhandling mellom born, unge og vaksne.

Planarbeidet er basert på gjeldande plan- og bygningslov med forskrifter, rettleiingar samt andre aktuelle lover med forskrifter. I tillegg er SVV sine handbøker og Herøy kommune sin rettleiar for dimensjonering av vegar lagt til grunn.

5 SKILDRING AV PLANOMRÅDET – EKSISTERANDE TILHØVE

5.1 Lokalisering

Lokalisering

Planområdet ligg på Indre Bergsøy i Herøy kommune – ca 1,3 km aust for Fosnavåg sentrum.

Figur 2: Oversiktskart med koordinatfesta planområde.

Avgrensing og storleik på planområdet

Varsla planområde var på ca 15,1 daa avgrensa i samsvar med formålsgrenser i gjeldande områdeplan – jfr. figur nr.1 på side 6. Endeleg planframlegg er noko justert og utgjer totalt ca 15,5 daa

5.2 Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk

Planområdet er ubebygt og består i hovudsak av skrinn beitemark/lyng. Eit mindre område i sørvestre del – avsett til friluftsområde - består av granskog. I aust grensar planområdet mot Elsebøvegen, og i vest mot Bergslibakken. Like utanfor plangrensa i nordaustre del ligg våningshuset på gbnr.30/9.

Figur 3: Ortofoto av varsla planområde og omgjevnader.

5.3 Staden sin karakter

Struktur/estetikk/byform/eksisterande bebyggelse
Eksisterande bebyggelse utanfor planområdet består i hovudsak av frittliggande småhus/einebustader og tunområde.

5.4 Landskap

Topografi
Planområdet er lett kupert med ein markert rygg om lag midt i planområdet. I aust fell terrenget relativt bratt ned mot Elsebøvegen, vestover slak helling med overgang til tilnærma flatt terreng mot Bergslibakken.

Solforhold/lokalklima
Planområdet vurderast som solrikt og utan lokalklimatiske tilhøve å ta særleg omsyn til. Relativt høg og tett granskog i sør kan i noko grad skjerme for sola midt på dag.

Estetisk og kulturell verdi
Planområdet har ingen særleg estetisk eller kulturell verdi.

5.5 Kulturminne og kulturmiljø

Kulturminne
Ved områdereguleringa vart det i 2010 registrert ein steinalderlokalitet innanfor planområdet som Bergen museum og Riksantikvaren i 2014 vedtok at ikkje treng utgravast. Merking av lokaliteten med sikringssone og Idnr. 138370 er vidareført frå områdeplanen med føresegn som tillet fjerning utan vilkår om utgraving – jfr. merknad frå MR-fylke. Evt. funn skal imidlertid meldast til MR-fylke omgåande.

Kulturmiljø
Ingen registreringar i tilgjengelege databasar.

5.6 Naturverdiar

Ingen særskilde naturverdiar registrert i eller ved planområdet.

5.7 Rekreasjonsverdi/-bruk, uteområde

Sjølve planområdet har etter vår kjennskap heller ingen særleg verdi som rekreasjonsområde.

5.8 Landbruk

I følgje www.naturbase.no består hovuddelen av planområdet av overflatedyrka jord i aust, open fastmark i vest med innslag av innmarksbeite og skog med middels bonitet i sør.



Figur 4: Utsnitt frå www.naturbase.no

5.9 Trafikkforhold

Avkøyrsle/tilkomst til planområdet/vegsystem
Planområdet får tilkomst frå den kommunale vegen Bergslibakken i vest som via Borgarhaugvegen munnar ut i RV654 (Buholmvegen) om lag 420m lenger sør (luftlinje). I gjeldande områdeplan er Bergslibakken gitt namnet o_V14 og regulert i 7m breidde med 3m einsidig fortau forbi planområdet.

Trafikkmengde
Det føreligg ingen kjende registreringar av trafikkmengde (ÅDT) langs den kommunale vegen, men langs Rv654 er det iht. SVV sin kartbase registrert ein ÅDT=6070.

Ulykkessituasjon
Ingen kjende ulukkespunkt i eller ved planområdet, men i krysset mellom Borgarhaugvegen og Fv654 om lag 420m lenger sør er det iht. vegvesenet sin kartbase registrert nokre uhell med berre lettare skadar.

Trafikktryggleik for mjuke trafikantar
Frå krysset Bergslibakken/Kviehaugen, via Borgarhaugvegen til Rv654 og vidare langs denne i begge retningar er det opparbeidd fortau. Nord for krysset derimot er trafikken blanda, men som omtalt ovanfor er Bergslibakken i gjeldande områdeplan regulert med fortau.
Også Elsebøvegen i aust er opparbeidd med fortau eit stykke frå Rv654 og nordover med blanda trafikk dei siste 240 metrane oppover til plangrensa. Vidare opp er vegen regulert som gang- og sykkelveg. Då dette er ein blindveg for relativt få bueiningar, vurderast tryggleiken for mjuke trafikantar som tilfredsstillande.

Kollektivtilbod
Langs Rv654 er det på kvar side av krysset med Borgarhaugvegen etablert busslommer med samband kvar time på dagtid og annankvar time på kveldstid – jfr. www.frammr.no.

5.10 Barn sine interesser

Etter det vi kjenner til vert ikkje området nytta av barn og unge i dag, men planområdet ligg nær både skular, barnehagar og idrettsanlegg.

5.11 Sosial infrastruktur

Skulekapasitet/barnehagedekning
Om lag 800m (i luftlinje) vest for plangrensa ligg Bergsøy barneskule og Ytre Herøy ungdomsskule samt Bergsøy IL sine anlegg der det no også vert bygt ny fotballhall. Ca 300m vidare vestover langs Lisjebøvegen finn vi Herøy Vidaregåande skule med tilbod innanfor både bygg- og anlegg, helse -og oppvekstfag, naturbruk, m.m samt vaksenopplæring og påbygg til studiekompetanse. Om lag 250m austover langs Lisjebøvegen ligg Bergslia barnehage.

Kommunalsjef for oppvekst opplyser i samtale 28.11.2017 om svært god barnehagedekning i området – både privat og offentleg - medan barneskulen, og då særleg trinn 1-4 + SFO, har fullt belegg. Ein er godt kjend med desse utfordringane og arbeider etter det vi forstår med å finne løysingar.

Anna
Planområdet er relativt sentrumsnært med kort avstand til Fosnavåg sentrum med alle typiske sentrums-funksjonar, kulturhuset, bibliotek, Sunnmørsbadet, kyrkja og det flotte turområdet på Heid m.m.

5.12 Universelt tilgjenge

Planområdet er i dag ikkje universelt tilgjengeleg, men topografi og planlagt arealdisponering gjev eit godt utgangspunkt for å imøtekome gjeldande krav til tilgjengeleg bustad/prinsipp for universell utforming.

5.13 Teknisk infrastruktur

Vatn og avløp
Det er i dialog med kommunen og vasslaget utarbeidd ein rammeplan med prinsipp for VA-teknisk utbygging. Delar av anlegget vil gjennom utbyggingsavtale bli gjenstand for kommunal overtaking.

Trafo
Mørenett AS gav ingen merknad til varslinga, men det har undervegs vore dialog mellom forslagsstillar (Tomteservice AS) og Mørenett vedr. straumfosyning til området, ev. omlegging av høgspentlinje utanfor området m.m. Ein legg difor til grunn at straumforsyning er eller vert teke i vare t.d frå eksisterande trafo-kiosk like nord for plangrensa.

Energiforsyning og alternativ energi, fjernvarme m.m
Planområdet er ikkje underlagt krav om tilknyting til fjernvarmenett.

5.14 Grunnforhold

Stabilitetsforhold
I følgje Norges Geologiske Undersøkelse (NGU) sitt lausmassekart ligg planområdet innanfor sona for usamanhengande eller tynt morenedekke over berggrunn - jfr. kartutsnitt nedanfor. Dette er materiale som er plukka opp og avsett av isbrear vanlegvis hardt samanpakka, dårleg sortert med innehald av alt frå leir til stein og blokk. Tjukkelsen er normalt under 0,5m, men kan lokalt vere meir.
Berggrunnskartet til NGU viser elles at området består av middelkorna glimmergneis.
Med dette vurderast stabilitetsforholda som normalt bra, men må vurderast meir konkret ved utbygging.

Figur 5: Utsnitt frå NGU lausmassekart.

Skredfare
Tilgjengelege databasar syner ingen kjend risiko for verken flaum- eller skredfare.

5.15 Støyforhold

Planområdet er ikkje utsett for vegtrafikkstøy eller industriell støy ut over grenseverdiane fastsett i T-1442.

5.16 Luftforureining

Planområdet er ikkje utsett for luftforureining ut over grenseverdiane fastsett i «T-1520 retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging».

5.17 Risiko og sårbarheit (eksisterande situasjon)

Fylkesmannen si sjekkliste ved vurdering av ROS er gjennomgått, signert og vedlagt utan funn med trong for nærare utgreiing.

5.18 Næring

Det er inga kjend næringsverksemd i eller i umiddelbar nærleik til planområdet.

5.19 Analysar/utgreiingar

Det er ikkje utarbeidd særskilde analysar/utgreiingar som følgje av dette planarbeidet.

6 SKILDRING AV PLANFRAMLEGGET

6.1 Planlagt arealbruk

§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg	Antal felt	feltnamn	Areal (daa)
Bustader – frittliggande småhus (BFS)	1	BFS1	0,30
Bustader - konsentrert småhus (BKS)	3	BKS1	2,23
		BKS2	3,13
		BKS3	3,49
Leikeplass (BLK)	1	f_BLK1	0,80
Renovasjonsanlegg (BRE)	1	f_BRE1	0,05
Sum areal denne kategori:	6		10,01
§12-5. Nr. 2 – Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur			
Gangveg/gangareal (SGG)	2		0,03
Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)	15		0,84
Køyreveg (SKV)	4		2,36
Parkeringsplass (SPP)	1		0,20
Sum areal denne kategori:	22		3,44
§12-5. Nr. 5 – Landbruks-, natur- og friluftsformål			
Friluftsformål (LF)	1		2,08
Sum areal denne kategori:	1		2,08
Totalt alle kategoriar:	29		15,52

6.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsformål

Bustader – frittliggande småhus (BFS1)
Gjeld del av områdeplanen regulert til frittliggande småhus som grensar til ny plassering av vendehammar. Bakgrunnen for at arealet er teke inn i detaljplanen er behov for justering av byggjegrensa inn mot vendehammar. Føresegner er vidareført frå gjeldande områdeplan.

Bustader - konsentrert småhus (BKS1-3)
Det er avsett 3 område for konsentrert småhusbusetnad (KS-område) med krav til %BYA mellom 25 og 40% i samsvar med gjeldande områdeplan.

For BKS1 og BKS2 er maksimal gesims- og mønehøgd for bustadhus sett til hv. 6,5m og 8,5 i samsvar med områdeplanen.
For BKS3 er høgdeavgrensinga satt til hv. 7,0m og 9,0m grunna skrått terreng som krev andre bustadtypar.
For alle KS-områda er maksimal gesimshøgd for carport/garasje satt til 4,0m (mot 3,5m i områdeplanen) og mønehøgd 5,0m som i områdeplanen. Det tillatast ikkje ark/takglas på garasje.

Til kvar bueining skal det opparbeidast to parkeringsplassar derav ein overdekt i carport eller garasje på eiga tomt. Til planlagd 6-mannsbustad innanfor BKS1 er det lagt til grunn eit felles garasjeanlegg for 6 bilar og for 4-mannsbustadane legg ein til grunn doble carportar/garasjer – alle med integrert sportsbod. Øvrige parkeringsplassar er føresett dekt dels på eiga tomt – dels på felles parkeringsplass f_SPP1. Tilgjengelege bueiningar (bustadar på bakkeplan) er tilgodesett med ein parkeringsplass for rørslehemma anten i carport eller som open.

Bygningar skal vidare plasserast innanfor linjer for planlagd bebyggelse med eit avvik på maksimalt +/- 1 meter. Vist plassering/orientering spelar på tomtene sine kvalitetar på ein måte som opnar for gode private og felles uteopphaldsareal både i høve storleik og soltilhøve.

I følgje områdeplanen skal det til kvar bueining opparbeidast eit minste uteopphaldsareal (MUA) eigna til leik på minst 15m2 samla i grupper på minimum 60m2 netto. Dette inneber at det til kvar 4-mannsbustad etablerast eit felles MUA=60m2 og til 6-mannsbustaden eit tilsvarande areal på 90m2. Framlegg til plassering på solrik side er vist i illustrasjonsplanen – der ein også har søkt å samle areala mest mogleg.

Plankart og illustrasjonsplan syner planlagd utbygging med totalt 10 bueiningar innanfor BKS1 og 12 innanfor BKS2. BKS3 er mindre detaljert då det pr. dato ikkje ligg føre konkrete byggjeplanar for området. Ein har imidlertid gjennom føresegner, byggjegrenser, avkøyrslesymbol og utnyttingsgrad lagt føringar for ei seinare utbygging.

Leikeplass (BLK)
Sentralt i planområdet er det avsett 800m2 til nærleikeplass tilgjengeleg frå alle bustadane innanfor maksimalt 50m. Leikeplassen skal vere eigna for leik og opphald og plasseringa inntil friluftsområdet LF1 opnar for sambruk og med dette eit variert leik- og rekreasjonstilbod for ulike aldrar.

Alle bueiningar utanom den nordlege tomta innanfor BKS1 har tilgang til leikeplassen utan kontakt med trafikkareal. Sidan f_SKV3 berre betener den sørlege tomta vurderast trafikkmengda som så marginal og oversikta så god at slik kryssing må kunne aksepterast.

Leikeplassen skal elles utformast som rekreasjons- og leikeområde der prinsippa for universell utforming så langt mogleg leggast til grunn slik at den heilt eller delvis kan nyttast av alle. Leik for born i alderen 1-7år skal imidlertid prioriterast.

Renovasjonsanlegg (BRE)
I samråd med SSR er det avsett areal til felles returpunkt mellom o_SKV1 og f_SKV4 der ein legg opp til nedgravd løysing av type Sub-Vil Underground System. Anlegget blir felles for bustadar innanfor planen.

Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)
Område langs vegar avsett til grøft, snøopplag, autovern, terrengmur m.m.

Gangveg/gangareal (SGG)
SGG1 sikrar tilkomst til leikeplass BLK1 frå planlagd 6-mannsbustad innanfor BKS, medan SGG2 er gang-samband/snarveg mellom f_SKV2 og 4.

Køyrevegar (o_SKV1, f_SKV2, f_SKV3 og f_SKV4)
Offentlege og interne privat/felles køyrevegar opparbeidast med breidder som framgår av plankartet, med fast dekke og elles i samsvar med kommunen sin rettleiar for dimensjonering av vegar. Ein har elles hatt dialog med kommunen på val av vegløysingar. Offentleg veg skal overtakast av kommunen for drift og vedlikehald i samsvar med utbyggingsavtale.

Parkeringsplass (f_SPP)
Gjeld parkeringsplass ved f_SKV4 – felles for BKS1 og sørlege tomt innanfor BKS2. For bustadar innanfor BKS3 er det føresett parkering på eigen grunn. F_SPP er for øvrig dimensjonert i samsvar med NBI-blad

312.130 figur og tabell nr.531 herunder med fire plassar tilpassa rørslehemma.

Friluftsformål (LF)
Friluftsområde sør i planområdet med høve til opparbeiding av enkle gangstiar med naturleg dekke evt. dekke av grus.

6.3 Bebyggelsen si plassering og utforming

Plassering og bygningshøgde
Bygningar skal plasserast i plan innanfor byggjegrenser og linjer for planlagd bebyggelse der slike er vist. Gjeldande områdeplan legg til grunn følgjande bygningshøgder som er vidareført i detaljplan:

BKS1-2:	Bustadbygg:	mønehøgd inntil 8,5m og gesimshøgd inntil 6,5m
	Carport/garasje:	mønehøgd inntil 5,0m og gesimshøgd inntil 4,0m
BKS3:	Bustadbygg:	mønehøgd inntil 9,0m og gesimshøgd inntil 7,0m
	Carport/garasje:	mønehøgd inntil 5,0m og gesimshøgd inntil 4,0m

Planlagde bustadtypar innanfor BKS1-2 ligg innanfor desse grensene med hv. 8,2m og 6,1m.

Grad av utnytting (%-BYA):
I samsvar med gjeldande områdeplan er det vidare lagt til grunn følgjande:

BKS1-3: %BYA = min. 25% - maks. 40%

For BKS1 og BKS2 er utrekna grad av utnytting basert på vedlagte illustrasjonsplan hv. 36,5% og 36,7%

6.4 Bumiljø/bukvalitet

Bustadtype
Planen legg til rette for oppføring av konsentrert busetnad som 4- og 6-manns innanfor BKS1 og 2 og for BKS3 som konsentrert utan vidare spesifisering. Det er lagt til rette for bustadar med gode kvalitetar både innom- og utomhus. Bustadane er korsdelte, men romslege uteareal på solrik side opnar for at også dei øvre bueiningane får tilgang på eit godt privat uteareal.
Tilkomst, garasje/carport og parkering er i stor grad lagt mot nord og/eller til baksida av bygga, medan uteopphaldsareal i form av leikeplass, hage og terrasser vender mot sør og vest. Slakt skrånande terreng legg tilhøva til rette for etablering av bustadar som stettar krav om tilgjengeleg bueining på bakkenivå.

Barn og unge
Nærleikeplassen sentralt i feltet vert tilgjengeleg frå alle bueiningar godt innanfor kravet til maksimalavstand på 50m. Som omtalt framanfor skal leikeplassen vere eigna for leik og opphald med tilrettelegging for born i alderen 1-7 år som prioritet. Det er m.a sett krav i føresegnene om at leikeplassen minimum skal ha sandkasse, benk og noko fast dekke.

Lokaliseringa inntil friluftsområdet LF1 på 2,1 daa opnar også for sambruk mellom formåla og med dette eit variert leik- og rekreasjonstilbod for alle aldersgrupper. Innanfor LF1 kan det opparbeidast enkle stiar med naturleg dekke eller grusdekke – utover dette skal området vere uendra.

Områdeplanen krev minst 15m2 pr. bueining til minste uteopphaldsareal (MUA) for leik og anna, og at ein i KS-områda slår desse saman til fellesområde på minst 60m2. Dette betyr at det til kvar 4-mannsbustad skal etablerast eit MUA-område på minst 60m2 og tilsvarande 90m2 tilknytt 6M-bustaden. Framlegg til slik samlokalisering er vist i illustrasjonsplanen på solrik side og gjev høve til gode uteopphaldsareal.

Forøvrig ligg planområdet nær både skular, barnehage og idrettsanlegg samt flott turterreng i fjella rundt. Det ligg m.a.o. godt til rette for både organisert og fri leik/aktivitet for ulike aldersgrupper.

Sol-/skuggeanalyse
Vedlagte sol-/skuggeanalyse for 20.mars og 21.juni viser at området er svært solrikt, og at leikeplass og øvrig uteopphaldsareal har gode soltilhøve. Analysen er basert på kommunalt grunnkart og tek omsyn til fjella i kring og planlagde bygningar. Evt. feil eller manglar i kartgrunnlaget er utanfor vår kontroll og kan sjølvsagt påverke resultatet.

6.5 Parkering

Antal, utforming og lokalisering av parkeringsplassar
Til kvar bueining skal det opparbeidast to parkeringsplassar herav ein som overdekt i carport eller garasje. Innanfor BKS1 og 2 er carportane lokalisert ved hovudinngang til den enkelte bustad, og for H2 og H3 (jfr. illustrasjonsplan) gjeld dette også gjesteparkeringa. For øvrige bustadar er gjesteparkeringa dekt dels innanfor byggjeområdet og dels som eige formål - f_SPP1.
Plassering av carport/garasje (for tal bilar etter parkeringskravet) skal visast på situasjonsplan sjølv om den evt. ikkje vert bygt samtidig med bustaden, og parkeringsareal med 20m2/bil takast inn i grunnlaget for utrekning av %BYA.

Det skal vere slik parkeringsdekning for byggjeområda:
BKS1-3: 2pp pr.bueining der den eine skal vere i garasje/carport.

For BKS1 og 2 er plassering av parkeringsplassar vist på illustrasjonsplan.

6.6 Tilknyting til infrastruktur

Vatn og avløp
I den kommunale Bergslibakken vest for planområdet ligg både vatn, spill- og overvassleidningar med tilstrekkjeleg kapasitet/trykk for tilknyting. Vedlagte framlegg til VA-rammeplan syner mogleg tilknyting til offentleg nett og intern forgreining i feltet. Rammeplanen er utarbeidd i dialog med kommunen og vasslaget og legg føringar for søknad og detaljprosjektering.

6.7 Trafikkløysing

Køyretilkomst
Planområdet får tilkomst frå Bergslibakken i vest via o_SKV1 som i områdeplanen har namnet o_V3.

Utforming av vegar/stigningsforhold
Utforming av o_SKV1 (o_V3 i områdeplanen) er direkte vidareført frå områdeplanen med unnatak av vendehammar. Etter ønskje frå grunneigar, og etter samtykke frå kommunen, er vendehammaren gitt ei ny plassering på nordsida av o_SKV1. Ein har samtidig dimensjonert vendehammaren i samsvar med N100 sine krav til snuplass for lastebil.

Øvrige internvegar er dimensjonert i samsvar med kommunal rettleiar der f_SKV2 regulerast med breidder som for A1-veg og f_SKV3 som privat tilkomstveg. Breidder framgår av plankartet og langs vegane er det avsett 1,5m til annan veggrunn/tekniske anlegg. I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal iht. Pbl. Kap.16. Forøvrig er det opning for å legge VA-leidningar, el-, tele- og fiberkablar i trafikkareal.

Vegane er gitt standard i forhold til funksjon og trafikkmengde og til kvar veg er det utarbeidd lengdeprofil som syner stigningsforhold o.a. Vegane ligg med relativt lite stigning og følgjer i stor grad terrenget.

Frisikt
Det er avsett frisiktsoner i vegkryss – i stor grad vidareført frå områdeplanen. Desse sonene må ikkje nyttast på måtar som på noko tidspunkt hindrar fri sikt, og skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå.

Krav om samtidig opparbeiding
I samsvar med områdeplanen §14 g) skal o_SKV1 (o_V3 i områdeplanen) byggast ut som vist på plankartet før kommunen kan tillate bygging innanfor BKS1-3.

Varelevering
Snuplass i enden av o_SKV1 er dimensjonert for lastebil.

Tilgjenge for gåande og syklande
Vegar i og rundt planområdet har blanda trafikk. Bergslibakken er regulert med einsidig fortau.

Felles tilkomstvegar, eigedomsforhold
F_SKV2-4 regulerast som privat/felles veg for bustadar innanfor BKS1-3.

6.8 Planlagde offentlege anlegg
Utover kommunal overtaking av o_SKV1 og hovudtrasé for VA-anlegg, inneheld planframlegget ingen offentlege anlegg.

6.9 Miljøoppfølging
Tiltaka i planframlegget medfører ikkje inngrep i, eller følgjer for, viktige deler av naturmiljøet. Tiltaket medfører heller inga særskild ureining. Det er difor ikkje lagt til grunn behov for særlege miljøtiltak som følgje av inngrep som planen fører med seg. Det skal utvisast normalt omsyn til omgjevnadane.

6.10 Universell utforming
Krav:
I samsvar både med Tek10 og Tek17 (§12-2) vil krav om tilgjengeleg bueining vere gjeldande for bustadar med inngang på bakkeplan og legge føringar for tilgjenge både innom- og utomhus. Som del av søknad om tiltak skal situasjonsplan vise høgde mellom garasje/carport og hovudinngang/plan.

Løysing:
Preaksepterte ytingar for gangtilkomst til bygningar med tilgjengeleg bueining framgår m.a av Tek17 §8-5: Trinnfri tilkomst med stigning maks 1:15 (1:12 over maks 5m), kvileplan for kvar 1m høgdeskilnad og fri breidde 1,6m (1,4 over maks 5m).

BKS1 og 2 er tilrettelagt for trinnfri tilkomst både mellom carport og bustadar på bakkeplan og mellom bustad og leik-/uteområde. Fleire av parkeringsplassane er også dimensjonert for rørslehemma.

6.11 Uteopphaldsareal
Privat og felles uteopphaldsareal
Områdeplanen set krav om minst 15m2 pr. bueining til minste uteopphaldsareal (MUA) for leik og anna, og at ein i KS-områda slår desse saman til fellesområde på minst 60m2. Dette betyr at det til kvar 4-manns-bustad skal etablerast eit MUA-område på minst 60m2 og tilsvarande 90m2 tilknytt 6M-bustaden. Framlegg til slik samlokalisering er vist i illustrasjonsplanen på solrik side og gjev høve til gode uteopphaldsareal.

Sentralt i planområdet er det også avsett 800m2 til nærleikeplass som alle bueiningar har tilgang til innanfor maksimalt 50m. Leikeplassen skal opparbeidast slik at den er eigna for leik og opphald og opnar med plasseringa inntil friluftsområdet LF1 for sambruk og eit variert leike - og rekreasjonstilbod.

Alle bueiningar utanom den nordlege tomta innanfor BKS1 har tilgang til leikeplassen utan kontakt med trafikkareal. Sidan f_SKV3 berre betener den sørlege tomta vurderast trafikkmengda som så marginal at kryssing må kunne aksepterast. Kryssingspunktet er elles plassert på eit beinstrekk med god oversikt.

Leikeplassen skal elles så langt som mogleg utformast etter prinsippa for universell utforming slik at den heilt eller delvis kan nyttast av alle. Leik for born i alderen 1-7år skal prioriterast.

Føresegnene set krav om solrik plassering, skjerming mot forureining, trafikkfare og elektromagnetiske felt.

Leikeplassar/grunngjeving for avvik frå områdeplanen.
I dialog med kommunen er det gjennomført nokre mindre endringar i høve områdeplanen:

Leikeplass:
I områdeplanen er det regulert inn ein nærleikeplass - o_LP4 - som skal vere felles for tilgrensande tomter. Då grunneigar går i mot opparbeiding av denne, har vi i staden regulert inn ein eigen nærleikeplass med same areal internt i planområdet som felles for BKS1-3.

Gang- og sykkelveg:
Områdeplanen viser elles ein 5m brei gang- og sykkelveg frå enden av snuplass ved o_SKV1, sørover og gjennom friluftsformålet som i stor grad består av tett granskog.
Opparbeiding av ei slik brei «gate» gjennom dette flotte naturlandskapet vil ikkje berre øydelegge natur-opplevinga, men også vere i stor strid med grunneigar sitt ønske.
Delar av strekninga er difor endra til køyreveg for BKS2 og 3 – med overgang til enkel natursti med natur- eller grusdekke vidare gjennom friluftsområdet.

Tilkomst og tilgjenge
Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge set krav om at alle bueiningar innan ein gangavstand på 50 meter skal ha tilgang til ein nærleikeplass. Planframlegget stettar dette kravet med god margin. Alle planlagde bustadar har under 50m gangavstand til nærleikeplassen og framlegg til stiar/tilkomst som stettar stigningskrav er vist i illustrasjonsplanen.

Sesongbruk
Både storleik og form på leikeplassen gjev etter vårt syn rom for god og variert leik til alle årstider og for alle brukarar. Delar av leikeplassen kan også nyttast til ake-/skibakke for mindre barn.

Andre uteopphaldsareal
Innanfor ein radius på 800m finnast også både idretts- og skuleområde med gode moglegheiter for både organisert og fri leik og aktivitet for dei eldre barna.

Krav om utomhusplan og rekkefølgjekrav
Viser til reguleringsføresegnene.

6.12 Landbruksfaglege vurderingar
Reguleringsformålet er i samsvar med overordna plan, ein legg difor til grunn at landbruksfaglege vurderingar vart gjort i samband med utarbeiding av områdeplanen.

6.13 Kulturminne
Inga endring som følgje av plan.
Ved områdereguleringa vart det i 2010 registrert ein steinalderlokalitet innanfor planområdet som Bergen museum og Riksantikvaren i 2014 vedtok ikkje treng utgravast. Merking av lokaliteten med sikringssone og Idnr. 138370 er difor vidareført frå områdeplanen med føresegn som tillet fjerning utan vilkår om utgraving – jfr. merknad frå MR-fylke. Evt. funn skal imidlertid meldast frå om til MR-fylke omgåande.

6.14 Sosial infrastruktur
Skulekapasitet innanfor trinn 1-4 er sprengt, medan barnehagedekninga er god. Det vert imidlertid arbeidd for å løyse utfordringane.

6.15 Plan for vatn og avløp samt tilknyting til offentleg nett
Det er i planframlegget ikkje avsett eigne areal til trafo, VA-anlegg eller andre kommunaltekniske bygg, men føresegnene opnar for at det innanfor byggje- og vegområda kan etablerast mindre nødvendige bygg eller installasjonar til slike føremål. Desse skal godkjennast av kommunen.

Det er pr.dato ikkje lagt til rette for alternativ fornybar energiforsyning som t.d.fjernvarme fram til området.

6.16 Plan for avfallshenting
I samråd med SSR er det sett av areal for felles nedgravd løysing sentralt i feltet ved offentleg veg o_SKV1. Arealet er dimensjonert utfrå dagens behov med tillegg for framtidig sortering av glas- og metall, dvs. inntil 4 kontainerar felles for BKS1-3.

6.17 Avbøtande tiltak/løysingar ROS
Fylkesmannen si ROS-sjekkliste er gjennomgått og vedlagt utan funn av forhold med trong for nærare avklaring. Det er såleis ikkje noko der som talar i mot fremja arealbruk..

6.18 Avbøtande tiltak/løysingar Naturmangfaldlova
§ 7 i Naturmangfaldlova omhandlar prinsipp for offentleg avgjerdstaking i §§ 8-12. Paragrafane omhandlar kunnskapsgrunnlaget, føre-var-prinsippet, samla belastning på økosystemet, kostnader ved miljøverknader som skal berast av tiltakshavar og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. Som vedlegg følgjer sjekk-liste for naturmangfald.

Oppsummering:
Det er ikkje gjort funn/registreringar i området. Planframlegget medfører soleis ikkje skade på eller disponering om viktige landskap, økosystem, naturtypar og artar o.a. etter naturmangfaldlova.

Kunnskap (§8):
Vi oppfattar kunnskapsgrunnlaget i nasjonale databasar som tilfredstillande for vurderingar etter naturmangfaldlova.

Førevar prinsippet (§9):
Dei tiltaka som vert foreslått gjeld utbygging som kommunen gjennom regelverket vil ha kontroll med skjer i ordna former, jf. handtering av utslepp. Det vil bli lagt vekt på at vidare ureining i området ikkje skjer.

Samla belastning (§10):
Planframlegget medfører ikkje vesentlege ulemper for naturmangfaldet.

Overvaking (§11):
Så langt kommunen kan sjå vil det ikkje vere naudsynt med overvaking av naturmiljøet.

Alternativ lokalisering (§12):
Det har ikkje kome fram opplysningar som tilseier at det innanfor planområdet i dag finnast verdfulle eller truga artar. I høve naturmangfaldet er det såleis ikkje behov for alternative lokaliseringar.

Konklusjon:
Samla belastninga av tiltaket medfører ikkje vesentleg skade på naturmangfaldet i strid med forvaltningsmåla for naturtypar og økosystem (§4) og artar (§5).

6.19 Rekkefølgjekrav
Vegar og leikeplass skal vere opparbeidde før det vert gjeve bruksløyve for bygningane.

7 VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET

7.1 Overordna planar
Planframlegget (føresegner og plankart) byggjer i all hovudsak vidare på gjeldande områdeplan med nokre mindre justeringar. Med henvisning til områdeplanen er følgjande endra:

a) Snuplass i enden av o_V3 er flytta til motsett side av vegen etter ønskje frå grunneigar og etter avtale med kommunne. Endringa vurderast som uproblematisk m.a fordi snuplassen sin funksjon ikkje vert påverka og fordi det er same grunneigar på begge sider.
b) Gangveg GS7 utgår då grunneigar motset seg opparbeiding. Traseen er lagt gjennom eit flott

skogslandskap som ved opparbeiding iht. plan ville blitt rasert. Skogen har høg verdi som rekreasjons-/friluftsområde slik den ligg og ein har i føresegnene lagt til rette for kun enkel opparbeiding av ein smal tursti/rås med toppdekke av grus eller stedlige masser. Del av GS7 mellom KS7 og KS8 er endra til køyreveg for delfelta.

c) Då grunneigar også motset seg opparbeiding av leikeplass o_LP4 har ein vore nøydd til å dekkje kravet til nærleikeplass internt i byggjeområdet KS8 i staden. Ein har difor sett av eit like stort areal (800m2) som o_LP4 til intern nærleikeplass. Som kompensasjon for redusert byggjeareal er difor formålsgrensa mellom FL4 og KS8 etter avtale med kommunen noko justert, men sidan GS7 utgår frå plan (jfr. punkt b) er det totale friluftsarealet faktisk større enn i områdeplanen. Auken er frå 1,7daa (FL3+FL4) til 2,1daa.
d) Grunna krevjande skrått terreng innanfor KS7, er det i detaljplanen der opna for 0,5m høgare tillaten møne- og gesimshøgd for bustadbygg enn i områdeplanen. For begge KS-områda er tilsvarande auke lagt til grunn for maksimal tillaten gesimshøgd for carport/garasje.
e) Elles er det gjort enkelte mindre justeringar i føresegnene m.a i høve gjerdehøgde langs veg m.m

Dei endringane som er gjort i høve områdeplanen har vore nødvendige for å kunne realisere planen, og rokkar etter vår vurdering ikkje ved intensjonen til planen. Ein viser elles til open og god dialog med kommunen i samband med endringane.

7.2 Landskap, omgjevnader og staden sin karakter

Planområdet er i dag eit i hovudsak ope og noko kupert område med eit markert høgbrekk sentralt i feltet. Terrenget fell så slakt mot nord og vest, noko brattare mot aust. I sør er det ein relativt tett granskog. Sjølve planområdet er ubebygt, medan busetnaden utanfor og eit stykke i frå plangrensa hovudsakleg består av frittliggande småhus/ einebustader. Like nord for og inntil o_SKV1 ligg tunet på Elsebø (gbnr.30/9) med våningshus og løde. Planforslaget legg til rette for konsentrert utbygging i samsvar med områdeplanen og ei slik utbygging av eit ubebygt område vil nødvendigvis føre til endring av landskap og staden sin karakter. Det er imidlertid lagt opp til bygningstypar med volum og terrengtilpasning som saman med relativt store grøntområde gjer prosjektet godt tilpassa landskapet og omgjevnadar elles.

Illustrasjon

Det er utarbeidd ein enkel 3D-modell av planlagd utbygging med utsnitt som vedlegg.

Figur 6: Planlagd utbygging av BKS1 og 2 (utsnitt frå 3D-modell)

7.3 Estetikk
Omsynet til estetikk innanfor BKS1 og 2 er etter vårt syn ivareteke gjennom ei moderne bygningsform og god terrengtilpasning. Det er lagt til rette for konsentrert busetnad med 4- 6 bueiningar i kvart bygg som i volum ligg nært opp til større moderne einebustader. For BKS1 og 2 er det valt bygningar som gjennom arkitektur, farge- og materialbruk er «i slekt» med kvarandre og som dermed vil gje eit ryddig og stilreint bustadområde med mykje luft og grønt til å vere eit KS-område. Bygga er elles vist med linjer for planlagd bebyggelse m.a ut frå omsynet til lys- og solforhold både ute og inne.

7.4 Kulturminne og –miljø, ev. verneverdi
Inga endring som følgje av plan – jfr. punkt 6.13

7.5 Tilhøvet til naturmangfaldslova
Inga endring som følgje av plan – jfr. punkt 6.18. Oppslag i www.naturbase.no og www.artskart.no viser at det verken i eller ved planområdet er registrert artar av forvaltningsmessig interesse. Tiltaka som følgjer planen grip såleis ikkje inn i vesentlege forhold knytt til natur og miljø. Konklusjonen er at samla belastning av planframlegget ikkje medfører vesentleg skade på naturmangfaldet i strid med forvaltningsmåla for naturtypar og økosystem (§4) og artar (§5).

7.6 Rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk
Inga endring. Planen grip ikkje inn i rekreasjonsinteresser.

7.7 Uteområde
Kravet til uteopphaldsareal vert dekt dels som MUA, dels som leikeplass og dels som offentleg friområde. Planområdet ligg elles nær både skular og idrettsanlegg som og gjev gode forhold for leik og fritidsutøving. Planen medfører ikkje nedbygging av areal som tidlegare er tilrettelagt eller nemnande brukt som opphaldsareal/leik eller som friluftsområde i dag.

7.8 Trafikkforhold
Vegforhold
Planområdet får vegtilknyting frå Bergslibakken i samsvar med områdeplanen.

Trafikkauke/-reduksjon/-tryggleik
ÅDT for Bergslibakken er ukjent, men full utbygging av BKS1-3 vil medføre noko trafikkauke. Dersom ein legg til grunn 4 bilpasseringar/døgn/bueining, vil ei full utbygging av BKS1 og 2 auke ÅDT langs Bergslibakken og vidare ned mot Rv654 med om lag 88. Legg ein til BKS3, vil auken kunne bli ca 120.
Forbi planområdet er Bergslibakken regulert med einsidig fortau utan at ein kjenner til konkrete planar om oppgradering. Frå plangrensa og ca180m vidare ned er det i gjeldande plan ikkje regulert inn slikt fortau. Aust for området ligg Elsebøvegen som i øvre del er omregulert til GS-veg (GS3) frå sørlege ende og nedover til ein møter regulert fortau er det ca 230m.

Ideelt sett burde både Bergslibakken og Elsebøvegen vere oppgradert med fortau, men etter ei totalvurdering utfrå trafikkbelastning og vegstandard, finn ein tryggleiken akseptabel.

Internt i planområdet vurderast tryggleiken som god særleg ved at parkerings- og trafikkareala i stor grad er skilt frå leik og anna uteopphaldsareal.

7.9 Barn sine interesser
I forhold til T-2/08 vurderer vi planframlegget som tilfredstillande for born og unge, og særleg har vi tru på at sambruk av leikeplass og friluftsformålet kan gjere området til ein attraktiv møteplass.

7.10 Sosial infrastruktur
Skulekapasiteten særleg innanfor trinn 1-4 bør aukast, medan barnehagekapasiteten vurderast som god.

7.11 Universell tilgjengeligheit
Planframlegget legg så langt som råd til rette for utbygging som stettar krava til universell utforming. Relevante krav m.o.t universell utforming/tilgjengeleg bueining bli gjort gjeldande.

7.12 Energibehov – energibruk
Det leggast til grunn bruk av elektrisk oppvarming (panelovn/varmepumpe etc.) kombinert med vedfyring.

7.13 ROS
Det er ikkje påvist vesentlege konsekvensar i høve ROS. Viser til vedlagde sjekklister

7.14 Jordressursar/landbruk
Alt ved områdereguleringa vart det klart at det aktuelle arealet utfrå arealmessige omsyn burde regulerast til konsentrert busetnad. Ein fann dette området best eigna for tilrettelegging av eit tilbod om mindre husvære.

Ønsket vårt om ei lågare utnytting av delar av feltet (KS7) er avvist både av kommunen og fylkesmannen under grunngjeving av at området både er ein sentral del av Herøy og består av gammal dyrkamark som begge deler tilseier høg arealutnytting. På bakgrunn av dette er framlegget utarbeidd i samsvar med både formål og intensjon i områdeplanen - til konsentrert busetnad.

7.15 Teknisk infrastruktur
Planforslaget vil ikkje gje behov for større endringar i eksisterande infrastruktur. Planområdet kan knytast til eksisterande kommunalt VA-nett og truleg også til eksisterande nettstasjon. Tilkomstveg inn i feltet er dimensjonert for lastebil som sikrar tilkomst for m.a utrykningskøyrety som brannbil etc. Ein vurderer såleis planområdet til å ha tilfredsstillande beredskap i høve krisesituasjonar.

7.16 Økonomiske konsekvensar for kommunen
Planframlegget medfører ingen økonomiske konsekvensar for kommunen utover kostnader knytt til drift og vedlikehald av anlegg for kommunal overtaking.

7.17 Konsekvensar for næringsinteresser
Tiltaket vil ikkje ha konsekvensar for næringsinteresser utover at auka busetnad vil kunne generere vekst for lokalt næringsliv.

7.18 Interessemotsetnader/konflikttema
Det er ikkje avdekt særleg motsetnader utover det som er gjort greie for m.a i punkt. 7.14. Ønsket om ei lågare utnytting av KS7 er framsett av grunneigar – slik det også vart gjort under områdereguleringa. Vi vurderer imidlertid tilbakemeldingane på dette både frå kommunen og fylkesmannen som tydelege nok til at vi vidarefører formåla som er satt i områdeplanen. Utover dette registrerer vi ingen særskilte konflikttema.

7.19 Avveging av verknader
Fortetting i etablerte bustadområde skaper ofte engasjement, men i dette tilfellet er det ikkje registrert negative haldningar i det heile. Vi kan heller ikkje sjå at planforslaget vil gje ulemper for omgjevnadane utover det som må forventast ved ei fortetting – t.d noko trafikkauke.

Gjennom gjeldande områdeplan har ein bestemt at det aktuelle sentrumsnære området skal byggast ut konsentrert og etter vår vurdering representerer dette planframlegget ei moderat arelutnytting i høve det ein elles kan sjå av konsentrerte sentrumsnære utbyggingar.

Vi meiner dette kan bli eit attraktivt bustadområde ikkje minst grunna den store leikeplassen sentralt i feltet. Planframlegget legg til rette for attraktive leiligheiter av ulik storleik og for ulike kjøpargrupper fullt ut i samsvar med intensjonen i områdeplanen.

8 KONSEKVENSUTGREIING

Tiltaket er vurdert etter forskrifta om konsekvensutgreiing i samsvar med Pbl kap.4. Då både formål og i hovudsak avgrensing er i samsvar med overordna plan og elles utan vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn er det ikkje behov for konsekvensutgreiing. Referat frå oppstartsmøte er vedlagt.

9 INNKOMNE INNSPEL

Etter varsel om oppstart kom det inn i alt 6 merknader som i si heilheit er vedlagt. Nedanfor er eit utdrag med vår kommentar:

9.1.1 Britt Wenche Bostad (24.04.2017)

Innspel:
Viser til tidlegare klager i samband med regulering av Bergslia/Bergshagen vedkomande plassering av GS-veg langs Bergslibakken/Bergshaugvegen.

Kommentar:
Kommentaren/merknaden gjeld forhold som ligg utanfor planområdet og beror etter det vi kan sjå på ei mistyding av reguleringsformål vest for Bergslivegen. Vi tilrår at det vert teke kontakt med kommunen si planavdeling for nødvendige avklaringar.

9.1.2 Statens Vegvesen (15.03.2017)

Innspel:
Har ingen merknader.

Kommentar: ingen

9.1.3 NVE (19.04.2017)

Innspel:
Har ingen merknader.

Kommentar: ingen

9.1.4 Søre Sunnmøre Landbrukskontor (24.04.2017)

Innspel:
Har ingen merknader.

Kommentar: ingen

9.1.5 Møre og Romsdal fylkeskommune (09.03.2016)

Innspel:

1) <u>Barn og unge:</u>
    a) Må sikre uteareal for felles opphald og leik med tilstrekkjeleg storleik, utforming og plassering i forhold til bygg, tilkomst og parkering. Både uteopphald- og leikeareal skal vere eigna for bebuarar på bakkeplan.
    b) Viser til RPR sine breiddekrav til leikeplass (10m) og hevdar at utomhus opphaldsareal tilsvarande ikkje kan vere vesentleg smalare enn 10m eller utforma/lokalisert som restareal. Hevdar m.a at areal rundt bygg, ned mot 4m, vanlegvis ikkje er tilstrekkjeleg til å kunne fungere som opphaldsareal.
    c) For å oppnå eigna soltilhøve og trafikktryggleik på leik- og uteopphaldsareal føreset ein at det i plankartet er fastsett kvar ulike planføremål skal vere, t.d plassering av leikeplass gjennom bruk av reguleringsføremål og uteopphaldsareal innanfor byggjeområda gjennom plassering av bygg, byggegrenser, køyrevegar og parkeringsareal m.m
    d) Erfarer at ein ved planlegging med høg arealutnytting bør vurdere skilje mellom biltrafikk og bustadar for å oppnå effektiv organisering av uteareal og bygg. Samling og konsentrasjon

av køyrevegar, biloppstilling og garasjeanlegg medfører at ein lettare oppnår tilstrekkjeleg trafikktryggleik i forhold til ferdsel mellom bustad, utomhus opphaldsareal og leikeareal.

e) Viser til utfordringar med å oppnå tilstrekkjeleg og eigna utomhus opphaldsareal særleg for konsentrerte og horisontaldelte bustadar som t.d korsdelte 4M-bustader og lågblokker. Fråråar slik bygningstypar (!) med mindre ein under planlegginga får til fellesareal som gjer at framlegget stettar krava i lov, forskrift og RPR.

f) Sol-/skuggeanalysen må vise verknader av maksimal utnytting for aktuelle tidspunkt sett ovanfrå med plankartet som underlag. Både leikeplass og uteopphaldsareal innanfor byggjeområdet skal ha tilstrekkjeleg sol dvs. minst 50% kl.15 ved vårjamndøgn. Ein hevdar at vanleg tidspunkt i sol og skuggeanalyser er kl.09,12,15,18 og 21 for fire årstider: 20.mars (vårjamdøgn), 22-23 sept. (haustjamdøgn), 20-21.juni (midtsommar) og 20-23 des. (midtvinter)

g) Viser elles til RPR T-2/08 vedr. generelle utformingskrav og konkretisering av desse i rettleiaren – herunder krav til stigning maks 1:3, breidd minst 10m, støy maks. 55dB og døme på areal (køyreveg, parkering, fare- og restriksjonsområde som hindrar fri leik) som ikkje skal takast med og varslar motsegn om ikkje tilstrekkjeleg og eigna areal for uteopphald og leike er sikra.

2) <u>Universell utforming:</u>

a) Må velje eit konsept som gjev størst mogleg grad av universell utforming av omsyn til brukarane. Viser til Tek10 kap.12. Vil ved off. ettersyn vurdere det endelege resultatet og då særskilt overordna grep for tilkomst, internkommunikasjon, uteområde og fellesanlegg m.m og korleis føringar for UU ligg til grunn er vurdert og nærare fastsett i plandokumenta.

3) <u>Automatisk freda kulturminne:</u>

a) Viser til at det i samband med områdereguleringa i 2010 vart registrert ein steinalderlokalitet innanfor planområdet med ID 138370 og at det må vere samsvar mellom område- og detaljplanen også her. Sikringssona skal difor markerast i plankartet med tilhøyrande føresegn: «kulturminne som er merka i plankartet som rpbg ID138370 kan bli fjerna utan vilkår om utgraving».

b) Området er elles registrert, men ein minner om varslingsplikta ved evt. funn.

Kommentar:

1a) Det er avsett felles nærleikeplass på 800m2 sentralt i feltet. Både uteopphalds- og leikeareal er eigna for bebuarar på bakkeplan – jfr. ill.plan.

1b) Stiller oss (framleis) undrande til at breiddekrav 10m skal gjerast gjeldande også for anna uteopphaldsareal. Det er i områdeplanen krav om MUA 15m2/bueining – som skal slåast saman til areal på minst 60m. Eit krav om minste breidde 10m også for MUA vil i praksis bety at eitkvart MUA vil bli på 100m2. Vi deler ikkje synet på at areal med breidde ned mot 4m er ueiga som uteopphaldsareal. Ein veranda med slik djupne vil opplevast som svært romsleg og i mange høve ønskjer ikkje kunden noko større.

1c) Planformåla er avsett utfrå eit ønske om mest mogleg sol på fasadar, leikeplass og uteopphaldsareal. Viser elles til vedlagte sol-/skuggeanalyse som dokumenterer dette.

1d) Ein har lagt vekt på å skilje trafikkareal og uteopphaldsareal/leik ved å legge trafikkarealet (veg, carport, parkeringsplass) i ytterkant av planområdet der dette har vore mogleg. Slik har ein oppnådd ein bilfri kjerne i sentrum av bustadane der både leikeplass og anna uteopphaldsareal med eitt unntak kan nåast utan kontakt med trafikkareal. Unntaket gjeld 6M-bustaden nord i BKS1 der ein må krysse avkøyrsla til 4M-bustaden.

1e) Korsdelte bustadar er ein populær og arealeffektiv bygningstype, og vil også bli brukt her. I vedlagte illustrasjonsplan har vi vist framlegg til plassering av MUA for dei enkelte bygga samla i ytterkant av byggjeformåla.

1f) Rettleiar for grad av utnytting opererer med krav om minst 50% sol kl.15 ved vårjamdøgn (20.mars). Som tilleggsyting plar vi også utarbeide sol-/skuggeanalyse for midtsommar (21.juni) og for begge datoane ved tidspunkta kl.09,12,15,18 og 21. Påstanden om at det er vanleg å utarbeide analysar for alle fire årstidene kjenner vi ikkje att og analyse for mars og juni vurderast som tilstrekkjeleg.

1g) Alle utformingskrav er imøtekomne både i høve areal, stigning, støy, breidde etc.
2a) Det er lagt opp til kort og trinnfri tilkomst både til uteopphaldsareal/leik, carport og gjesteparkering. For bustadar på bakkeplan vil krav om tilgjengeleg bustad vere gjeldande.
3a) Lokaliteten er avmerka i plankartet og omtalt i føresegnene iht. merknad.

9.1.6 Fylkesmannen (10.03.2016)

Innspel:
Området utgjer gammal dyrkamark som tilseier ei høg utnytting ved omdisponering til bustadføremål. Bergsøya er ein sentral del av Herøy- er difor skeptisk til at området får ei lågare utnytting enn områdeplanen legg opp til.

Føreset at barn- og unge sine interesser vert tekne i vare og viser til Pbl §5-1 samt T-2/08 sine rammer. Viser også til F.mannen si satsing «Betre oppvekst» med fokus på barn og une i arealplanlegginga.

Legg særleg vekt på at:

a) Eigna areal til leik må vere sikra i plankart og føresegner.
b) Nye bustadområde skal ha minst 50m2/bueining til leikeplass og andre friområde.
c) Innan 50m frå alle bueiningar skal det vere ein nærleikeplass på minst 200m2.
d) Opparbeiding av leikeareal må vere sikra gjennom rekkefølgje- og funksjonskrav i føresegnene:
    a. Leikereal skal vere opparbeidd innan første bustad kan takast i bruk.
    b. Nærleikeplass skal opparbeidast med minimum sandkasse, benk og eitt leikeapparat.

Kommentar:
I samråd med kommunen går ein bort frå ønsket om lågare utnytting og vidarefører formål og utnyttingsgrad som framgår av områdeplanen.
Eigna leikeareal er sikra i plan og føresegner iht. innspel. Det er sett av 800m2 leikeplass for planområdet sentralt i feltet, med gangavstand under 50m frå alle bueiningar. Saman med MUA=15m2/bueining og eit stort friluftsformål inntil leikeplassen er kravet om minst 50m2/bueining til leikeplass og andre friområde ivaretatt. Rekkefølgje- og funksjonskrav er tekne inn i føresegnene iht. innspel.

Teiknforklaring

- Veranda/balkong/terrasse
- Bustadbygg
- Carport/garasje
- Leikeplass
- Køyreveg
- Gangareal
- Gangveg
- Vegskulder
- Annan veggrunn - grøntareal
- Parkeringsplass
- Grønnstruktur
- MUA
- Friluftsformål
- Formålsgrense områdeplan
- Vassleidning
- Overvassleidning
- Spillvassleidning

o_SKV1

f_SKV4

f_SKV2

f_SKV3

REN

H1

H2

H3

H4

H5

F.G:+53,0

F.G:+54,0

F.G:+55,0

f_BLK1

A=800m2

o_LF1

A=2075m2

original formålsgrense

natursti

90m2

60m2

1:15

6916200

6916150

327000

327050

327100

Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato

Firma

Firma: Per Mulvik AS
Adresse: Holmen 7
Postnr./stad: 6100 Volda
Org.nr.: 941 987 516

Sentral: 70 07 49 90
Direkte: 70 07 49 94
E-post: jan@mulvik.no

Prosjektnamn:
Detaljregulering gbr.30/9 Herøy kommune

Oppdragsgivar:
Tomteservice AS
Indrehovdevegen 64
6160 Hovdebygda

Prosjekterande:
mulvik
www.mulvik.no

Tittel:
Illustrasjonsplan

Teikna av: JMO
Dato: 20.12.17
Kontr.av: AN
Dato: 20.12.17
Erstattar teikn.:

Teikningstype:
PLANILLUSTRASJON

Prosjektnr.:	Teikn.nr.:	Målestokk:	Rev.
2326	951	1:500	

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 15.12.2016

Plan- og bygningslova § 28-1 fastset krav om sikker byggegrunn, og § 4-3 fastset krav om risiko- og sårbarheitsanalysar i arealplanlegginga.

Føremålet er å gje grunnlag for å førebygge risiko for skade og tap av liv, helse, miljø, viktig infrastruktur, materielle verdiar mv. Risiko og sårbarheit kan ligge i arealet slik det er frå naturen si side (flaum- og skredfare, radonstråling mv.). Risiko og sårbarheit kan òg oppstå som ei følgje av arealbruken – i og utanfor det aktuelle planområdet.

Planstyresmakta pliktar å sjå til at risiko- og sårbarheitsanalyse vert gjennomført.

Klimaendringane er forventa å påverke framtidig risiko og sårbarheit, og ROS-analysen må difor vurdere konsekvensar av klimaendringane. Fylkesmannen har lagt ved nokre sjekkpunktar på siste side i dette dokumentet som kan vere til hjelp når klimatilpassing skal vurderast.

Bruk av sjekklista

Denne sjekklista er utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Sjekklista kan tene som utgangspunkt for, og oppsummering av, risiko og sårbarheit i arealplansaker. *Sjekklista er ikkje i seg sjølv ein ROS-analyse.* For å kvittere ut spørsmåla i sjekklista, må det gjerast sjølvstendige vurderingar. Dersom ein er usikker på om det føreligg risiko, skal det hentast inn fagkyndig vurdering. Alle står fritt til å tilpasse sjekklista til eige behov.

Som utgangspunkt meiner Fylkesmannen i Møre og Romsdal at sjekklista gjev størst nytte i mindre arealplansaker (detaljregulering, reguleringsendring, mindre områderegulering). I slike saker der risiko eller sårbarheit *ikkje* vert avdekt, kan utfylt sjekkliste og kommentarar gå inn i saka som dokumentasjon av risiko og sårbarheit. Dersom risiko eller sårbarheit *vert* avdekt, må dette visast i sjekklista, saman med utfyllande vurdering av avdekte forhold. Sjekklista kan under same føresetnad brukast i byggesaker og dispensasjonssaker, jf. krava i pbl. § 28-1.

Sjekklista er mindre eigna til å dokumentere samansett risiko og sårbarheit i større arealplanar (områderegulering, kommuneplanens arealdel og kommunedelplanar).

Fylkesmannen har samla dokument og lenkjer til bruk i arealplanlegginga her:
http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Samfunnstryggleik-og-beredskap/Arealplanlegging/

GisLink gjev tilgang til kart- og faginformasjon til bruk i arealplanlegginga:
http://www.gislink.no

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Namn på tiltak/plan: ***Detaljregulering for Elsebø – gnr-30 bnr.9 – Herøy kommune - planID: 1515-201705***

		Er det knytt risiko til følgjande element? *Dersom JA - kommenter i tabellen eller i eige avsnitt/vedlegg.* *Grunngje NEI etter behov.*	**Ja**	**Nei**	**Kommentar**
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, flaum-, jord- og/eller steinskred?		X	
	B	Er området utsett for større fjellskred?		X	
	c	Er det fare for flodbølgjer som følgje av fjellskred i vatn/sjø?		X	
	d	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?		X	
	e	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?		X	
	f	Er det kjente problem med overflatevatn, avløpssystem, lukka bekker, overfløyming i kjellar osb?		X	
	g	Kan det vere fare for skogbrann/lyngbrann i området?		X	
	H	Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endra klima?		X	
	I	Treng det takast særskilte omsyn til radon?		X	
	j	Anna (Spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	**Ja**	**Nei**	**Kommentar**
Omgjevnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?		X	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?		X	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til overfløyming i lågare-liggande område?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	**Ja**	**Nei**	**Kommentar**
Vass-forsyning	a	Er det problem knytt til vassforsyning og avløp i området?		X	
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatn, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?		X	
	c	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Kraft-forsyning	a	Er området påverka av magnetfelt over 0,4µT frå høgspentliner?		X	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspentmaster?		X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Samferdsel	a	Er det kjente ulukkespunkt på transportnettet i området?		X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?		X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?		X	
	d	Kan området bli isolert som følge av blokkert infrastruktur, eks som følge av naturhendelser?		X	
	e	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Miljø/ Landbruk	a	Vil plana/tiltaket bli ramma av, eller forårsake forureining i form av lyd, lukt eller støv?		X	
	b	Vil plana/tiltaket bli ramma av, eller forårsake fare for akutt eller permanent forureining i området?		X	
	c	Vil tiltaket ta areal frå dyrka eller dyrkbar mark?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Er området påverka/ forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?		X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringar etc.?		X	
	c	Industriverksemd eller aktivitetar som t.d. avfallsdeponering, bålbrenning, skipsverft, gartneri etc.?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Brann/-ulukkes-beredskap	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		X	
	b	Har området dårlige tilkomstruter for utrykningskøyrety?		X	
	c	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet, - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/avløp?		X	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?		X	
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Verksemds risiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?		X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemder (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?		X	
	c	Er det storulukkesbedrifter i nærleiken som kan representere ein fare?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?		X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?		X	
	c	Anna (spesifiser)?			

Sjekklista er gjennomgått den 27/11 - 2017 av sign:

Sjekkliste klimatilpassing

1. Flaumfare

a) Større vassdrag (vassdrag over 100 km2):

- Er det teke høgde for klimaframskrivingar i flaumsonekartlegginga?
- Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør, endre på resultatet av kartlegginga?
- Kan auka havnivå føre til auka flaumfare for planområdet (fare for kombinasjon av stormflo og flaum)?
- Har det vore tilfelle av isgang (som kan forverre flaumproblema)?

b) Bekkar og mindre elvar med bratt fall:

- Har det vore flaum ved tidlegare hendingar med intens nedbør?
- Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør, endre forholda?
- Er det planlagd utbygging 20 meter eller nærare ein vassdrag/bekk?
- Er bekkar lagt i røyr, og er det i tilfelle kapasitet til å ta unna auka nedbørsmengder?
- Har det vore endringar i arealbruken omkring elvar og bekkar som gjer at dei må finne andre løp ved flaum?
- Vil utbygginga kunne ligge i vegen for, eller stenge for, at elvar og bekkar kan endre løp?

2. Skred/erosjon

a) Er det lausmasser langs elv og/ eller sjø som kan vere utsett for erosjon?

3. Avløp

a) Har det vore problem med kapasiteten i avløpssystema ved tidlegare hendingar med intens nedbør?
b) Har det vore problem tilbakeslag?
c) Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør endre forholda?
d) Kan auka havnivå gi problem for avløpsanlegg (tilbakeslag)?

4. Havnivå/stormflo

a) Er berekninga av havnivåstiging og stormflo gjort i samsvar med prinsippa i rettleiaren «Havnivåstigning og stormflo» (DSB, september 2016)?

5. Infrastruktur (utanom vatn og avløp)

a) Kan auka fare for utfall av kritisk infrastruktur endre risiko- og sårbarheitsforhold for det aktuelle området?

6. Slagregn

a) Kan området vere sårbart for auka fare for slagregn?





20.mars kl.06/09





20.mars kl.12/15





20.mars kl.18/21





21.juni kl. 06/09



21.juni kl.12/15





21.juni kl. 18/21

2326_Fjernverknader/utsnitt frå 3D-modell

Figur 1: Mot nordaust

Figur 2: Mot søraust

Figur 3: Mot sørvest

Figur 4: Mot vest

Figur 5: Mot nord

Figur 6: Ovanfrå

Statens vegvesen

Møre og Romsdal fylkeskommune

Herøy kommune i Møre og Romsdal
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Behandlande eining:	Sakshandsamar/telefon:	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
Region midt	Hallvard Sæverud / 93260501	17/28992-6	2016/342	04.05.2018

Herøy kommune - Gnr. 30 bnr. 9 m.fl. - Reguleringsplan for Elsebø - Offentleg ettersyn - Uttale

Viser til brev av 16.4.2018 frå Herøy kommune.

Statens vegvesen har ingen særskild merknad til reguleringsframlegget for Elsebø.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Lisbeth Smørholm
seksjonssjef

Hallvard Sæverud

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2016/342	16.04.2018	52139/2018/REGULERINGSPLAN/1515	Johnny Loen, 71 28 02 43	01.05.2018

-

Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan for gbnr 30/9 og del av 30/3 Elsebø - fråsegn ved offentleg ettersyn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planen er godt gjennomarbeidd og dei momenta vi peikte på ved oppstart er tilstrekkeleg tekne omsyn til. Vi har ikkje merknader til at planen vert eigengodkjent.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjåholm
Ass. fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
seniorrådgivar Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Vår dato
04.06.2018
Dykkar dato
16.04.2018

Vår ref.
2017/1662/KABJ/421.4
Dykkar ref.

HERØY KOMMUNE
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Herøy kommune
Detaljregulering - reguleringsplan for Elsebø - gnr30 bnr9
Offentleg ettersyn

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

Bakgrunn
Det er lagt fram reguleringsplan for Elsebø til offentleg ettersyn. Planføremålet er bustader med tilhøyrande funksjonar.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Barn og unge
I våre merknader ved oppstart, peika vi på krava til opparbeiding og funksjon av nærleikeplass. Det er svært positivt at det er sett av eit relativt stort areal sentralt i planområdet til leik, men vi saknar at føresegna stiller krav til minimum eitt leikeapparat i tillegg til sandkasse og benk. Vi reknar med at dette er ein glipp, og under føresetnad av at dette kravet kjem inn i føresegna, vil vi ikkje ha motsegn til planen.

Konklusjon
Funksjonskravet til leikeplassen må rettast opp med at det stillast krav til minimum eitt leikeapparat i tillegg til sandkasse og benk.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde

Klage på K-sak 93/18, detaljreguleringsplan for Elsebø gnr. 30, bnr. 9

23.08.2018 godkjende kommunestyret i Herøy kommune ein detaljreguleringsplan for Elsebø gnr 30, bnr 9. I denne planen vart det ikkje tatt høgd for den trafikktryggleiken vi som bur i området ønskte.

I Reguleringsplan PBL 2008, Arealplan-ID: 1515-201705, er det ikkje teikna inn med farge nokon gangveg. Er det då ikkje meininga at det skal vere gangveg? I Planomtale på s. 6 er det teikna inn delvis gangveg, den er berre frå krysset til Øvre Bergslia opp til turområdet på Heid. Det burde då vere sjølvsagt at ein forlenger gangvegen frå krysset ved Kviehaugen og heilt opp til turområdet til Heid.

Det blir også lite trygt langs vegen for dei som kjem til dei nye bueiningane også. Det har alt vorte ei stor auking av bilar (når) etter at ein fekk turvegane på Heid. Allereie før denne store auken av bilar, var kapasiteten sprengd her oppe.

Vi meiner trafikktryggleik vert enno viktigare når ein no byggjer fleire nye bueiningar i området. Trafikktryggleiken er allereie for dårleg og med enno fleire bilar vert den enno dårlegare. Kvar dag er det mange born som brukar vegen i området som skuleveg. Vegen er trang og har verken gang-/sykkelsti eller fartsdumper. Det er ikkje mange som veit at fartsgrensa er 30 her, mange køyrer det dobbelte. Enkelte av dei som bur i området har skrive inn til kommunen om dei kan ha ei påminning på 30-sona. Det er både dei som bur her og dei som er på veg til Heid køyrer med for stor fart oppover bakkane. Dei som bur langsmed vegen opp til Heid ser mykje stygg køyring og er redde at det skjer ei ulukke snart. At det ikkje har skjedd ei stor ulukke allereie, er eit under. Viss det no skal ferdast enno fleire bilar kvar dag på denne vegen som følgje av utbygginga, vil faren for ulukke auke kraftig. Vegen er rett og slett ikkje dimensjonert for den stadig aukande trafikken. Dette gjeld ikkje berre oss som bur øvst på i byggjefeltet, men også dei som bur heilt nede ved krysset til skulane vil merke dette.

Vi som bur i grannelaget krev at trafikktryggleiken blir betre. Vi må få gang-/sykkelsti heile vegen frå Borgarhaugvegen og opp til Bergshaugen. Vegen må og byggjast breiare. Det er «ingen kjende ulukkespunkt i eller ved planområdet, men i krysset mellom Borgarhaugvegen og Fv654 om lag 420m lenger sør er det iht. vegvesenet sin kartbase registrert nokre uhell med berre lettare skadar.» Vi vil ikkje ha nokre fleire ulukker, og som foreldre meiner vi at «føre-var»-politikken er betre enn å rydde opp i etterkant. Vi har ingen born å miste.

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. | Saksbeh.
21 SEPT. 2018
Ark.kode S
J.nr. | Dok.nr.
Kassasjon

Bergshaugen 21.09.2018

På vegne av innbyggjarane i Bergslia/Bergshaugen og Bergshaugen velforening

Øyvind Bostad

Marte Skrede Hide

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ERLEVIK	Arkivsaknr:	2016/461
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
180/18	Formannskapet	16.10.2018
125/18	Kommunestyret	25.10.2018

SLUTTHANDSAMING: DETALJREGULERINGSPLAN FOR ØVRE FLUSUND, GNR. 27, BNR. 1 M. FL.

Møtebehandling:

Planleggar Erlend Sporstøl Vikestrand møtte og orienterte.
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 16.10.2018

1. Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *detaljreguleringsplan for øvre Flusund, gnr. 27, bnr. 1 m. fl.* med plankart datert 11.05.2018 og føresegner datert 25.09.2018.

2. Delar av *områdeplan for Indre Bergsøy*, planID 201247 som ny *detaljreguleringsplan for øvre Flusund, gnr. 27, bnr. 1 m. fl.*, får konsekvensar for, blir oppheva.

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan og bygningslova § 1-9 og 12-12, samt forvaltningslova kapittel IV innan tre – 3 veker frå kunngjeringsdato.

Tilråding:

3. Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *detaljreguleringsplan for øvre Flusund, gnr. 27, bnr. 1 m. fl.* med plankart datert 11.05.2018 og føresegner datert 25.09.2018.

4. Delar av *områdeplan for Indre Bergsøy*, planID 201247 som ny *detaljreguleringsplan for øvre Flusund, gnr. 27, bnr. 1 m. fl.*, får konsekvensar for, blir oppheva.

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan og bygningslova § 1-9 og 12-12, samt forvaltningslova kapittel IV innan tre – 3 veker frå kunngjeringsdato.

Særutskrift:

Utviklingsavdelinga

Vedlegg:

1 Plankart 11.05.2018
2 Planomtale 11.05.2018
3 Føresegner 25.09.2018
4 Anne-Marie Emdal og Nils-Ottar Reite
5 Barnerepresentanten
6 Forlenga tidsfrist for uttale - MR Fylke
7 Fylkesmannen MR
8 Johann Woldsund
9 Kystverket
10 MR fylkeskommune - motsegn
11 MR fylkeskommune - Vedlegg 1 Kart, reguleringsplan Øvre Flusund
12 MR fylkeskommune - Vedlegg 1 Svar på dispensasjonssøknad - Riksantikvaren
13 MR Fylkeskomune - Spesifisering av motsegn 02.03.2018
14 NVE
15 Roy Nerland og Lena Skorpen
16 Statens Vegvesen
17 Steffen Nærø
18 Vedlegg 1 -Emdal
19 Vedlegg 2 -Emdal
20 NVE Innspel til oppstart 09.02.2017
21 ROS_analyse_øvre Flusund_rev19062018_PDF
22 Grunnforhold, geologisk vurdering
23 Geologisk vurdering Flusund gbnr 27 1 i Herøy kommune
24 VS: NVE si fråsegn - Konkret førespurnad - Detaljreguleringsplan for Øvre Flusund - Ny vurdering av ROS - Herøy kommune. NVEs referanse: 201700550-6
25 Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Øvre Flusund, gbnr 27/1 - råd til den vidare planlegginga
26 Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Øvre Flusund gbnr 27 1 - revidert plankart - fråsegn

Samandrag av saka:

Detaljreguleringsplan for øvre Flusund er ein privat plan med Reidar Blankholm som tiltakshavar. Planen er utarbeidd av konsulentfirmaet B. Tarberg AS. Området ligg sentralt i eit eksisterande bustadområde på Flusund (sjå kart i figuren under)**.** Planen legg til rette for etablering av nye bustader, nærleikeplass og ein ny tilkomstveg med tilhøyrande avkøyrsle mot allereie regulert kommunalveg (V25). Rådmannen rår no til at detaljreguleringsplanen vert godkjend av kommunestyret.



Figur 1: Planområdet på Flusund vist i raud firkant.

Bakgrunn:

B. Tarberg AS søkte på vegne av Reidar Blankholm om oppstart av planarbeid knytt til Blankholm sin eigedom på Flusund (gnr. 27, bnr. 1). Saka gjeld regulering av eit område som i eksisterande reguleringsplan (områdeplan for indre Bergsøy) er sett av til vern av kulturminne (VK3 i områdeplanen).

Det vart halde oppstartsmøte med kommunen, tiltakshavar og konsulent på rådhuset 11.11.2016, deretter var søknad om oppstart handsama i F-sak 5/17 (24.01.2017). Planforslaget vart handsama i F-sak 124/17 (22.08.2017). Det kom inn 10 brev med innspel, deriblant ei motsegn frå Møre og Romsdal Fylkeskommune. Motsegna omhandla plassering og utforming av leikeplass, dette er no revidert og motsegna var trekt i brev av 25.04.2018.

I tillegg vart det ved varsel om oppstart påpeika frå NVE at grunnforholda knytt til marine avsetningar og fare for kvikkleireskred måtte omtalast i ROS-analysen. Dette meinte NVE ikkje var gjort grundig nok ved utlegging av planforslag til offentleg ettersyn. Plankonsulent har no lagt fram uttale frå geolog som syner til at planområdet tilfredsstiller sikkerheitsklasse S2 i TEK 17 §7-3. I brev av 20.08.2018 skriv NVE følgjande: «*Herøy kommune må sjølv, ut frå lokal kunnskap, vurdere om kommunen finn vurderinga tilstrekkeleg».* Herøy kommune finn ikkje grunnlag for å stille tvil om vurderingane frå geolog i dette tilfellet.

Saksopplysningar:

Planforslaget:

Blankholm ønskjer å legge til rette for etablering av nye bustader. Planforslaget legg til rette for oppføring og etablering av følgjande:

Bustadar – frittliggande småhus (FS):

Det er sett av sju (7) delområde for frittliggande småhus: FS 1-7. Her kan det samla etablerast inn til 11 nye bustadtomter med inn til to bueiningar på kvar tomt. Dette kjem i tillegg til to allereie eksisterande bustadhus på FS1. Planen legg til rette for ei utnyttingsgrad (BYA) på maksimalt 35%. Dette inkluderer garasje/biloppstillingsplassar. Gesimshøgde skal ikkje overstige 6,5m på bustadhus og 3m på garasjer. Mønehøgde skal ikkje overstige 8,5m på bustadhus og 4,5m på garasjer. Innanfor områda FS4 og FS6, skal bustadhus som vert oppført på tomtene sør for leikeplassen (f_LP1) ikkje overstige ei etasje i byggehøgde, målt frå planert terreng.

Leikeplass (f_LP1)

Leikeplassen LP1 skal plasserast jf. plankart og vil vere ein nærleikeplass med areal på 300 m². Denne skal møblerast med minst tre leikeaparat, benk og noko fast dekke. Leikeplassen har gangavstand til alle bueiningar i planområdet.



Figur 2: Plankartet (t.v) og plankartet sett opp mot området rundt planområdet (t.h). I samanstillinga til høgre ser ein korleis tilkomstvegen er tenkt samankopla med vegen V25 frå områdeplanen indre Bergsøy (Planid 201247).

Innkomne merknader til planforslaget:

Merknad	Kommentar
Møre og Romsdal Fylkeskommune Stiller motsegn til lokalisering og utforming av leikeplassen f_LP2. Vurderer leikeplassen til ikkje å vere optimal i forhold til lokalisering og utforming. Konflikt mellom leikeareal og bustadhuset som grensar til i nord. Stiller vidare krav om at kulturminne med ID 138388 skal merkast i plankartet med #2 (omsynsone), samt få ei justering i føresegner (sjå brev datert 07.11.2017)	Leikeplassane f_LP1 og 2 er tekne ut og erstatta med ein ny leikeplass f_LP1. Denne er plassert sentralt i bustaområdet og har eit areal på 0,3 daa. MR fylkeskommune har trekt motsegna i brev datert 25.04.2018 Angåande innspelet på kulturminne er føresegn og plankart justert jf. krava til FK i brev av 07.11.2017.
Fylkesmannen i Møre og Romsdal Viser til føresegnene § 8, pkt. 3 under leikeplass at leikeareala *kan* møblerast. I Rekkefølgjekrav står det at leikeplassar *skal* opparbeidast, planerast og møblerast. Føresegnene må vere konsekvente, og det må stå *skal* begge stader.	Innspelet er teke til vitande og føresegnene er no endra jf. innspelet.
Kystverket Ingen merknad	
Statens Vegvesen Ingen merknad	
Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) Ved varsel om oppstart påpeika NVE at grunnforholda knytt til marine avsetningar og fare for kvikkleireskred måtte omtalast i ROS-analysen. Dette meinte NVE ikkje var gjort grundig nok ved utlegging av planforslag til offentleg ettersyn.	Plankonsulent har no lagt fram uttale frå geolog som syner til at planområdet tilfredsstiller sikkerheitsklasse S2 i TEK 17 §7-3. I brev av 20.08.2018 skriv NVE følgjande: «*Herøy kommune må sjølv, ut frå lokal kunnskap, vurdere om kommunen finn vurderinga tilstrekkeleg».* Herøy kommune finn ikkje grunnlag for å stille tvil om vurderingane frå geolog i denne saka.
Anne-Marie Emdal og Nils-Ottar Reite Syner til innspel ved varsel om oppstart og krav om vegtilkomst til framtidige tenkte bustadtomter på sin eigedom som ligg sør for FS7 i planforslaget. Eigedomen har gbnr 28/4. Syner vidare til problem med dårleg overflatedrenering og flaumproblem. Krev at den opne veita (elva) vert lagd i rør.	Plankartet er justert med ei pil som markerer innkjørsle frå f_V1, gjennom FS7. Innspelet er imøtekome på punktet som gjeld framtidig vegtilkomst til det omtalte arealaet. Når det gjeld overflatevatn og drenering må dette takast høgde for gjennom prosjektering og dimensjonerast etter gjeldande krav og lokale forhold. Dette er ikkje noko ein gjer i utarbeiding av reguleringsplan.
Johann Woldsund Syner til problem med flaum i ei elv som	Når det gjeld overflatevatn og drenering må dette takast høgde for gjennom

renn gjennom området. Meiner problema har kome etter at Flusundvegen vart utbetra. Syner til tidlegare vedtak om å leggje elva i rør. Syner også til gamle dreneringsveiter som ikkje lenger hadde funksjon etter at Flusundvegen vart utbetra. Problemet er at vegen ligg høgare i terrenget og demer opp vatn. Syner til to avkøyrsler som er planlagt på eigedomen, meiner desse ikkje er naudsynte då han allereie har ei innkøyrsle. Ny veg er regulert inn på tomta, dette må diskuterast med grunneigar før det vert bestemt.	prosjektering og dimensjonerast etter gjeldande krav og lokale forhold. Dette er ikkje noko ein gjer i utarbeiding av reguleringsplan. Avkøyrslene som Woldsund her syner til er regulert gjennom områdeplan for indre Bergsøy (PlanID 201247). Dette er ikkje ein del av planområdet og arbeidet med denne reguleringsplanen.
Roy Nerland og Lena Skorpen Ønskjer i utgangspunktet ikkje leikeplass og bustadhus så nært inn i fronten på eige hus (gbnr 27/93). Stiller nokre krav til utbyggjar. Syner til avtale med tildlegare grunneigar i 1995 då huset vart bygt og tomta frådelt, og meiner arealet var for lite i forhold til avtale. Huset måtte flyttast lenger sør, for å gi plass til garasje og parkering. Ønskjer å kjøpe meir tilleggsareal frå 27/1 mot sør, men dette har vorte avvist av grunneigar. Krev at tomta sør for 27/93 vert oppført med einebustad på ei flate, med gesims- og mønehøgde på høvesvis 3 og 6 meter frå dagens terreng. Krev vidare at leikeplassen (LP1) vert beplanta i grensa mot 27/93 med vintergrøn hekk på minst 150cm høgde. Ønskjer ikkje ballbinge eller andre støyande apparat på denne leikeplassen.	Leikeplassen det vert vist til er no teken ut av planforslaget og erstatta med leikeplassen f_LP1, lenger sør for 27/93. Kommunen tek ikkje stilling til slike privatrettslege avtalar mellom grunneigarar. Når det gjeld byggehøgder er det gjort vurderingar ut i frå terreng og 3D modellar. I følgje plan- og bygningslova § 29-4 har ein i utgangspunktet høve til å føre opp bygningar med maksimale gesims- og mønehøgder på høvesvis 8 og 9 meter. Kommunen vurderer det til at tiltakshavar sitt ønskje om å regulere maksimale gesims- og mønehøgder i planområdet på høvesvis 6,5 og 8,5 meter vil vere tilrådeleg. Området langs Flusundvegen er i dag utbygd relativt tett med frittståande småhus. Planforslaget legg opp til ei vidare utvikling av dette området.
Steffen Nærø Nabo sør for eigendomen som vert regulert. Viser til store problem med overflatevatn som renn inn på eigedomen frå 27/1. Viser vidare til tidlegare arkeologiske utgravingar som førte til at gamle holveiter vart øydelagde. Vonar det no vert teke omsyn til dette i vidare arbeid og at vatn vert drenert i rør slik at naboeigedomar ikkje vert vidare råka.	Når det gjeld overflatevatn og drenering må dette takast høgde for gjennom prosjektering og dimensjonerast etter gjeldande krav og lokale forhold. Dette er ikkje noko ein gjer i utarbeiding av reguleringsplan.
Barnerepresentanten	Ingen merknader til reguleringsplanen.

	Ser det som positivt at det er teke omsyn til leikeplass og storleik på denne. I tillegg er det teke omsyn til universell utforming, tilkomst og sikt til plassane frå alle tomtene. Det er positivt at det er teke omsyn til barnetråkk-registreringar.

Vurdering:

Vurderingar etter Naturmangfaldslova § 7-12

§7 prinsipp for offentleg beslutningstaking i §§ 8 til 12

«Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen».

§8 Kunnskapsgrunnlaget
Ved ein gjennomgang av database for naturmangfald ser ein at utbygging i området ikkje vil vere i konflikt med naturtypar som er nasjonalt eller regionalt viktige områder.

§9, Føre-var-prinsippet
Ikkje relevant då det ikkje er kartlagt naturtypar av nasjonalt eller regionalt viktige områder.

Med bakgrunn i vurderingane som er gjort i §§ 8 og 9 kjem ikkje §§ 10 til 12 som gjeld *Økosystemtilnærming og samlet belastning, kostnad for å avgrense negativ miljøpåverknad*, *miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar* til bruk i denne saka.

Barn og unge
Forholdet til barn og unge er godt vurdert i saka. Planforslaget vil styrke barn og unge sine interesser ved at planen no legg opp til eit nytt leikeareal sentralt på Flusund. I nærleiken fins det større friareal til uteopphald og leik, samstundes som det her er nærleik til fjøre og sjø. Flusund ligg sørvendt og har gode solforhold, samstundes som det ligg relativt godt skjerma for vær og vind.

Grunnforhold
Uttale frå geolog (vedlagt) er vurdert og konkluderer med at det er trygge grunnforhold i høve marine avsetningar i planområdet.

Konklusjon:

På bakgrunn av dei utgreiingar og vurderingar som ligg føre rår rådmannen til at kommunestyret godkjenner detaljreguleringsplan for øvre Flusund, med plankart datert 11.05.2018 og føresegner datert 25.09.2018.

Fosnavåg, 25.09.2018

Olaus-Jon Kopperstad	Jarl Martin Møller
Rådmann	Kommunalsjef samfunnsutvikling

Sakshandsamar: Erlend Sporstøl Vikestrand

PLANFORSLAG



DETALJREGULERINGSPLAN ØVRE FLUSUND 27/1

TEIKNFORKLARING

Bebyggelse og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)

- Boligbebyggelse - frittliggende småhusbebyggelse
- Lekeplass

Samferdselsanlegg og teknisk infrastrukur (PBL § 12-5. nr. 2)

- Veg
- Annen veggrunn - tekniske anlegg
- Annen veggrunn - grøntareal

Linjesymbol

- Regulert tomtegrense
- Byggegrense
- Omriss av eksisterende beb.som inngår i planen
- Regulert senterlinje
- Måle-/avstandslinje

Linjesymbol

- Plangrense

Linjesymbol

- Formålsgrense

Revidert 11.05.2018	**Målestokk 1:1000 A3**		
SAKSBEHANDLING IFLG. PLAN- OG BYGNINGSLOVEN	SAKSNR	DATO	SIGN
Kunngjøring oppstart			
1. gangs behandling i det faste utvalget for plansaker			
Offentlig ettersyn fra til			
2. gangs behandling i det faste utvalget for plansaker			
Kommunestyrets vedtak:			
PLANEN UTARBEIDET AV: **B. TARBERG AS**	SAKSNR	TEGNNR. **002**	SAKSBEH. **AZT**

B.TARBERG AS

Graving – Sprenging – Transport – Planlegging – Byggsøk – Rådgiving



Planområde

DETALJREGULERINGSPLAN – PBL § 12-3

«Øvre Flusund GNR. 27, BNR. 1 M:FL»

PLAN-ID: 201701

PLANOMTALE

11.05.2018

INNHALD

1. SAMANDRAG AV PLANFORSLAGET
2. NØKKELOPPLYSNINGAR
3. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET
4. PLANPROSESS
5. PLANSTATUS OG RETNINGSLINJER
6. PLANOMRÅDET – DAGENS SITUASJON
7. PLANFORSLAGET
8. KONSEKVENSAR AV PLANFORSLAGET
9. MEDVERKNAD I PLANPROSESSEN
10. VEDLEGG

1. SAMANDRAG

Området er tidlegare regulert i områdeplan for indre Bergsøy, der det gjennom ein lang planprosess blei regulert til området VK3 vern av kulturminne som følgje av funn av automatisk freda kulturminner i området.

Forslagstiller har gjennom mange år, før områdereguleringsplanen starta, jobba med eit ønske om å utvikle området som i kommuneplanens arealdel er utlagt til framtidig bustadområdet. Det har i forkant av dette planarbeidet vore dialog med Møre og Romsdal fylkeskommune og fornminneseksjonen ved Universitet i Bergen om ei omregulering av området frå vern til bustadføremål. Begge desse har kome med positive signal om omdisponering, men understreka at det må skje gjennom ein planprosess.
Forslagstiller ynskjer med dette planarbeidet å utvikle området til frittliggjande småhusbebyggelse, med tilhøyrande infrastruktur og leikeplasser.

Forslagstillar ynskjer å omregulere arealet VK3 til bustadføremål. Framtidig tilkomst til området er tenkt frå vest mot aust med ny avkøyring frå den framtidig offentleg regulerte vegen o_V25. Det er tenkt etablert leikeplassar internt i bustadområdet, interne vegar, som gir grunnlag for framføring av infrastruktur. I oppstartsmøte med kommunen blei det peika på at tilkomst til området skal skje gjennom o_V25 (som er ein framtidig offentleg (kommunal) samleveg for eit større bustadområde som enno ikkje er realisert). Forslagstiller er samd i at dette bør vere den framtidige tilkomsten til området og ynskjer å ta dette inn i planforslaget. Det er likevel slik at bygging av den planlagde vegen må skje i samråd med kommunen eller med andre private utbyggingsinteresser i området, slik at ein på best mogleg kan koordinere utbygging av allereie regulerte byggeområder og føre fram naudsynt infrastruktur til desse områda.

Planarbeidet er utført av B. Tarberg AS v/ Aleksander Zahl Tarberg.

2. NØKKELOPPLYSNINGAR

Tettstad, bygd eller by:	Flusund (Bergsøya)
Adresse:	Øvre Flusund, 6091 Fosnavåg
Eigedom (gnr / bnr):	Gnr.27 bnr.1 m.fl
Forslagstillar:	Reidar Blankholm
Plankonsulent:	B. Tarberg AS v/Aleksander Z. Tarberg
Eksisterande planstatus:	Områdereguleringsplan for indre Bergsøy
Planområde sitt areal (daa):	13,1 daa
Nytt reguleringsføremål:	Bustad, køyreveg, , leikeplass m.m
Grad av utnytting:	35%
Tal på nye einingar:	11 nye tomter
Aktuelle problemstillingar:	Tilkomst, arkeologi m.m
Kunngjering, dato:	
Krav om konsekvensutgreiing:	Nei
Medverknad	Ikkje særskilte tiltak utover varsling etter PBL

3. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

3.1 Planinitiativ

Forslagstillar ynskjer å omregulere arealet VK3 til bustadføremål. Framtidig tilkomst til området er tenkt frå vest mot aust med ny avkøyring frå den framtidig offentleg regulerte vegen o_V25. Det er tenkt etablert leikeplassar internt i bustadområdet, interne vegar, gangstiar/korridorar som gir grunnlag for framføring av infrastruktur. I oppstartsmøte med kommunen blei det peika på at tilkomst til området skal skje gjennom o_V25 (som er ein framtidig offentleg (kommunal) samleveg for eit større bustadområde som enno ikkje er realisert). Forslagsstillar er samd i at dette bør vere den framtidige tilkomsten til området og ynskjer å ta dette inn i planforslaget. I den vidare planprosessen ynskjer ein å få avklart moglegheitene for å kunne få til ein alternativ tilkomst slik det er mogleg for forslagsstillar å bygge ut tomteområdet, for samstundes å knyte seg til den nye framtidige vegen når den blir realisert. Vi meiner dette kan løysast gjennom samarbeid med kommunen og eventuelt andre utbyggingsinteresser i området.

3.2 Føremål med planforslaget

Formålet med planarbeidet er utarbeiding av detaljreguleringsplan for eit nærare avgrensa område av gnr. 27 bnr. 1 på øvre Flusund (Bergsøya) i Herøy kommune. Planområdet er avgrensa som vist med stipla linje på vedlagt kartutsnitt.

Ein er ikkje kjend med at det er registrert utvalde naturtypar, truga artar eller særskild sårbare økosystem i området. Planarbeidet vil omfatte vurderingar etter naturmangfaldslova i høve eksisterande kunnskap og Direktoratet for naturforvaltning sin database. I samband med utarbeiding av reguleringsplanen, vil ein gå gjennom ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) etter sjekkliste frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

3.3 Krav om konsekvensutgreiing og planprogram

Planområdet er ei detaljregulering som skal følgje opp hovudtrekka i kommuneplanen. Detaljreguleringsplanen med sine formål er difor i tråd med overordna arealplan. Det er gjennomført oppstartsmøte med kommunen, der planarbeidet blei vurdert i forhold til forskrift for konsekvensutgreiing. Det er, i samråd med kommunen, konkludert med at planen ikkje skal konsekvensutgreiast. Ein vurderer planarbeidet til ikkje ha vesentlege verknader for miljø og samfunn at det skal vere naudsynt med KU-vurderingar utover det som er tenkt i planomtalen.

3.4 Tiltakshavar, plankonsulent og eigarskap

Tiltakshavar for planarbeidet er Reidar Blankholm (grunneigar av gnr. 27 bnr. 1)
Planen er initiert som ein privat detaljreguleringsplan. Arbeidet med utarbeiding av reguleringsplan vil skje i regi av Aleksander Zahl Tarberg i B. Tarberg AS. Reguleringsplanen skal utarbeidast som ein detaljplan etter plan- og bygningslova (PBL)

4. PLANPROSESS

4.1 Varsel om oppstart av planarbeid

I samsvar med § 12-10 i plan- og bygningslova (PBL) blei det den 03.02.2017 varsla oppstart av privat planarbeid med utarbeiding detaljreguleringsplan etter PBL § 12-3. Varslinga retta seg til aktuelle grunneigarar, naboar, offentleg mynde, lag og organisasjonar som kan ha interesse i planarbeidet.

Oppstart av planarbeid blei varsla i form av varslingsbrev utsendt på e-post til grunneigarar, naboar, offentlege myndigheiter og relevante lag/organisasjonar. Varslingsdokumenta blei sendt til kommunen for publisering på heimesida, men desse er ikkje registrert kunngjort på kommunen sine nettsider pr dato. Varsel om oppstart av planarbeid blei kunngjort gjennom annonse i Vestlandsnytt den 03.02.2017.



Bilete 1: Planområde ved varsling av planoppstart

4.2 Medverknad

I samband med oppstart av planarbeid er det kome i alt 7 innspel til planarbeidet.
Desse følgjer som vedlegg til planomtalen i sin heilskap. I vedlegg til planomtalen følgjer også forslagsstillar og plankonsulent sine vurderingar kring dei innspela som er kome. Det går der fram korleis innspela er teke omsyn til i planarbeidet. Av omsyn til type plan og innhald i denne er det ikkje arrangert medverknadstiltak utover varsel om oppstart av planarbeid etter PBL.

5. PLANSTATUS OG AREALBRUK

5.1 Planstatus

Reguleringsplanar:



Det er i dag ein gjeldande reguleringsplan som omhandlar deler av det aktuelle området. Områdeplan for indre Bergsøya (Plan ID 20147) regulerer området til VK3 vern av kulturminne. Gjeldande plan blei eigengodkjent av kommunen 27.11.2014.

Området Vk3 regulerer til vern av kulturminne med tilhøyrande omsynssone med bandlegging av området til kulturminne.

Arealet kan pr. i dag ikkje nyttast til bustadformål slik det er regulert i gjeldande plan.

Kommuneplan:



Areala som ikkje er regulert i områdeplan for indre Bergsøya er avsett til framtidig bustadområde i kommuneplanen. Dette ligg også som bakteppe for området bak gjeldande reguleringsplan.

Intensjonen med denne reguleringa er soleis i samsvar med det som ligg i kommuneplanens areal.

I gjeldande arealstatus i kommuneplanens arealdel av 2015 er område avsett til bustadføremål framtidig med krav om reguleringsplan før utbygging. Gjeldande områdeplan for indre Bergsøya gjeld framfor kommuneplanen og regulerer området i dag til vern av kulturminne.

Samfunnsdel

I gjeldande samfunnsdel er satsingsområdet «Verdiskaping» omtalt som relevant punkt for planarbeidet. Det blir vist til tekst i samfunnsplanen: *«Herøy kommune ynskjer å leggje til rette for at bygdene kan fortsetje utviklinga og vere eit fundament for verdiskapinga i kommunen. Herøy kommune vil leggje til rette for ei auka verdiskaping i kommunen ved å samarbeide med næringsliv og bygdelag om felles prosjekt og støtte opp under prosjekt som kan vere med å auke verdiskapinga i lokalsamfunnet utan at det går på bekostning av lokale eller regionale samfunnsinteresser»*

Temaplanar

Ingen særskilde.

Statlege planretningslinjer, bestemmelser og regionale planar med relevans for planarbeidet:

SPR Styrking av barn og unges interesser i planleggingen

Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen, bidrar til å oppfylle Norges forpliktelser etter FNs barnekonvensjon og skal synliggjøre og styrke barn og unges interesser i all planlegging og byggesaksbehandling etter plan- og bygningsloven.

SPR Samordnet bolig, areal og transportplanlegging

Hensikten med statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging *er å oppnå samordning av bolig-, areal- og transport-planleggingen og bidra til mer effektive planprosesser. Retningslinjene skal bidra til et godt og produktivt samspill mellom kommuner, stat og utbyggere for å sikre god steds- og byutvikling.*

SPR Differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen

Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen følger opp den nye plan- og bygningsloven, der byggeforbudet i 100-metersbeltet langs sjøen er videreført og strammet inn. Målet er å ivareta allmennhetens interesser og unngå uheldig bygging langs sjøen. I 100-metersbeltet skal det tas særlig hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.

Retningslinjene deler kysten inn i tre områder. Det er strengest føringer der det er størst press på arealene, mens det i mindre sentrale strøk er større rom for å vurdere utbygging gjennom kommunale planer, spesielt til næringsutvikling, som for eksempel sjørettede reiselivsanlegg.

Vi ligg i sone 3: De mindre sentrale delene av kysten i Rogaland, Hordaland, Møre og Romsdal og Trøndelagskysten, og for alle kystkommunene i Sogn og Fjordane, Nordland, Troms og Finnmark: Ikke like strenge føringer.

6. PLANOMRÅDET – DAGENS SITUASJON

6.1 Lokalisering

Planområdet er lokalisert på øvre Flusund på Bergsøya i Herøy kommune. Det er i dag etablert spreidd bebyggelse rundt planområdet og området er omkransa av køyrevegar og framtidig planlagd samleveg.

6.2 Avgrensing av planområdet

Planområdet omhandlar i hovudsak areal knytt til VK3, men tek også med noko areal avsett til anna veggrunn i områdeplan for indre Bergsøy. Dei to bustadtomtene i nord er også tatt med i reguleringsplanen og vert stadfesta som bustadareal. Ein viser til kartutsnitt under som viser storleik og avgrensing av planområdet.

6.3 Dagens arealbruk og naboareal

Arealbruken for tilstøytande teigar og parseller blir i dag brukt til bustadføremål eksisterande bebygde bustadtomter.

6.4 Eksisterande busetnad i området

Det er lokalisert to eksisterande einebustader innanfor planområdet som får stadfesta sin arealbruk gjennom reguleringsplanen.

6.5 Topografi og landskapstrekk



3D illustrasjon som viser dagens topografi i området.

Planområdet ligg i svakt skråande terreng mot ein bekk som går i sør. Det er ikkje særskilte utfordringar knytt til topografi her og det er ikkje bratt terreng i området.

Helningskart frå NGU viser dei ulike topografiske sonene i lokalområdet.

6.7 Solforhold

Området ligg sørvendt med gode solforhold for både leikeplass, uteområde og nye bustadtomter.

6.8 Vegetasjon og dyreliv

Det er så vidt vi kjenner til ikkje utvalde naturtypar eller raudlista artar innanfor planområdet i dag. Området er etter vår kunnskap heller ikkje ferdselsområde for hjort eller småvilt.

6.9 Naturforhold

Etter ein gjennomgang i Direktoratet sin database og lokale kommunale rapportar, kan ein ikkje sjå at det føreligg kunnskap om utvalde naturtypar, sårbare områder eller områder med truga biologisk mangfald innanfor planområdet.

6.10 Barn og unge sine interesser

Deler av området er i registrerte data for barnetrakk frå 2012 avmerka som ferdselsareal for born og unge. Dette forstår vi som den delen som gjeld vegane Flusundvegen og øvre Flusund. Begge desse vegane er vurdert av born og unge som trygge å ferdast på – markert med grøne linjer i registreringsdata.

6.11 Kulturminneverdiar

Innanfor planområde ligg lokaliteten 138386. Lokaliteten vart påvist i samband med registreringane i tilknyting til områdereguleringa av Indre Bergsøya. Det er også gjort lausfunn på marka tidlegare. I samband med områdereguleringa nemnt ovanfor, ønsket Møre og Romsdal fylkeskommune å fremje dispensasjon for ein vestleg del av lokalitet 138386, med vilkår om arkeologiske utgravingar. Bergen Museum og Riksantikvaren var ikkje samde i at eit utgravingsvilkår var naudsynt og meinte at denne delen av lokaliteten ikkje hadde spesielt stort kunnskapspotensiale. Delen av lokaliteten vart derfor frigitt utan vilkår.

Til tross for at det er gitt dispensasjon for delar av lokalitet 138386, utan vilkår, ønsker fylkeskommunen i denne omgang å fremje dispensasjon for resterande delar av lokaliteten med vilkår for arkeologisk utgraving.

6.12 Veg og trafikkforhold

Det er i dag etablert 2 vegar i nærleiken av planområdet og planlagt 1 ny veg.
Veg 1 – Flusundvegen (Kommunal veg)
Veg 2 - Øvre Flusund (Kommunal veg)
Veg 3 – Ny planlagd samleveg (regulert men ikkje utbygd)

Området er føreset å ha tilkomst frå ny offentleg samleveg i aust.
Forslagsstillar vonar at bygging av samleveg må skje anten gjennom forskottering/utbygging med ein lågare standard, eller at kommunen eller eit fleirtal grunneigarar/utbyggjarar går saman i eit felles utbyggingsselskap for å føre fram infrastruktur til tomteområda på øvre Flusund.

6.13 Støy frå vegtrafikk

Det er ikkje registrert støykjelder i nærleiken av planområdet.

6.14 Offentleg kommunikasjon

Det er offentleg kommunikasjon gjennom etablert bussforbindelse langs fylkesveg 654. Næraste busskur er ved krysset mellom Flusundvegen og FV654

6.15 Vatn, avløp og overvatn

Vassleidningar: Det er i dag etablert fleire private vassleidningar som kryssar planområdet og som må leggast om ved utbygging av ny infrastruktur.

Dreneringssystemet: For nye tomter vert det planlagt system for handtering av overvatn.

Avløp: For nye tomter skal desse knytast til nytt felles avløpssystem som skal koplast til kommunalt hovudnett. Detaljar kring dette vil gå fram av VA-plan for området.

6.16 Energi- og teleløysingar

Mørenett melder at dei kan truleg straumforsyne desse bustadane frå lavspentkabel vi har ved Flusundvegen. Det må då leggast fram ein 4x250 Al kabel og settast opp to kabelskap (KS) med stikkleidningar vidare ut til kvar bustad. Det er rom for å justere plasseringa av kabelskapa. I grøft langs hovudveg inn i feltet må vi også legge minst 1 stk. 125 rør og jording for å kunne føre høgspentkabel vidare opp i feltet når dette vert utbygd.
Detaljar rundt dette vil gå fram av IN-plan for området.

6.17 Privat og offentleg servicetilbod

Det eksisterer ikkje private eller offentlege servicetilbod innanfor eller i nærleiken av planområdet.

6.18 Risiko og sårbarheit (ROS)

Det er utarbeidd eiga risiko og sårbarheitsanalyse for denne reguleringsplanen. Analysen følgjer som vedlegg til denne planomtalen.

6.19 Grunnforhold

Det er ikkje registrert særskilte forhold ved grunnforholda i området.

Sedimenta i området er ofte prega av et tykt humuslag på toppen, påfølgende tynt lag med leire, vidare et kraftig lag med raudaur, sandstein som er sementert med Fe-holdige mineraler og under dette et lag med blanda sedimenter frå skredavsetningar. Dette gir god stabilitet i grunnen.

Ein har ikkje registrert at det er avsetningar som utgjer fare eller ustabile forhold kring utfylling og opparbeiding av terrenget i området. Tilgjengeleg kunnskap, erfaringar og kommunikasjon med kjentfolk i området kan heller ikkje peike på at det eksisterer usikre grunnforhold i nærområdet.

6.20 Havnivåstigning og bølgjepåverknad

Området ligg såpass høgt over havet at dette ikkje er ei relevant problemstilling.

6.21 Luftforureining

Ein er ikkje kjend med at det er luftforureining innanfor eller i nærleiken av dagens planområde.

7. PLANFORSLAG

7.1 Arealbruk

Planforslaget legg til rette for totalt 4 områder for frittliggjande bustader. Det eine av desse områda omfattar to eksisterande bebygde bustadeigedomar, medan det andre område er tenkt som tilleggsareal til eksisterande bebyggelse. Dei to nye FS-områda omhandlar nye bustadtomter. Det vidare planlagt intern tilkomstveg med tilhøyrande annan veggrunn og nye leikeplassar.



7.2 Arealformål

Formål	Areal (daa)
FS – Frittliggjande fritidsbustader (FS)	
f_V1 – Internveg (V)	
AVG – Annan veggrunn – tekniske anlegg	
AVT – Annan veggrunn – grønstruktur	
LP – Leikeplass (LP)	

7.3 Byggjeareal

FS – frittliggjande bustader

I område merka FS kan det byggjast frittliggjande småhus, med inntil to (2) bueiningar på kvar tomt. Til alle areala høyrer naudsynte anlegg for å oppfylle bygningane sin funksjon.
Grad av utnytting for tomtene er maksimalt BYA= 35% pr tomt.

Beregning av bebygd areal (BYA)

Bebygd areal (BYA) for en tomt er summen av bebygd areal for alle bygninger, bygningsdeler og konstruksjoner over bakken, åpent overbygd areal og nødvendig areal for biloppstillingsplasser på tomta. Bebygd areal på en tomt skrives m² -BYA og angis i hele tall. Bebygd areal beregnes med utgangspunkt i NS 3940, tillagt nødvendig parkeringsareal etter TEK10 § 5-7.



Figur 2-4 Bebygd areal (BYA) for en tomt

I område merka FS skal bygningar ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 6,5 m og ei mønehøgde som ikkje overstig 8,5 m. I område merka FS skal garasjar ikkje byggjast større enn 45 m² grunnflate og då berre i ei høgd. I FS-områda skal garasjar ikkje ha større gesimshøgd enn 3 m og mønehøgd ikkje over 4,5 m.

Det er planlagt i alt 11 tomter innanfor planområdet der det kan byggast anten to-mannsbustader eller einebustader med leilegheit på kvar tomt. Byggjehøgder og utnyttingsgrad er innanfor det som er normalt for eit frittliggjande bustadområde.

7.4 LP - Leikeplassar

I planforslaget er det planlagt 1 leikeplass, sentralt plassert i planområdet i samsvar med krava i kommuneplanens arealdel og i samsvar med krava i innspel frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre Romsdal fylkeskommune. Leikeplass er 319 m2 stor .

Leikeplassen blir definert som nærleikeplassar og er innanfor 50 meter gåavstand frå bueiningane. Leikeplassen inne mellom nye bustadtomter, men tomter i sør har avgrensa byggehøgde for å unngå skuggeverknader. Det er gjennomført ei sol/skuggeanalyse som syner at leikeplassen lengst mot sør har eit skuggeforhold under 50 % ved vårjamndøgn.

Leikeplassen er planlagt med rekkjefølgjekrav til møblering av leikeapparat og at leikeplassen skal opparbeidast før nye bueiningar kan takast i bruk.



Sol/skuggeanalyse leikeplass 1



Sol/skuggedata for analyse

Leikeplassen er lokalisert slik i planområdet at dei er tilgjengelege frå vegen, noko som gir grunnlag for universell utforming og at dei kan brukast av alle uansett funksjonsevne.
Eit anna viktig moment ved lokalisering av leikeplassane er at dei ligg slik til at dei er oversiktleg frå alle tomtene, slik at born trygt kan nytte desse i sin leik og samstundes vere under oppsyn frå bustadane i området.

Etter vår vurdering er leikeplassen kvalitativt godt lokalisert og i samsvar med kommuneplanens arealdel, krav frå regionale og statleg instans, samt rikspolitiske retningslinjer for barn og unge. Leikeplassane ferdig opparbeidd vil styrke interessene for barn og unge i nærmiljøet.

7.5 – Veg

Vegane i området er regulerte som felles private køyrevegar etter «Rettleiing for dimensjonering av vegar i Herøy kommune» i høve vertikal og horisontalkurvatur. Vendehammar er dimensjonert for LL (liten lastebil) utforma etter krava i rettleiaren.

Lengdeprofil for intern tilkomstveg – linjedefinisjon aust vest akse



Lengdeprofil intern tilkomstveg – linjedefinisjon nord – sør akse



7.7 Parkering

Parkering skal opparbeidast på eigen grunn og kommunen sine parkeringsvedtekter heimla i føresegnene til kommuneplanens arealdel for Herøy skal vere gjeldande.

7.8 Renovasjon

Området har i dag renovasjonsløysing frå søre Sunnmøre reinhaldsverk. Det er lagt til rette for vendehammar som er dimensjonert for liten lastebil etter kommunen sin vegnormal, slik at mellom anna renovasjonsbil skal kunne ha moglegheiter for tilkomst til å hente avfall i bustadområdet.

7.9 Risiko og sårbarheit (ROS)

Det er utarbeidd ei ROS-analyse etter sjekkliste frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Ved ein gjennomgang av sjekklista ser ein at det ikkje er særskilde forhold knytt til risiko og sårbarheit for dette planområdet.

7.10 Universell utforming

Området ligg i lågtliggjande terreng med vegar og opparbeidde flater. Tilkomstveg frå aust til vest, gir gode moglegheiter for universell utforming. Vedlagt vegprofilar viser at terrenget i området ikkje bør by på utfordringar knytt til i ivareta krava om universell utforming ved planlegging og bygging av nye bueiningar.

7.11 Naturmangfald

Kunnskap (§8):

Vi oppfattar kunnskapsgrunnlaget i nasjonale databasar som tilfredstillande for vurderingar etter naturmangfaldslova i denne saka.

Førevar prinsippet (§9):

Vi har undersøkt tilgjengelege databaser for naturmangfald og teke utgangspunkt i tilgjengeleg kunnskap frå Miljødirektoratet. Med bakgrunn i dette ser vi ikkje på inngrepet

i planframlegget som vesentleg for naturmangfaldet på Tarberg.

Samla belastning (§10):
Det er i Herøy kommune registrert om lag ca 160 andre førekomstar av artsområde. Sett i samanheng med dette vert den samla belastninga ikkje oppfatta som vesentleg.

Overvaking (§11):
Så langt vi kan sjå vil det ikkje vere naudsynt med ytterlegare overvaking av naturmiljøet enn det som allereie er etablert i dag.

Alternativ lokalisering (§12):
Alternativ lokalisering av utbygginga er ikkje aktuelt. Vi viser til at kommunen i gjeldande kommuneplan vurderte innspel om plassering av området.

Samla belastninga:
Basert på ovannemnde vurdering av planframlegget ikkje medfører vesentleg skade på naturmangfaldet i strid med forvaltningsmåla for naturtypar og økosystem (§4) og artar (§5).

7.12 Barn og unge
Nærleikeplassane i planområdet vil ivareta interessene til barn og unge. Det er stilt rekkjefølgjekrav til opparbeiding av leikeplassane for å sikre at desse blir realisert og klargjort før nye innbyggjarane flyttar inn på tomtene. Dette vil bidra til å skape eit kvalitativt godt bumiljø.

7.13 Infrastruktur
Det vil vere naudsynt å bygge ut ny infrastruktur, særskilt leidningsnett for VA, EL/tele og veg, som følgje av nye bueiningar. Detaljar kring dette går fram av utarbeidd VA-plan for området. Endeleg detaljar rundt infrastruktur utover det som er fastsett i reguleringsplan vil kome fram i prosjektering og byggesøknad i forkant av utbygging.

7.14 Rekkjefølgjekrav i plan
Ein viser her til vedlagt reguleringsføresegner.

8 KONSEKVENSAR AV PLANFORSLAGET

8.1 Overordna planar og vedtak

Ingen særskilde. Planforslaget følgjer opp hovudtrekka i kommuneplanen.

8.2 Eksisterande reguleringsplanar

Ingen særskilde. Planforslaget grensar inn til eksisterande plan.

8.3 Barn og unges interesser i nærmiljøet

Positivt, då ein legg til rette for både fri leik og moglegheit for tilrettelagt for at born og unge kan opphalde seg i området. Leikeplassar blir sikra gjennom arealstatus og rekkjefølgjekrav.

8.4 Estetikk, arkitektur og landskap

Ingen særskilde

8.5 Naboar og tilstøytande areal

Ingen særskilde

8.6 Trafikk og parkeringsforhold

Positivt, då ein legg til rette for utbygging av meir vegareal for tomter i området.

8.7 Kulturminner og kulturmiljø

Omdisponering av automatisk freda kulturminne i området etter dialog med Møre og Romsdal fylkeskommune og fornminneseksjonen ved Universitet i Bergen.

8.8 Friluftsliv

Ingen særskilde

8.9 Natur og miljøforhold

Ingen særskilde

8.10 Privat og offentlege servicetilbod

Ingen særskilde

8.11 Risiko og sårbarheit (ROS)

Ingen særskilde

8.12 Infrastruktur

Positivt, då forslagstiller har planar om utbygging av både avløp, vatn, drens, el/tele for nye bustader. Dette vil gi bygga moderne infrastruktur og i høve miljøet knytta til separert utslett/avløpssystem.

8.13 Næringsinteresser

Ingen særskilde

8.14 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Ingen særskilde

9 MEDVERKNAD I PLANPROSESSEN

Vedlagt planomtalen følger dei innspela som har kome til planarbeidet og kommentar til korleis dei ulike innspela har blitt vurdert i høve utforming av planforslaget.

PLANOMRÅDE SETT I 3D









Aleksander Zahl Tarberg
Daglig leder / planleggar
B.TARBERG AS
Mob: 46674461
E-post: aleksander@btarberg.no

VEDLEGG

1. ROS-analyse
2. Innspel til planarbeidet (samla)
3. Merknadsskjema med vurdering av innspel
4. Illustrasjonsplan veg, tomter og bygg
5. VA-plan for ny infrastruktur
6. IN-plan for nye infrastruktur
7. Referat frå oppstartsmøte
8. Varslingsdokument

HERØY KOMMUNE

Planident:	Saksnummer:	Eigengodkjenningsdato:	Eigengodkjent_av:
1515 201701		xx.xx.xxxx	Herøy kommunestyre

DETALJREGULERINGSPLAN FOR ØVRE FLUSUND GNR. 27 BNR. 1 M.FL PLAN-ID: 201701

REGULERINGSFØRESEGNER

§ 1 – Avgrensing av planområdet
Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor grensene skal areala nyttast og bygningane plasserast som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

§ 2 - Andre bestemmingar
Desse føresegnene kjem i tillegg til dei til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

§ 3 - Privatrettslege avtalar
Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§ 4 – Forhold til kulturminne
Dersom det i samband med utbygginga vert oppdaga automatisk freda kulturminne som tidlegare ikkje er kjent, skal arbeidet stansast med ein gong, og regional kulturvern mynde skal varslast, jf. lov om kulturminne § 8, andre ledd.

§ 5 - REGULERINGSFORMÅL
Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar plan- og bygningslova til følgjande føremål:

<u>Bygningar og anlegg (PBL. § 12 – 5, nr.1)</u>
- Bustader – frittliggjande småhus (FS)
- Leikeplass (LP)

<u>Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12 – 5, nr. 2)</u>
- Køyreveg (V)
- Annan veggrunn tekniske anlegg (AVT)
- Annan veggrunn teikniske anlegg (AVG)

§ 6 – FELLESFØRESEGNER

a. Detaljreguleringsplanen fastset hovudstrukturen for utbyggingsmønsteret. Dei viste vegane i plankartet ligg fast. I tillegg til dei viste vegane kan mindre korte tilkomstvegar etablerast innanfor FS-område, som følgje av byggjesøknad.

b. Bebyggelsen skal plasserast innanfor regulert byggegrense. BYA gir tillate bebygd areal i prosent av tomta sitt nettoareal.

c. Alle inngrep skal planleggast og utførast på ein slik måte at verknadene vert så små som mogleg. Bebyggelsen skal tilpassast terrenget på tomta og nødvendige inngrep i terreng og vegetasjon skal utførast så skånsamt som mogleg.

d. Prinsippa bak universell utforming skal leggjast til grunn i størst mogleg grad, jf. plan- og bygningslova med tekniske forskrifter.

e. Innafor byggeområdet kan det oppførast trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar, der nødvendig. Frittståande bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bebyggelsen elles i området.

f. For område som er utsett for støy ut over grenseverdiane for ny bustadbygging, jf rettleiar T-1442 frå Miljøverndepartementet, skal tiltakshavar dokumentere støysituasjonen i samband med søknad om tiltak. Soverom skal ha vindu til ei side der støynivået er Lden=55 dB eller mindre. Private uteareal (MUA) skal leggjast på leside av støykjelda.

g. Innanfor planområdet kan det byggjast nødvendige bygg og installasjonar for el- og telenett. Bygg skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa busetnaden elles i området.

h. Vegareal er vist i plankartet. I tillegg til vist areal kjem nødvendig areal til skjeringar og fyllingar som følgje av detaljprosjektering. Slikt areal kan leggast på tilgrensande grunn.

§ 7 – SITUASJONSPLAN / DETALJAR VED BYGGESØKNAD

Det skal utarbeidast ein samla situasjonsplan for alle KS-områda

Situasjonsplan skal handsamast av kommunen i samband med byggesøknad og skal vise:

- Tomtegrenser
- Grense mellom seksjonar
- Parkeringsplassar
- Interne køyrevegar og gangvegar
- Murarar
- Kotehøgder på utvendig terreng
- Plassering av bygningar
- Minste ute opphaldsareal (MUA)
- Avkøyrsle og frisiktssone

Som prinsipp for utbygging av konsentrerte småhusområde skal livsløpsstandard/universell utforming leggast til grunn.

Universell utforming skal også leggast til grunn for utforming leikeplassar og felles ute opphaldsareal, jf. TEK.

§ 8 – BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL. § 12-5, nr.1)

1. Generelt

Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming.

Kommunen krev at det vert lagt særleg vekt på det samla arkitektoniske uttrykket i høve ei harmonisk områdeoppfatning. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade. Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal, ihht. ei kvar tid gjeldande kommunale krav.
På situasjonsplan skal plassering av garasje (for tal bilar etter parkeringskravet) visast.

Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygd areal (% - BYA):
Maks tillaten BYA for dei enkelte delområda:

- FS - område: maksimum BYA 35 %.

Dersom garasje ikkje vert bygd tilsvarande krav til tal parkeringsplassar, skal parkeringsplass reknast inn i grunnlaget for BYA med 20 m^2 pr. bilplass.

Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal.

Bustadbygg skal oppstillingsplass på eiga tomt eller på fellesareal for fleire tomter for 1 bil pr. bueining pluss 0,5 bil pr. bueining til gjesteparkering.

For sjølvstendige einebustadtomter som ikkje samarbeider om felles parkeringsanlegg vi likevel kravet til gjesteparkering vere 1 bil pr. bueining.

b. Som minste oppphaldsareal ute (MUA) på den enkelte tomt innan FS-område skal det setjast av min. 20m^2 eigna areal for leik. Arealet skal gå fram at situasjonsplan

2. Bustader – frittliggjande og konsentrerte småhus

a. I område merka FS kan det byggjast frittliggjande småhus, med inntil to (2) bueiningar på kvar tomt.

Til alle areala høyrer naudsynte anlegg for å oppfylle bygningane sin funksjon.

b. I område merka FS skal bygningar ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 6,5 m og ei mønehøgde som ikkje overstig 8,5 m. I område merka FS skal garasjar ikkje byggjast større enn 45 m^2 grunnflate og då berre i ei høgd.
I FS-områda skal garasjar ikkje ha større gesimshøgd enn 3 m og mønehøgd ikkje over 4,5 m.

Innanfor områda FS4 og FS6, skal bustadhus som vert oppført på tomtene sør for leikeplassen ikkje overstige ei etasje i byggehøgde, målt frå planert terreng.

c. Ved val av takvinkel skal eksisterande/kringliggande bustadhus takast omsyn til. Dette slik at bygga som gruppe gjev ei harmonisk områdeoppfatning. Dette skal likevel ikkje vere til hinder for arkitektoniske uttrykk i frå vår tid. Nye bygg skal framheve vår tid sin byggeskikk og medverke til vidare utvikling av denne.

3. Leikeplass

a. Området merka f_LP1 (felles nærleikeleikeplass) er offentleg og ope for alle. Leikeplassen skal ved utbygging setjast i ein slik stand som gjer det mogleg å opparbeide dei for leik og opphald. Leikeareala skal møblerast med minst tre leikeaparat, samt ein benk og noko fast dekke. Prinsippa om universell utforming skal så langt råd, leggjast til grunn slik at leikeplassane heilt eller delvis kan nyttast av alle.

b. Leik for born i alderen 1-7 år skal prioriterast. Leikeplass skal opparbeidast i samsvar med til ei kvar tid gjeldande forskrift om leikeplassutstyr.
Leikeplassen skal ha areal og utstyr nok til varierte aktivitetar som fremjar rørsleglede, gir allsidig rørsleerfaring, sanseerfaring og moglegheit for læring og meistring.

§ 9 UTEAREAL TILHØYRANDE BYGGEAREAL

a. Ikkje utbygd del av tomta skal utformast tiltalande. Det er ikkje tillate å ha skjemmande skjeringar og fyllingar. Skjeringane som følgjer av

utgraving/planering av tomt skal tilplantast med stadeigen vegetasjon. Skråningane skal framstå som vegetasjonsbelte. Mur mot offentleg vegar skal godkjennast av kommunen før dei kan oppførast.

b. Ein bør i størst mogleg grad søkje å ta vare på og nytte eksisterande terreng og lokal vegetasjon i området i samband med utbygging og tilplanting. Der planering medfører støttemur mot nabotomt eller veg, kan kommunen krevje at planeringshøgda vert senka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.

c. Opphaldsareal ute skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget.

d. Ved ev. trinnvis utbygging skal utbyggingsareal som ikkje vert teke i bruk med ein gong opparbeidast førebels med vegetasjon e. l. etter detaljplan. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles.

e. Innafor kvar tomt må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.

f. Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.

g. Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgre enn 0,7 m over vegnivået. Ved avkøyrsle og kryss mot fylkesvegen skal det vere frisikt over 0.5 meter frå vegnivå. Utover dette gjeld Statens Vegvesen sine krav til avkøyrsler i handbok N100.

§ 10 - SAMF.ANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL. § 12-5, nr. 2)

I offentlege trafikkområde skal det byggjast:
- køyreveg med tilhøyrande areal

Avkøyrsler skal ikkje leggast til veg med fortau eller gang-/sykkelveg med mindre det er vist avkøyrsel eller avkøyrselspil på plankartet.

Det er ikkje regulert inn avkøyrsler i planen. Desse skal godkjennast av kommunen ved handsaming av byggesøknad til kvar enkelt tomt.

Følgjande vegar er vist som felles private vegar
- f_V1

Felles privat veg f_V1 skal vere tilkomst for framtidige bustader i FS-områda.

I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal, jf. PBL. kap. 16. Vist skråningsutslag på plankartet kan endrast som følgje av nærare detaljprosjektering.

I vegareal og areal for annan veggrunn kan det leggjast VA-leidningar, kummar, skap, EL-, tele- og fiberkablar, veglysmaster og andre installasjonar som er naudsynt for framføring av infrastruktur til bustadareala.

§ 12 – REKKJEFØLGJEKRAV (PBL. § 12-7, nr. 10)

a. Før utbygging av nye tomter kan gjennomførast, skal offentleg samleveg (V25) i vest (regulert i områdeplan for Indre Bergsøy) med tilhøyrande offentleg infrastruktur, vere opparbeidd og ferdigstilt frå Flusundvegen og fram til avkøyrsle til tomteområdet.

b. Leikeplassen f_LP1 skal opparbeidast, planerast og møblerast med minimum 3 leikeapparat som kan nyttast av born i alderen 0-7 år. Leikeplassen skal vere ferdig opparbeidd før det kan gjevast bruksløyve for nye bustader innanfor området.

c. Før iverksetjing av tiltak i samsvar med reguleringsplan, skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av den delen av det automatisk freda kulturminnet id 138386 som er merka som område for føresegn #1 i plankartet. Tiltakshavar skal ta kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan bli fastsett. Del av id 138388, som er merka som #2 i reguleringskartet, kan bli fjerna utan vilkår om arkeologisk gransking.

***

Reguleringsplan godkjent av kommunestyret i k-sak xx/xx i møte XXXX/201X

Fosnavåg,_____

_____
ordførar

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]
Sendt: 06.09.2017 08:58:58
Til: Brit Berge
Tittel: VS: Plankart Øvre Flusund F-sak124/17

Fra: Anne-Marie Og Olav Emdal [mailto:aoemd@online.no]
Sendt: 5. september 2017 20:58
Til: postmottak
Emne: Plankart Øvre Flusund F-sak124/17

Vi viser til vedlagt skriv datert 02.02.2017.

Vi ser av saksdokumenta at skrivet har vorte registrert, men at innhaldet i skrivet ikkje har vorte oppfatta eller teke hensyn til.
Dette gjeld våre tomter 2 og 3 som grenser mot 27/1 og som ikkje har fått vegutløysing.
Vi ber om at dette vert innarbeidd i det planlagde vegkrysset.

Vi legg og ved eit bilde som dokumenterer kravet om god utveiting, overflatedrenering og at den opne veita må leggast i rør.

Med helsing

Anne-Marie Emdal og Nils-Ottar Reite
Eigarar av ideell 1/2 gnr. 28 bnr 4

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]
Sendt: 10.10.2017 13:56:12
Til: Lisbeth Moltu Espeseth
Tittel: Høyringsuttale barnerepresentanten plan 27/1

Fra: Camilla Storøy
Sendt: 10. oktober 2017 12:32
Til: Erlend Sporstøl Vikestrand
Kopi: postmottak
Emne: Høyringsuttale barnerepresentanten plan 27/1

Barnerepresentanten har ingenting å merke på reguleringsplanen.
Det er tatt omsyn til plankrava ved etablering av leikeplass og storleiken på den. I tillegg er det tatt omsyn til universell utforming, tilkomst og sikt til plassane frå alle tomtene, det er flott!

I tillegg vil barnefepresentanten merke at det er svært positivt at planlegginga tek omsyn til barnetråkk-registreringar.

Helsing

Camilla Storøy
Fungerande Ordførar
HE Administrativ leiing

Tlf. 70081300

www.heroy.kommune.no

Fra: Erlend Sporstøl Vikestrand[erlend.sporstol.vikestrand@heroy.kommune.no]
Sendt: 12.10.2017 12:57:59
Til: 'Arve Nytun'
Tittel: SV: 2017/4750 Detaljregulering for Øvre Flusund, herøy kommune - Forlenging av høyringsfrist

---

Hei.

Bekreftar med dette telefonsamtale i dag og at høyringsfristen vert utsett til 07.11.2017.

Helsing

Erlend Sporstøl Vikestrand
Planleggar
Utviklingsavdelinga

Tlf. 70081300 Mob. 94159680

HERØY KOMMUNE

www.heroy.kommune.no

Fra: Arve Nytun [mailto:Arve.Nytun@mrfylke.no]
Sendt: 12. oktober 2017 12:55
Til: Erlend Sporstøl Vikestrand <erlend.sporstol.vikestrand@heroy.kommune.no>
Kopi: Dokpost <Dokpost@mrfylke.no>; Anders Smith-Øvland <Anders.Smith-Ovland@mrfylke.no>
Emne: 2017/4750 Detaljregulering for Øvre Flusund, herøy kommune - Forlenging av høyringsfrist

Hei. Viser til telefonsamtale knytt til forlenging av høyringsfrist til 07. November 2017. Dette grunnet haustferie og stort arbeidstrykk ved fleire av høyringspartane.
Ønsker skriftleg bekreftelse på dette.

mvh

Arve Eiken Nytun
Arkeolog/rådgivar – Formidlingskoordinator - Fartøyvern
Kulturavdelinga – kulturvernseksjonen
Møre og Romsdal fylkeskommune

Tlf. 71 28 03 25
arve.nytun@mrfylke.no
mrfylke.no

Møre og Romsdal fylkeskommune

FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
seniorrådgivar Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

UTV

Vår dato
09.10.2017
Dykkar dato
01.09.2017

Vår ref.
2017/831/KABJ/421.4
Dykkar ref.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Løpenr.
Saksbeh.
11 OKT. 2017
Arkivkode P
Arkivkode S
J.nr.
D.nr.
Klassasjon

Herøy kommune
Detaljregulering - reguleringsplan gnr27 bnr1 m.fl øvre Flusund
Offentleg ettersyn

I føresegnene står det i § 8 punkt 3. under Leikeplass at leikeareala *kan* møblerast. I § 12 under rekkjefølgjekrav står det at leikeplassar *skal* opparbeidast, planerast og møblerast osb. Føresegnene må vere konsistente, så det må stå *skal* begge stader.

Vi har elles ingen merknader.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]
Sendt: 01.11.2017 08:35:28
Til: Brit Berge
Tittel: VS: Øvre Flusund GNR.27,BNR.1M:FL.

Fra: Johann Woldsund [mailto:johann.woldsund@outlook.com]
Sendt: 31. oktober 2017 21:49
Til: postmottak
Emne: Øvre Flusund GNR.27,BNR.1M:FL.

Som nabo til området som blir planlagt, har eg et par komentarer til problem som vi i området har slite med i alle år.
Det renn ei lita elv igjennom området og etter den nye kommunevegen kom har vi fått problem med flom ved stor nedbør.
Dette har sin enkle forklaring at området er helt flatt og kommunevegen er det høgaste punktet i området. Ved stor nedbør samlar det seg opp vatn i heile området, det kan sjå ut som at enten er opninga gjennom veien forlita eller så ligg den for høgt.
Det er også gjort tidligare vedtak om at denne elva skulle leggast i rør.
Heile dette området har tidligere vore jordbruksområde og er derfor drenert mot denne elva. Disse drensveitene slutta å fungere da veien blei bygd fordi at vannstanden steig i elva. Dette må ordnes når det nå skal dreneres på nytt.
Det er også planlagt to avkjøringer fra den nye veien inn på min tomt. Dette kan eg ikkje forstå er nødvendig sida eg har vei fra før.
Den nye vegen ser ut til å gå over en del av mi tomt. Dette er vel også noke som vanligvis bør diskuterast med eigarane av grunnen før det blir bestemt.

Med hilsen
Johann Woldsund

KYSTVERKET
Midt-Norge

Herøy kommune (Møre og Romsdal)
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE
RADMANNEN
Reg.nr. | Saksbeh.
13 SEPT. 2017
Ark.kode P
Ark.kode S
J.nr. | Dok.nr.
Kassasjon

Deres ref.:	Vår ref.:	Arkiv nr.:	Saksbehandler:	Dato:
2016/461	2017/3888-2	413.2	Oddbjørn Sæther	07.09.2017

Høringsuttalelse - Detaljreguleringsplan for øvre Flusund - gnr 27 bnr 1 mfl - Herøy kommune - Møre og Romsdal fylke

Viser til kommunens oversending 01.09.2017.

Etter formannskapsvedtak 22.08.2017 sak 124 er planforslaget lagt ut til offentlig ettersyn/høring. Planområdet gjelder landareal på Flusund.

Vår vurdering

Planområdet omfatter ikke sjø- eller sjønært areal. Tilhørende del av VA-plan viser ikke anlegg til eller i sjø.

Vi kan ikke se at planen berører anlegg /installasjoner med betydning for sjø og sjøverts ferdsel.

Vi har ikke innspill eller merknader til planforslaget som for vår del kan egengodkjennes slik det er forelagt oss.

Med hilsen

Harald Tronstad
Regiondirektør

Oddbjørn Sæther
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og uten signaturer

Eksterne kopimottakere:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal Postboks 2520 6404 MOLDE

Region Kystverket Midt-Norge

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon:	+47 07847	Internett: E-post:	www.kystverket.no post@kystverket.no
For besøksadresse se	www.kystverket.no	Bankgiro:	7694 05 06766	Org.nr.:	NO 874 783 242

Brev, sakskorrespondanse og e-post bes adressert til Kystverket, ikke til avdeling eller enkeltperson

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg
Fylkesrådmannen

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2016/461	01.09.2017	92777/2017/REGULERINGSPLAN/1515	Anders Smith-Øvland, tlf. 71 28 02 41	07.11.2017

-

Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Øvre Flusund gbnr 27/1 - fråsegn ved offentleg ettersyn - motsegn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Barn og unge
I planforslaget er det innarbeida to leikeplasser, f_LP1 og f_LP2. jf. planomtalen skal desse vere lokalisert slik at ein oppnår tilfredstillande avstand mellom bustad og leikeareal. Storleiken er oppgitt å vere 220 og 353 m2. Det kjem ikkje fram av plankartet eksakt lengde og bredde, men vi tek for gitt at leikeareala tilfredstillar minstekravet i rikspolitiske retningsliner for barn og unge.

Ved ein gjennomgang av plankart og illustrasjonar vist i planomtalen vurderer vi lokaliseringa og utforminga av leikearealet f_LP2 å ikkje vere optimal. Leikearealet ligg her som ein smal parsell langs tomt og byggs lengderetning. Av erfaring vil den korte avstanden mellom leikeareal og bygg virke på leikearealet og tidssekvensane leikearealet vil bli nytta, vil vere korte (fem minuttsleikeplass). Leikearealet f_LP1 ser ut til å ha ei betre plassering, sjølv om denne kan bli gitt ei bere utforming.

Vi har motsegn til lokaliseringa og utforminga av leikeplassen f_LP2 inntil denne har fått ei meir hensiktsmessig lokalisering og utforming. Vi rår elles til at leikeplassen f_LP1 blir vurdert gitt ei breiare utforming.

Automatisk freda kulturminne
I forbindelse med reguleringsplanen for Øvre Flusund fremja fylkeskommunen ein dispensasjonssøknad den 14.09.2017 for lokaliteten og138386 og 138388.

For lokalitet 138386 vart det fremja dispensasjon med vilkår for arkeologisk utgraving, for 138388 vart det fremja dispensasjon utan vilkår om arkeologisk utgraving. Riksantikvaren har kome til fyljande konklusjon på søknaden*:*

«Riksantikvaren skal verne om kulturminne som ikkje-fornybare ressursar, og arbeide for at kulturminneverdiane best mogleg blir tekne hand om og nyttiggjort i eit samfunn i endring. Løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne kan bli gjeve etter ei vurdering av dei kulturminnefaglege verdiane vege opp mot private omsyn, og omsyn til samfunnet. I denne saka finn vi at verneverdien til dei delane av kulturminna som vert råka av tiltak i planframlegget ikkje er så stor for nokon av dei at vi vil insistere på fortsett vern framfor ein godkjenning av plan. Den råka delen av id 138386 har ein så stor vitskapleg kjeldeverdi

at dispensasjon berre kan bli gitt på vilkår av ein arkeologisk gransking som sikrar desse verdiane for framtida. Id 138388 kan bli dispensert for utan vilkår.»

Med dette gjev Riksantikvaren samtykke til at detaljreguleringsplanen for Øvre Flusund kan godkjennast med vilkår om at det vert gjennomført ei arkeologisk utgraving av den råka delen av id 138386 før tiltak i tråd med reguleringsplanen vert realisert (viser til vedlagt kart frå Riksantikvaren) I samsvar med kulturminnelova § 10, skal den arkeologiske granskinga dekkast av tiltakshavar.

Først når reguleringsplanen er endelig vedteken, vil Riksantikvaren gjere eit vedtak om omfang av den arkeologiske granskinga, med endelige kostnadar og nærmare avgrensing av utgravingsområdet.

Vi gjer merksame på at arkeologiske utgravingar normalt berre lar seg gjennomføre i sommarhalvåret, og at tiltakshavar må ta omsyn til dette i vidare planlegging.»

Kulturminnet id 138386 er merka i plankartet som *område for føresegn* med signaturen #1. Id 138388 skal bli merka i plankartet på same måte og gis nr. #2. Følgjande tekst skal inn i fellesføresegnene/rekkjefølgjekrav i reguleringsplanen:

"Før iverksetjing av tiltak i samsvar med reguleringsplan, skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av den delen av det automatisk freda kulturminnet id 138386 som er merka som område for føresegn #1 i plankartet. Tiltakshavar skal ta kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan bli fastsett. Del av id 138388, som er merka som #2 i reguleringskartet, kan bli fjerna utan vilkår om arkeologisk gransking."

Sjå vedlagt uttale frå Riksantikvaren og kartvedlegg.

KONKLUSJON

Vi har grunna barn og unges interesser motsegn til planforslaget inntil leikeplassen f_LP2 har fått ei meir hensiktsmessig lokalisering og utforming. Vi rår elles til at leikeplassen f_LP1 blir vurdert gitt ei breiare utforming.

Motsegna er heimla i Rikspolitiske retningsliner for å styrke barn og unges interesser i planlegging (RPR), rundskriv T-2/08.

Planforslaget kan eigengodkjennast på vilkår at det vert gjennomført ei arkeologisk utgraving av den råka delen av id 138386.

Med helsing

Ottar Brage Guttelvik

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir

Fagsaksbehandlar
Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Arve Nytun, tlf. 71 28 03 25

Vedlegg:
- Svar på søknad om dispensasjon, Riksantikvaren
- Kart, Reguleringsplan Øvre Flusund

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

0810, 26.10.17 Jarle S. Jørn

PLANFORSLAG



DETALJREGULERINGSPLAN ØVRE FLUSUND 27/1

TEIKNFORKLARING

Bebyggelse og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)

- Boligbebyggelse - frittliggende småhusbebyggelse
- Lekeplass

Samferdselsanlegg og teknisk infrastrukur (PBL § 12-5. nr. 2)

- Veg
- Annen veggrunn - tekniske anlegg
- Annen veggrunn - grøntareal

Linjesymbol

- Regulert tomtegrense
- Byggegrense
- Omriss av eksisterende beb.som inngår i planen
- Regulert senterlinje
- Måle-/avstandslinje

Linjesymbol

- Plangrense

Linjesymbol

- Formålsgrense

Målestokk 1:1000 A3

SAKSBEHANDLING IFLG. PLAN- OG BYGNINGSLOVEN	SAKSNR	DATO	SIGN
Kunngjøring oppstart			
1. gangs behandling i det faste utvalget for plansaker			
Offentlig ettersyn fra til			
2. gangs behandling i det faste utvalget for plansaker			
Kommunestyrets vedtak:			

PLANEN UTARBEIDET AV:	SAKSNR	TEGNNR	SAKSBEH.
B. TARBERG AS			AZT

SAKSHANDSAMAR
Jannie Schnedler Johansen

VÅR REF.
17/01865-3

DYKKAR REF.

ARK. P - Plansaker
312 Herøy kom. - MR

INNVALSTELEFON
982 02 795

DYKKAR DATO

VÅR DATO
26.10.2017

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkeshuset, Postboks 2500
6404 MOLDE

Framlegg til detaljreguleringsplan for Øvre Flusund, gnr. 27, bnr. 1, Herøy kommune, Møre og Romsdal

Løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova § 8 fjerde ledd.

Konflikt med id 138386 og 138388: lokalitetar med spor etter busetting/aktivitet ifrå eldre steinalder til eldre jernalder

Vi viser til to brev frå dykk datert hhv. 14. september og 12. oktober 2017, der Riksantikvaren blir bede om å uttale seg om framlegg til detaljreguleringsplan for Øvre Flusund i Herøy kommune. Vi viser også til brev av 24. oktober 2017 frå Universitetsmuseet i Bergen vedlagt framlegg til budsjett og prosjektplan for gjennomføring av arkeologisk gransking (utgraving og etterarbeid).

Innanfor reguleringsområdet er det registrert deler av to lokalitetar med spor etter busetting i frå steinalder og fram til eldre jernalder, som er automatisk freda i medhald av kulturminnelova § 4 første ledd.

I samsvar med kulturminnelova § 8 fjerde ledd, skal det ved handsaming av reguleringsplanar takast stilling til om ein kan gje løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne som blir råka av planen. Riksantikvaren er rette styresmakt til å fatte avgjersle i slike saker, jf. forskrift om fagleg ansvarsfordeling mv. etter kulturminnelova § 1 nr. 1.

Skildring av kulturminna
Møre og Romsdal fylkeskommune gjennomførte i 2010 arkeologiske registreringar innanfor arealet av områdereguleringsplan for Indre Bergsøy. Det vart då påvist 24 automatisk freda lokalitetar. Dei kulturminne som det nå er søkt dispensasjon for vart regulert til vern i områdereguleringsplanen; del av id 138386 og del av id 138388.

I den omsøkte delen av id 138388 er det påvist eitt flintavslag i omrota matjord, og lokaliteten har låg verne- og kunnskapsverdi. Den omsøkte delen av lokaliteten er 465 m² stor.

I den omsøkte delen av id 138386 er det gjort funn av meir enn 50 avslag, nokre av desse er dokumentert å kome frå kulturlag, keramikk med asbestmagring, skår av kleber, kulturlag og fossile dyrkingsspor. Dyrkingsspora er daterte til overgangen yngre bronsealder/førromersk jernalder. Kulturlaget er C14-datert til førromersk jernalder. Ein mikroflekke som typologisk er datert til seinmesolitikum er funnet i kulturlaget. Den omsøkte delen av lokaliteten har ein

betydeleg vitskapeleg kjeldeverdi, slik også den delen som det vart gjeve dispensasjon for i 2014 på vilkår av ein arkeologisk gransking var vurdert å ha. Den delen som det er søkt dispensasjon for i samband med føreliggande detaljreguleringsplan omfattar ca. 6100 m^2.

Meir om planforslaget
Framlegget til detaljreguleringsplan inneber at område på Øvre Flusund, som i gjeldande områdereguleringsplan for Indre Bergsøy vart regulert til vern, no vert regulert til bustader med tilhøyrande infrastruktur. Grunneigar og framstiller av detaljreguleringsplanen er Reidar Blankholm.

Merknader frå fylkeskommunen
Møre og Romsdal fylkeskommune fremjar dispensasjonssøknad for dei råka delane av id 138386 og 138388 og rår til at det på vilkår av ein arkeologisk utgraving og gransking av id 138386 vert gjeve dispensasjon. Fylkeskommunen rår til at dispensasjon for id 138388 vert gjeve utan vilkår.

Merknader frå forvaltningsmuseum
Universitetsmuseet i Bergen er samd med fylkeskommunen sin vurdering av dispensasjonsspørsmålet og museet rår til at det vert gjeve dispensasjon på vilkår av ein arkeologisk gransking for den omsøkte delen av id 138386, og utan vilkår for den omsøkte delen av id 138388.

Riksantikvarens merknader og vurdering av saka
Riksantikvaren skal verne om kulturminne som ikkje-fornybare ressursar, og arbeide for at kulturminneverdiane best mogleg blir tekne hand om og nyttiggjort i eit samfunn i endring. Løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne kan bli gjeve etter ei vurdering av dei kulturminnefaglege verdiane vege opp mot private omsyn, og omsyn til samfunnet. I denne saka finn vi at verneverdien til dei delane av kulturminna som vert råka av tiltak i planframlegget ikkje er så stor for nokon av dei at vi vil insistere på fortsett vern framfor ein godkjenning av plan. Den råka delen av id 138386 har ein så stor vitskapleg kjeldeverdi at dispensasjon berre kan bli gitt på vilkår av ein arkeologisk gransking som sikrar desse verdiane for framtida. Id 138388 kan bli dispensert for utan vilkår.

Riksantikvaren gjev samtykke til at detaljreguleringsplanen for Øvre Flusund kan godkjennast under føresetnad av at det vert gjennomført ei arkeologisk utgraving av den råka delen av id 138386 før tiltak i tråd med reguleringsplanen vert realisert, jf. vedlagd kart datert 26. oktober 2017. I samsvar med kulturminnelova § 10, skal den arkeologiske granskinga bli dekt av tiltakshavar.

Vedtak om omfang av den arkeologiske granskinga, med endelege kostnader og avgrensing av utgravingsområdet, kan først skje etter at reguleringsplanen er endeleg vedteken. Vi gjer merksame på at arkeologiske utgravingar normalt berre lar seg gjennomføre i sommarhalvåret, og at tiltakshavar må ta omsyn til dette i vidare planlegging.

Tiltakshavar må varsle Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før han ynskjer å realisere tiltak etter reguleringsplanen. Riksantikvaren vil deretter fatte vedtak om omfanget av den arkeologiske granskinga. Dette vedtaket kan klagast på i medhald av forvaltningslova §§ 28 og 29.

I følgje framlegget til budsjett frå Universitetsmuseet i Bergen, er ei utgraving av gjeldande kulturminne, del av id 138386, lokalitet med busettingsspor frå steinalder, bronsealder og eldre

jernalder, rekna å koste inntil kr. 1 830 000,- (2017-kroner og satsar). Riksantikvaren vil sjå nærare på framlegget til budsjett og arbeidsomfang før vedtak etter kulturminnelova § 10 blir fatta.

Kulturminnet id 138386 er merka i plankartet som *område for føresegn* med signaturen #1.
Id 138388 skal bli merka i plankartet på same måte og gis nr. #2.

Følgjande tekst skal inn i fellesføresegnene/rekkjefølgjekrav i reguleringsplanen:

"Før iverksetjing av tiltak i samsvar med reguleringsplan, skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av den delen av det automatisk freda kulturminnet id 138386 som er merka som område for føresegn #1 i plankartet.

Tiltakshavar skal ta kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan bli fastsett

Del av id 138388, som er merka som #2 i reguleringskartet, kan bli fjerna utan vilkår om arkeologisk gransking."

Den arkeologiske granskinga skal dekkast av tiltakshavar, jf. kulturminnelova § 10.

Dispensasjon frå den automatiske fredinga gjennom planvedtaket byggjer på at teksten ovanfor vert teken inn i føresegnene til reguleringsplanen. Riksantikvaren ber Møre og Romsdal fylkeskommune klargjere dette i si fråsegn til Herøy kommune. Vi ber også om at Riksantikvaren si fråsegn i saka blir lagt ved den endelege fråsegna frå fylkeskommunen til kommunen.

Dersom kommunen gir melding om at teksten ovanfor *ikkje* vil bli teken inn i føresegnene til reguleringsplanen, og fylkeskommunen likevel ikkje vil fremje motsegn til planen, må de utan opphøyr varsle Riksantikvaren om dette. Riksantikvaren vil i så fall normalt fremje motsegn til planen.

Beste helsing

Isa Trøim (e.f.)
seksjonssjef

Jannie Schnedler Johansen

Brevet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Kart datert 26. oktober 2017.

Kopi til: Universitetsmuseet i Bergen - Fornminneseksjonen, Postboks 7800, 5020 BERGEN

Møre og Romsdal fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	11.01.2018	14451/2018/REGULERINGSPLAN/1515	Anders Smith-Øvland, tlf. 71 28 02 41	02.03.2018

Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Øvre Flusund, gbnr 27/1 – råd til den vidare planlegginga

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande råd til det vidare planarbeidet:

INNLEIING

Ved offentleg ettersyn fremja vi motsegn til planforslaget grunna lokalisering og utforming av leikeplassen lengst sør, f_LP2. Vi rådde og til at leikeplassen lengst nord, f_LP1, blir vurdert gitt ei breiare utforming. Jf. e-post frå Herøy kommune, datert 11. januar 2018, er lengda på leikarealet større enn arealkravet, mens bredda er akkurat på minimumsgrensa.



Planforslag til venstre og avgrensinga av nytt byggeområde sett i samanheng med gjeldande plansituasjon, til høgre.

Ettersom det ikkje er lagt inn byggegrenser inntil leikeplassen spør kommunen om innarbeiding av byggegrenser vil vere ei tilstrekkeleg løysning, eventuelt kva krav vert det stilt for at ein leikeplass skal vere egna?

Planfagleg vurdering/barn og unges interesser

Plassering og utforming av leikeareal

Ved ein gjennomgang av avstand frå leikeareal til bustader ser vi at kombinasjonen av to leikeareal vil gi ei akseptabel lokalisering, med rekkevidde innafor 50m for dei fleste bueiningane i planområdet.

Utfordringa ser derfor ikkje ut til å vere prinsippet med to leikeplasser, men sjølve utforminga av arealet som smale parsellar og konsekvensen denne utforminga har for forholdet mellom nærliggande bygg og leikeareal.

Vår vurdering er at leikearealet og då særskilt f_LP2, er for smalt. Særskilt uheldig er det at bygget i nord vil bli liggande med sørvendt fasade inn mot leikearealet. Leikearealet vil her medføre at utearealet rundt bygget og eventuelle funksjonar i 1. etasje, vil ha eit offentleg preg. Tilsvarande vil utearealet rundt bygget og eventuelle funksjonar i 1. etasje privatisere leikearealet.

Som vi nemnte ved offentleg ettersyn vil dette forholdet mellom leikeareal og bueining medføre at leikearealet vil bli nytta i korte tidssekvensar (såkalla fem minuttsleikeplass).

For leikearealet f_LP1 vil situasjonen vere noko mindre uheldig, men berre dersom bygga aust og vest for leikarealet ikkje har fasaden vendt mot leikearealet, men ein tettare vegg.

Som kommunen nemner er det ikkje fastsett byggegrense for å få tilstrekkeleg avstand mellom bygg og leikeareal. Vi vurderer ei byggegrense åleine å ikkje vere tilstrekkeleg i denne samanhengen. Heller ikkje eit eventuelt krav om tett fasade mot leikeareala.

Nedafor føreslår vi i tillegg nokre grep for å få leikeareal og bustader til å kunne fungere betre saman og skape eit godt bumiljø for barn og unge.

1. Leikareala, både f_LP1 og 2, bør gis ei større bredde enn minimumsgrensa på 10 meter. I denne samanhengen bør ein vurder å omplassere bygg og leikareal for å få bredda tilsvarande lengda (meir kvadratisk form).

2. Ein kan ta utgangspunkt i dei føreslåtte lokaliseringane av leikareala, dersom denne organiseringa gir maksimalt 50 meter avstand mellom ytterdører og leikareala.

3. Ein bør i reguleringsføresegna stille krav om at avstand mellom ytterdør og leikareal ikkje kan vere meir enn 50 meter.

4. Ein bør organisere planområdet slik at det mogleg å nå leikeareal utan å måtte krysse trafikkareal. Ein kan her vurdere å samle intern køyreveg, parkering og garasjar nær hovudvegen og bruke køyrbar gangveg internt i planområdet.

5. Illustrasjonsplanen bør i tillegg til å vise plassering bygg og intern køyreveg også innehalde plassering og omfang av trafikkareal, parkeringsplassar og garasjar.

6. Illustrasjonsplanen bør gjerast juridisk bindande gjennom reguleringsføresegna.

7. Sol og skuggeanalyse bør vere sett ovanifrå og dokumentere sol og skugge for tidspunkta kl. 0900, 1200, 1500, 1800 og 2100, for årstidene 20. mars og 22.-23.

september (vår og haustjamdøgn), samt 20.-21. juni (midtsommar) og 20.-23. desember (midtvinter). Ein kan vurdere å samanhengande tidsrom.

Ved utarbeiding av plandokumenta må ein vere klar over at utgreiingane som ligg til grunn for planforslaget i større grad er med på å binde opp i planforslaget, ikkje berre dei juridiske dokumenta. Ein kan derfor etter vår vurdering samle og synleggjere desse i planomtalen. Dette gjeld og bruken av illustrasjonsplan og at denne vert juridisk bindande

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Smith-Øvland
overarkitekt

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Noregs vassdrags- og energidirektorat

NVE

Herøy kommune (Møre og Romsdal)
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Vår dato: 09.10.2017
Vår ref.: 201700550-4
Arkiv: 323
Dykkar dato: 01.09.2017
Dykkar ref.: 2016/461

Sakshandsamar:
Toralf Otnes

Fråsegn til offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for øvre Flusund GBnr 27/1 mfl - Herøy kommune

Vi syner til brev datert 01.09.2017. Saka gjeld offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for øvre Flusund. Føremålet med planframlegget er å legge til rette for bustadbygging.

NVE sende innspel til varsel om oppstart i brev datert 09.02.2017. Vi kan ikkje sjå at dette er teke med i tiltakshavars oppsummering av innspel.

I innspelet vårt tok vi opp at planområdet låg under marin grense og vi synte til NVE sitt rettleiar 7/2014 «Sikkerhet mot kvikkleireskred» sin prosedyre i kap. 4.5 for å avklare fare for kvikkleireskred. Vi sa at dersom ein har kunnskap som tilseier at grunntilhøva er uproblematiske så må det grunngjevast konkret i ROS analysen.

ROS analysen består av ei sjekkliste der det er kryssa av for nei på spørsmål om ustabile grunntilhøve. Det er ingen kommentar eller grunngjeving der for konklusjonen.

I planskildringa kap. 6.19 finn vi nokre skildringar av kva sedimenta i «området» ofte er prega av, og at ein ikkje har registreringar eller kunnskap som peikar på at det eksisterer usikre grunntilhøve i nærområdet.

Vi meiner vurderingane i planskildringa etterlet seg tvil om ein har vurdert tilhøva i planområdet konkret, eller det er ei generell skildring av grunntilhøva for eit større areal. Fråvær av kunnskap er ikkje tilstrekkeleg for å friskmelde eit område. Vi syner difor igjen til prosedyren i rettleiar 7/2014 og rår Herøy kommune til å syte for at det vert gjennomført ei konkret vurdering av grunntilhøva og fare for kvikkleireskred i tråd med rettleiaren. Vurderingane meiner vi må inngå i ROS analysen slik at ein kan sjå kva som ligg til grunn for å krysset i sjekklista.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Toralf Otnes
senioringeniør

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor	Region Midt-Norge	Region Nord	Region Sør	Region Vest	Region Øst
Middelthunsgate 29	Vestre Rosten 81	Kongens gate 14-18	Anton Jenssensgate 7	Naustdalsvegen. 1B	Vangsveien 73
Postboks 5091, Majorstuen			Postboks 2124		Postboks 4223
0301 OSLO	7075 TILLER	8514 NARVIK	3103 TØNSBERG	6800 FØRDE	2307 HAMAR

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Flusund 11.10.2017

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN
Saksbeh.
2016/461
12 OKT. 2017
Ark.kode.P
Dok.nr
Kassasjon

INNSPEL TIL DETALJEREGULERING
ØVRE FLUSUND GNR. 27 BNR. 1

I utgangspunket er vi ikkje interessert i å ha verken ein leikeplass eller eit bolighus heilt inn i fronten på huset vårt gnr 27 bnr 93 i Øvre Flusund 11.

Begrunnelse for dette er att vi har fått kyrkjegården(med ein nesten 2 m høg mur) ca 10 meter frå ytterdøra på huset vårt på Nordsida og ønsker derfor ikkje å få eit hus og ein leikeplass rett framfor oss på Sørsida av huset.

Området på Sørsida av huset vårt er verna pr.dd, og om dette området blir frigitt på noke vis, og planane for utbygging kjem i gong så vil vi stille nokre krav som nærmaste nabo.

For det første vil vi opplyse att tomta vår gnr 27 bnr 93 vart mindre ein det som blei lova av grunneigar i 1995, då vi delte ifrå stykket. Dette førte til att vi måtte flytte huset så langt Sør på tomta som mulig, for å få plass til garasje og parkering på Nordsida av huset.

Dette skulle i utgangspunktet ikkje vere noko problem, sidan det ikkje var nokon vidare planar på å selgje fleire tomter Sør for oss, og med den lovnaden frå grunneigar Reidar Blankholm (27/1) om det vart for lite plass, så kunne vi ordne det i etterkant.

Eg har tilbudt meg å kjøpe meir grunn med Reidar Blankholm framfor huset vårt mot(Sør) dette som tilleggsareal til vår tomt, noko som blei avvist av Reidar Blankholm.

Sidan huset vårt ligg veldig lavt på tomta vår, og med vindu på heile fasada, så vil vi legge fram nokre krav/ ønsker.
På tomta Sør for 27/93 ønsker vi å stille krav om att det blir oppført ein einebustad på ei flate, med lavtbyggjande takkonstruksjon.
Gesimshøgda på maks 3 meter og mønehøgd på maks 6 meter.
Når det er snakk om høgder så meiner vi utifrå dagens høgdekote på tomta.
Vi forventar då att tomta blir gravd rein og fylt opp til opprinneleg høgdekote.

Når det gjeld leikeplassen (LP1) på krev vi den må være beplanta med høg tett vintergrønn hekk på min 150 cm mot Nord og Vest av (LP1).
det er heller ikkje ønske om ballbinge eller andre apparat som lagar for mykje støy.

Mvh Roy Nerland og Lena Skorpen mob 97010450/90945608
Øvre Flusund 11 6091 Fosnavåg

Statens vegvesen

Møre og Romsdal fylkeskommune

Herøy kommune i Møre og Romsdal
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Behandlande eining:	Sakshandsamar/telefon:	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
Region midt	Hallvard Sæverud / 93260501	17/12872-6	2016/461	19.09.2017

Herøy kommune - Gnr. 27 bnr. 1 m.fl for øvre Flusund - Detaljreguleringsplan - Offentleg ettersyn - Uttale

Viser til brev av 1.9.2017 frå Herøy kommune.

Statens vegvesen har ingen merknad til planframlegget.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Lisbeth Smørholm
seksjonssjef

Hallvard Sæverud

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]
Sendt: 16.10.2017 09:02:28
Til: Lisbeth Moltu Espeseth
Tittel: Planforslag/regulerings plan for øvre Flusund gnr 27/1

Fra: Steffen Nærø [mailto:steffennaero@gmail.com]
Sendt: 15. oktober 2017 18:37
Til: postmottak
Emne: Planforslag/regulerings plan for øvre flusund GNR 27, Bnr 1

Hei!

Jeg bor på gnr.27, bnr 1 tett inntil jordet som Reidar Blaukolm skal regulere til boliger.

Jeg har store problemer med vann som renner ned mot min bolig fra dette jordet.
For noen år siden var der arkeologiske utgravinger, og det såg ut som dei gamle holveitene vart ødelagde. Det er heller ikke så mange år siden kloakken som gikk rett i holveitene vart lagd i rør som gikk ut mot Flusund.
Håper det blir tatt hensyn til dette og at det blir lagt drensrør så jeg slipper problem med store vannmengder mot min bolig.

PS: Min mor Sylvia Nærø(Gnr 27,bnr 104) har også tatt opp vannproblemet over tlf med Erlend Sporstøl Vikestrand, ho har bolig tett inn til min bolig.

Mvh Steffen Nærø

Virusfri. www.avast.com

02.02.2017

B. Tarberg AS
v/ Aleksander Zahl Tarberg
Tarbergvegen 3
6076 Moltustranda

Vedr. detaljregulering for øvre Flusund gnr. 27 bnr. 1 i Herøy.

Vi viser til mottatt varsel om oppstart av privat planarbeid datert 24.01.17 (ref. 2016-48).

Gnr. 28 bnr. 4 i Herøy blir sterkt berørt av dette. Vi ber om at det i planleggingen blir tatt hensyn til våre planlagte tomter merket 1, 2 og 3 på vedlagte kart, dvs. slik at muligheten for hus her ikke blir ødelagt.

Vi har overfor Herøy kommune satt krav om at veiten som i dag renn over vår eiendom, skal legges i rør og ikke ligge åpen. Vi gjentar her dette kravet.

Med hilsen

Anne-Marie Emdal
Hjemmelshaver 28/4 ideell ¼

Nils-Ottar Reite
Hjemmelshaver 28/4 ideell ¼

Vedlegg:
1) Kart som viser tomt 1, 2 og 3.
2) Kart over arealet i 2008.
3) Kart dagens reguleringsplan.

Noregs vassdrags- og energidirektorat

B. Tarberg AS
Tarbergvegen 3
6076 MOLTUSTRANDA

Vår dato: 09.02.2017
Vår ref.: 201700550-2
Arkiv: 323
Dykkar dato: 24.01.2017
Dykkar ref.: 2016-48

Sakshandsamar:
Terje Systad

Innspel til planarbeid - Detaljreguleringsplan for øvre Flusund - GBnr 27/1 i Herøy kommune

Vi syner til Dykkar brev dagsett 24.1.2017. Saka gjeld oppstart av reguleringsplan for øvre Flusund. Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for bustader.

I NGU sitt lausmassekart ligg planområdet under marin grense. Ein kan ikkje sjå vekk frå at det finst ustabile avsetjingar som til døme leire i grunnen. For ei nærare avklaring av grunnforholda syner vi til NVE sin kvikkleirerettleiar 7/2014 «Sikkerheit mot kvikkleireskred» kapittel 4.5 «prosedyre for utgreiing av aktsemdsområde og faresoner». Dersom ein har kunnskap som tilseier at grunnforholda er uproblematiske må dette grunngjevast konkret i ROS-analysen.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Terje Systad
overingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

ROS- ANALYSE FOR REGULERINGSPLAN

«Detaljreguleringsplan for øvre Flusund gnr. 27 bnr. 1» (PLAN-ID: 201701)

1. Bakgrunn

Ved utarbeiding av planar for utbygging stiller plan- og bygningslova krav til at det skal vere utarbeidd ROS-analyse for planområdet. (§4-3 Samfunnssikkerhet og risiko- og sårbarheitsanalyse.) Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har relevans for utbyggingsplanane og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Målet er at forhold som kan medføre alvorleg skade på menneskjer, miljø eller samfunnsfunksjonar skal klargjerast i plansaka og ligge til grunn for vedtak av planen.

2. Metode

Metoden i denne analysen er basert på rettleiar «Samfunnssikkerhet i arealplanleggingen.» (Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, 2010.) Skjematisk kan arbeidet og metoden framstillast slik:



Gjennom dette arbeidet med ROS-analysen er det nytta fleire kjelder for innhenting av faktaopplysningar. Analysen byggjer soleis på eksisterande kunnskap frå ulike databaser, synfaringar i felt og lokal kunnskap om området.

Problemstillinger		Vurdering		
		Ja	Nei	Kommentar
Naturgitte farer				
Skred	Er planområdet utsett for snø-, is-, jord-, steinskred eller fjellskred (se Skrednett)?		x	
	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold, dårlig byggegrunn), eks. kvikkleire (se NGU, kart og data)?		x	Sjå eige vurdering i vedlagt notat ihht til tryggleiksnivå og sikkerheitsklasse i TEK.
	Har det tidligere gått skred i eller nær området, eks er det identifisert skredvifter i området?		x	
	Planlegges det tiltak nærmere bratt /masseførende bekk enn 20 meter?		x	
Flom	Er planområdet utsett for flom eller flomskred, også når en tar hensyn til økt nedbør som følge klimaendringer (se NVE Atlas)?		x	
	Problemer med overflatevann, avløpssystem, lukkede bekker, oversvømmelse i kjellere osv?		x	
Stormflo	Er området utsatt for stormflo, også når en tar hensyn til havnivåstigning som følge av klimaendringer?		x	
	Er området utsatt for bølgepåvirkning eller oppstuving av flomvann (elveutløp) i kombinasjon med stormflo?		x	
Vind og nedbør	Er området spesielt utsatt for sterk vind eller store nedbørsmengder eks. snø?		x	
Skog – og lyngbrann	Er området utsatt for tørke eller spesiell brannrisiko som følge av toglinje, veier, lynnedslag mm?		x	
Radon	Har kommunen rutiner for oppfølging av kravene om radonsperre i Tek10?		x	

Kritisk infrastruktur /samfunnsfunksjoner				
Samferdsel /transport	Vil uønskede hendelser på nærliggende transportnett, utgjøre en risiko for planområdet?		**x**	
	- Vei, bru, tunnel?		**x**	
	- Sjø, vann, elv, havneanlegg?		**x**	
	- Jernbane?		**x**	
	- Flyplass?		**x**	
	Kan området bli isolert som følge av blokkert transportnett, eks som følge av naturhendelser?		**x**	
	Er det transport av farlig gods i området?		**x**	
	Er det kjente ulykkespunkter på transportnettet i området?		**x**	
	Er det spesielle farer forbundet med bruk av transportnettet for gående, syklende og kjørende innen området?		**x**	
	- Til skole og barnehage?		**x**	
	- Til nærmiljøanlegg, idrettsanlegg mv.?		**x**	
	- Til butikker og service?		**x**	
	- Til busstopp?		**x**	
Vann-forsyning	Ligger tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevann eller drikkevannskilde?		**x**	
	Vil planlagt tiltak /virksomhet kunne medføre behov for å styrke /sikre vannforsyningen i området?		**x**	
	Er planlagte tiltak / virksomhet spesielt sårbar for svikt i vannforsyningen?		**x**	
Avløp	Vil planlagt tiltak /virksomhet kunne medføre behov for å styrke avløpsnettet i området, eks overflatevann og tette flater?		**x**	
	Er utslipp, avfallshåndtering, spillvann, renovasjon osv. ei problemstilling?		**x**	
Kraftforsyning	Er planlagte tiltak /virksomhet spesielt sårbar for svikt i kraftforsyningen?		**x**	
	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningssikkerheten i området?		**x**	
	Er området påvirket av magnetfelt fra høyspentlinjer?		**x**	
Ekom	Er planlagte tiltak /virksomhet spesielt sårbar for svikt i ekom (telefon og internett)?		**x**	
	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningssikkerheten i området?		**x**	

Virksomheter som representerer spesiell fare				
	Medfører planen etablering av virksomhet (produksjon, lagring eller transport av farlige stoffer) som innebærer spesiell risiko?		x	
	Vil uønskede hendelser hos risikovirksomheter utenfor planområdet (industriforetak, lager eller tankanlegg) utgjøre en risiko for planen?		x	
	Fare for utslipp av farlige stoffer, kjemikalier, gasser eller væsker?		x	
	Fare for brann og eksplosjon?		x	
	Faller virksomheten innenfor storulykkesforskriften?		x	
	Ligger planområdet innenfor en dambruddssone?		x	
	Berøres planområdet av militært eller sivilt skytefelt?		x	
Virksomheter med kritiske samfunnsfunksjoner				
	Medfører planen etablering av samfunnsviktig virksomhet (helse- og omsorgsinstitusjon, skole, barnehage osv.) som er spesielt sårbar for bortfall av kritisk infrastruktur (samferdsel, vann og avløp, kraftforsyning, ekom mm)?		x	
	Er planlagt virksomhet sårbar for andre forhold?		x	
Farlige omgivelser				
	Er det regulerte vannmagasin med spesiell fare for usikker is i nærheten?		x	
	Er det terrengformasjoner som utgjør spesiell fare (stup etc.)?		x	
	Annet (spesifiser)?		x	
Er området påvirket eller forurenset som følge av tidligere bruk				
	Er området påvirket av tidligere virksomhet, eks forurenset grunn /sjøbunn /sediment?		x	
	Industrivirksomhet som for eks. avfallsdeponering?		x	
	Gruver: åpne sjakter, steintipper etc.?		x	
	Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringer etc.?		x	
	Annet (spesifiser)?		x	
Ulovlig virksomhet				
	Er tiltaket i seg selv et sabotasje-/terrormål?		x	
	Finnes det potensielle sabotasje-/terrormål i nærheten?		x	
Brann- og ulykkesberedskap				
	Har området tilstrekkelig slukkevannforsyning (mengde og trykk)?		x	
	Utrykningstid, spesielle brannobjekt i området?		x	
	Har området tilstrekkelig adkomst for utrykningskjøretøy?	x		

Sjekklista er gjennomgått 22.03.2017 Sign.: Aleksander Zahl Tarberg

NOTAT

Vurdering vedk. Marine Strandavsetningar i planområdet – Øvre Flusund

Bakgrunn for vurdering

Undersøkinga er gjort i samband med detaljreguleringsplan for øvre Flusund og omregulering av området frå vern til bustadføremål.
Det er planlagt totalt 11 nye tomter, leikeplass og veg på areal som i dag ligg omkransa av eksisterande bebyggelse.

Retningslinjer for arbeidet

Det er gjort ei undersøking basert på NVE`s retningslinjer for flaum og skredfare i arealplanar og teknisk forskrift (TEK) kap 7. Med bakgrunn i dett er det gjennomført ei enkel vurdering av planområdet for å kartlegge potensielle risikoforhold knytt til framtidige skred og flaumhendingar. Vurderinga har ei førebyggande målsetting.

Metode

Det er tidlegare i samband med planarbeidet gjort synfaringar i området og planområdet er visuelt vurdert av entreprenør B. Tarberg AS, som også har god kjennskap til grunnforholda og lausmassane sine eigenskapar i området basert på tidlegare grunnarbeid med utviding av Flusund gravplass som er naboareala til planområdet. Her har det tidlegare vore gjennomført ein del masseutsikifting for nye kistefelt.
Sedimenta som her var avdekt viste ikkje teikn til ustabile grunnforhold.

Generelle grunnforhold i planområdet



Kartutsnitt frå NGU som viser Marin strandavsetning i området.



Kartutsnitt frå NGU som viser lokalisering av marin grense for området

Kartutsnitt frå NGU viser at planområdet ligg innanfor marin grense og at det i planområdet både er lausmassetyper som marine strandavsetningar og avsetningsmorene.

Nytt byggjeområde

Området ligg planlagt med nye bustadtomter i eit svakt skråande terreng frå nord mot sør. Høgdekote lengst nord i planområdet ligg på cote + 13.0 m.o.h og lågaste cote + 4.0 m.o.h. Planområdet har ikkje bekkar eller elvar som utgjer noko flaumfare. Planområdet ligg også såpass høgt over havet at det ikkje er risiko ihht til havnivåstigning eller bølgjepåverknad.

Bilete frå planområdet viser at areala har tidlegare vore overflatedyrka.
Det er her ikkje observert teikn til at det skal vere særskilt risiko knytt til ustabil byggjegrunnen i dette området. Desse opplysningane kan stadfestast ved dei som bur i området og at det i seinare tid er gjort byggjearbeid her. Samtalar med tiltakshavar (som er busett i planområdet og har drive skjøtsel av arealet) har heller ikkje gitt opplysningar om at det skal vere særskilt risiko knytt til bruk av dei marine avsetningane som byggjegrunn.

Grunnforhold i planområdet

Sedimenta her er godt kjende ut frå graving og masseutskifting av areal for kyrkjegarden i tilgrensande areal, tillegg har det vore gjennomført bygging av hus i nærleiken av området. Eit tjukt humuslag på toppen (dyrkningslag), påfølgjande tynt lag med sand, vidare eit kraftig lag med aur, sandstein som er sementert med Fe-holdige mineral og under dette et lag med blanda sedimenter frå tidlegare avsetningar. Dette gir god stabilitet i grunnen. Det er enkelte stader i området påvist grunt vegetasjonsdekke ned på fjell og stadvis grunnfjell i dagen.

Oppsummering av registrerte forhold

Planforslaget som er utarbeidd har teke omsyn til dei fareområda som er avdekka i planområdet og arealbruk er tilpassa lokale tilhøve. Alle områdene som er avsatt til fremtidig bygging er rekna for å vere vere i tråd med generelle krav og retningslinjer NVE`s retningslinjer for flaum og skredfare i arealplanar 7/2014 – kap 4.5.

Ut frå ei fagleg vurdering har prosjektet ein akseptabel risiko. Nominelle sannsynlighet for flom – og erosjonsfare(farenivået) mot byggverk og tilhørende uteareal, vurderes til å være under grenseverdien 1/200 pr år, slik at sikkerheten for planområdet tilfredsstiller klasse S2 TEK 10 § 7-2 for skred og flomfare.

Aleksander Zahl Tarberg,
19.06.2018.

Fra: Aleksander Tarberg[aleksander@btarberg.no]
Sendt: 17.09.2018 12:13:26
Til: Erlend Sporstøl Vikestrand
Kopi: re-blank@tussa.com; Ole Magne Rotevatn; Jarl Martin Møller
Tittel: Fwd: Øvre Flusund grunnforhold

Hei Erlend.

Her kjem vurdering av grunnforholda i planområdet øvre Flusund,utført av geolog.

Ber om at du sender vidare dette til NVE og får ei avklaring slik reguleringsplanen kan godkjennast.

Med helsing

Aleksander Zahl Tarberg
B. Tarberg AS
+ 46674461
www.btarberg.no

Videresendt melding:

> **Fra:** post@breiteig-fjordsenter.no
> **Dato:** 17. september 2018 kl. 12:07:16 CEST
> **Til:** "Aleksander Tarberg" <aleksander@btarberg.no>
> **Emne: Re: Øvre Flusund grunnforhold**
>
> Hei,
>
> Sender over notat med vurdring av planarealet gbnr 27/1 I Herøy kommune.
>
> Bekreft mottak.
>
> Ta kontakt dersom noke er uklart.
>
> mvh
> Arnbe Sandnes
> geolog
> Breiteig Fjordsenter

Breiteig Fjordsenter
Adresse: Breiteig, 6141 Rovde
Telefon: 908 51 729
E-post: post@breiteig-fjordsenter.no
Orgnr: 991704892 mva

Breiteig Fjordsenter
Kobbsteinveien 49
7206 Hellandsjøen

17.09.2018

Vurdering av grunn ved gbnr 27/1, Øvre Flusund i Herøy kommune

Breiteig Fjordsenter har gjort en vurdering basert på tilsendt materiale, diverse kart og satellittdata, bilder fra planarealer og i tillegg innhentet informasjon fra grunneier ved gbnr 27/1 i Herøy kommune, Reidar Blankholm.

Ut fra løsmassekart og kart med marin grense, er det påkrevd med vurdering av sannsynlighet for tilstedeværelse av marin leire i områder der det planlegges bebyggelse.

Det eksisterer god lokal kunnskap om grunnforhold i området, da det aktuelle planarealet ligger i et område med kunnskap om grunnforhold for omkringliggende bebyggelse. Planarealet har i tillegg en årrekke vært drevet som landbrukseiendom med tilhørende kultivering av grunnen.

Grunneier bekrefter at alle tomter i nærområdet, bygget på denne eiendommen - et par av dem i planarealet og noen tilgrensende planarealet, er forankret til fast fjell.

Grunneier kan videre bekrefte at det ikke er observert forekomst av leire i eller nær planarealet. Det ligger hovedsakelig et tynt humuslag over det meste av planarealet, se vedlagte bilder, figur 3,4 og 5. Så grunt at en ved tidligere kultiveringer, da arealet var benyttet til landbruksformål, måtte sprenge ut grøfter i underliggende fjell for å få til et brukbart dreneringssystem.

All fremtidig bebyggelse i planarealet vil forankres til fast fjell.

Nominelle sannsynlighet for en hendelse forårsaket av egenskaper av marine strandavsetninger - vurderes til å være under grenseverdien 1/1000 pr år, slik at planområdet tilfredsstiller klasse S2 i TEK 17 § 7-3.

Fra et geofaglig ståsted kan området anbefales for tiltenkte framtidige formål.

Breiteig Fjordsenter 11.09.2018

Arne Sandnes

Geolog/cand. Scient
Breiteig Fjordsenter

Sidemannskontroll 15.09.2018

Runar Sandnes (cand.mag.)

Breiteig Fjordsenter
Adresse: Breiteig, 6141 Rovde
Telefon: 908 51 729
E-post: post@breiteig-fjordsenter.no
Orgnr: 991704892 mva



Figur 1 Planskisse detaljreguleringsplan Øvre Flusund 27/1

Figur 2 Ortofoto med planarealet markert med mørk stiplet linje.

Figur 3 Fjell i dagen innenfor planarealet i nord

Figur 4 Tynt humuslag på fjell er dominerende i planarealet. Humuslaget varer fra få cm til en halv meter. Noe tykkere humuslag mot sørlige del av arealet, hvor det også ble tatt ut torv i gammel tid.

Figur 5 Eksempel på fjell i dagen i planarealet.

Noregs vassdrags- og energidirektorat

NVE

Herøy kommune (Møre og Romsdal)
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Vår dato: 20.08.2018
Vår ref.: 201700550-6
Arkiv: 323
Dykkar dato: 30.07.2018
Dykkar ref.: 2016/461

Sakshandsamar:
Toralf Otnes
22959527/toot@nve.no

NVE si fråsegn til førespurnad om ny vurdering av ROS - Detaljreguleringsplan for Øvre Flusund - Herøy kommune

Vi syner til brev datert 30.07.2018. Herøy kommune ber NVE vurdere om nytt framlegg til ROS analyse svarar ut NVE sine innspel til i høve varsel om oppstart av detaljreguleringsplan for Øvre Flusund.

I vår fråsegn til offentleg ettersyn av reguleringsplanen sa vi at vurderingane knytt til grunntilhøva etterlet seg tvil om ein har vurdert tilhøva i planområdet konkret, eller om det var ei generell skildring av grunntilhøva. Vi synte til vårt innspel i samband med oppstart av planarbeidet, og til rettleiar 7/2014 «Sikkerhet mot kvikkleireskred». I fråsegna rådde vi Herøy kommune til å syte for ei konkret vurdering av grunntilhøva, og fare for kvikkleireskred i tråd med rettleiaren.

For at det skal kunne gå områdeskred av kvikkleire må to føresetnader samtidig vere på plass. Det må vere kvikkleire i grunnen, og terrengtilhøva må vere slik at områdeskred kan lausne. I mange tilfelle kan personell som ikkje er fagkyndige friskmelde areal ved hjelp av dei første punkta i prosedyre i kap. 4.5 i rettleiaren. Pkt. 2 - 4 gjeld spørsmålet om det kan vere kvikkleire i grunnen, og pkt. 5 gjeld vurdering av terrengtilhøva. Dersom det ikkje er kvikkleire i grunnen er det heller ikkje naudsynt å vurdere terrengtilhøva med tanke på fare for områdeskred.

I ROS analysen har den som har utført vurderinga basert konklusjonen på at det ikkje er kvikkleire i grunnen. Vurdering av terrengtilhøva i samsvar med pkt. 5 er ikkje gjort.

Det er nokre moment som tilseier at ein bør overlate til ein fagkyndig å konkludere på om det kan vere kvikkleire i planområdet:

- NGU sitt lausmassekart syner førekomstar av marine avsetningar. NGU har og utarbeidd eit temakart som syner at det er stor mogelegheit for samanhengande førekomstar av marin leire.
- Konklusjonen til den som har utført vurderinga bygger ikkje på konkrete grunnundersøkingar i planområdet, men på graving, masseutskifting og bygging i nærleiken. Det går heller ikkje fram om tiltaka i nærliggande område har omfatta heile profilet til fjell. Kvikkleire kan førekome under lag med fastare massar.

Herøy kommune må sjølv, ut frå lokal kunnskap, vurdere om kommunen finn vurderinga tilstrekkeleg.

Med helsing

Svein Arne Vågane
fung. regionsjef

Toralf Otnes
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Møre og Romsdal fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	11.01.2018	14451/2018/REGULERINGSPLAN/1515	Anders Smith-Øvland, tlf. 71 28 02 41	02.03.2018

Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Øvre Flusund, gbnr 27/1 – råd til den vidare planlegginga

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande råd til det vidare planarbeidet:

INNLEIING

Ved offentleg ettersyn fremja vi motsegn til planforslaget grunna lokalisering og utforming av leikeplassen lengst sør, f_LP2. Vi rådde og til at leikeplassen lengst nord, f_LP1, blir vurdert gitt ei breiare utforming. Jf. e-post frå Herøy kommune, datert 11. januar 2018, er lengda på leikarealet større enn arealkravet, mens bredda er akkurat på minimumsgrensa.



Planforslag til venstre og avgrensinga av nytt byggeområde sett i samanheng med gjeldande plansituasjon, til høgre.

Ettersom det ikkje er lagt inn byggegrenser inntil leikeplassen spør kommunen om innarbeiding av byggegrenser vil vere ei tilstrekkeleg løysning, eventuelt kva krav vert det stilt for at ein leikeplass skal vere egna?

Planfagleg vurdering/barn og unges interesser

Plassering og utforming av leikeareal

Ved ein gjennomgang av avstand frå leikeareal til bustader ser vi at kombinasjonen av to leikeareal vil gi ei akseptabel lokalisering, med rekkevidde innafor 50m for dei fleste bueiningane i planområdet.

Utfordringa ser derfor ikkje ut til å vere prinsippet med to leikeplasser, men sjølve utforminga av arealet som smale parsellar og konsekvensen denne utforminga har for forholdet mellom nærliggande bygg og leikeareal.

Vår vurdering er at leikearealet og då særskilt f_LP2, er for smalt. Særskilt uheldig er det at bygget i nord vil bli liggande med sørvendt fasade inn mot leikearealet. Leikearealet vil her medføre at utearealet rundt bygget og eventuelle funksjonar i 1. etasje, vil ha eit offentleg preg. Tilsvarande vil utearealet rundt bygget og eventuelle funksjonar i 1. etasje privatisere leikearealet.

Som vi nemnte ved offentleg ettersyn vil dette forholdet mellom leikeareal og bueining medføre at leikearealet vil bli nytta i korte tidssekvensar (såkalla fem minuttsleikeplass).

For leikearealet f_LP1 vil situasjonen vere noko mindre uheldig, men berre dersom bygga aust og vest for leikarealet ikkje har fasaden vendt mot leikearealet, men ein tettare vegg.

Som kommunen nemner er det ikkje fastsett byggegrense for å få tilstrekkeleg avstand mellom bygg og leikeareal. Vi vurderer ei byggegrense åleine å ikkje vere tilstrekkeleg i denne samanhengen. Heller ikkje eit eventuelt krav om tett fasade mot leikeareala.

Nedafor føreslår vi i tillegg nokre grep for å få leikeareal og bustader til å kunne fungere betre saman og skape eit godt bumiljø for barn og unge.

1. Leikareala, både f_LP1 og 2, bør gis ei større bredde enn minimumsgrensa på 10 meter. I denne samanhengen bør ein vurder å omplassere bygg og leikareal for å få bredda tilsvarande lengda (meir kvadratisk form).

2. Ein kan ta utgangspunkt i dei føreslåtte lokaliseringane av leikareala, dersom denne organiseringa gir maksimalt 50 meter avstand mellom ytterdører og leikareala.

3. Ein bør i reguleringsføresegna stille krav om at avstand mellom ytterdør og leikareal ikkje kan vere meir enn 50 meter.

4. Ein bør organisere planområdet slik at det mogleg å nå leikeareal utan å måtte krysse trafikkareal. Ein kan her vurdere å samle intern køyreveg, parkering og garasjar nær hovudvegen og bruke køyrbar gangveg internt i planområdet.

5. Illustrasjonsplanen bør i tillegg til å vise plassering bygg og intern køyreveg også innehalde plassering og omfang av trafikkareal, parkeringsplassar og garasjar.

6. Illustrasjonsplanen bør gjerast juridisk bindande gjennom reguleringsføresegna.

7. Sol og skuggeanalyse bør vere sett ovanifrå og dokumentere sol og skugge for tidspunkta kl. 0900, 1200, 1500, 1800 og 2100, for årstidene 20. mars og 22.-23.

september (vår og haustjamdøgn), samt 20.-21. juni (midtsommar) og 20.-23. desember (midtvinter). Ein kan vurdere å samanhengande tidsrom.

Ved utarbeiding av plandokumenta må ein vere klar over at utgreiingane som ligg til grunn for planforslaget i større grad er med på å binde opp i planforslaget, ikkje berre dei juridiske dokumenta. Ein kan derfor etter vår vurdering samle og synleggjere desse i planomtalen. Dette gjeld og bruken av illustrasjonsplan og at denne vert juridisk bindande

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Smith-Øvland
overarkitekt

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2016/461	23.04.2018	53754/2018/REGULERINGSPLAN/1515	Mari Anne Bjørkmann, 71 28 02 40	25.04.2018

-

Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Øvre Flusund gbnr 27/1 - revidert plankart – avgrensa høyring

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Barn og unge
Vi viser til revidert «plankart», der lokalisering av leikeplassen er endra. Leikeplassane er no slått saman og slik sett blitt eit større område som kan bli eit godt leke- og rekreasjonsområde for fleire og vi kan trekke vår motsegn på bakgrunn av dette.

På «plankartet» som er sendt til oss er det midlertidig ikkje vist kva tidlegare LP1 og LP2 skal brukast til. Det er heller ikkje ei illustrasjonsplan som viser plassering av bygg, intern køyreveg, samt plassering og omfang av parkeringsplassar og garasjar. Det ser ut til at dei fleste må krysse trafikkareal for å komme til leikearealet. Men vi legg vidare til grunn at kommunen her ivareteke barn og unges interesser på ei god måte før eigengodkjenning av plana, samt sikrar ei god og trygg utforming av leikearealet.

Møre og Romsdal fylkeskommune sett følgande vilkår før eigengodkjenning:
- Ein må oppdatere planomtale i tråd med eit oppdatert plankart.
- Ein må leggje inn ei føresegn om høgde på bustader i sør slik at ein sikrar sol og elles gode forhold på leikearealet.

KONKLUSJON
Vi viser til merknader ovanfor og trekker vårt motsegn da leikeplassen nå har fått ei meir hensiktsmessig lokalisering.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Mari Anne Bjørkmann
rådgiver

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	TORGER	Arkivsaknr:	2017/473
		Arkiv:	P90

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
63/18	Maritim og teknisk komite	15.10.2018
181/18	Formannskapet	16.10.2018
126/18	Kommunestyret	25.10.2018

INTENSJON OM Å OVETA EIGARSKAP AV BØVÅGEN-, KOPPERSTAD-, RUNDE-, SANDEBUKTA- OG SKORPA FISKERIHAMN

Møtebehandling:

Møtebehandling MTK vart lagt fram i møte.
Stig Arne Helsem Sævik reiste habilitetsspørsmål.
Han er leiar i Herøy Fiskarlag som har kome med innspel i saka.
Han går frå under handsaming av habilitet. Han vart samrøystes kjend inhabil,
Jfr. KL § 40, FVL § 6, 2. ledd.

Tilråding i Formannskapet - 16.10.2018

Herøy kommunestyre melder interesse om å overta desse statlege fiskerihamnene til takst: Bøvågen-, Kopperstad-, Runde-, Sandebukta- og Skorpa fiskerihamn.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Maritim og teknisk komite - 15.10.2018

Herøy kommunestyre melder interesse om å overta desse statlege fiskerihamnene til takst: Bøvågen-, Kopperstad-, Runde-, Sandebukta- og Skorpa fiskerihamn.

Tilråding:

Herøy kommunestyre melder interesse om å overta desse statlege fiskerihamnene til takst: Bøvågen-, Kopperstad-, Runde-, Sandebukta- og Skorpa fiskerihamn.

Særutskrift:

Kystverket

Vedlegg:

1. Fiskeridirektoratet - Tilbakemelding på avhendingsvurderingar - 23.08.2018
2. K-sak 15.18 - Høyring om avhending av statlege fiskerihamner i kommunen - 16.02.2018
3. Kystverket - Avhendingsbrev (likelydandes brev er sendt for alle dei berørte hamnene) - 08.08.2018
4. Kystverket - Rapport med vurdering av de statlige fiskerihavnene i kommunen - 29.11.2017
5. Verditakst - Bøvågen fiskerihamn i Herøy kommune
6. Verditakst - Kopperstad fiskerihamn i Herøy kommune
7. Verditakst - Runde fiskerihamn i Herøy kommune
8. Verditakst - Sandebukta fiskerihamn i Herøy kommune
9. Verditakst - Skorpa fiskerihamn i Herøy kommune

Samandrag av saka:

Kystverket har i oppdrag å avhende Bøvågen-, Kopperstad-, Runde-, Sandebukta- og Skorpa fiskerihamn, som vert vurdert som statlege ikkje næringsaktiv fiskerihamner i Herøy kommune. Kommune har av Kystverket fått tilbod om å overta eigarskap av desse hamnene til takst.

Frist for å melde interesse er sett til den 26.10.2018.

Saksopplysningar:

Kystverket har fått i oppdrag frå stortinget å avhende statlege fiskerihamner som ikkje lenger er næringsaktive.

Av dei 11 statlege fiskerihamnene i Herøy kommune vert Bøvågen-, Kopperstad-, Runde-, Sandebukta- og Skorpa fiskerihamn vurdert som ikkje næringsaktive av Kystverket.

Bøvågen var ikkje vurdert av Kystverket som avhendingsobjekt i rapporten som kommunen fekk til høyring den 29.11.2017, men er tatt med som avhendingsobjekt i den endelege konklusjonen.

Tilbakemeldingar frå Herøy kommune på høyring om avhending av statlege fiskerihamner i kommunen vedtatt i K-sak 15/18, vart ikkje vektlagt av Kystverket. Dei valde i staden å basere si avgjersle på vurderingar gjort av Fiskeridirektoratet.

<u>Fiskeridirektoratet sine vurderingar</u>
Fiskeridirektoratet sine vurderingar er basert på om fiskerihamnene kan sjåast på som næringsaktive eller ikkje næringsaktive/marginalt næringsaktive for fiskeri- og havbruksnæringa. Hamner som vert vurdert som marginalt næringsaktive kan avhendast med vilkår.

Ulike innspel, ynskjer eller påstandar som ikkje gjeld næringsaktivitet per i dag, eller potensiale for næringsaktivitet i nær framtid, har ikkje påverka deira sine vurderingar.

Vurderingane er understøtt av faktagrunnlag, blant anna frå deira registre over fiskeriregistrerte fartøy og manntalsførte fiskarar, uttale frå lokale fiskarlag, kontakt med enkeltfiskarar og havbruksnæringa, og synfaringar av fiskerihamner i kommunen.

Fiskeridirektoratet har innhenta uttale frå Herøy Fiskarlag. Dei hadde ikkje motførestilling til Kystverket sin konklusjon om avhending av fiskerihamner, med unntak av Sandebukta. Dette vart i hovudsak grunngjeve med at det er åtte fiskarar som bor i nærområdet til denne hamna, og at desse vil kunne bruke hamna dersom den vert utbetra og moloen forlenga med 30-40 meter.

Kva vurderingar Fiskeridirektoratet har gjort av dei einskilde hamnene og kva moment dei har lagt til grunn for vurderinga ligg som vedlegg til saka.

Tilbod om overtaking av hamner til takst
I brev frå Kystverket, utsendt den 08.08.2018, får statlege institusjonar tilbod om å overta hamnene vederlagsfritt. Om ingen statlege institusjonar ynskjer å overta fiskerihamnene, vert Herøy kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune tilbode å overta eigarskap av hamnene til takst.

Fristen for å melde interesse var satt til den 21.09.2018. På førespurnad frå kommunen vart fristen for kommunen forlenga til den 26.10.2018.

Om ikkje statlege, kommunale eller fylkeskommunale institusjonar ynskjer å overta hamnene, får foreiningar med allmennyttig formål tilbod om overtaking til takst før dei vert lagt til sals på den opne marknaden.

Om kommunen ynskjer å overta hamnene, men til ein annan pris enn takst, må det eventuelt leggast inn bod på den opne marknaden, om dei vert lagt ut for sal der.

Ingen statlege eller fylkeskommunale institusjonar har meldt interesse for å overta hamnene innan fristen som gjekk ut den 21.09.2018.

Sjølv om hamnene ikkje er annonsert til foreiningar med allmennyttig formål endå, har kystverket opplyst at ei turistforeining har meldt interesse for Runde fiskerihamn.

Skorpa er i all hovudsak eigd av Miljødirektoratet. På oppmoding frå MTK vart det stilt spørsmål til kystverket om Miljødirektoratet har vorte spesielt førespurde om behov for statleg eigarskap av denne hamna, Miljødirektoratet var sett i kopi på dette brevet. Kystverket kunne bekrefte at Miljødirektoratet har vorte førespurde om behov for statlig eigarskap til Skorpa fiskerihamn.

Vilkår
Avhendingsobjekt er kaier og moloar, ikkje bygningar. Der føreligg grunneigarerklæringar, men kystverket eig ikkje grunn. Fiskeridirektoratet har sett vilkår på tre av hamnene.

Vurdering og konklusjon:
Om kommunen melder interesse for å oveta eigarskap til hamnene, vil ein få avklara eventuelle vilkår og kva som ligg i grunneigarerklæringar.
Kommunen vert ikkje bunde til å overta hamner ved å melde interesse.

Saksopplysningar, vurdering og konklusjon for dei einskilde hamnene

Skorpa «fiskerihamn»

Saksopplysningar
Takst: **Kr 100 000,-**
Kystverket si vurdering: Ikkje næringsaktiv, kan avhendast utan vilkår.

Hamna vert i dag nytta av hus- og hytteigarar, i tillegg til turfolk frå heile distriktet.

Moloen på skorpa er den einaste plassen på øya der ein kan kome i land på ein brukbar måte.

Vurdering
Hamna på Skorpa er i bruk store deler av året av hus- og hytteeigarane. I sommarhalvåret vert den brukt av turgåarar til fjellturar, der ein blant anna kan oppleve ville fjellgeiter. Den vert og brukte av turgåarar som vil besøke Vårfjøsen i skorpesundet, eller for å sjå nokre av dei gamle bygningane på øya.

Hus- og hytteeigarane bruker hamna store deler av året.

For å kunne besøke øya er hamna einaste stad å kome i land på ein brukbar måte.

Konklusjon
Rådmannen meiner at hamna på Skorpa bør være offentleg tilgjengeleg, og kommunen bør derfor melde interesse om å ta over eigarskap av denne hamna til takst.

Runde fiskerihamn

Saksopplysningar
Takst: **Kr 1 000 000,-**
Kystverket si vurdering: Ikkje næringsaktiv, kan avhendast utan vilkår.

Dette er ei god hamn med hamnebasseng og landareal for eventuell vidare utvikling. Det er i dag ingen aktive fiskebåtar som nyttar denne hamna som fast liggeplass, hamna vert i dag hovudsakleg brukt til fritidsformål og turisme. Under sesongfiske vert hamna tidvis nytta som liggehamn for fiskefartøy.

Runde Miljøsenter nyttar hamna i samband med forskingsoppdrag.

Hamna sin nærleik til fiskefelta, gjer dette til ei naturleg nødhamn.

Runde hamn er einaste hamna på øya.

Vurdering
Runde er den største turistdestinasjonen vi har i Herøy, og mykje av aktiviteten knytt mot turisme føregår i hamna.

Hamna vert i dag ikkje nytta fast som liggehamn for fiskebåtar, men auka aktiviteten i sjarknæringa gjer at dette fort kan endre seg. Hamna har også potensiale for å kunne utviklast til å verte ei god fiskerihamn.

Bruken av hamna i samband med turisme og under sesongfiske, og hamn sin naturlege plassering som nødhamn tilseier at hamna bør vere offentleg tilgjengeleg.

Ei privatisering av hamna vil kunne stenge for den bruken som allereie er i turistsesongen og under sesongfiske og hindre etablering av ny aktivitet.

Maritim forsking som vert utført ved Runde Miljøsenter har, og vil ha, betyding for fiskerinæringa og forvaltinga av denne.

Om brua til Runde vert skada er hamna einaste måten å kom til og frå øya. Av omsyn til samfunnstryggleig bør hamna vere i offentleg eige.

Konklusjon
Rådmannen meiner at hamna på Runde bør være offentleg tilgjengeleg, og kommunen bør derfor melde interesse om å ta over eigarskap av denne hamna til takst.

Kopperstad fiskerihamn

Saksopplysningar
Takst: **Kr 400 000,-**
Kystverket si vurdering: Marginal næringsaktivitet, kan avhendast med vilkår om liggeplass for et nærmare bestemt tal på fiskeriregistrerte fartøy, med areal for lagring på land.

Hamna er liggehamn for 2 aktive båtar som sysselset 5 mann. 2 andre fiskarar har tilknyting til hamna, men har båtane liggande i Kvalsund fiskerihamn.

Er noko plaga av sjø frå NØ.

Hamna er lite nytta av tilfeldige båtar.

Vurdering
Grunna drag i sjøen er hamna dårleg egna som fast liggehamn for båtar, men hamna vert nytta som liggehamn for 2 aktive båtar. Andre fiskarar med tilknyting til Kopperstad nyttar og hamna aktivt. Det same gjer bygdas bebuarar under krabbe/hummarfiske og laksefiske.

Ei privatisering av hamna vil kunne føre til at hamna ikkje kan nyttast som i dag, og dermed medføre nedbygging av fiskeriaktiviteten i bygda.

Konklusjon
Rådmannen meiner at hamna på Kopperstad bør være offentleg tilgjengeleg, og kommunen bør derfor melde interesse om å ta over eigarskap av denne hamna til takst.

Bøvågen fiskerihamn

Saksopplysningar
Takst: **Kr 150 000,-**
Kystverket si vurdering: Marginal næringsaktivitet, kan avhendast med vilkår om liggeplass for et nærmare bestemt tal på fiskeriregistrerte fartøy.

Hamna er liggehamn for 3 aktive båtar som sysselset 3 mann.

Vurdering
Dette er ei naturhamn med avgrensa potensiale for vidare utvikling, men kaia vert nytta av fiskarar.

Ei privatisering av hamna vil kunne føre til at hamna ikkje kan nyttast som i dag, og dermed medføre nedbygging av fiskeriaktiviteten i bygda.

Konklusjon
Rådmannen meiner at hamna i Bøvågen bør være offentleg tilgjengeleg, og kommunen bør derfor melde interesse om å ta over eigarskap av denne hamna til takst.

Sandebukta fiskerihamn

Saksopplysningar
Takst: **Kr 300 000,-**
Kystverket si vurdering: Marginal næringsaktivitet, kan avhendast med vilkår om liggeplass for et nærmare bestemt tal på fiskeriregistrerte fartøy.

Det er i dag ingen aktive fiskebåtar som nyttar denne hamna som fast liggeplass grunna drag i sjøen, men kaia vert nytta til vegn av lokale fiskarar.

I følgje Herøy Fiskarlag er det no 8 fiskarar som bur i nærområdet og soknar til hamna.

Vurdering
Grunna drag i sjøen er hamna dårleg egna som fast liggehamn for båtar, men kaia vert aktivt nytta av fiskarar.

Tal på fiskarar i bygda veks, og der er ungdom som ynskje å flytte tilbake for å starte med fiskeri. Ser ein dette opp mot den auka interessa for sjarknæringa i kommunen er det stort potensiale for auka bruk av hamna.

Ei privatisering av hamna vil kunne føre til at hamna ikkje kan nyttast som i dag, og dermed medføre nedbygging av fiskeriaktiviteten i bygda.

Konklusjon
Rådmannen meiner at hamna i Sandebukta bør være offentleg tilgjengeleg, og kommunen bør derfor melde interesse om å ta over eigarskap av denne hamna til takst.

Konsekvensar for folkehelse:

Hamnene vert mykje brukt til rekreasjon og fritidsfiske. Vert hamnene privatisert, vil dette kunne føre til redusert tilgang for allmenta.

Konsekvensar for beredskap:
Ei privatisering av Runde fiskerihamn vil kunne føre til at det vert vanskeleg å bruke denne hamna som nødhamn.

Konsekvensar for drift:
Dersom kommunen overtek ansvaret for drift av hamner vil dette føre til auka kostnader på driftsbudsjettet. Det vil og medføre meirarbeid på anlegg og driftsavdelinga.

Fosnavåg, 02.10.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Kommunalsjef

Sakshandsamar: Torger Kvalsund

FISKERIDIREKTORATET

Herøy kommune

Adm.enhet:	Forvaltningsseksjonen i region Midt
Saksbehandler:	Ole Einar Jakobsen
Telefon:	94135463
Vår referanse:	17/4898
Deres referanse:	
Dato:	23.08.2018

Att:
Torger Kvalsund

Herøy kommune Møre og Romsdal - Fiskerihavner - Tilbakemelding på spørsmål om avhendingsvurderinger

Fiskeridirektoratet region Midt viser til oversendelse av 15.08.2018, vedrørende avhending av fiskerihavner i Herøy kommune i Møre og Romsdal. I den forbindelse ber Herøy kommune om tilbakemelding fra Fiskeridirektoratet på hva som er grunnlaget for de vurderinger som er gjort når det gjelder avhending av havnene i Herøy.

Fiskeridirektoratets ansvar og medvirkning

Fiskeridirektoratets oppgave i denne sammenheng er å gi en faglig uttalelse basert på fiskeri- og havbruksaktiviteter knyttet opp til havnene. I vurderingen av den enkelte havn er næringsaktiviteten og totaliteten av havnene i området i sin helhet vurdert, slik at man sikrer mottaksmuligheter og fiskerihavner i rimelig omfang innenfor det enkelte fylke og i regionen.

Vurderinger

Utgangspunktet for vurderingen av om en fiskerihavn skal avhendes er hvorvidt fiskerihavnen må anses for å være næringsaktiv eller ikke-næringsaktiv.

Fiskeridirektoratet har utarbeidet en liste sammen med Kystverket hvor flere vurderingsmomenter gjør seg gjeldende i vurderingen av om en fiskerihavn kan anses som ikke- næringsaktiv eller næringsaktiv, og dermed hvorvidt den er

gjenstand for avhending eller ikke.

Generelt har Fiskeridirektoratet region Midt vurdert alle fiskerihavner i vårt område i henhold til disse vurderingsmomentene.

De mest sentrale og vektlagte momentene som taler **for** næringsaktivitet er blant annet:

1) Fiskefartøy som bruker havna som hjemhavn, med fiskere på blad B i fiskermantallet, eller flere fartøy som benyttes av registrerte fiskere på blad A
2) Virksomhet tilknyttet fiskerinæringen (mottak, foredling, videretransport, servicevirksomhet for båter og mannskap etc.)
3) Bruk som alternativ liggehavn for fiskefartøy (bruk deler av året), for fartøy som benyttes av fiskere på B-bladet
4) Bruk av havna i forbindelse med sesongbetont fiske (årlig bruk) og/eller viktige havnefasiliteter i forbindelse med syklisk fiske (fiske som er aktuelt med flere års mellomrom, eksempelvis brisling)
5) Påregnelig fremtidig behov for havna i fiskerinæringen (sannsynlighetsovervekt for at fiskerinæringen får behov for havna innen få år, eller stor sannsynlighet for at fiskerinæringen får behov for havna innenfor et lengre tidsperspektiv)
6) Havnas nåværende tilknytning til havbruksnæringen m.v. (havna og Kystverkets konstruksjoner er av viktighet for havbruksnæringen, og Kystverkets eierskap er ikke begrensende for havbruksnæringens utviklingsbehov i havna)
7) Havna brukes til støttevirksomhet for havbruksnæringen (tilsvarende vurderinger som ovenfor, men med hensyn til settefiskproduksjon, produksjon av fór etc.)
8) Påregnelig fremtidig behov for havna innenfor havbruksnæringen (stor sannsynlighet for at havbruksnæringen får behov for havna innen få år)
9) Aktuell nåværende eller fremtidig næringsaktivitet innenfor fiskeri- og havbruksnæringen

Tilsvarende er de mest sentrale og vektlagte momentene som taler **mot** næringsaktivitet blant annet:

1) Ingen fiskefartøy som bruker havna som hjemhavn med fiskere på blad B i fiskermantallet, eller kun et lite antall fartøy som benyttes av registrerte fiskere på blad A
2) Ingen støttevirksomhet for fiskeflåten. Kun støttevirksomhet som er mindre viktig for fiskeriflåten eller som primært brukes av fritidsflåten

3) Ingen kjent bruk som periodisk liggehavn for fartøy som benyttes av fiskere på blad B
4) Ingen eller tilnærmet ingen betydning i forbindelse med sesongfiske. Behov i forbindelse med syklisk fiske kan dekkes på annen måte
5) Usannsynlig eller liten grad av sannsynlighet for at havna kan bli aktuell for fiskerinæringen i fremtiden
6) Ingen eller liten relevans for havbruksnæringen. Kystverkets eierskap begrenser havbruksnæringens utviklingsbehov i havna
7) Tilsvarende vurderinger som ovenfor, men med hensyn til settefiskproduksjon, produksjon av fór etc.
8) Liten sannsynlighet for at havna kan bli aktuell for havbruksnæringen
9) Uttalelser om at staten bør eie anlegget eller lignende, uten at havna ellers kan defineres som næringsaktiv, skal normalt ikke påvirke vurderingen av næringsaktivitet. Men bør tas til etterretning med hensyn til avhendingsprosess

Herøy kommune nevner spesielt fem havner av kommunens elleve fiskerihavner. Dette er de fem havnene som er vurdert som «ikke næringsaktiv» eller «ikke næringsaktiv/marginal fiskeriaktivitet (kan avhendes med vilkår)».

Basert på omtalte vurderingsmomenter har Fiskeridirektoratet region Midt gjort følgende vurderinger av disse fem konkret nevnte havnene:

1) Skorpa fiskerihavn

Ikke næringsaktiv, kan avhendes. Dette med bakgrunn i at havna ikke benyttes som hjemhavn av fiskefartøy med fiskere på blad B eller A. Det er ingen støttevirksomhet for fiskeflåten, og den brukes ikke som periodisk liggehavn for fartøy som benyttes av fiskere på blad B. Den har ingen betydning i forbindelse med sesongfiskeri eller for havbruksnæringen. Det er ikke noe som tyder på at havna vil bli aktuell for fiskeri- og/eller havbruksnæringen i fremtiden.

2) Runde fiskerihavn

Ikke næringsaktiv, kan avhendes. Bakgrunnen er at havna ikke benyttes som hjemhavn av fiskefartøy med fiskere på blad B eller A. Det er ingen støttevirksomhet for fiskeflåten. Den ytre delen av havna brukes periodisk som liggehavn for fremmedfartøy under spesielt makrellfiske. Havna har ingen betydning for havbruksnæringen. Det er lite som tyder på at havna vil bli mer aktuell for fiskeri- og/eller havbruksnæringen i fremtiden. Havna vurderes av fiskere til å være en relativt dårlig liggehavn, med mye drag når det er dårlig vær.

3) Kopperstad fiskerihavn

Havna blir i dag i all hovedsak benyttet som en «sommerhavn». Det er tre fiskeriregistrerte fartøy som benytter havna fast sommerstid, og de ligger da ved egne sjøbuer. Disse har ellers fast liggehavn i Kvalsund fiskerihavn. Det er ingen støttevirksomhet for fiskeflåten. Havna er ikke kjent brukt som periodisk liggehavn for fartøy som benyttes av fiskere på blad B. Den har heller ikke noen kjent betydning i forbindelse med sesongfiskeri eller verdi for havbruksnæringen. Det er opplyst at havna ikke er så godt egnet som fast hjemhavn på grunn av drag i sjøen. Slik havna fremstår i dag må det betydelige investeringer til for at fiskeri- og/eller havbruksnæringen i større grad skal kunne benytte seg av havna. Dette gjør at det er liten grad av sannsynlighet for at bruken av havna skal bli vesentlig økende for fiskeri- og/eller havbruksnæringen i nær fremtid.

Vi har vurdert denne havna til å ha marginal næringsaktivitet, og at den derfor kan avhendes med vilkår om liggeplass for et nærmere bestemt antall fiskeriregistrerte fartøy, med areal for lagring på land.

4) Bøvågen fiskerihavn

Bøvågen var ved vår uttalelse til Kystverket datert 09.06.2017 benyttet som hjemhavn av tre mindre sjarker. Det var en fisker på blad B og to på blad A med dispensasjon. I dag er det kun en på blad A med dispensasjon. Alle benytter private kaier/flytebrygger i indre del av havna. Havna er ikke kjent brukt som periodisk liggehavn for fartøy som benyttes av fiskere på blad B. Den har heller ikke noen betydning i forbindelse med sesongfiskeri eller for havbruksnæringen. Det er ingen støttevirksomhet for fiskeflåten. Selve fiskerikaia er kort, med dårlig dybde og lite plass. Det er svært begrenset lagringsareal på land, og kaia ligger utsatt til i dårlig vær. Slik havna fremstår i dag må det til betydelige investeringer for at fiskeri- og/eller havbruksnæringen skal kunne benytte seg av den i større omfang. Det er liten grad av sannsynlighet for at havna vil bli ytterligere aktuell for fiskeri- og/eller havbruksnæringen i fremtiden.

Vi har vurdert denne havna til å ha marginal næringsaktivitet per i dag. Den kan derfor avhendes med vilkår om liggeplass for et nærmere bestemt antall fiskeriregistrerte fartøy.

5) Sandebukta fiskerihavn

Sandebukta fiskerihavn benyttes ikke i dag som fast hjemhavn av fiskeriregistrerte fartøy. Den benyttes tidvis for å ta på land/om bord utstyr og til oppbevaring av utstyr. Havna har en relativt kort molo mot nordøst, noe som gjør at den er urolig og dårlig egnet som liggehavn. Det er ingen støttevirksomhet for fiskeflåten. Det er ikke kjent bruk av havna som periodisk liggehavn for fartøy som benyttes av fiskere på

blad B. Den har heller ikke noen betydning i forbindelse med sesongfiskeri eller for havbruksnæringen. Det må til betydelige investeringer i molo for at fiskeriregistrerte fartøy skal kunne benytte den som hjemhavn. Slik havna fremstår i dag er det lite som tyder på at den vil bli mer aktuell for fiskeri- og/eller havbruksnæringen i fremtiden.

Havna er vurdert som marginalt næringsaktiv per i dag. Den kan derfor avhendes med vilkår om liggeplass for et nærmere bestemt antall fiskeriregistrerte fartøy.

Vi gjør også oppmerksom på at vi i forbindelse med klassifisering av næringsaktivitet og vurdering med tanke på avhending av fiskerihavner i Herøy kommune, per brev datert 05.12.2017 ba Herøy Fiskarlag om å gjøre en konkret vurdering av hvilke havner som vurderes som ikke næringsaktive og derved aktuelle for avhending, med eller uten vilkår. Herøy Fiskarlag besvart vår henvendelse kun med å uttale at de er i mot avhending av Sandebukta fiskerihavn. Dette ble i hovedsak begrunnet med at det er åtte fiskere som bor i nærområdet, og at disse vil kunne bruke havna **dersom den blir utbedret og moloen forlenges med 30-40 meter**. Herøy Fiskarlag bekreftet ellers per telefon 10.01.2018 at de ikke hadde andre motforestillinger til Kystverkets forslag til konklusjon om avhending av fiskerihavner i Herøy kommune, og dermed også våre vurderinger og konklusjoner med unntak av for Sandebukta.

Oppsummering
Som tidligere nevnt er utgangspunktet for vurderingen av om en fiskerihavn skal avhendes eller ikke, hvorvidt fiskerihavnen må anses for å være næringsaktiv eller ikke-næringsaktiv/marginal næringsaktivitet (kan avhendes med vilkår). Dette har vært det sentrale og avgjørende vurderingsmomentet ved alle totalvurderinger av fiskerihavner i Møre og Romsdal og Trøndelag fylker. Og også for fiskerihavnene i Herøy kommune.

Ulike innspill, ønsker og påstander om blant annet at staten bør eie anlegget eller lignende, uten at havna ellers kan defineres som næringsaktiv per i dag eller har potensiale i nær fremtid, har ikke påvirket vår vurdering av næringsaktivitet. Det har heller ikke generell frykt for at havnene skal privatiseres, ikke skal få nødvendig vedlikehold eller midler til utbygging og mudring, eller spesielle ønsker fra grunneiere og hobby- og fritidsfiskere. Vi har heller ikke vurdert konsekvenser for eksempelvis folkehelse og kommunal drift. Denne type vurderinger ligger utenfor vårt ansvarsområde og de føringer som er lagt for arbeidet, og er ikke aktuelle vurderingsmomenter i forhold til næringsaktivitet for fiskeri- og havbruksnæringen.

Våre vurderinger er utelukkende basert på de tidligere beskrevne sentrale vurderingsmomentene. Disse er understøttet av faktagrunnlag, blant annet fra våre registre over fiskeriregistrerte fartøy og manntallsførte fiskere, uttalelser fra lokale fiskarlag, kontakt med enkeltfiskere og havbruksnæringen, og befaringer av fiskerihavner i aktuelle kommuner.

Med hilsen

Kristin Skarbøvik
seksjonssjef

Ole Einar Jakobsen
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og sendes uten håndskreven underskrift

Mottakerliste:
Herøy kommune

Kopi til:
Kystverket Midt-Norge Postboks 1502 6025 ÅLESUND

HERØY KOMMUNE

Stab

KYSTVERKET
Postboks 1502
6025 ÅLESUND

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2017/473	P90		DOK	21.02.2018

K-SAK 15/18. HØYRING OM AVHENDING AV STATLEGE FISKERIHAMNER I KOMMUNEN

Vedlagt fylgjer K-sak 15/18.
Kommunestyret gjorde i møte 16.02.2018 slikt vedtak i saka:

Vedtak i Kommunestyret - 15.02.2018

Herøy kommunestyre meiner at Runde hamn, Sandebukta hamn og Kopperstad hamn har potensiale for auka bruk og at ein ikkje bør vurderast å avhende dei, men at dei fortsatt skal ligge under Kystverket.

Herøy kommunestyre meiner at Skorpa har ein så stor nasjonal verdi, både som ein historisk stad og for rekreasjon, at hamna fortsatt må ligge under statleg eige.

Runde hamn.
I perioden januar/februar til mars/april føregår det eit utstrakt fiske av sei, torsk og sild på fiskefelta i og rundt kommunen, det same gjeld fiske av makrell i perioden august til oktober. Fleire fiskarar frå andre deler av landet nyttar då hamnene i kommunen som liggehamner, også Runde hamn. Runde hamn sin nærleik til fiskefelta
gjer dette til ei naturleg hamn å bruke for å korte ned reisetida ut til felta, også for lokale fiskarar. Redusert reisetid gir også ein miljøgevinst ved redusert bruk av drivstoff.

Ved ulykker og alvorlege sjukdomar kan avstanden til næraste hamn utgjere forskjel mellom liv og død. Likeeins kan miljøkonsekvensane ved ei ulykke verte betydeleg redusert om ein har kort veg til ei hamn. Vert Runde hamn avhenda kan ein risikere at heile hamna vert utbygd med flytebrygger/båtplassar slik at det ikkje let seg gjere å legge til for andre båtar. Vedlikehaldet kan og verte forsømd slik at hamna ikkje kan nyttast.

Med helsing

Brit Berge
e.f.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg
1 Herøy kommune - Rapport med vurdering av de statlige fiskerihavnene i kommunen
2 Offentleg høyring - forslag om avhending av statlege fiskerihamner i Herøy. Kommentar vedr. Skorpa.
3 Innspel til avhending av fiskerihavnen på sandeviken
4 Høyringssvar avhending av fiskerihamner
5 Innspel på Kystverket sin rapport om avhending av Kopperstad fiskerihavn
6 Referat - Synfaring statlege fiskerihamner - 20170504
7 Merknader til forslag om avhending av statlege fiskerihamner.

Kopi:

RUNDE MILJØSENTER AS	Runde	6096	RUNDE
RUNDE GRENDALAG	c/o Marie Runde Massvegen 8	6096	RUNDE
HERØY FISKARLAG	v/Stig Arne Sævik Sævik 79	6094	LEINØY
Per-Odd Norvald Sande	Sandevegen 24	6095	Bølandet
Leif Roger Skorpen	Koparstadvegen 45	6098	Nerlandsøy
Asbjørn Leif Ø Goksøyr	Rundavegen 29	6096	Runde
Lars Gunder Golmen	Rundavegen 90	6096	Runde
Otto Magne Kalland	Rundavegen 37	6096	Runde
Bjørn Gustavsen	Rundavegen 101	6096	Runde
Marvin Kopperstad	Koparstadvegen 175	6098	Nerlandsøy

HERØY KOMMUNE

Samfunnsutvikling

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	BRB	Arkivsaknr:	2017/473
		Arkiv:	P90

Utvalsaksnr **Utval** **Møtedato**

HØYRING OM AVHENDING AV STATLEGE FISKERIHAMNER I KOMMUNEN

Tilråding:

Herøy kommunestyre meiner at Runde hamn, Sandebukta hamn og Kopperstad hamn har potensiale for auka bruk og at ein ikkje bør vurderast å avhende dei, men at dei fortsatt skal ligge under Kystverket.

Herøy kommunestyre meiner at Skorpa har ein så stor nasjonal verdi, både som ein historisk stad og for rekreasjon, at hamna fortsatt må ligge under statleg eige.

Møtebehandling:

Driftsingeniør Torger Kvalsund møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Maritim og teknisk komite - 15.01.2018

Herøy kommunestyre meiner at Runde hamn, Sandebukta hamn og Kopperstad hamn har potensiale for auka bruk og at ein ikkje bør vurderast å avhende dei, men at dei fortsatt skal ligge under Kystverket.

Herøy kommunestyre meiner at Skorpa har ein så stor nasjonal verdi, både som ein historisk stad og for rekreasjon, at hamna fortsatt må ligge under statleg eige.

Møtebehandling:

Idar Tarberg, Ole Brubakk, Runar Stave og Frank Roy Moltu kom med framlegg om slikt tillegg til tilrådinga:

Runde hamn.
I perioden januar/februar til mars/april føregår det eit utstrakt fiske av sei, torsk og sild på fiskefelta i og rundt kommunen, det same gjeld fiske av makrell i perioden august til oktober. Fleire fiskarar frå andre deler av landet nyttar då hamnene i kommunen som liggehamner, også Runde hamn. Runde hamn sin nærleik til fiskefelta
gjer dette til ei naturleg hamn å bruke for å korte ned reisetida ut til felta, også for lokale fiskarar. Redusert reisetid gir også ein miljøgevinst ved redusert bruk av drivstoff.
Ved ulykker og alvorlege sjukdomar kan avstanden til næraste hamn utgjere forskjel mellom liv og død. Like eins kan miljøkonsekvensane ved ei ulykke verte betydeleg redusert om ein har kort veg til ei hamn. Vert Runde hamn avhenda kan ein risikere at heile hamna vert utbygd med flytebrygger/båtplassar slik at det ikkje let seg gjere å legge til for andre båtar. Vedlikehaldet kan og verte forsømd slik at hamna ikkje kan nyttast.
Tilråding frå maritim og teknisk komite med framlagt tillegg vart samrøystes vedteken

Vedtak i Kommunestyret - 15.02.2018

Herøy kommunestyre meiner at Runde hamn, Sandebukta hamn og Kopperstad hamn har potensiale for auka bruk og at ein ikkje bør vurderast å avhende dei, men at dei fortsatt skal ligge under Kystverket.

Herøy kommunestyre meiner at Skorpa har ein så stor nasjonal verdi, både som ein historisk stad og for rekreasjon, at hamna fortsatt må ligge under statleg eige.

Runde hamn.
I perioden januar/februar til mars/april føregår det eit utstrakt fiske av sei, torsk og sild på fiskefelta i og rundt kommunen, det same gjeld fiske av makrell i perioden august til oktober. Fleire fiskarar frå andre deler av landet nyttar då hamnene i kommunen som liggehamner, også Runde hamn. Runde hamn sin nærleik til fiskefelta
gjer dette til ei naturleg hamn å bruke for å korte ned reisetida ut til felta, også for lokale fiskarar. Redusert reisetid gir også ein miljøgevinst ved redusert bruk av drivstoff.
Ved ulykker og alvorlege sjukdomar kan avstanden til næraste hamn utgjere forskjel mellom liv og død. Likeeins kan miljøkonsekvensane ved ei ulykke verte betydeleg redusert om ein har kort veg til ei hamn. Vert Runde hamn avhenda kan ein risikere at heile hamna vert utbygd med flytebrygger/båtplassar slik at det ikkje let seg gjere å legge til for andre båtar. Vedlikehaldet kan og verte forsømd slik at hamna ikkje kan nyttast.

Særutskrift:

Kystverket
Runde Småbåtlag v/ Asbjørn Goksøyr
Runde Bryggjelag v/ Lars Gunder Golmen
Runde Landskyldkasse v/ Otto Kalland
Runde Miljøsenter v/ Nils-Roar Hareide
Runde båtskyss v/ Bjørn Gustavsen
Runde Grendalag v/ Marie Runde
Herøy Fiskarlag v/ Stig Arne Sævik
Per-Odd Sande
Kopperstad grunneigarlag v/ Marvin Kopperstad
Grunneigarane på skorpa v/ Leif Skorpen og Gunnar Skorpen

Vedlegg:

1 Herøy kommune - Rapport med vurdering av de statlige fiskerihavnene i kommunen
2 Offentleg høyring - forslag om avhending av statlege fiskerihamner i Herøy. Kommentar vedr. Skorpa.
3 Innspel til avhending av fiskerihavnen på sandeviken
4 Høyringssvar avhending av fiskerihamner
5 Innspel på Kystverket sin rapport om avhending av Kopperstad fiskerihavn
6 Referat - Synfaring statlege fiskerihamner - 20170504
7 Merknader til forslag om avhending av statlege fiskerihamner.

Samandrag av saka:

Kystverket har fått i oppdrag frå stortinget å avhende statlege fiskerihamner som ikkje lenger er næringsaktive.

Etter ei synfaring av dei statlege fiskerihamnene i kommunen, utarbeidde Kystverket ein rapport som er sendt på høyring til kommunen.
I denne rapporten vert 4 av dei statlege fiskerihamnene i Herøy vurdert avhenda. Dette gjelder fiskerihamnene på Runde, Kopperstad, Skorpa og i Sandebukta.

Kystverket ber kommunen om tilbakemelding på denne rapporten innan 01.02.2018.

Saksopplysningar:

<u>Hamner og avhending</u>
Det er totalt 11 statlege fiskerihamner i Herøy, desse er:
Bøvågen, Eggesbønes, Fosnavåg, Kopperstad, Kvalsund, Kvalsvik, Leinevika, Remøy, Runde, Sandebukta og Skorpa.

Det er berre dei 4 hamnene som vert vurdert avhenda som vert omtala vidare i denne saka.

Avhendingsobjekt er kaier og moloar. Der føreligg grunneigarerklæringar, men kystverket eig ikkje grunn.

Grunnlag for avhending er at hamnene ikkje lenger er aktive fiskerihamner og heller ikkje har potensial for å utviklast til det formålet. Dette kjem av endra bruksmønster av hamner. Eksempel på dette er større båtar med andre krav til blant anna djupne, ingen næringsaktivitet på hamna, ønske om anna bruk av hamn (til dømes til turisme), og liknande.

Ei eventuell avhending skal være frivillig. Andre statlege instansar vert fyrst førespurde, så kjem kommunen, lag/organisasjonar og til sist private. På førespurnad til Kystverket var det opplyst at dersom ingen ville ta over hamnene, vart dei mest truleg verande under Kystverket (frå 01.01.2020 vert statlege fiskerihamner overført til fylket).

Kommunen har i dag ansvar for lettare vedlikehald av hamnene, men ei kommunal overtaking av aktuelle hamner kan føre til auka driftskostnader for kommunen. Vurdering av kostnader ved ei eventuell overtaking er ikkje tatt med her, då denne rapporten omhandlar kva hamner som kan vere aktuelle for avhending, og ikkje er ein førespurnad om å ta over hamner.

Synfaring

Den 04.05.2017 vart det gjennomført ei synfaring på 9 av dei 11 statlege fiskerihamnene i kommunen. Med på synfaringa var representantar frå kommunen, Fiskeridirektoratet, Herøy Fiskarlag og Kystverket.

Skorpa fiskerihamn vart ikkje tatt med av praktiske årsaker. Fosnavåg hamn vart ikkje tatt med då denne hamna er godt kjend og ikkje aktuell for avhending.

Før synfaringa vart det halde eit møte. Det vart på dette møtet fremma skepsis til anna eigarforhold av hamnene, då spesielt med tanke på framtidig vedlikehald. Stig Arne Sævik frå Herøy Fiskarlag kunne opplyse om veksande fiskeri i kommunen, særleg i sjarkflåten (1-2 mannsbåtar).

Innspel frå høyringsrunde

Herøy kommune fekk denne rapporten den 29.11.2017, og la denne rapporten ut for offentleg høyring den 06.12.2017, med svarfrist den 05.01.2018. Det kom inn totalt 5 innspel til høyringa.

Rapporten og innspela ligg som vedlegg til denne saka, det same gjer referatet frå synfaringa. Under kjem ei kort sumering av innspela.

Runde Småbåtlag, Runde Bryggjelag, Runde Landskyldkasse, Runde Miljøsenter, Runde båtskyss og Runde Grendalag kom med felles innspel som gjeld Runde fiskerihamn. Dei meiner hamna er svært nyttig på mange områder og viser blant anna til;

- samfunnstryggleik
    - Ved skader på brua er hamna einaste plassen ein kan reise til/frå øya.
    - Hamna har ein naturleg plassering som nødhamn.
- Næringsliv
    - Det er mykje næringsaktivitet rundt turisme.
    - Runde Miljøsenter bruker hamna ofte. Forskinga dei driv er nært knytt havet. Det maritime forskingsarbeidet knyter forsking og fiskeri uløyseleg saman.
- Fortid og framtid
    - Hamna er rundt 120 år, består av store delar fint mura handhoggen stein, og bør difor bevarast for ettertida av ein ressurssterk eigar.
    - Overgang til batteridrivne fiskebåtar gjer Runde hamn sin nærleik til fiskefelta til ein naturleg stad for ladestasjonar.
    - Hamna er sentrum på runde og ein naturleg stad for vidare samfunnsutvikling, også innan fiskeri.

Dei meiner Kystverket må stå som eigar av hamna då andre kan ha vanskar med å finansiere vedlikehald og eventuelt større reparasjonar. Dei er og redde for at den allmenne bruksretten forsvinn om foreiningar eller private tek over.

Dei ber Kystverket og deira overordna om å tenkje nytt og sjå hamnene i eit langt vidare samfunnsnyttig perspektiv enn berre innan fiskeri.

Herøy Fiskarlag kom med innspel som gjeld Sandebukta fiskerihamn. Det vert vist til auka tal på fiskarar i bygda, og at det no er 8 fiskarar som soknar til hamna. Dei skriv og at ei forlenging av moloen på 30-40 meter vil gjere at hamna kan brukast også på vinteren. Dei er og redde for at brukarane vert forhindra i å bruke kaia ved eit eventuelt sal. Herøy Fiskarlag meiner denne hamna ikkje må avhendast.

Per-Odd Sande kom med innspel som gjeld Sandebukta fiskerihamn. Han viser til at det er fleire fiskarar i bygda, der 3 av dei driv sjark. Desse må leige båtplass andre stadar i kommunen. Han meiner at moloen må forlengast og hamna utdjupast om hamna skal avhendast. Han skriv og at brukarane må sikrast tilgang til kaia ved eit eventuelt sal. Han kommentere og grunnrettar i hamneområdet.

Kopperstad grunneigarlag kom med innspel som gjeld Kopperstad fiskerihamn. Dei viser til investeringar i nye båtar, yngre personar som satsar på fiskeri og tilflytting av fiskarar til bygda. Ved ei avhending meiner dei dette kan ta vekk noko av lysta på å satse innan fiskeri. Dei nemner og at moloen vert flittig brukt av bygdas bebuarar i høve laksefiske og krabbe-/hummarfiske. Dei fryktar og at ei avhending kan gå ut over tryggleiken på moloen. Kopperstad grunneigarlag meiner denne hamna ikkje må avhendast.

Grunneigarane på skorpa ved Leif Skorpen og Gunnar Skorpen kom med innspel som gjeld Skorpa «fiskerihamn». Dei viser til skader på yste moloen, og at denne må reparerast. Dei ber om at ansvaret for reparasjon av skader på moloen vert avklara ved ei eventuell avhending. Det vert og vist til at moloane er einaste plass ein kan kome i land på ein brukbar måte. For å sikre tilgang til Skorpa, også for framtidige generasjoner, meiner dei ansvaret for vedlikehald må ligge på Kystverket/staten. Det vert vist til at moloane og Skorpa vert brukt store deler av året, både av hus- og hytteeigarar og av turgåarar frå heile distriktet.

Vurdering og konklusjon:
Saksopplysningar, vurdering og konklusjon for dei einskilde hamnene

Runde fiskerihamn

Saksopplysningar
Staten har her bygd to moloar, to almenningskaier og utført utdjuping. Der er fleire private sjøbuer og naust samt flytebryggeanlegg i hamna.

Dette er ei god hamn med hamnebasseng og landareal for eventuell vidare utvikling. Det er i dag ingen aktive fiskebåtar som nyttar denne hamna som fast liggeplass, hamna vert i dag hovudsakleg brukt til fritidsformål og turisme. Under sesongfiske vert hamna tidvis nytta som liggehamn for fiskefartøy.

Runde Miljøsenter nyttar hamna i samband med forskningsoppdrag.

Hamna sin nærleik til fiskefelta, gjer dette til ei naturleg nødhamn.

Runde hamn er einaste hamna på øya.

Kystverket vurderer denne hamna som aktuell for avhending på grunnlag av aktivitetsnivået.

Runde Småbåtlag, Runde Bryggjelag, Runde Landskyldkasse, Runde Miljøsenter, Runde båtskyss og Runde Grendalag har kome med felles innspel som gjeld denne hamna.

Vurdering
Sjølv om hamna i dag ikkje vert nytta fast som liggehamn for fiskebåtar, tilseier den auka aktiviteten i sjarknæringa at dette fort kan endre seg. Hamna har også potensiale for å kunne utviklast til å verte ei god fiskerihamn.

Bruken av hamna under sesongfiske, og hamn sin naturlege plassering som nødhamn, tilseier at denne hamna ikkje bør avhendast.

Ei privatisering av hamna vil kunne stenge for den bruken som allereie er under sesongfiske og hindre etablering av ny fiskeriaktivitet.

Maritim forsking som vert utført ved Runde Miljøsenter har, og vil ha, betyding for fiskerinæringa og forvaltinga av denne.

Hamna sin nærleik til fiskerifelta gjer dette til ei naturleg hamn for ladestasjon ved overgang til batteridrivne fiskebåtar.

Om brua til Runde vert skada er hamna einaste måten å kom til og frå øya. Av omsyn til samfunnstryggleig bør hamna vere i statleg eige.

Konklusjon
Rådmannen meiner at denne hamna ikkje bør avhendast.

Sandebukta fiskerihamn

Saksopplysningar
Staten har her bygd molo og almenningskai. Det er fleire private naust i hamna.

Det er i dag ingen aktive fiskebåtar som nyttar denne hamna som fast liggeplass grunna drag i sjøen, men kaia vert nytta til vegn av lokale fiskarar.

I følgje Herøy Fiskarlag er det no 8 fiskarar som bur i nærområdet og soknar til hamna. Kystverket sin konklusjon er basert på 2 fiskarar (tal som vart oppgitt under synfaringa av Herøy Fiskarlag).

Kystverket vurderer denne hamna som aktuell for avhending på grunnlag av aktivitetsnivået.

Herøy Fiskarlag og Per-Odd Sande har kome med innspel som gjeld denne hamna.

Vurdering
Grunna drag i sjøen er hamna dårleg egna som fast liggehamn for båtar, men kaia vert aktivt nytta av fiskarar. Ei forlenging av moloen vil kunne betre forholda i hamna betrakteleg, og hamna vil kunne brukast som fast liggehamn, også om vinteren. Dette vil og kunne frigjere liggeplassar andre stader i kommunen.

Tal på fiskarar i bygda veks, og der er ungdom som ynskje å flytte tilbake for å starte med fiskeri. Ser ein dette opp mot den auka interessa for sjarknæringa i kommunen er det stort potensiale for auka bruk av hamna.

Ei privatisering av hamna vil kunne føre til at hamna ikkje kan nyttast som i dag, og dermed medføre nedbygging av fiskeriaktiviteten i bygda.

Konklusjon
Rådmannen meiner at denne hamna ikkje bør avhendast.

Kopperstad fiskerihamn

Saksopplysningar
Hamna består av ein molo med ei almenningskai. Der er og fleire private kaier med sjøbuer på moloen.

Hamna er liggehamn for 2 aktive båtar som sysselset 5 mann. 2 andre fiskarar har tilknyting til hamna, men har båtane liggande i Kvalsund fiskerihamn.

Er noko plaga av sjø frå NØ.

Hamna er lite nytta av tilfeldige båtar.

Kystverket vurderer denne hamna som aktuell for avhending på grunnlag av aktivitetsnivået.

Kopperstad grunneigarlag har kome med innspel som gjeld denne hamna.

Vurdering
Grunna drag i sjøen er hamna dårleg egna som fast liggehamn for båtar, men hamna vert nytta som liggehamn for 2 aktive båtar. Andre fiskarar med tilknyting til Kopperstad nyttar og hamna aktivt. Det same gjer bygdas bebuarar under krabbe/hummarfiske og laksefiske. Ei forlenging av moloen vil kunne betre forholda i hamna betrakteleg.

Det har i seinare tid vorte investert i nye båtar, og fleire fiskarar har flytta til bygda. Det er og meldt inn interesse for å bygge nytt naust på moloen for å drive fiskeri. Ser ein dette opp mot den auka interessa for sjarknæringa i kommunen er det stort potensiale for auka bruk av hamna.

Ei privatisering av hamna vil kunne føre til at hamna ikkje kan nyttast som i dag, og dermed medføre nedbygging av fiskeriaktiviteten i bygda.

Konklusjon

Rådmannen meiner at denne hamna ikkje bør avhendast.

Skorpa «fiskerihamn»

Saksopplysningar
Hamna består av to moloar. Båtar legg til ved den moloen som ligg nærast land. Ein høgare molo er bygd utanfor for å ta av og dempe båredrag. Der er og nokre private naust i hamna.

Der er ingen næringsaktivitet tilknytt hamna.

Hamna vert i dag nytta av hus- og hytteigarar, i tillegg til turfolk frå heile distriktet.

Moloen på skorpa er den einaste plassen på øya der ein kan kome i land på ein brukbar måte.

Store deler av skorpa er eigd av Miljødirektoratet.

Kystverket anbefaler denne hamna avhenda på grunnlag av aktivitetsnivået.

Leif Skorpen og Gunnar Skorpen har kome med innspel som gjeld denne hamna.

Vurdering
Hamna på Skorpa er i bruk store deler av året av hus- og hytteeigarane. I sommarhalvåret vert den brukt av turgåarar til fjellturar, der ein blant anna kan oppleve ville fjellgeiter. Den vert og brukte av turgåarar som vil besøke Vårfjøsen i skorpesundet, eller for å sjå nokre av dei gamle bygningane på øya. Området der vårfjøsen er etablert vart brukt som skjulestad for mange under krigen.

Hus- og hytteeigarane bruker hamna store deler av året.

For å kunne besøke øya er hamna einaste stad å kome i land på ein brukbar måte.

Øya har stor historisk verdi, både lokalt og nasjonalt.
Dette er henta frå Wikipedia:
«Skorpa var eit viktig kontaktpunkt for Shetlandsbussen og anna alliert, militær trafikk under andre verdskrigen. Øya var òg ein stad der agentar og motstandsfolk både møttest og søkte dekning. For mange som rømte til Storbritannia, var dette siste stoppestaden, og første for mange agentar på veg inn i Noreg.

I 1940 vart engelske soldatar gøymde, før dei vart ført til Shetland i fiskebåtar. 1941 var første året norske båtar gjekk mellom Noreg og Shetland, og desse var òg innom. 17. november 1943 gjekk første turen til KNM «Hitra» til Noreg og Skorpa, der dei skulle hente 10 rømlingar som gøymde seg i sommarfjøsen i Skorpesundet. Og i 1943, etter at båten «Bergholm» forliste utanfor Kristiansund med mellom andre Shetlands-Larsen om bord, kom etterkvart både han og fylgjet til sommarfjøsen i Skorpesundet.

Dei fleste allierte gøymestadane langs norskekysten vart avslørt etter 7–8 månader, men Skorpa haldt heile krigen gjennom. Tyske soldatar heldt fleire husransakingar,

men trass i at dei var svært nære, fann dei aldri illegale radioar. Nokre av innbyggjarane var ekstra aktive i motstandskampen, og Gerhard og Sina Skorpen måtte rømme til England under dekkje av at dei hadde drukna. Gerhard vart etterkvart mannskap på KNM «Vigra» der Leif Larsen var skipper. Mot slutten av krigen var dei òg nokre gongar innom Skorpa.»

Konklusjon
Rådmannen meiner at Skorpa har ein så stor nasjonal verdi, både som ein historisk stad og for rekreasjon, at hamna fortsatt må ligge under statleg eige.

Konsekvensar for folkehelse:
Hamnene vert mykje brukt til rekreasjon og fritidsfiske. Vert hamnene privatisert, vil dette kunne føre til redusert tilgang for allmenta.

Konsekvensar for beredskap:
Ei privatisering av Runde fiskerihamn vil kunne føre til at det vert vanskeleg å bruke denne hamna som nødhamn.

Konsekvensar for drift:
Dersom kommunen overtek ansvaret for drift av hamner vil dette føre til auka kostnader på driftsbudsjettet. Det vil og medføre meirarbeid på anlegg og driftsavdelinga.

Fosnavåg, 09.01.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Hilde Bringsvor Skinnes
Avd.leiar

Sakshandsamar: Torger Kvalsund

KYSTVERKET

Hovedkontoret

Herøy kommune (Møre og Romsdal)
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Deres ref.:	Vår ref.:	Arkiv nr.:	Saksbehandler:	Dato:
	2018/2559-2		Steffan Lindtveit	08.08.2018

Avhending av Kopperstad fiskerihavn i Herøy kommune i Møre og Romsdal fylke

Kystverket har i oppdrag å avhende Kopperstad fiskerihavn, som er en statlig ikke-næringsaktiv fiskerihavn i Herøy kommune i Møre og Romsdal fylke.

Departementet fastslo i St.prop. nr. 1 (2004-2005) om oppfølgingen av anmodningsvedtak nr. 539 (2003-2004) blant annet at praksis nedfelt i Stortingsmelding nr. 28 (2000-2001) skal gjelde for avhending av ikke-næringsaktive fiskerihavner, som tillegg til Instruks om avhending av statlig eiendom mv. gitt ved Kongelig resolusjon av 19. desember 1997.

Dette innebærer blant annet at Kystverket gir fortrinnsrett til kjøp til mulige kjøpere i følgende prioriteringsrekkefølge:

1. Statlige institusjoner (vederlagsfri overtagelse)
2. Kommunale eller fylkeskommunale institusjoner (til takst)
3. Foreninger med allmennyttig formål (til takst)
4. Private (på det åpne marked)

Kystverket ber i henhold til Instruks om avhending av statlig eiendom mv punkt 2.1 tredje avsnitt om at departementene, Miljødirektoratet, Statsbygg, Statens vegvesen og Fylkesmannen avklarer om det finnes fortsatt behov for statlig eierskap til overnevnte fiskerihavn i Herøy kommune, og at en annen statlig etat enn Kystverket skal overta eierskapet vederlagsfritt.

Det gis frist til fredag 21 september 2018 for å melde inn avklaring om fortsatt behov for statlig eierskap til Kopperstad fiskerihavn i Herøy kommune i Møre og Romsdal fylke.

Forutsatt at ingen statlig institusjon ønsker å overta fiskerihavnen, tilbys Herøy kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune å overta eierskapet til takst. Takst datert 06.08.2018 følger vedlagt. **Frist for å melde interesse gis til fredag 21 september 2018.**

Interesse meldes til: post@kystverket.no

Med hilsen

Vigdis Bye
avdelingsdirektør

Steffan Lindtveit
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:
1 Takst Kopperstad fiskerihavn i Herøy kommune

Likelydende brev sendt til:

Arbeids- og sosialdepartementet	Postboks 8019 Dep	0030	OSLO
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	Postboks 8036 Dep.	0030	OSLO
Finansdepartementet	Postboks 8008 Dep	0030	OSLO
Forsvarsdepartementet	Postboks 8126 Dep	0032	OSLO
Helse- og omsorgsdepartementet	Postboks 8011 Dep	0030	OSLO
Justis- og beredskapsdepartementet	Postboks 8005 Dep	0030	OSLO
Klima- og miljødepartementet	Postboks 8013 Dep	0030	OSLO
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
Kulturdepartementet	Postboks 8030 Dep	0030	OSLO
Kunnskapsdepartementet	Postboks 8119 Dep	0032	OSLO
Landbruks- og matdepartementet	Postboks 8007 Dep	0030	OSLO
Nærings- og fiskeridepartementet	Postboks 8090 Dep	0032	OSLO
Olje- og energidepartementet	Postboks 8148 Dep	0033	OSLO
Samferdselsdepartementet	Postboks 8010 Dep	0030	OSLO
Statsministerens kontor	Postboks 8001 Dep	0030	OSLO
Utenriksdepartementet	Postboks 8114 Dep	0032	OSLO
Møre og Romsdal fylkeskommune	Postboks 2500	6404	MOLDE
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Postboks 2520	6404	MOLDE
Herøy kommune (Møre og Romsdal)	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
STATSBYGG	Postboks 232 Sentrum	0103	OSLO
STATENS VEGVESEN	Postboks 8142 Dep	0033	OSLO

KYSTVERKET

RAPPORT

Vurdering av fiskerihavner i Herøy kommune Møre og Romsdal fylke med tanke på mulig avhending

Fra Runde fiskerihavn

Kystverket Midt-Norge
oktober 2017

KYSTVERKET

INNHOLD

1) Innledning 3
2) Grunnlag for avhending 4
3) Prosess 5
4) Oppstartsmøte 5
5) Gjennomføring av befaring 5
6) Oppsummeringsmøte 6
7) Omtale av havnene 6
Rettigheter 6
Runde fiskerihavn 7
Remøy fiskerihavn 8
Leinevika fiskerihavn 9
Sandebukta fiskerihavn 10
Bøvågen fiskerihavn 11
Kvalsvika fiskerihavn 12
Kopperstad fiskerihavn 13
Kvalsund fiskerihavn 14
Eggesbønes fiskerihavn 15
Fosnavåg fiskerihavn 16
Skorpa «fiskerihavn» 17
8) Fiskeriaktivitet 18
Fiskerimanntallet 18
Registrerte fiskere i Herøy pr okt 2017: 18
Registrerte fiskefartøy i Herøy pr okt 2017 : 18
9) Uttale fra Fiskeridirektoratet 19
10) Uttale Fiskarlaget 19
11) Kystverkets forslag til konklusjon 19
12) Vedlegg 20
Oversiktskart som viser fiskerihavnenes plassering i Herøy kommune 20
Statlig investering i fiskerihavner og farleder i Herøy kommune 20
13) Avhendingsprosess 21

KYSTVERKET

1) Innledning

Kystverket har som oppdrag fra Samferdselsdepartementet å avhende ikke-næringsaktive fiskerihavner. For å drøfte statusen og aktiviteten i de ulike havnene, ble det gjennomført en befaring med kommunen, Fiskeridirektoratet, lokale fiskeriinteresser og andre aktuelle brukere den 4. mai 2017.
Fiskeridirektoratet og Kystverket foretar også en vurdering av avstanden mellom de respektive havnene, også i forhold til de statlige fiskerihavnene i nabokommunene.

Befaringen startet med et kort møte på kommunehuset for å informere om prosessen.
Deretter ble de enkelte havnene befart sammen med de berørte parter.
Befaringen ble avsluttet med et kort oppsummeringsmøte på kaien på Eggesbønes.

Ålesund, november 2017

Terje B. Misund
Senioringeniør, Kystverket Midt-Norge

2) Grunnlag for avhending

Kystverket har i flere år hatt som oppdrag å avhende ikke-næringsaktive fiskerihavner. For å belyse grunnlaget for Kystverkets oppdrag, refereres det til utdrag fra:

St.prp. nr. 1, 2008-2009:

Fiskerihavner
Mål og prioriteringer

- *Gjennomføre prosjektering og utbygging av fiskerihavner etter Kystverkets handlingsprogram for perioden 2006 – 2015 til planlagt omfang, kvalitet, kostnad og framdrift.*
- *Gjennomføre nødvendig forvaltning, drift og vedlikehold av moloer og øvrige installasjoner i statens fiskerihavner.*
- *Planlegge nye fiskerihavnetiltak i tråd med Kystverkets handlingsprogram for perioden 2006–2015.*
- *Gjennomføre avhending eller overføring til nye bruksformål av ikke næringsaktive fiskerihavner og avvikle statens ansvar for bunnkjettingsanlegg i fiskerihavner.*

Ved utbygging av fiskerihavner skal prosjekter som har stor betydning for den nasjonale verdiskapinga i fiskerinæringa prioriteres. Videre er tiltak som bidrar til å ivareta fiskerihavnebehov i mindre lokalsamfunn, viktig.

Den framtidige utviklinga av strukturen innenfor både flåten og industrien vil være av betydning for framtidig utbygging av fiskerihavner. En endring til større fiskefartøyer er en medvirkende årsak til økende behov for større dybde. Transport av fisk og fiskeprodukter til markedene er viktige hensyn ved utbygging av fiskerihavner og for å bedre framkommeligheten i farleiene. I dag fraktes fersk fisk i hovedsak med lastebil og/eller fly, mens frossen fisk i større grad fraktes på sjø. Anløp av større gods-, fryse- og containerskip for transport av fisk og fiskeprodukter til markedene stiller også større krav til dybde og manøvreringsareal i havnene.

Kystverket vil arbeide for å samordne sine forslag om fiskerihavneutbygging med strategier som legges for marin verdiskaping. Det innebærer systematisk kontakt med Fiskeridirektoratet, Innovasjon Norge og fylkeskommunene.

Fiskerinæringas behov for fiskerihavner endrer seg. Staten har vedlikeholdsansvar for en del havner som ikke lenger har noen betydning for næringa. Stortinget har samtykket i at slike ikke næringsaktive fiskerihavner skal avhendes. Fra og med budsjettet for 2003 er det gitt en årlig fullmakt til at inntil 10 mill. kroner av salgsinntekter fra salg av ikke næringsaktive fiskerihavner kan benyttes til å dekke salgsomkostninger, nødvendig rehabilitering av fiskerihavner før overdragelse til andre eiere og vedlikehold av andre fiskerihavner.

3) Prosess

For å fremskaffe et relevant grunnlag for å vurdere status i de ulike havnene, har vi sett det som nødvendig å foreta befaring. Befaringen ble gjennomført slik at de relevante interessene fremkom, dvs. med representanter også fra kommunen og de lokale og sentrale fiskeriinteresser. Etter befaringen utarbeides en rapport som inkluderer fiskerimyndighetenes og Kystverkets vurderinger, som oversendes den aktuelle kommune for uttale og tilbakemelding. Etter denne høringsrunden vil Kystverket og Fiskeridirektoratet, på bakgrunn av tilbakemeldinger gjøre en ny vurdering, og evt. foreta endringer i den endelige innstillingen.

4) Oppstartsmøte

Oppstartmøte ble holdt 04.05.17 på kommunehuset i Fosnavåg med representanter fra kommune, Fiskeridirektoratet, Herøy Fiskarlag og Kystverket.

Tema i møtet:

- Bakgrunn for prosessen med vurdering av aktivitet og fremtidige status i de 11 statlige fiskerihavnene i kommunen. Alternativ fremtidig ansvar og forvaltning.
- Kort gjennomgang av statens investeringer i fiskerihavner i kommunen.
- Deltagelse og organisering av befaringen

Der ble i møte fremmet skepsis til annet eierforhold av havnene, da spesielt med tanke på fremtidig vedlikehold. Det ble også påpekt at den vedtatte regionreformen også vil medføre endringer med tanke på fremtiden til fiskerihavnene.

Til stede
Herøy kommune:
Arnulf Goksøyr, Idar Tarberg, Erlend S. Vikestrand, Torgeir Kvalsund, Jon Rune Våge
Herøy Fiskarlag: Torbjørn Hide, Stig Arne Sævik
Fiskeridirektoratet region Midt: Ole Einar Jakobsen
Kystverket Midt-Norge: Børre Tennfjord, Terje B. Misund

5) Gjennomføring av befaring

Havnene ligger spredd på flere øyer, men bortsett fra Skorpa kan alle havnene nås med bil. Statens tiltak på Skorpa er svært beskjedent og der er ingen næringsmessig aktivitet. Det var derfor enighet om at det hadde liten hensikt å ta turen til Skorpa. Videre er Fosnavåg midt i en prosess for å få utdypet hele havnebassenget. Status og aktivitetsnivå i denne havna er dermed godt kjent. Her god aktivitet og denne havna er ikke aktuell for avhending.
Vi startet befaringen på Runde, deretter Remøy og de 3 havnene på Leinøya. Deretter havnene på Nerlandsøya før vi avsluttet med Eggesbønes. I alle disse havnene har staten gjennomført forskjellige tiltak som etablering av molo, kai eller foretatt utdyping. Aktuelle tiltak i havnene vil bli nærmere beskrevet under hver havn. Alle deltakere på oppstartsmøtet var også med på befaringen og fikk dermed anledning til å komme med innspill underveis.

6) Oppsummeringsmøte

Det ble foretatt en kort oppsummering på kaia på Eggesbønes etter befaringen. Det var forholdsvis bra og til dels stor aktivitet i de fleste havnene. Flere av havnene fungerer bra og har også potensial for videre utvikling. Noen mindre havner fungerer i dag for et lite antall båter, men mangler potensial og det er lite sannsynlig at der vil bli foretatt utbedringer.

Se ellers Kystverkets kommentarer til de enkelte havnene.

7) Omtale av havnene

Rettigheter

I de aller fleste havnene foreligger der grunneiererklæringer som skal sikre fremtidig bruk til fiskeriformål. Dette omfatter de fysiske anlegg som molo, kai og utdypingsfelt, men også områder til bortleie for etablering av kaier og sjøhus eller almenning for å legge til rette for videre utvikling av fiskerinæringen.
Dette er tinglyste avtaler som er gjort mellom staten og den enkelte grunneier som grunnlag for havneetableringen. Ved eventuelt salg av ikke næringsaktive havner til kommune eller andre aktører må disse avtalene slettes eller overføres til ny eier.

KYSTVERKET

Runde fiskerihavn

Kommunestyret handsama i K-sak 145/16 : Avtale mellom kommunen og fastlegane ved Herøy og Myrvåg legesenter – reforhandling. I vedtaket vart det bede om at det vert inngått avtale med fastlegane ved dei to legesentra i samsvar med dei prinsippa og føringane som gikk fram av saksframstillinga. Den framforhandla avtalen var vedlagt saksutgreiinga. I denne avtalen låg det til grunn at avtalen skulle evaluerast i løpet av 2018. I den samanhengen vart det og peika på at ein nøye skulle følgje kostnadsutviklinga ved dei to legesentra.

Avtalen har no verka i underkant av to år. Det er ei kort tid med omsyn til ei vurdering av både kva den over tid vil bety, i forhold til å rekruttere og behalde fastleger i kommunen, samt til dei økonomiske konsekvensane av avtala for kommunen.

Saka har vore drøfta i Samarbeidsutvalet for fastlegeordninga i sak 19/18. Frå dei politisk oppnemnde medlemmene kom det fram at dei såg at ei observasjons- og prøvetidperiode på berre 2 år er noko kort, og at avtalen såleis bør kontinuerast. I utvalet var legane delte i sitt syn på om avtalen skulle verte tilrådd kontinuert og konklusjonen vart at Allmennlegeutvalet i Herøy måtte komme med ei uttale i saka. Allmennlegeutvalet har hatt møte og kome med uttale der det går fram at legane ikkje ønskjer anna enn at avtalen kontinuerast no.

Legedekninga ved legekontora i dag.
Ved Herøy legesenter er det per i dag ein heimel som har vore utlyst, utan at det kom inn relevante søkjarar. Denne vert å lyse ut på nytt. Ein lege er ute i permisjon, her er det tilsett vikar. Ein lege har sagt opp leigeavtala si og flytter den til eit anna lokale på Bergsøya frå 1.12.18. I tillegg er det under vurdering å avslutte ei avtale med få pasientar. Dette har vore handsama i Samarbeidsutvalet for fastlegeordninga og legane ønska at heimelen vart verande ved legesenteret. Det er fortsatt ein prosess her om korleis ein på best mogleg måte skal sikre pasientane sin rett til ein fast lege. Ved legesenteret er det vel 1000 ledige plasser.

Ved Myrvåg legesenter er alle fire fastlegeheimlane besett og det er ingen ledige plasser.

Økonomiske forhold ved avtalen
Ein har så langt berre hatt eit heilt år kor avtalen har vore gjeldande. Langtidsverknaden av dei er såleis ikkje kjent.

Avtalene har ført til at kommunen har like leigeavtaler ved dei to kommunale legesentra. Avtalene er slik at fastlegane betaler basistilskotet samt kr. 3000,-. til kommunen kvar månad. Kommunen dekkjer utgiftene til drift av legekontora.
I K-sak 145/16 vart det foreslege at legetenesta vart auka med 1,3 mill. i 2017. Det vart ikkje avsett midlar til dette i samband med budsjetthandsaminga. Dette skjedde heller ikkje i 2018. Ein ber om at dette vert vurdert i samband med budsjett for 2019.

Ser ein på samla kostnadar på legetenesta (alle ansvar mellom 3131 og 3139 som også omfattar mellom anna legevakt og legetenesta i sjukeheim) får vi desse netto utgiftene:

2015 – 11,65 mill kr (1,7 mill kr meir enn budsjettert)
2016 – 12,09 mill kr (0,92 mill meir enn budsjettert)
2017 – 12,49 mill kr (2,42 mill meir enn budsjettert)

Utgiftsveksten er etter det ein kan forstå ikkje enormt høg, men det er klart at samla sett har budsjettet blitt redusert med om lag 1,1 mill kr (netto) frå 2016 til 2017. Budsjettet i 2018 er auka med om lag 0,6 mill kr sett i høve til 2017 så det vil nok bli eit meirforbruk her.

Kor mykje den endra legeavtalen konkret kostar kommunen er det vanskeleg å vere konkret på. Ein vil likevel anslå at den førar til ein meirkostnad på om lag 1 mill for 2019.

Ein har og set på nokre konkret kostnadsområde for 2016, 2017 og fram til 31.8.2018 er at til dømes betalt husleige for vikarar har gått ned frå kr. 183.000 i 2016, til 95.000 i 2017. og at det fortsatt er lågt i år.

Til ulike vikarbyrå har utgiftene gått frå kr. 137.000 i 2016 til om lag 32.000 så langt i år.

Medisinsk forbruksvare har hatt ei auke samla sett ved dei to sentra, frå om lag kr. 600.000 i 2016, kr. 659.00 i 2017 og til kr. 525.000 hittil i år. I desse summane ligg det og ei endring av avtalen for kjøp av medisinsk utstyr som har vore fordyrande for legesentra.

Vurdering og konklusjon
Avtalen har, så langt ein kan sjå, hatt ei god effekt på legesituasjonen i kommunen. Det er rekruttert nye legar og sjølv om det fortsatt er ein ledig heimel som ikkje er besett (den er ledig for overtaking 1.1.19) ser situasjonen no betre ut enn tidlegere. Avtalen har ført til mindre inntekter for kommunen, men sett i forhold til å kunne få ein god og stabil fastlegeteneste er dette nødvendig.

Det er viktig at avtalene som vart framforhandla vert gjort varig. Dette kan gjerast ved at punkt 14 andre setning vert teken ut av avtalen. Det vil då berre vere den gjensidige oppseiingstida på 6 månader som gjeld. (pkt. 10).

Konsekvensar for folkehelse:
Det svært viktig for mange pasientar å ha ein fast lege å forholda seg til.
Ein stabilitet i dei gjeldande avtalen er viktig for at legane fortsatt skal verte stabile i kommunen.

Fosnavåg, 25.09.2018

Olaus-Jon Kopperstad	Renathe Rossi-Kaldhol
Rådmann	Kommunalsjef

Sakshandsamar: avdelingsleiar Inger Marie Tofthagen

AVTALE MELLOM HERØY KOMMUNE OG FASTLEGE .....

Lege ..... har inngått fastlegeavtale med Herøy kommune med arbeidsstad Herøy eller Myrvåg legesenter. Det er samstundes inngått følgjande avtale mellom lege ..... og Herøy kommune.

Avtalen bygger på Forskrift om fastlegeordningen i kommunene, ASA 4310, ASA 4301 og SFS 2305

1. Tilhøvet mellom fastlegene i Herøy kommune er regulert av ovanfor. Når det gjeld fastlegene som har avtale med kommunen, er forholda i tillegg regulert i denne overordna avtalen.

2. Gjennom denne avtalen forpliktar fastlegane seg til å drive sin almennlegepraksis frå det senteret vedkomande er knytt til.

3. Kommunen driv dei to legesentra, Herøy og Myrvåg, og leiger dei ut til fastlegane ved sentra. Kommunen skal syte for fylgjande:

   a) Lokale som er tidsmessige og tenlege.
   b) Medisinsk utstyr og kontorutstyr av god og moderne standard.
   c) Hjelpepersonell til å dekkje ei forsvarleg teneste ved senteret.
   d) Kontor til 8 fastlegar ved Herøy legesenter og 4 fastlegar ved Myrvåg legesenter. I tillegg plass til ein turnuslege i kommunen.
   e) Innkjøp av nødvendig forbruksmateriell og medikament.
   f) Reinhald i samsvar med eigen plan.
   g) Eige årleg driftsbudsjett og rekneskap for kvart av legesentra.
   h) IKT-utstyr og programvare i samsvar med gjeldande nasjonalt regelverk og normer når det gjelder tryggleik samt drift av dette.

4. Hovudoppgåvene til legesentra er:

   a) Allmennlegetenester i samsvar med lover, reglar, avtalar og ein god faglege standar.
   b) Beredskap for akuttmedisinske situasjonar utanom vaktordningar på dagtid, Jmfr. § 12, pkt c i Fastlegeforskrifta og SFS 2305, §6.
   c) Deltaking i utdanning av medisinske studentar i samarbeid med NTNU.
   d) Rettleiing av medisinske turnuskandidatar.
   e) Rettleiing av legar etter Forskrift om veiledet tjeneste for å få adgang til å praktisere som allmennlege med rett til trygderefusjon av 19. des. 2005, jmfr Rundskriv IS-18/2005
   f) Rettleiing av legevikarar.
   g) Vere eit integrert legesenter i Herøy kommune ved å bidra til at helsetenesten framstår som heilskaplege og samanhengande for brukarane. Gi praktiske fordelar for brukarane ved at tenestene er samlokaliserte. Lav terskel for formell og uformell kontakt mellom fastlegar inkl. medarbeidarar og anna fagpersonell i kommunen. Konkrete tenester til førebyggingsseksjonen knytt til reisevaksinasjon og smittevern, Yte laboratorietenester til jordmor, førebyggingsseksjonen og PO-avdelinga, fortløpande rettleiing og tilrettelegging for turnuslegar og legevikarar. Samordning av drift med øvrige

tenester i kommunen. Studentrettleiing og bidra til rekruttering av nye leger gjennom mottak av studenter, turnusleger osv

5. Legen betaler Herøy kommune basistilskot og 3.000,- kr. per månad i leige. Leiga skal betalast den 15. i kvar månad.
   Ved sjukefråvær eller anna tariffesta fråvær skal legen betale leige så lenge han mottek basistilskot for si liste, jf. ASA 4310 pkt. 13.2-13.6.

6. Partane er einige om at det skal gjennomførast ein prosess etter at avtalane er signerte. Formålet med denne prosessen er å få ei omforeint haldning og praktisk utøving av:

   a) Herøy kommune sitt til ein kvar tid gjeldande verdigrunnlag og arbeidsgjevarpolitikk.
   b) Arbeide aktivt med HMS for å sikre eit godt og forsvarleg arbeidsmiljø for alle partar og tilsette. Avtalepartane vil initiere, ta del i og gjennomføre dei tiltak og aktivitetar som er naudsynt for å nå dei måla ein set seg.
   Partane vil gjennomføre ei medarbeidarundersøking/tilsvarande undersøking for fastlegane i avtaleperioden.
   c) Herøy kommune sine til ein kvar tid gjeldande etiske retningsliner.
   d) Avtalepartane skal saman jobbe aktivt for å rekruttere og halde på fastlegar med nødvendig kompetanse for å utføre dei tenestene som det til ein kvar tid er behov for.
   e) For at avtalepartane kan sette i verk målretta kvalitetshevande tiltak av tenestene, vil ein leggje til rette for og gjennomføre brukarundersøking blant pasientane. Dette blant anna for å innhente kunnskap om tenestene sin kvalitet

7. Herøy kommune skal legge til rette for at fastlegen slik at bla sjukehusåret for spesialisering i allmennmedisin og grunnkurs kan avviklast innan rimeleg tid. Kommunen skaffer sjølv vikar for legen når sjukehusåret vert avvikla.

8. Lege ..... forpliktar seg til følgjande:
   a) Bruke lokalar og utstyr på ein aktsam måte
   b) Bidra til eit positivt arbeidsmiljø på arbeidsplassen
   c) Aktiv deltaking i arbeidet med å rekruttere og behalde fastleger
   d) Bidra til å halde driftskostnadene nede
   e) Bidra til ei fagleg god og effektiv økonomisk drift av kontora

9. Det vert utarbeidd eiga arbeidsavtale knytt til dei kommunale arbeidsoppgåvene.

10. Gjensidig oppseiingstid er sett til 6 – seks- månader.

11. Ved tvist om forståinga av avtalen er partane samde om at reglane for tvistehandsaming fastset i ASA 4310 pkt 17, skal gjelde.

12. Avtalen er skriven ut i to eksemplar, eitt til kvar av partane.

13. Denne avtalen avløyser avtalen for Myrvåg legesenter handsama i kommunestyret 23.2.12 sak 31/12 og avtalen for Herøy legesenter handsama i kommunestyret 13.12.2012 sak 216/12. d

14. Denne avtalen er gjeldande frå 1.1.2017. Det er ei prøveperiode på 2 år der ein nøye følgjer opp kostnadsutviklinga ved Herøy og Myrvåg legesenter. Avtalen vert å ta opp til vurdering seinast hausten 2018.

Fosnavåg.

Herøy kommune

Ordførar

Lege

HERØY KOMMUNE

Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	IMT	Arkivsaknr:	2016/126
		Arkiv:	410

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
26/18	Komite for helse og omsorg	04.10.2018
183/18	Formannskapet	16.10.2018
128/18	Kommunestyret	25.10.2018

STRATEGISK REKRUTTERINGSPLAN FASTLEGAR 2016/2018 EVALUERING

Møtebehandling:

Møtebehandling i KHO vart lagt fram i møte.
Tilråding frå komite for helse og omsorg vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 16.10.2018

Kommunestyret tek til vitende at evalueringa av den strategiske rekrutteringsplanen for fastlegar 2016/2018 konkluderer med at planen har medverka til ei positiv utvikling av fastlegesituasjonen i kommunen.

Kommunestyret ber om at innspela som er kome fram i evalueringa vert teke inn i ein revidert plan. Den reviderte planen skal vedtakast av kommunestyret.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken med slik endring:
HO-sak 26/18 må handsamast av formannskapet.

Siste linje i rådmannen sitt vedtak vert endra til :
Den reviderte planen skal handsamast av kommunestyret

Tilråding i Komite for helse og omsorg - 04.10.2018

Kommunestyret tek til vitende at evalueringa av den strategiske rekrutteringsplanen for fastlegar 2016/2018 konkluderer med at planen har medverka til ei positiv utvikling av fastlegesituasjonen i kommunen.

Kommunestyret ber om at innspela som er kome fram i evalueringa vert teke inn i ein revidert plan. Den reviderte planen skal vedtakast av kommunestyret.

Tilråding:

Kommunestyret tek til vitende at evalueringa av den strategiske rekrutteringsplanen for fastlegar 2016/2018 konkluderer med at planen har medverka til ei positiv utvikling av fastlegesituasjonen i kommunen.

Kommunestyret ber om at innspela som er kome fram i evalueringa vert teke inn i ein revidert plan. Den reviderte planen skal vedtakast av Helse og omsorgskomiteen.

Særutskrift: Barn- familie og helseavdelinga
Samhandlingsutvalet for fastlegeordninga

Vedlegg:
1 Strategisk rekrutteringsplan fastlegar 2016-2018. endeleg
2 Strategisk rekrutteringsplan fastlegar 2016/2018
Strategisk rekrutteringsplan
Notat til Samhandlingsutvalet for fastlegeordninga

Samandrag av saka:
Den strategiske rekrutteringsplanen vart handsama våren 2016. Hovudmålsetting var å rekruttere og behalde legar ved dei to legesentra i kommunen. Planen er no evaluert og det er forslag om å få utarbeida ein revidert rekrutteringsplan som tek inn dei nye og endra utfordringane som kjem, mellom anna ved auka krav til kompetanse ved vaktberedskap.

Saksopplysningar:
Den strategiske rekrutteringsplan for fastleger vart handsama i kommunestyret 17.3.2016, K-sak 45/16.Hovudmålet med planen var å sikre rekruttering av nye legar og behalde dei legane ein har i kommunen. Det vart vedteke at planen skulle evaluerast i planperioden.

Evalueringa vart starta med eit notat til Samhandlingsutvalet for fastlegeordninga. Dette notatet ligg ved denne saka. Notatet vart drøfta i Samhandlingsutvalet og sendt over til Allmennlegeutvalet for uttale. Allmennlegeutvalet har kome med innspel til planen. Dei uttaler at den tida som er gått sidan planen vart laga, gjer at det er trong til endring. Nokre forhold er gjennomført og andre er ikkje lenger aktuelle medan nye tiltak for både å betre rekrutteringa og behalde legane er viktige å få inn i planen. Allmennlegeutvalet poengterer at hovudmålsettinga er rekruttering, stabilitet og trivsel. Dei har mellom anna kome med følgande konkrete innspel til tiltak som bør inn i rekrutteringsplanen:

Ønske om endring av legevaktstruktur med tanke på vaktlengde og muligheit for kortare vakter. Dessutan bør ein ha betre tilgang på hjelpepersonell under vakt. Eventuelle vikarar bør tilpliktast å ta vakter både lokalt og på nattlegevakt for å avlaste fast tilsette. Ein bør arbeide for at legevakt på kveldstid skal ha fastlønn – slik det er ved nattlegevakta i dag.

Det bør arbeidast aktivt for å få til et vaktsamarbeid mellom de 7 kommunane på Søre Sunnmøre, eventuelt de 4 nærmaste. Framtidig legevaktssamarbeid vil omfatte større legevaktsdistrikt.

Dagvakter i arbeidstida (08-15) bør lønast på ein betre måte og radiovaktgodtgjersle bør lønast.

Ein eventuell auke av per capita-tilskot, bør differansen frå dagens og eit nytt beløp tilfalle lege og ikkje kommune.

Regnskapet til Herøy kommune som omfattar legekontora på Eggesbønes og i Myrvåg bør gjerast lett tilgjengelig for gjennomgang.

Alle tilsette bør jobbe for at takster (jfr. Normaltariffen) og kostnader som utløysast ved pasientkontakt aktivt vert handtert som dei skal.

Det bør arbeidast for felles arbeidsrutinar blant hjelpepersonellet i Myrvåg og på Eggesbønes der man tar vare på godt fungerande rutinar.

Vurdering og konklusjon:

Ein strategisk rekrutteringsplan vil til ei kvar tid ha trong til endring og fornying. Nokre tiltak vil ikkje lenger vere gjennomført, andre vil ikkje lenger vere aktuelle og ein del nye tiltak vil det vere trong til å ta inn i ein plan. Dette er også tilfelle med den gjeldande planen her. Denne planen bærer nok også preg av at den var ei «førsteutgåve».

Mange av dei tiltaka som vert foreslegne av Allmennlegeutvalet vil vere naturlege tiltak å få inn i samanheng med dei endringane som kjem som eit resultat av endra krav til akuttberedskapen. Dette vil mellom anna føre til endra krav til kompetanse og legevakt.

Det har vore positivt å få laga ein strategisk rekrutteringsplan då den har medverka til at fastlegesituasjonen har vorte noko betre i Herøy, men det er trong for nye og andre prioriteringar.

Innspela som er kome i evalueringa bør takast inn i ein revidert plan. Denne reviderte planen kan vedtakast av Helse og omsorgskomiteen som fagutval.

Fosnavåg, 25.09.2018

Olaus-Jon Kopperstad	Renathe Rossi-Kaldhol
Rådmann	Kommunalsjef

Sakshandsamar: Avdelingsleiar Inger Marie Tofthagen

HERØY KOMMUNE

Barn- familie og helseavdelinga

STRATEGISK REKRUTERINGSPLAN FASTLEGER

PERIODEN 2016-2018

Vedteke av kommunestyret i K.sak 45/16

INNHALD:

1. Innleiing
2. Bakgrunn

   2.1.kort om dei to legesentra

3. Utfordringsbiletet

   3.1. Behalde

   3.2. Rekruttere

4. Forslag til tiltak

   4.1. Behalde

   4.2. Rekruttere

5. Prioritering av tiltak
6. Oppsummering og vegen vidare

1. Innleiing

Legetenesta i kommunen har nå over tid hatt utfordringar med omsyn til legedekninga. Dette kom etter mange år med eit stabilt fastlegekorps. Situasjonen har vist seg å føre til store utfordringar, så vel ved å rekruttere nye fastlegar som å behalde legar over tid. Dei siste åra har det vore ein utstakt bruk av vikarar for kortare eller lengre periodar. Denne planen leggast fram for at kommunen nå skal få faste legar som vert over tid i kommunen.

2. Bakgrunn

Kommunen har i to år fått særskilte midlar frå Helsedirektorat for å styrke rekrutteringa samt å oppgradere legevakta. Dette er midlar som har vore nytta til rekruttering samt oppgradering av utstyret ved dei to legekontora og legevakta. Samla sett har dette ført til at legekontora er godt oppgraderte ved utgangen av 2016.

Etter at generasjonsskiftet nå har foregått over tid ser ein eit behov for å styrke så vel tiltak for rekruttering som tiltak for å behalde fastlegar. Det er såleis naturleg at rekrutteringsplanen inneheld tiltak for båe deler.

Kommunen har to legesenter, Herøy- og Myrvåg Legesenter. Båe legesentra er kommunalt drive kor den einskilte lege har avtale med kommunen som fastlege.

2.1.Kort om dei to legesentra

Herøy legesenter har 8 faste legeheimlar samt turnuslege. Her har to fastlegeheimlar stått ledige over tid og to legar har vore i sjukehusteneste. Sjukehusteneste er eit krav for å verte spesialist i allmennmedisin.

Myrvåg legesenter har 4 faste legeheimlar. Den siste fastlegeheimlen – såkalla 0-liste, vart oppretta etter at ein så at det var behov for ei styrking av legesenteret. Ein lege var ute i permisjon for å få naudsynt praksis til spesialisering i allmennmedisin. .

3. Utfordringsbiletet

Kommunen som heilheit har ei utfordring når det gjeld å rekruttere faste legar til legesentra. Det kan synast som om utfordringa ved dei to sentra er noko ulik. Dette vert nærare omtala under. Det er og ei utfordringa at avtalane ved sentra er ulike og med det har ulik økonomisk belastning for den einskilde lege.

Dei siste åra har det særleg vore Herøy legesenter som har slitt med å rekruttere faste leger. Det har vore ein stor bruk av vikarar. Dette har vore utfordrande for dei faste legane både med

omsyn til veiledning og stabilitet i tenesta. Det har og vore utfordrande for pasientane, som har måtte halde seg til ulike legar kvar gong dei har hatt behov for lege.

Ustabilteten har ført til stor slitasje på dei faste legane og dei kan fort kome til å finne andre arbeidsstader. I løpet av dei siste åra er det og to yngre legar om har gått frå fastlegeavtale i Herøy til fastlegeavtale i andre nærliggande kommunar. I kva grad dette er ein direkte konsekvens av gjeldande avtaler er noko uklårt, men det som vel er klårt er at dei økonomiske vilkåra i avtalene har vore medverkande årsak til skiftet.

Kommunen har gjennom fleire år hatt som krav ved tildeling av nye fastlegeheimler at legen må vere spesialist i almenmedisin, under utdanning eller vere villig til å gå inn i eit slikt utdanningsløp. Dette kravet vidareførast i planen.

3.1.Behalde

Dersom kommuna skal behalde dei faste legane dei har i dag er det viktig at ein over tid får ein stabilitet i fastlegekorpset. Ein situasjon kor ein til stadigheit må lære opp vikarar er slitande, både ved at dette er eit ekstra arbeid og ved at det kjem mange mishagsytringar til dei faste legane for ustabiliteten.

Ei utfordring i dag er og at legane ved dei to sentra betalar ulikt til kommunen for dekning av kostnader i samband med drift av praksisen.

Herøy kommune har og ei beliggenheit som ikkje gjer det å rekruttere og behalde legar enklare. Det er inga naturleg gjennomfartsåre og det er eit godt stykkje til næraste høgskule/sjukhusområde.

Det er og ei utfordring at nokre av nabokommunane generelt har betre vilkår for fastlegane enn det Herøy har.

3.2.Rekruttere

For å lokke til seg aktuelle legar vil det vere viktig å ha noko å tilby legar som ikkje alle andre kommunar har. Her vil det vere viktig å tenkje kreativt og ha tilbod så vel i ei oppstartsfase som over noko lengre tid. Eit viktig bidrag til dette vil det og vere at legetenesta i kommunen framstår som god og fagleg sterk og at det er moglegheit for vidare utvikling. Det er og viktig at legekontora er godt utstyrt og har eit godt og oppdatert hjelpepersonale.

Det har vore endra meir utfordrande å rekruttere til Herøy legesenter enn til Myrvåg legesenter. Det kan skyldast fleire forhold, men det har særleg vore peika på avstand frå til dømes Ulsteinvik og ikkje minst Volda/Ørsta. Dette er det lite å gjer med. Ein må derfor i størst mogleg grad forsøke å satse på rekruttering av andre årsaker, som til dømes særlege gode vilkår for legane. Det er og viktig at ein får til eit godt samarbeid med spesialisthelsetenesta mellom anna ved bruk av det oppkobla videoutstyret.

4. Forslag til tiltak

Det vil vere ulike tiltak som vil kunne få verknad på det å behalde legar i forhold til det å rekruttere. Tiltaka for å behalde vil jo og på sikt kunne få betyding for dei ein rekrutterer. Det vil vere viktig å ha fleire og ulike tiltak for båe utfordringane.

4.1.Behalde

For å behalde legane er det viktig å ha ulike tiltak slik at det vert interessant å fortsatt drive som fastlege i Herøy kommune.

- Like avtaler ved dei to legesentra.
- Endre den økonomiske belastninga i avtalene
- Enda større moglegheit for fagleg utvikling, dette kombinert med særskilte tilskotsordningar som til dømes fagdagar med økonomisk kompensasjon og støtteordningar for kursdeltaking ved vidareutdanning og spesialisering
- Vurdere dei offentlege oppgåvene og forhandle fram moglegheitene for å tilsette til dømes faste kommunale/offentlege legar som til dømes sjukeheimslegar.
- Sikre ved tiltak for meir effektiv drift av legekontora ved:

  -Optimal utvikling av moderne teknologi

  -Optimal fordeling av oppgåver mellom ulike fagpersonar, herunder utvikling av IKT, og fordeling av oppgåver mellom leger og hjelepersonale

4.2.Rekruttere

For å rekruttere legar er det viktig å ha ulike tiltak, så vel kortsiktige som meir langsiktige, slik at det vert interessant å komme som fastlege til Herøy kommune

- Tilby studentar frå nærdistriktet sommarjobb i legesentra.
- Tilby fast tilsetting som fastlege.
- Informere søkjarar om moglegheitene for fagleg utvikling
- Sette krav om at legar ved tilsetting må vere eller starte på ei spesialisering som almenlege.

5. Prioritering av tiltak

Det er viktig å prioritere tiltak både for å behalde og rekruttere fastlegar i kommuna. Tiltak for å behalde legar prioriterast først. Når det gjeld å behalde vil nok like avtaler med lik og lågare økonomisk belastning vere det tiltaket som på kort sikt vil gi det beste resultatet. Det er likevel og viktig å prioritere fagleg utvikling over tid. Faste faglege møter, nokre av dei saman med hjelpepersonalet, er viktig så vel for samla sett å halde fokus på eventuelle forbetringsområder som på felles fagleg utvikling. Dette vil føre til at Herøy vil framstå som ein attraktiv kommune å vere fastlege i.

Når det gjeld rekruttering vil veldrivne og gode faglege legekontor bidra til at yngre legar vil til kommunen. Det er og viktig her å få oppretta eit godt samarbeid mellom dei to legekontora og kommunen. Her vil ein revitalisering av samarbeidsutvalet vere viktig.

6.Oppsummering og vegen vidare

Kommunen har hatt og har fortsatt utfordringar når det gjeld rekruttering av fastlegar. Det er og utforande å behalde dei legane som har kome til kommunen. Dette gjer at det er naudsynt å sjå på alle moglegheiter for å kunne gjere situasjonen betre.

Denne planen vart lagt fram for fastlegane for innspel før den gikk til samarbeidsutvalet og vidare til politisk handsaming. Kommunestyret handsama planen i K.sak 45/16.

Vegen vidare:

Tiltak for å behalde fastlegar skal prioriterast først.

Det vert forhandla med fastlegane med sikte på å kome fram til ei lik avtale ved dei to legekontora.

Samarbeidsutvalet arbeider aktivt for å bidra til god framdrift med å betre legedekninga i Herøy, ref. ASA 4310, pkt. 4.2.

Strategiplanen for 2016-2018 vert evaluert etter eitt år og at det vert gitt ei tilbakemelding til kommunestyret vedkomande framdrift og erfaring.

Ordføraren skal vere ein del av forhandlingsutvalet.

NOTAT

Til: Samhandlingsutvalet for fastlegeordninga

Fra: Avdelingsleiar for barn familie og helse

EVALUERING AV STRATEGISK REKRUTTERINGSPLAN FOR FASTLEGAR

Kommunestyret handsama i sak 45/16 Strategisk rekrutteringsplan fastleger. Hovudmålet med planen var å sikre rekruttering av nye leger og behalde dei legane ein har i kommunen. Det vart vedteke at planen skulle evaluerast i planperioden.

Det har skjedd mykje innan legetenesta i Herøy etter at planen vart vedteke. Det er mellom anna no like avtalar for fastlegane ved dei to legesentra. Det er likevel nokre utfordringar framleis for tenesta. Når det gjeld utfordringar med rekruttering av fastlegar er dette noko som ikkje berre gjeld for Herøy, men har vore eit stort tema i heile landet. Nye krav og oppgåver for fastlegane har ført til at det i mange deler av landet har vore vanskeleg å få tilsett fastlegar i alle heimlar.

Utfordringsbiletet i dag

Ved Herøy legesenter er det for tida 2 ledige fastlegeheimeler. Det er tilsett vikar. Den eine heimelen har vore utlyst og det er tilsett ein lege i heimelen som startar som fastlege i starten av september. Den andre lista har no vorte så lita at det ikkje er grunnlag for næringsdrift ved denne heimelen. Kapasiteten ved legesenteret er god. Spørsmålet var derfor om ein skal avvikle denne lista. Denne problemstillinga har vore teke opp i Samhandlingsutvalet tidlegere og etter uttale frå Almennlegeutvalet vert den nå å handsame i utvalet som sak 11/18.

Ein av legane ved legesenteret går ut i eit års permisjon frå 1.9.2018, det arbeidas med å få vikar i denne heimelen. Det er og ein fastlege som har sagt opp leigeavtala si per 1.12.2018 for å starte eiga drift eit anna stad på Bergsøya.

Ved Myrvåg legesenter er det no fire faste legar slik at alle heimlane er i drift. Dette vart mogleg etter at senteret vart bygd om og utvida.

Behalde og rekruttere

Fleire gonger har det vore trekkje fram at avstanden til Herøy legesenter frå til dømes Vold og Ørsta har vore lang. Det har vore enklare å bu i desse områda og ha ein heimel ved Myrvåg legesenter. Det er lite å gjere med avstand til legesenteret. Det er såleis fortsatt viktig å ha tiltak i kommunen som gjer det attraktivt å vere fastlege i Herøy. Utstyr ved kontora er i den samanhengen særleg nemnd. Legekontora står fram som teknisk godt fungerande og godt utstyrt. Dette har latt seg gjere ved tilskot frå Helsedirektoratet. Eit godt hjelpepersonale er også ein viktig forutsetnad for god og stabil drift av kontora. Oppdatering og vidareutvikling av hjelpepersonalet er såleis særleg viktig. Det er set i gang tiltak i samband med dei endra krav som ligg føre i samband med vaktberedskapen.

Tiltak i rekrutteringsplanen - kva er gjennomført.

Behalde legane som er i kommunen

Like avtaler ved del to legesentra.

Dette er gjennomført og vert oppfatta som positivt av legane.

Endre den økonomiske belastninga i avtalene

Dette er gjennomført. Legane har no fått konkurransedyktige avtalar

Enda større moglegheit for fagleg utvikling, dette kombinert med særskilte tilskuddsordningar som til dømes fagdager med økonomisk kompensasjon og støtteordningar for kursdeltakig ved videreutdanning og spesialisering

Det er stimulert til kurs via midlar frå Helsedirektoratet til særskilte satsingsområder som akuttmedisin og desse har Herøy kommuene nytte seg av og det stimurlerar fagutvikling både til legane og til hjelpepersonell. Den norske legeforeninga har gode ordningar via fond i foreninga som kan dekke deler av obligatoriske kurs og reiser.

Kommunen har lagt til rette for kursdeltaking og vidareutdanning med at ein lett frå fri og ved hjelp av kollegial oppdekking.

Fagleg utvikling er prioritert. Det er og gitt økonomisk kompensasjon ved fagdagar. I dei tilfella det er søkt om økonomisk kompensasjon ved vidareutdanning og spesialisering er dette gitt. Det har ikkje vore stor etterspørsel etter tilskot. Det er gitt praksiskompensasjon for deltaking i lokale kurs og nettverkssamlingar.

Vurdere dei offentlege oppgåvene og forhandle fram mogleghetene for å tilsette til dømes faste kommunale/offentlege legar som til dømes sjukeheimslegar.

På bakgrunn av den generelle legedekninga i kommunen har ikkje dette vore aktuelt endå å arbeide vidare med.
Dette er noko ein framover må vurdere fortløpande og i tråd med øvrige føringar i helse- og omsorgstenestene. Ei nedbygging av institusjonsplassar vil undergravet behovet for fast tilsett sjukeheimslege t.d.
Slik strukturen er per i dag, vil det vere behov for to stillingar ved kvar av dei to omsorgsentra og for å dekke stillingane ved naudsynt fråvær som ferie, kurs og anna fråvær. Det vil såleis vere ei større økonomisk utfordring for kommunen.

Sikre ved tiltak for meir effektiv drift av legekontora ved:
-Optimal utvikling av moderne teknologi
-Optimal fordeling av oppgåver mellom ulike fagpersonar, herunder utvikling av IKT, og fordeling av oppgåver mellom leger og hjelepersonale

Det har vore ein effektiv kommunikasjon med e-link/PLO-meldingar/dialogmeldingar. Men når det gjeld teknisk drift er det lagt på kvart enkelt kontor i større grad enn før og stiller krav til kontorleiing på tekninske løysingar ein ikkje har føresetnad før løyse på ein tilfredstillande måte. Dette er ikkje effektiv drift.
Det er og slik at det kan gjeras meir for å få ein effektiv drift. Mellom anna bør det nok i enda større grad verte like prosedyrar og handsaming av pasientane ved dei to legesentra.

Rekruttere legar til kommunen

Tilby studentar frå nærdistriktet sommarjobb i legesentra.

Studentar frå nærdistriktet har vore i sommarjobb ved båe legesentra.

Tilby fast tilsetting som fastlege.

Dette tiltaket har ikkje vore utprøvd.

Informere søkjarar om moglegheitene for fagleg utvikling

Det har alltid vore informert om dette i søknadsprosessene.

Sette krav om at legar ved tilsettig må vere eller starte på ei spesialisering som almenlege.

Dette var eit krav også tidlegere i kommunen og det er vidareført.
Det er viktig å merkje seg at frå 010319 blir dette eit krav etter nytt regelverk for spesialistutdanning. Det er og blir stilt større krav til kommunane vedkomande utdanning av spesialistar innan allmennmedisin, arbeidsmedisin og samfunnsmedisn.

Tiltak framover

Det er mange av tiltaka i den strategiske rekrutteringsplanen som er gjennomført. Det er også mange av tiltaka som vil vere aktuelle kontinuerleg.

Tiltak for å gjere sjukeheimslegestillingane større vil kunne vere positivt. På denne måten vil dei legane som er på sjukeheim kunne prioritere denne oppgåva i større grad. Dette må likevel sjåast i samband med det liggande innsparingsforslaget for sektoren der det er foreslege å gjere om sjukeheimsplassar til omsorgssenterplassar. Dersom det vert vedteke vil det ikkje vere eit krav om lege knytt til desse plassane.

Det er stadig større krav til fagleg utvikling for legane. Det vil kunne vere eit forslag at det i budsjettsamanheng settas av midlar til eit utdanningsfond legane kan søke på for å ivareta desse krava. Viktig at også anna helsepersonell tilknytt legesentra kan søke om midlar til vidareutvikling.

Felles kulturbygging ved dei to legesentra bør prioriteras. I den samanhengen bør det prioriteras å lage felles rutinar og implementere dei godt ved båe kontora. Det må prioriteras så vel ei optimal fordeling mellom dei ulike fagområda og ei stadig løypande utvikling og bruk av IKT.

Prosess for evaluering

Det er naturleg at evaluering av planen startar med ei drøfting av dette notatet i samhandlingsutvalet. Almennlegeutvalet bør etter det verte invitert til å kome med innspel før sak om evalueringa vert lagt fram for politisk handsaming i helse- og omsorgskomiteen og kommunestyret.

14.6.18

Inger Marie Tofthagen

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2018/316
		Arkiv:	024

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
184/18	Formannskapet	16.10.2018
33/18	Arbeidsmiljøutvalet	15.10.2018
129/18	Kommunestyret	25.10.2018

NAV. GODKJENNING AV VERTSKOMMUNEAVTALE MELLOM HERØY OG VANYLVEN

Møtebehandling:
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Arbeidsmiljøutvalet - 15.10.2018
Herøy kommunestyre godkjenner framlegget til vertskommuneavtale om felles NAV-kontor for Herøy kommune (vertskommune) og Vanylven kommune (samarbeidskommune).

Overføring av arbeidsoppgåver og avgjerdsmynde vert overført frå og med 1. januar 2019.

Møtebehandling:
Tilråding frå AMU vart lagt fram i møte.
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 16.10.2018

Herøy kommunestyre godkjenner framlegget til vertskommuneavtale om felles NAV-kontor for Herøy kommune (vertskommune) og Vanylven kommune (samarbeidskommune).

Overføring av arbeidsoppgåver og avgjerdsmynde vert overført frå og med 1. januar 2019.

Tilråding:

Herøy kommunestyre godkjenner framlegget til vertskommuneavtale om felles NAV-kontor for Herøy kommune (vertskommune) og Vanylven kommune (samarbeidskommune).

Overføring av arbeidsoppgåver og avgjerdsmynde vert overført frå og med 1. januar 2019.

Særutskrift:

- Vanylven kommune
- Kommunalsjef helse og omsorg
- NAV- leiar

Vedlegg:

- Vertskommuneavtale mellom Herøy og Vanylven.

Samandrag av saka:

Det blir vist til vedlagde utkast til avtale mellom Herøy og Vanylven kommunar om felles NAV-kontor. Avtalen inneber ein vertskommuneavtale der Herøy er vertskommune og Vanylven er samarbeidande kommune.

Saksopplysningar:

I K-sak 77/18 vedtok kommunestyret å inngå eit samarbeidsprosjekt med Sande og Vanylven for NAV. Prosjektperioden er frå 1. januar 2019 til 30. juni 2021.

Sande kommune har undervegs inngått avtale med Hareid kommune om felles NAV-kontor.

Dei to kommunane, Vanylven og Herøy, samarbeider i dag om felles sentralbord plassert i Vanylven, og felles skatteoppkrevjar er vedteke frå 1. januar 2019. No er spørsmålet om samarbeid om NAV-kontor, det er elles andre samarbeid «i kjømda». Avtalen som er utarbeidd, opnar opp for fleire kommunar, dersom andre av kommunane i «sjustjerna» skulle ynskjer å kople seg på.

Føremålet med samarbeid om felles NAV-kontor er å sikre at tenesteområdet har god fagleg kompetanse, sikre kvalitet og gi gode tenester internt i kommuneorganisasjonane, til brukarane og ålmenta i dei deltakarande kommunane.

Herøy kommune får ansvar for å sikre at NAV-tenestene er i samsvar med føremål og verkeområde i lova, og som vertskommune sikre forsvarleg, føremålsteneleg og rasjonell organisering.

Det blir elles vist til avtaleutkastet, når det gjeld forslag til kostnadsfordeling og ytterlegare ansvarsfordeling mellom vertskommune og deltakarkommune.

Vurdering og konklusjon:

NAV omfattar etter kvart mange kompetansekrevjande fagfelt. Fagmiljøet i den enkelte kommune vert ofte lite – i stadig meir krevjande saker. Fagleg støtte kan vere vanskeleg å finne i små kontor, og eit slikt fellesskap opnar for auka og spissa kompetanse innan enkelte fagområder.

Kommunane sin del av driftskostnadane til felles NAV-kontor, blir fordelt mellom kommunane etter tal innbyggjarar i kommunen pr. 01.07, året før kvart einskilt budsjettår, men blir justert slik at fordelinga skal vere kostnadsnøytral samanlikna mot noverande driftsutgifter for eige NAV-kontor.

Økonomiske konsekvensar:

Vi forventar at større fagmiljø og utveksling av erfaringar vil gje ei innsparing på sosial stønad.

Fosnavåg, 08.10.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

VERTSKOMMUNEAVTALE OM FELLES NAV-KONTOR

FOR

HERØY KOMMUNE (VERTSKOMMUNE)

OG

VANYLVEN KOMMUNE (SAMARBEIDSKOMMUNE)

Innhald

1. Grunnlaget for avtalen, administrasjon av tenesta og lokalisering 3
2. Føremål og oppgåver 3
3. Oppgåver og mynde som vert delegert til vertskommunen 3
4. Tidspunkt for overføring av oppgåver og mynde 3
5. Kostnadsfordeling av tenesta 4
6. Driftsplan 4
7. Arkiv 4
8. Deltakarkommunen si opplysningsplikt 4
9. Sakshandsaming, underretning og klage 5
10. Rapportering 5
11. Samarbeid og informasjon 5
12. Lovlegkontroll og kontrollutval 5
13. Personalet 5
14. Økonomi og rekneskap 5
15. Samarbeidsorgan m.m. 6
16. Særskilte høve vedkomande overordna samarbeidsprosjekt 6
17. Iverksetting, utmelding og oppseiing 7
18. Utviding av samarbeidskommunar 7
19. Tvistemål 7
20. Vedtak og signatur 7

1. Grunnlaget for avtalen, administrasjon av tenesta og lokalisering

Avtalen gjeld felles NAV kontor for kommunane Herøy og Vanylven. Samarbeidet vert gjennomført etter Kommunelova § 28-1b Administrativt vertskommunesamarbeid, jf. § 28-1a.

Vertskommune er: Herøy
Samarbeidskommune er: Vanylven

Felles NAV-kontor blir ein eiga felles eining for å sikre brukarane gode tenester. Lokalisering med eigna kontor vert både i Herøy kommune og i Vanylven kommune.

NAV-kontoret vert leia av NAV leiar i tråd med intern leiarstruktur i vertskommunen. Leiar av tenesta skal ha budsjettansvar, ansvar for personale og fagansvar. Begge kontora skal ha innhald og meining som stettar begge kommunane sine behov.

Nærverande vertskommuneavtale inngår som ein del av eit vedteke og større samarbeidsprosjekt mellom Herøy kommune og Vanylven kommune. Det er også vedteke i begge kommunestyra at andre kommunar kan ta del i samarbeidet.

2. Føremål og oppgåver

Føremålet med samarbeidet om felles NAV-kontor er å sikre at tenesteområdet har god fagleg kompetanse, sikrar kvalitet og gjev gode tenester internt i kommuneorganisasjonane, til brukarane og ålmenta i alle kommunane som deltek i samarbeidet.

Føremålet med avtalen er å oppfylle kommunane sine plikter i tråd med lov om sosiale tenester i NAV, lov om arbeids og velferdsforvaltning og folketrygdlova. Avtalen er oppretta med heimel i kommunelova § 28-1 e.

Vertskommunen skal utføre tenestene i samsvar med kommunelova, forvaltningslova og andre regelverk som gjeld for kommunen.

3. Oppgåver og mynde som vert delegert til vertskommunen

Herøy kommune tek på seg å sikre NAV-tenester i både Herøy kommune og Vanylven kommune i samsvar med føremål og verkeområde i lova.

Vertskommunen skal sjå til at tenesta har tilstrekkelege ressursar og er organisert slik at lova kan utførast på ein forsvarleg, føremålstenleg og rasjonell måte. NAV-leiar skal syte for alle pålagde oppgåver i tråd med NAV-lovverket. NAV-leiar skal ta eventuelt manglande ressursar opp med vertskommunen.

Vertskommunen har fullmakt til å representere samarbeidskommunen ovanfor NAV Møre og Romsdal, når det gjeld høve knytt til den ordinære drifta av felles NAV-kontor.

4. Tidspunkt for overføring av oppgåver og mynde

Overføring av arbeidsoppgåver og avgjerdsmynde vert gitt NAV-leiar i vertskommunen frå og med 1. januar 2019.

5. Kostnadsfordeling av tenesta

Ein av fire moglege modellar:

a) Etter folketal
b) 50% etter folketal og 50% etter kommune
c) 30% kommune og 70 % folketal
d) Overføring av eksisterande ressursar

	Val av fordelingnøkkel		
Kommune	Etter folketal	50% kommune og 50% folketal	30% kommune og 70% folketal
Herøy (8 958)*			
Vanylven (3 170)*			
Totalt: 12 129 innbyggjarar			

*Tal frå SSB for andre kvartal 2018.

6. Driftsplan

NAV-leiar skal utarbeide rutine for tenesta i sin heilskap og for det enkelte kommunale kontor. Rutinen skal omhandle handsaming av dei oppgåvene som er lagt til kontoret.

NAV-leiar skal syte for tilfredsstillande internkontroll. Internkontrollen skal omfatte løypande kontroll av rutinar og prosedyrar ved kontoret, for å sikre at interne og eksterne krav til mellom anna kvalitet og naudsynt kompetanse vert oppfylt.

Nav-leiar skal ha ein internkontroll for å sikre at kommunen utfører oppgåvene sine i samsvar med krav fastsett i NAV-lovverket. Vertskommunen må kunne gjere greie for korleis kravet til internkontroll blir oppfylt.

7. Arkiv

Vertskommunen opprettar felles arkiv for saker der vertskommunen er behandlingsansvarleg. Vertskommunen er i slike tilfelle ansvarleg for at personopplysningsloven sitt krav blir imøtekomme. Dersom samarbeidet blir oppløyst, eller ei kommune går ut, vil vertskommunen framleis vere ansvarleg for arkivet som er etablert i samarbeidsperioden.

Fagprogram Visma Velferd må oppgraderast til elektronisk arkiv. Per i dag har begge kommunane papirarkiv.

8. Deltakarkommunen si opplysningsplikt

Den enkelte deltakarkommunen pliktar å informere sine innbyggjarar, til dømes på sine nettsider, om vertskommunesamarbeidet og kvar innbyggjarane skal vende seg for å komme i kontakt med vertskommunen. Vertskommunen skal leggje til rette for offentleg innsyn i sitt arbeid på same måte som om dette var eiga verksemd.

9. Sakshandsaming, underretning og klage

Det er NAV leiar i vertskommunen, eller den det er delegert mynde til, som utfører oppgåver og mynde på vegne av samarbeidskommunane.

All sakshandsaming skal fylgje sakshandsamingsreglane i forvaltingslova, personopplysningslova, arkivlova og andre lover som gjeld for tenesteområdet.

10.Rapportering

NAV leiar vil gjennomføre rapportering innan NAV- området, m.a. rapportering til SSB, Nav stat og kommunane som er med i samarbeidet. Rapportering vert gjort enkeltvis for kvar kommune.

Vertskommunen skal rapportere månadleg på forbruk mot periodisert budsjett til samarbeidskommunane. Det skal vidare rapporterast tertialvis på organisering, effektiviseringspotensiale; tidsplan for arbeidsoppgåver og avvik. Ved større avvik, som direkte gjeld samarbeidskommunane, skal rådmannen i vertskommunen orientere rådmannen i samarbeidskommunen snarast råd.

Statlege tilsynsrapportar og forvaltningsrevisjonsrapporter skal sendast til samarbeidskommunen.

11.Samarbeid og informasjon

NAV-leiar har ansvaret for at det tverrfaglege samarbeidet mellom vertskommunen og samarbeidskommunane vert utvikla og halde oppe. Vertskommunen har ansvaret for å informere samarbeidskommunen om oppgåver som vert utførte av vertskommunen.

NAV leiar har ansvaret for å ha naudsynt kompetanse på filialkontoret i samarbeidskommunane. Brukarane skal kunne avtale møte, samt kommunisere, med sakshandsamar på NAV kontoret i samarbeidskommunen. Kommunen og dei tverrfaglege instansane, skal kunne kontakte sakshandsamar på NAV-kontoret direkte i samarbeidskommunen om faglege og samhandlingsmessige spørsmål.

12.Lovlegkontroll og kontrollutval

Lovlegkontroll kan skje etter reglane i kommunelova § 28-1 h, jamfør § 59. Kontrollutvalet i vertskommunen har mynde etter kommunelova § 77 punkt 1 overfor verksemda, jamfør kommunelova § 28 j.

13. Personalet

Herøy kommune har arbeidsgjevaransvaret for alle kommunalt tilsette på NAV-kontoret. Vertskommunen har tilsettingsmynde og ansvar for personaloppfylgjing.

Ved overgang til felles NAV kontor skal fagorganisasjonane kunne vere med å lage tilpassa avtala til den enkelte tilsette. Oppmøtestad bør vere kontoret der ein er primært tilknytta.

14. Økonomi og rekneskap

Vertskommunen har budsjettansvar, og ansvar for tilfredsstillande lokale og driftsmidlar.

Budsjettprosessen startar med eit møte i samarbeidsorganet for å sikre god informasjonsflyt mellom samarbeidskommunane og vertskommunen, seinast den 1. oktober før budsjettåret. Vertskommunen orienterer samarbeidskommunen om årsbudsjett og økonomiplan. Kommunestyret i vertskommunen vedtek årsbudsjett og økonomiplan. Eventuelle spesifikke budsjettpostar for samarbeidskommunen vert handsama og godkjent av kommunestyret i denne kommunen.

Budsjettet skal periodiserast innan februar månad i budsjettåret.

Vertskommunen sender refusjonskrav til samarbeidskommunane.

Driftskostnader er løn, sosiale kostnadar, pensjon, kontorutgifter, kurs, datautstyr, kopimaskin og liknande. Så lenge det vert leigd kontor, vert kostnadane knytta til det rekna som driftskostnad. Elles vert det ikkje å betale for husleigekostnader, reinhald, tenester frå servicekontoret, fakturering, porto og liknande fellesutgifter.

Utgifter knytt til kommunale tenester, som økonomisk sosialhjelp og kvalifiseringsstønad, vert ført og fakturert til den enkelte kommune der vedkomande bur.

Reiseutgifter for den enkelte klient blir betalt av heimkommunen. Reiseutgifter til kurs, avdelingsmøte med meir skal delast utifrå fordelingsnøkkel.

Kommunane sin del av driftskostnadane til felles NAV-kontor, blir fordelt mellom kommunane etter tal innbyggjarar i kommunen pr. 01.07, året før kvart einskilt budsjettår, men blir justert slik at fordelinga skal vere kostnadsnøytral samanlikna mot noverande driftsutgifter for eige NAV-kontor.

Vertskommunen fakturerer a-kontosummar til samarbeidskommunen 4 gonger i året. Faktura vert utsendt den 15. i månaden for kvart påbyrja kvartal og a-kontosummen vert stipulert ut frå forventa kostnad med drifta for kvartalet. Avrekning skal skje kvart år i samband med rekneskapsavslutninga for driftsåret.

Kontrollrutinar og revisjon fylgjer vertskommunen sine rutinar.

15.Samarbeidsorgan m.m.

Rådmennene i vertskommunen og samarbeidskommunen utgjer samarbeidsorganet. Organet skal fortløpande evaluere samarbeidet og ved behov ta initiativ til framlegg til endring av vertskommuneavtalen. Møte i samarbeidsorganet skal vere etter behov, men minimum 2 gonger per år. Rådmennene kan ta med seg naudsynt kompetanse inn i samarbeidsorganet. Rådmennene kan også ta initiativ til slikt møte. Samarbeidskommunen skal delta på partnarskapsmøta med NAV-stat.

16.Særskilte høve vedkomande overordna samarbeidsprosjekt

Rådmennene i samarbeidskommunane har møte- og talerett i alle møte som rådmannen i vertskommunen har med den interkommunale eininga.

Vesentlege endringar i det interkommmunale samarbeidet skal godkjennast av alle rådmennene før endringa blir sett i verk – dette gjeld til dømes ved ny organisering, flytting av kontor eller stillingsauke.

Styringsgruppa som er oppretta for det overordna samarbeidsprosjektet vil ved behov be om rapportering og/eller anna tilbakemelding frå prosjektleiarane i prosjektperioden – rapporteringa skal vere knytta til organisering, økonomi, effektiviseringspotensiale og tidsplan. Rådmannen vil at dei respektive arbeidsgruppene som er sett ned skal bestå som fagressurs for styringsgruppa i prosjektperioden.

Prosjektperioden er frå 1. januar 2019 til 30. juni 2021.

17. Iverksetting, utmelding og oppseiing

Nærverande avtale gjeld frå overføring av arbeidsoppgåver og avgjerdsmynde vert gitt NAV leiar i vertskommunen frå og med 1. januar 2019.

Avtalen er ikkje tidsavgrensa, men kan seiast opp skriftleg med eitt års varsel. Rådmannen i ein av samarbeidskommunane kan likevel trekkje attende det delegerte myndet og avslutte det interkommunale samarbeidet med beinvegs verknad. Kostnader som dette fører til for vertskommunen i oppseiingstida og elles etter dette punktet må då dekkjast av samarbeidskommunen åleine.

18. Utviding av samarbeidskommunar

Deltakarkommunane stiller seg positive til eit utvida samarbeid med andre samarbeidskommunar. Ved utviding av tal på samarbeidskommunar, skal nærverande vertskommuneavtale reviderast

19. Tvistemål

Tvistemål om verksemda som måtte kome mellom samarbeidskommunane, skal avgjerast ved valdgift i vertskommunen i samsvar med reglane i Tvistemålslova. Valdgiftsretten skal ha 3 medlemmer oppnemnd av tingrettsdommaren på Søre Sunnmøre.

Dette gjeld likevel ikkje tvist omkring gevinstrealiseringa, der kommuneadvokaten vil mekle ved usemje.

20. Vedtak og signatur

Avtalen er vedteken i kommunestyra i Herøy sak_____, og i Vanylven sak_____ .

Dato_____

Herøy kommune Vertskommune	Vanylven kommune Samarbeidskommune
_____	_____

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	TR	Arkivsaknr:	2018/1440
		Arkiv:	C10

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
186/18	Formannskapet	16.10.2018
130/18	Kommunestyret	25.10.2018

SVAR PÅ INVITASJON TIL UNGDATA-DELTAKING 2019.

Møtebehandling:
Saka vart lagt fram i møte.
Formannskapet tilrår alternativ 3 i rådmannen si tilrådinga

Tilråding i Formannskapet - 16.10.2018
Herøy kommune ynskjer å slå følgje med dei 5/6 andre kommunane på Søre Sunnmøre og gjennomføre ungdataundersøkinga ilag. Vi synes imidlertid at det er for tidleg å gjennomføre ei ny undersøking allereie i 2019 og vil vente med å delta til neste samla undersøking i 2022.

3 alternative tilrådingar:

1. Herøy kommune vil gjerne vere fri til å gjennomføre undersøkinga etter eigne ynskje og ikkje binde seg til faste gjennomføringstidspunkt ilag med andre kommunar. Vi takkar difor nei til invitasjonen om å delta i 2019.

2. Herøy kommune ynskjer gjerne å vere med på å gjennomføre Ungdataundersøkinga i 2019 og å følgje dei 5/6 andre kommunane på Søre Sunnmøre i eit program som skissert i invitasjonen, med neste samla gjennomføring i 2022.

3. Herøy kommune ynskjer å slå følgje med dei 5/6 andre kommunane på Søre Sunnmøre og gjennomføre ungdataundersøkinga ilag. Vi synes imidlertid at

det er for tidleg å gjennomføre ei ny undersøking allereie i 2019 og vil vente med å delta til neste samla undersøking i 2022.

Særutskrift:

Kompetansesenter rus - Midt-Norge

Vedlegg:
1 Invitasjon til Ungdataundersøkinga 2019
2 Ei presisering vedk. tilbod om å gjennomføre Ungdata Junior-undersøking i 2019
3 Ungdata2019
4 Invitasjon til informasjons- og dialogmøte om Ungdataundersøkinga 2019 på Søre Sunnmøre, 7.11.2018 kl. 10.00 - 12.00
5 Invitasjon til ungdatamøte 7.11.2018
6 Ei orientering om gjennomføring av Ungdata 2019(1)
7 Vedlegg til Ei orientering om gjennomføring av Ungdata 2019

Samandrag av saka:
Herøy kommune gjennomførte Ungdataundersøking i 2017. Vi har fått invitasjon frå Kompetansesenter rus – Midt-Norge om å gjennomføre ei ny ungdataundersøking i 2019. Dette med bakgrunn i at dei ynskjer å gjennomføre undersøkinga for alle sju kommunane på Søre Sunnmøre samla. Neste samla undersøking er planlagt i 2022 (kvart 3. år).

Herøy og Volda kommunar gjennomførte undersøkinga så seint som i 2017. Dei andre fem kommunane har sagt ja til å delta i 2019. KoRus ventar på svar frå oss to kommunane og vonar vi vil delta på opplegget som startar med samling for dei kommunale koordinatorane på Søre Sunnmøre den 7. november 2018.

Vi er bedne om å gi eit svar innan den tid.

Saksopplysningar:
Herøy kommune gjennomførte Ungdataundersøking i 2017 og har hatt og har framleis ein del oppfølging av nokre av temaene som utpeika seg.

Kompetansesenter rus – Midt-Norge (KoRus) inviterer no kommunane på Søre Sunnmøre til å gjennomføre Ungdataundersøkinga februar – mars 2019. Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) og dei regionale kompetansesentra for rusfeltet (KoRus) har det faglege ansvaret for undersøkinga, medan kommunane står for den praktiske gjennomføringa.

Hensikta med å gjennomføre undersøkinga områdevis i fylket år for år er, i følgje invitasjonen, å legge til rette for samarbeid på tvers av kommunegrenser, og å

forenkle og effektivisere oppfølginga av kommunane.

Vurdering og konklusjon:
Gjennomføring av Ungdata-undersøking er krevjande for kommunen ressursmessig,- for koordinator, arbeidsgruppe og skulane (administrasjon, lærarar og elevar), og det er ikkje lenge til neste gjennomføring, planleggingsarbeidet startar straks. I tillegg har det ein kostnad økonomisk. Dersom Ungdata-undersøkinga skal gjennomførast for 2019 må dette inn i budsjettet for 2019.

Fordeler med å vere med på undersøkinga samla heile Søre Sunnmøre kan vere fleire, men kan også forplikte ressursmessig.

Slik rådmannen ser det har kommunestyret 3 ulike alternativ til vedtak i denne saka:

1.Herøy kommune vil gjerne vere fri til å gjennomføre undersøkinga etter eigne ynskje og ikkje binde seg til faste gjennomføringstidspunkt ilag med andre kommunar. Vi takkar difor nei til invitasjonen om å delta i 2019.

2. Herøy kommune ynskjer gjerne å vere med på å gjennomføre Ungdataundersøkinga i 2019 og å følgje dei 5/6 andre kommunane på Søre Sunnmøre i eit program som skissert i invitasjonen, med neste samla gjennomføring i 2022.

3. Herøy kommune ynskjer å slå følgje med dei 5/6 andre kommunane på Søre Sunnmøre og gjennomføre ungdataundersøkinga ilag. Vi synes imidlertid at det er for tidleg å gjennomføre ei ny undersøking allereie i 2019 og vil vente med å delta til neste samla undersøking i 2022.

Rådmannen vil primært tilrå alternativ 3. Då blir vårt samanlikningsgrunnlag frå 2017, medan dei andre kommunane vil ha undersøking frå 2019 (unnateke Volda som kanskje også vil halde på 2017). Då unnlet ein å bruke ressursar på ei ny undersøking allereie i 2019 og kan heller nytte desse på tiltak direkte retta inn mot dei behov som viste seg i undersøkinga frå 2017. Vår neste undersøking vert då ilag med dei andre Søre Sunnmøre kommunane i 2022.

Fosnavåg, 11.10.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Tanja Rafteseth

Fra: Gjære, Kolbjørn[Kolbjorn.Gjere@stolav.no]
Sendt: 27.09.2018 10:15:39
Til: Tanja Rafteseth
Tittel: FW: Invitasjon til Ungdataundersøkinga 2019

Med vennleg helsing
Kolbjørn Gjære • Rådgivar
Kompetansesenter rus - Midt-Norge
ST. OLAVS HOSPITAL HF | KLINIKK FOR RUS- OG AVHENGIGHETSMEDISIN
☎ +47 950 34 148 ✉ kolbjorn.gjere@stolav.no 🌎 http://www.stolav.no/korus

Meld deg på vår e-postliste for å motta informasjon om våre kurs, konferanser og samlinger.

From: Gjære, Kolbjørn
Sent: Thursday, August 16, 2018 2:56 PM
To: Vanylven kommune <postmottak@vanylven.kommune.no>; Volda kommune (postmottak@volda.kommune.no) <postmottak@volda.kommune.no>; Ørsta kommune <postmottak@orsta.kommune.no>; Sande kommune (sande.kommune@sande-mr.kommune.no) <sande.kommune@sande-mr.kommune.no>; Ulstein kommune (postmottak@ulstein.kommune.no) <postmottak@ulstein.kommune.no>; Herøy kommune (postmottak@heroy.kommune.no) <postmottak@heroy.kommune.no>; Hareid Kommune (postmottak@hareid.kommune.no) <postmottak@hareid.kommune.no>
Subject: Invitasjon til Ungdataundersøkinga 2019

Hei!
Ber om at denne eposten blir formidla til ordførar, administrasjon v/rådmannen og til folkehelsekoordinator/folkehelseansvarleg.

Invitasjon til å delta i Ungdataundersøkinga 2019

Kompetansesenter rus – Midt-Norge (KoRus) ønskjer med dette å invitere kommunane på Søre Sunnmøre til å gjennomføre Ungdataundersøkinga februar – mars 2019. Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) og dei regionale kompetansesentra for rusfeltet (KoRus) har det faglege ansvaret for undersøkinga, medan kommunane står for den praktiske gjennomføringa. Ettersom undersøkinga frå før er blitt gjennomført i alle kommunane på Søre Sunnmøre, skulle ho vere velkjend som kartleggingsverktøy i folkehelsearbeidet. Om muleg endå meir aktuell er undersøkinga blitt i samband med Program for folkehelsearbeid i kommunene 2017-2027. I den fylkeskommunale planen for rusarbeid i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal er det elles ei målsetjing at dei vidaregåande skulane samarbeider med kommunane om kartleggingsverktøy som Ungdata.

Seksjon Møre og Romsdal i Kompetansesenter rus – Midt-Norge ønskjer å gjennomføre undersøkinga områdevis i fylket år for år. Hensikta er å legge til rette for samarbeid på tvers av kommunegrenser, og å forenkle og effektivisere oppfølginga av kommunane. På våren/forsommaren 2019 vil vi innby dei deltakande kommunane til ei fellessamling med orientering om og diskusjon av situasjonen på rusområdet. Vidare vil tilby lokale oversiktsseminar hausten 2019. Med utgangspunkt i statistikk og lokal kunnskap blir det her høve til å drøfte utfordringar på rusområdet, erfaringar med eksisterande tiltak og kva behov det er for nye tiltak. Og KoRus vil informere om utviklingsarbeid som vi kan bistå med.

Det kan tenkjast at dei to kommunane som gjennomførte undersøkinga så seint som i 2017, ser det som lite ønskjeleg å køyre undersøkinga på nytt i 2019. Vi vil understreke at det er opp til den enkelte kommunen å avgjere om – og når – undersøkinga skal gjennomførast, og det er ikkje noko i vegen for å samanlikne tal og rapportar frå 2017 med ferske tal frå 2019. Men det vil nok vere fordelar med å gjennomføre undersøkinga samla i 2019, både på kort og lenger sikt. Etter planen vil vi tilby neste undersøking på Søre Sunnmøre i 2022.

Ei rettleiing om planlegging og gjennomføring av undersøkinga er å finne på **Ungdata.no.** Om rapportering og vidare bruk av data, sjå **her. Vi vil oppmode kommunen om å gi ei tilbakemelding på spørsmålet om deltaking, ønskjeleg tidspunkt og aktuelle skuleslag så snart som råd, og innan 1.10.2018.**

For komande året vil KoRus elles tilby to kommunar i fylket å gjennomføre Ungdata Junior-undersøkinga. Denne spørjeskjemaundersøkinga rettar seg mot elevar i 5. – 7. klassesteg og har ein god del til felles med Ungdata. Kommunar på Søre Sunnmøre må gjerne melde si interesse.

Med vennleg helsing

Kolbjørn Gjære • Rådgivar
Kompetansesenter rus - Midt-Norge
ST. OLAVS HOSPITAL HF | KLINIKK FOR RUS- OG AVHENGIGHETSMEDISIN
☎ +47 950 34 148 ✉ kolbjorn.gjere@stolav.no 🌎 http://www.stolav.no/korus

Fra: Gjære, Kolbjørn[Kolbjorn.Gjere@stolav.no]
Sendt: 27.09.2018 10:23:20
Til: Tanja Rafteseth
Tittel: FW: Ei presisering vedk. tilbod om å gjennomføre Ungdata Junior-undersøking i 2019

From: Gjære, Kolbjørn
Sent: Thursday, August 30, 2018 10:48 AM
To: Hareid Kommune (postmottak@hareid.kommune.no) <postmottak@hareid.kommune.no>; Herøy kommune (postmottak@heroy.kommune.no) <postmottak@heroy.kommune.no>; Ørsta kommune <postmottak@orsta.kommune.no>; Sande kommune (sande.kommune@sande-mr.kommune.no) <sande.kommune@sande-mr.kommune.no>; Ulstein kommune (postmottak@ulstein.kommune.no) <postmottak@ulstein.kommune.no>; Vanylven kommune <postmottak@vanylven.kommune.no>; Volda kommune (postmottak@volda.kommune.no) <postmottak@volda.kommune.no>
Cc: Valkvæ, Rita <Rita.Valkve@stolav.no>
Subject: Ei presisering vedk. tilbod om å gjennomføre Ungdata Junior-undersøking i 2019

Hei!
Viser til tidlegare utsend invitasjon til å delta i Ungdataundersøkinga 2019 – og Ungdata Junior (sjå nedanfor). Seksjon Møre og Romsdal i Kompetansesenter rus – Midt-Norge vil presisere at tilbodet om å gjennomføre *Ungdata Junior*-undersøkinga i 2019 gjeld kommunar som har planar om å søkje om prosjekt innan Program for folkehelse, og der Ungdata Junior fell innanfor prosjektet si ramme.

Med vennleg helsing
Kolbjørn Gjære • Rådgivar
Kompetansesenter rus - Midt-Norge
ST. OLAVS HOSPITAL HF | KLINIKK FOR RUS- OG AVHENGIGHETSMEDISIN
☎ +47 950 34 148 ✉ kolbjorn.gjere@stolav.no 🌎 http://www.stolav.no/korus

Meld deg på vår e-postliste for å motta informasjon om våre kurs, konferanser og samlinger.

From: Gjære, Kolbjørn
Sent: Thursday, August 16, 2018 2:56 PM
To: Vanylven kommune <postmottak@vanylven.kommune.no>; Volda kommune (postmottak@volda.kommune.no) <postmottak@volda.kommune.no>; Ørsta kommune <postmottak@orsta.kommune.no>; Sande kommune (sande.kommune@sande-mr.kommune.no) <sande.kommune@sande-mr.kommune.no>; Ulstein kommune (postmottak@ulstein.kommune.no) <postmottak@ulstein.kommune.no>; Herøy kommune (postmottak@heroy.kommune.no) <postmottak@heroy.kommune.no>; Hareid Kommune (postmottak@hareid.kommune.no) <postmottak@hareid.kommune.no>
Subject: Invitasjon til Ungdataundersøkinga 2019

Hei!
Ber om at denne eposten blir formidla til ordførar, administrasjon v/rådmannen og til folkehelsekoordinator/folkehelseansvarleg.

Invitasjon til å delta i Ungdataundersøkinga 2019

Kompetansesenter rus – Midt-Norge (KoRus) ønskjer med dette å invitere kommunane på Søre Sunnmøre til å gjennomføre Ungdataundersøkinga februar – mars 2019. Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) og dei regionale kompetansesentra for rusfeltet (KoRus) har det faglege ansvaret for undersøkinga, medan kommunane står for den praktiske gjennomføringa. Ettersom undersøkinga frå før er blitt gjennomført i alle kommunane på Søre Sunnmøre, skulle ho vere velkjend som kartleggingsverktøy i folkehelsearbeidet. Om muleg endå meir aktuell er undersøkinga blitt i samband med Program for folkehelsearbeid i kommunene 2017-2027. I den fylkeskommunale planen for rusarbeid i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal er det elles ei målsetjing at dei vidaregåande skulane samarbeider med kommunane om kartleggingsverktøy som Ungdata.

ønskjer å gjennomføre undersøkinga områdevis i fylket år for år. Hensikta er å legge til rette for samarbeid på tvers av kommunegrenser, og å forenkle og effektivisere oppfølginga av kommunane. På våren/forsommaren 2019 vil vi innby dei deltakande kommunane til ei fellessamling med orientering om og diskusjon av situasjonen på rusområdet. Vidare vil tilby lokale oversiktsseminar hausten 2019. Med utgangspunkt i statistikk og lokal kunnskap blir det her høve til å drøfte utfordringar på rusområdet, erfaringar med eksisterande tiltak og kva behov det er for nye tiltak. Og KoRus vil informere om utviklingsarbeid som vi kan bistå med.

Det kan tenkjast at dei to kommunane som gjennomførte undersøkinga så seint som i 2017, ser det som lite ønskjeleg å køyre undersøkinga på nytt i 2019. Vi vil understreke at det er opp til den enkelte kommunen å avgjere om – og når – undersøkinga skal gjennomførast, og det er ikkje noko i vegen for å samanlikne tal og rapportar frå 2017 med ferske tal frå 2019. Men det vil nok vere fordelar med å gjennomføre undersøkinga samla i 2019, både på kort og lenger sikt. Etter planen vil vi tilby neste undersøking på Søre Sunnmøre i 2022.

Ei rettleiing om planlegging og gjennomføring av undersøkinga er å finne på **Ungdata.no.** Om rapportering og vidare bruk av data, sjå **her. Vi vil oppmode kommunen om å gi ei tilbakemelding på spørsmålet om deltaking, ønskjeleg tidspunkt og aktuelle skuleslag så snart som råd, og innan 1.10.2018.**

For komande året vil KoRus elles tilby to kommunar i fylket å gjennomføre Ungdata Junior-undersøkinga. Denne spørjeskjemaundersøkinga rettar seg mot elevar i 5. – 7. klassesteg og har ein god del til felles med Ungdata. Kommunar på Søre Sunnmøre må gjerne melde si interesse.

Med vennleg helsing
Kolbjørn Gjære • Rådgivar
Kompetansesenter rus - Midt-Norge
ST. OLAVS HOSPITAL HF | KLINIKK FOR RUS- OG AVHENGIGHETSMEDISIN
☎ +47 950 34 148 ✉ kolbjorn.gjere@stolav.no 🌎 http://www.stolav.no/korus

Fra: Gjære, Kolbjørn[Kolbjorn.Gjere@stolav.no]
Sendt: 01.10.2018 07:50:15
Til: Tanja Rafteseth
Tittel: Ungdata2019

Hei!
Til di orientering: Har fått stadfesta at Vanylven, Sande, Ørsta, Ulstein og Hareid vil delta i undersøkinga i 2019. Volda har ikkje fått avklara spørsmålet enno, men folkehelsekoordinator tilrår at kommunen deltek.

Med vennleg helsing
Kolbjørn Gjære • Rådgivar
Kompetansesenter rus - Midt-Norge
ST. OLAVS HOSPITAL HF | KLINIKK FOR RUS- OG AVHENGIGHETSMEDISIN
☎ +47 950 34 148 ✉ kolbjorn.gjere@stolav.no 🌎 http://www.stolav.no/korus

Meld deg på vår e-postliste for å motta informasjon om våre kurs, konferanser og samlinger.

Fra: Gjære, Kolbjørn[Kolbjorn.Gjere@stolav.no]
Sendt: 04.10.2018 09:52:03
Til: Jenny Helen Korsnes; Tanja Rafteseth; Elin Almestad; Kristine Dale; Hanne Morseth; Ulrik Vik Nakken; Ingvild Endal
Kopi: Valkvæ, Rita; Gabor, Paul Andre
Tittel: Invitasjon til informasjons- og dialogmøte om Ungdataundersøkinga 2019 på Søre Sunnmøre, 7.11.2018 kl. 10.00 - 12.00

Hei!
Viser til vedlagde invitasjon, som gjeld dei kommunale koordinatorane for undersøkinga og kontaktpersonar i dei to kommunane som enno ikkje har kunna gi formelt svar på spørsmålet om eventuell deltaking i undersøkinga i 2019.
Eg ber om tilbakemelding på invitasjonen så snart som råd.
Vonar vi kan få deltaking frå alle sju kommunane på Søre Sunnmøre den 7. november!

Med vennleg helsing
Kolbjørn Gjære • Rådgivar
Kompetansesenter rus - Midt-Norge
ST. OLAVS HOSPITAL HF | KLINIKK FOR RUS- OG AVHENGIGHETSMEDISIN
☎ +47 950 34 148 ✉ kolbjorn.gjere@stolav.no 🌎 http://www.stolav.no/korus

Meld deg på vår e-postliste for å motta informasjon om våre kurs, konferanser og samlinger.

Invitasjon til informasjons- og dialogmøte – Ungdata 2019 på Søre Sunnmøre

Onsdag 7.11.2018, kl. 10.00 – 12.00, på Møterom Hasund, Ulstein kommune

Målsetjing: Informere om og drøfte planlegging og gjennomføring av Ungdataundersøkinga i kommunane på Søre Sunnmøre i 2019.

Målgruppe: Kommunale koordinatorar for Ungdataundersøkinga 2019.

Sakliste:

1. (Kort om …) Erfaringar frå tidlegare gjennomførte ungdataundersøkingar
2. Informasjon om opplegget for gjennomføring av undersøkinga i 2019
3. Involvering av ungdom i for- og etterarbeid
4. Samarbeid på tvers av tenester og kommunegrenser – aktuelt med felles planleggingsmøte?
5. Tilbod om lokale oversiktsseminar i etterkant av undersøkinga
6. Ungdata Junior og Program for folkehelse
7. Ungdatasamarbeid mellom kommunane og KoRus: Behov og forventningar
8. Ymse

Vel møtt!

Med vennleg helsing,
for Kompetansesenter rus Midt-Norge, Seksjon Møre og Romsdal,

Kolbjørn Gjære • Rådgivar
Kompetansesenter rus - Midt-Norge
ST. OLAVS HOSPITAL HF | KLINIKK FOR RUS- OG AVHENGIGHETSMEDISIN
☎ +47 950 34 148 ✉ kolbjorn.gjere@stolav.no 🌎 http://www.stolav.no/korus

ungdata

Kompetansesenter rus - Midt-Norge
ST. OLAVS HOSPITAL
UNIVERSITETSSYKEHUSET I TRONDHEIM

Fra: Gjære, Kolbjørn[Kolbjorn.Gjere@stolav.no]
Sendt: 08.10.2018 11:12:45
Til: Jenny Helen Korsnes; Tanja Rafteseth; Elin Almestad; Kristine Dale; Hanne Morseth; Ulrik Vik Nakken; Ingvild Endal
Kopi: Gabor, Paul Andre
Tittel: Ei orientering om gjennomføring av Ungdata 2019(1)

Hei!
Her kjem ei førebels orientering om gjennomføring av Ungdataundersøkinga 2019. I informasjons- og dialogmøtet 7. november vil vi gå nærare inn på det det som er nemnt her, og andre tema som kan vere aktuelle. Men det er heilt i orden å ta kontakt med KoRus før den tid, om det skulle vere behov for det!

Forankring og koordinering

Kommunane har ansvar for å forankre gjennomføringa av Ungdata på ansvarleg nivå i kommunen, f.eks. rådmann eller kommunalsjef. Alle skal ha ein koordinator som rettleiar skulane i den praktiske gjennomføringa, og som sikrar formidling av nødvendig informasjon til skular og andre sentrale aktørar i kommunen.

Spørjeskjema

Gjeldande spørjeskjema ligg ved. 2019 er siste året ein nyttar dette skjemaet, og det er starta ein revisjonsprosess.

Innmeldingsskjema

Med denne sendinga følgjer også innmeldingsskjemaet, som er endra – og forbetra – i forhold til tidlegare undersøkingar som kommunane på Søre Sunnmøre har delteke i. Det fremste arket i skjemaet er for utfylling av grunnopplysningar. Det neste arket gjeld informasjon om skulane som skal delta. Vidare er det eit ark om kva for rapportar som skal bestillast, og til slutt modular for valfrie tilleggsspørsmål til ungdomsskule og vidaregåande.

Fristar

Alle ungdataundersøkingane blir gjennomførte i januar-juni. **Tidlegaste oppstart er uke 4 og siste oppstartsveke er veke 22, og siste datainnsamlingsveke er veke 22.** Lokalt tilrår vi å gjennomføre undersøkinga i februar og/eller første del av mars, slik at ein kan få rapportane klare i god tid før avgangselevane er inne i eksamens- og avlutningsfasen.

Innmeldingsfristar

- For undersøkingar som skal **gjennomførast anonymt** (dette gjeld nesten berre ungdomsskoleundersøkingane), må NOVA ha innmeldingsskjemaet ferdig utfylt **minst 6 veker** før oppstart av undersøkinga – men NOVA vil svært **gjerne ha dei tidlegare**.
- For undersøkelser som skal **meldes til Norsk senter for forskningsdata (NSD)** (dette gjeld nesten berre videregående skular) må NOVA ha innmeldingsskjema ferdig utfylt **minst 11 veker før** oppstart.

Rapportfristar

Det tek maksimum 21 yrkedagar frå ei undersøking er meld inn, til rapportar som er med i gratisløysinga blir levert til KoRus. KoRus skal sjå over rapportane før dei blir utsende til kommunen. For rapportar som ikkje er med i gratisløysinga gjeld eigne fristar, som vil bli avtalte i kvar enkelt tilfelle.

Gratispakke

Rapportar for ungdomsskular i kommunen:

- **Svarfordeling** samla for alle elevar (inneheld alle spørsmåa i undersøkinga henta frå grunnmodul og tilleggsmodulane).
- **Kjønn** svarfordeling samla for alle elevar etter kjønn (inneheld alle spørsmåla i undersøkinga henta frå grunnmodul og tilleggsmodulene).
- **Nøkkeltallsrapportar** samla for alle elevar, som inneheld eit sett med nøkkelindikatorar, der tala blir sammenlikna med nasjonale tala fra dei siste tre åra. Her er det ulike rapporter avhengig av tal elevar som har svart på undersøkinga, og om variablane kjønn og klassetrinn er med. Til sist i rapporten er det sammenlikningar av indikatorar for kommune, fylke, Norge og etter kommunestørrelse.
- **Tidstrendrapport** som viser svar frå alle tidspunkt kommunene har gjennomført undersøkingar. Det er berre dei spørsmåla som er stilt på fleire tidspunkt som blir viste.

Rapportar for videregående skular i kommunen:

- **Svarfordeling**
- **Kjønn**
- **Nøkkeltallsrapporter**
- **Tidstrendrapport**

Rapportar for ungdomsskuleelevar og vidaregåande skuleelevar i kommunen:

- **Klassetrinnsrapport samla for alle elevar** på alle klassetrinn frå 8. trinn til VG3 (eller alle klassetrinn som er med i undersøkinga). Inneheld alle spørsmåla i undersøkinga hentat frå grunnmodul og tilleggsmodulane.

NOVA har fastsett følgjande prisar for lokalt utarbeidde (eigendefinerte) spørsmål og rapportar for enkeltskular:

Lokale spørsmål, også kalt «egendefinerte spørsmål», som ikke inngår i grunnmodulen eller i noen av tilleggsmodulene i ungdataskjemaet for perioden 2017-2019, inngår ikke i gratispakken. Prisene er ikke endret for 2019-undersøkelsene. Én avkrysning regnes som ett spørsmål:

- 1-10 spørsmål: 600,- per spørsmål
- 11-30 spørsmål: 400,- per spørsmål
- 30+ spørsmål: 300,- per spørsmål

Skolesett

Standardsett med rapporter for enkeltskoler: 1. Svarfordelingsrapport, 2. Svar fordelt etter kjønn, 3. Svar fordelt etter klassetrinn.

- Pris per skole: 5 000,- eks. mva.

Reduksjon i prisen: Dersom det bestilles rapporter for tre eller flere skoler innenfor samme kommune med lik leveringsdato vil kostnaden per skole være 3 750,- eks. mva. Leveringsfrist maksimum 21 virkedager etter registrert bestilling.

Med vennleg helsing

Kolbjørn Gjære • Rådgivar
Kompetansesenter rus - Midt-Norge
ST. OLAVS HOSPITAL HF | KLINIKK FOR RUS- OG AVHENGIGHETSMEDISIN
☎ +47 950 34 148 ✉ kolbjorn.gjere@stolav.no 🌎 http://www.stolav.no/korus

Meld deg på vår e-postliste for å motta informasjon om våre kurs, konferanser og samlinger.

Fra: Gjære, Kolbjørn[Kolbjorn.Gjere@stolav.no]
Sendt: 08.10.2018 11:24:32
Til: Jenny Helen Korsnes; Tanja Rafteseth; Elin Almestad; Kristine Dale; Hanne Morseth; Ulrik Vik Nakken; Ingvild Endal
Kopi: Gabor, Paul Andre
Tittel: FW: Ei orientering om gjennomføring av Ungdata 2019(1)

- og her er vedlegga som skulle ha vore med!

From: Gjære, Kolbjørn
Sent: Monday, October 8, 2018 11:13 AM
To: 'jenny.korsnes@hareid.kommune.no' <jenny.korsnes@hareid.kommune.no>; 'tanja.rafteseth@heroy.kommune.no' <tanja.rafteseth@heroy.kommune.no>; 'elin.almestad@sande-mr.kommune.no' <elin.almestad@sande-mr.kommune.no>; 'kristine.dale@ulstein.kommune.no' <kristine.dale@ulstein.kommune.no>; 'hanne.morseth@vanylven.kommune.no' <hanne.morseth@vanylven.kommune.no>; 'ulrik.vik.nakken@volda.kommune.no' <ulrik.vik.nakken@volda.kommune.no>; 'ingvild.endal@orsta.kommune.no' <ingvild.endal@orsta.kommune.no>
Cc: Gabor, Paul Andre <Paul.Gabor@stolav.no>
Subject: Ei orientering om gjennomføring av Ungdata 2019(1)

Hei!
Her kjem ei førebels orientering om gjennomføring av Ungdataundersøkinga 2019. I informasjons- og dialogmøtet 7. november vil vi gå nærare inn på det det som er nemnt her, og andre tema som kan vere aktuelle. Men det er heilt i orden å ta kontakt med KoRus før den tid, om det skulle vere behov for det!

Forankring og koordinering

Kommunane har ansvar for å forankre gjennomføringa av Ungdata på ansvarleg nivå i kommunen, f.eks. rådmann eller kommunalsjef. Alle skal ha ein koordinator som rettleiar skulane i den praktiske gjennomføringa, og som sikrar formidling av nødvendig informasjon til skular og andre sentrale aktørar i kommunen.

Spørjeskjema

Gjeldande spørjeskjema ligg ved. 2019 er siste året ein nyttar dette skjemaet, og det er starta ein revisjonsprosess.

Innmeldingsskjema

Med denne sendinga følgjer også innmeldingsskjemaet, som er endra – og forbetra – i forhold til tidlegare undersøkingar som kommunane på Søre Sunnmøre har delteke i. Det fremste arket i skjemaet er for utfylling av grunnopplysningar. Det neste arket gjeld informasjon om skulane som skal delta. Vidare er det eit ark om kva for rapportar som skal bestillast, og til slutt modular for valfrie tilleggsspørsmål til ungdomsskule og vidaregåande.

Fristar

Alle ungdataundersøkingane blir gjennomførte i januar-juni. **Tidlegaste oppstart er uke 4 og siste oppstartsveke er veke 22, og siste datainnsamlingsveke er veke 22.** Lokalt tilrår vi å gjennomføre undersøkinga i februar og/eller første del av mars, slik at ein kan få rapportane klare i god tid før avgangselevane er inne i eksamens- og avlutningsfasen.

Innmeldingsfristar

- For undersøkingar som skal **gjennomførast anonymt** (dette gjeld nesten berre ungdomsskoleundersøkingane), må NOVA ha innmeldingsskjemaet ferdig utfylt **minst 6 veker** før oppstart av undersøkinga – men NOVA vil svært **gjerne ha dei tidlegare**.
- For undersøkelser som skal **meldes til Norsk senter for forskningsdata (NSD)** (dette gjeld nesten berre videregående skular) må NOVA ha innmeldingsskjema ferdig utfylt **minst 11 veker før** oppstart.

Rapportfristar

Det tek maksimum 21 yrkedagar frå ei undersøking er meld inn, til rapportar som er med i gratisløysinga blir levert til KoRus. KoRus skal sjå over rapportane før dei blir utsende til kommunen. For rapportar som ikkje er med i gratisløysinga gjeld eigne fristar, som vil bli avtalte i kvar enkelt tilfelle.

Gratispakke

Rapportar for ungdomsskular i kommunen:

- **Svarfordeling** samla for alle elevar (inneheld alle spørsmåa i undersøkinga henta frå grunnmodul og tilleggsmodulane).
- **Kjønn** svarfordeling samla for alle elevar etter kjønn (inneheld alle spørsmåla i undersøkinga henta frå grunnmodul og tilleggsmodulene).
- **Nøkkeltallsrapportar** samla for alle elevar, som inneheld eit sett med nøkkelindikatorar, der tala blir sammenlikna med nasjonale tala fra dei siste tre åra. Her er det ulike rapporter avhengig av tal elevar som har svart på undersøkinga, og om variablane kjønn og klassetrinn er med. Til sist i rapporten er det sammenlikningar av indikatorar for kommune, fylke, Norge og etter kommunestørrelse.
- **Tidstrendrapport** som viser svar frå alle tidspunkt kommunene har gjennomført undersøkingar. Det er berre dei spørsmåla som er stilt på fleire tidspunkt som blir viste.

Rapportar for videregående skular i kommunen:

- **Svarfordeling**
- **Kjønn**
- **Nøkkeltallsrapporter**
- **Tidstrendrapport**

Rapportar for ungdomsskuleelevar og vidaregåande skuleelevar i kommunen:

- **Klassetrinnsrapport samla for alle elevar** på alle klassetrinn frå 8. trinn til VG3 (eller alle klassetrinn som er med i undersøkinga). Inneheld alle spørsmåla i undersøkinga hentat frå grunnmodul og tilleggsmodulane.

NOVA har fastsett følgjande prisar for lokalt utarbeidde (eigendefinerte) spørsmål og rapportar for enkeltskular:

Lokale spørsmål, også kalt «egendefinerte spørsmål», som ikke inngår i grunnmodulen eller i noen av tilleggsmodulene i ungdataskjemaet for perioden 2017-2019, inngår ikke i gratispakken. Prisene er ikke endret for 2019-undersøkelsene. Én avkrysning regnes som ett spørsmål:

- 1-10 spørsmål: 600,- per spørsmål
- 11-30 spørsmål: 400,- per spørsmål
- 30+ spørsmål: 300,- per spørsmål

Skolesett

Standardsett med rapporter for enkeltskoler: 1. Svarfordelingsrapport, 2. Svar fordelt etter kjønn, 3. Svar fordelt etter klassetrinn.

- Pris per skole: 5 000,- eks. mva.

Reduksjon i prisen: Dersom det bestilles rapporter for tre eller flere skoler innenfor samme kommune med lik leveringsdato vil kostnaden per skole være 3 750,- eks. mva. Leveringsfrist maksimum 21 virkedager etter registrert bestilling.

Med vennleg helsing
Kolbjørn Gjære • Rådgivar
Kompetansesenter rus - Midt-Norge
ST. OLAVS HOSPITAL HF | KLINIKK FOR RUS- OG AVHENGIGHETSMEDISIN
☎ +47 950 34 148 ✉ kolbjorn.gjere@stolav.no 🌎 http://www.stolav.no/korus

Meld deg på vår e-postliste for å motta informasjon om våre kurs, konferanser og samlinger.

HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr: Arkiv:	2018/1233

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
36/18	Komite for næring, kultur og idrett	10.09.2018
113/18	Kommunestyret	20.09.2018
131/18	Kommunestyret	25.10.2018

ÅRSMELDING OG REKNESKAP FOR HERØY FRIVILLIGSENTRAL 2017

Møtebehandling:
Bjarne Kvalsvik (FOLK/Sp) kom med framlegg om å utsette saka.

Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 20.09.2018
Saka vert utsett.

Møtebehandling:
Det vart oppdaga ein skrivefeil i saksutgreiinga..

Rekneskap:
Frivilligsentralen sitt rekneskap for 2017 viser eit samla mindreforbruk på vel kr 158'..."
"Mindreforbruk" skal vere "Meirforbruk".
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 10.09.2018

Årsmelding og rekneskap for Herøy frivilligsentral 2017 vert godkjend.

Tilråding:

Årsmelding og rekneskap for Herøy frivilligsentral 2017 vert godkjend.

Særutskrift:
Herøy frivilligsentral
Økonomileiar
Kulturleiar

Vedlegg:
Rekneskap 2017
Årsmelding 2017

Samandrag av saka:
Herøy kommune er eigar av Herøy frivilligsentral og kommunestyret er årsmøte for denne. Vedlagt fylgjer årsmelding og reknskap for Herøy frivilligsentral 2017.

Saksopplysningar:
Formål:
«Frivilligsentralen (FS) i Herøy skal bidra til å gjere Herøy kommune (HK) til ei enno betre kommune å bu i ved å kartleggje, synleggjere og ta i bruk dei frivillige ressursane i kommunen. FS skal vere eit knutepunkt og bindeledd mellom dei som vil yte ein ubetalt innsats i nærmiljøet/ lokalsamfunnet og dei som ynskjer å motta slik innsats. FS skal fungere som møteplass og brubyggjar mellom menneske, frivillige lag og organisasjonar/ samanslutningar og det offentlege.»

Årsmelding:
Årsmeldinga for 2017 viser at sentralen er involvert i mange aktivitetar, både i regi av sentralen sjølv og i samarbeid med frivillige personar, lag og organisasjonar, samt kommunale avdelingar og næringslivet.

Av kommunens gjennomgåande perspektiv, bidrar frivilligsentralen bl.a. til aktivitetar innan folkehelse (alt dei gjer), for born og unge (natteravnar, TV-aksjonen til inntekt for Unicef) og verdiskaping (samarbeid med lag og organisasjonar som bidreg til utvikling av lokalmiljøet; for eksempel eldrebølgen og radiobingo).

Med omsyn til kommunens satsingsområder på heilskapleg sentrum- og samfunnsutvikling, vil vi særleg framheve sentralen som ein viktig møteplass for menneske i alle livsfasar. Enkelte er innom berre få gongar, mens andre nyttar sentralens aktivitetar over fleire år. Det å ha lokalar på gateplan og med nærleik til parkering er viktig for å kunne legge til rette for rørslehemma.

Rekneskap:
Frivilligsentralen sitt rekneskap for 2017 viser eit samla meirforbruk på vel kr 158'. Meirutgiftene hovudsakleg til husleige og straum grunna at eigedomsavdelinga si tilrettelegging av nye lokalar på kulturhuset vart sterkt forseinka. Vidare manglar den årlege overføringa frå pleie- og omsorgsavdelinga på kr. 55'. Statstilskotet som tidlegare var øyremerka er lagt inn i den generelle ramma.

Frivilligsentralen mottok i 2017 til skot frå Gjensidigestiftinga til Sykkeltur for menneske med nedsett funksjonsevne (sykkelvogn) og strøsand til eldre. I tillegg mottok dei midlar til Den kulturelle spasestokken.

Drift hovudpostar i 2017:

Σ4	0	Lønn inkl.sosiale utgifter	806 986	654 179	0	654 179	-152 807
Σ4	1	Kjøp av varer /og tjenester som inngår i komm.egen	370 027	202 523	0	202 523	-167 504
Σ4	3	Kjøp av tjenester som erstattar komm.egenproduksjo	21 808	0	0	0	-21 808
Σ4	4	Overføringer til andre	47 094	29 007	0	29 007	-18 087
Σ3	1	Utgifter	1 245 914	885 709	0	885 709	-360 205
Σ4	0	Lønn inkl.sosiale utgifter	-75 456	0	0	0	75 456
Σ4	6	Salsinntekter	-16 407	-30 660	0	-30 660	-14 253
Σ4	7	Refusjonar	-47 094	-84 007	0	-84 007	-36 913
Σ4	8	Overføringer fra andre	-177 901	0	0	0	177 901
Σ3	2	Inntekter	-316 858	-114 667	0	-114 667	202 191
Σ2	4021	Frivillighetssentralen	929 057	771 042	0	771 042	-158 015

Vurdering og konklusjon:
Rådmannen rår til at årsmelding og rekneskap for 2017 vert godkjend.

Konsekvensar for folkehelse:
Folkehelsearbeid er samfunnets innsats for å påvirke faktorer som direkte eller indirekte fremmer befolkningens helse og trivsel, forebygger psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, eller som beskytter mot helsetrusler, og arbeid for en jevnere fordeling av faktorer som direkte eller indirekte påvirker helsen (Regjeringen). Herøy frivilligsentral er ein viktig bidragsytar i lokalmiljøet og bidreg til å skape gode møteplassar og aktivitetar for bl.a. auka trivsel, betre fysisk- og psykisk folkehelse og å førebygge einsemd.

Konsekvensar for beredskap:
Gode og godt organiserte frivillige aktivitetar, samt dyktige frivillige, kan vere ein viktig ressurs i lokalsamfunnet når kommunen opplever små og større kriser.

Konsekvensar for drift:
Ingen ut over allereie vedteke budsjett .

Fosnavåg, 31.08.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eileen Gjerde

Konto	Konto	Rekneskap	Rev.bud	Avvik
11208	Diverse utgifter	2 526	15 713	13 187
11400	Annonser og reklame	0	10 475	10 475
14290	Moms generell kompensasjonsordning	631	6 547	5 916
17290	Kompensasjon mva Driftsrekneskapen	-631	-6 547	-5 916
231	**Aktivitetstilbud barn og unge**	**2 526**	**26 188**	**23 662**
10100	Fast lønn	524 559	436 385	-88 174
10200	Vikarar	36 128	0	-36 128
10500	Løn- og trekkpliktig godtgjersle	6 000	0	-6 000
10508	Diverse lønnsutbetaling	5 241	0	-5 241
10900	Pensjon	109 645	87 294	-22 351
10902	Kollektiv ulykkes- og gruppelivforsikring	1 050	869	-181
10990	Arbeidsgiveravgift	93 793	73 000	-20 793
11000	Kontormateriell	1 260	4 274	3 014
11002	Abonnement aviser og fagtidsskrifter	0	1 389	1 389
11051	Anna undervisningsmateriell	0	1 069	1 069
11150	Matvarer	18 783	16 963	-1 820
11150	Matvarer	1 799	0	-1 799
11151	Servering møter, kurs, representasjon	3 279	4 274	995
11200	Reinhaldsmateriell	352	2 137	1 785
11202	Velferdstiltak	8 504	4 274	-4 230
11203	Anna forbruksmateriell	3 784	2 137	-1 647
11208	Diverse utgifter	6 600	0	-6 600
11300	Porto	91	3 206	3 115
11301	Telefoni	1 677	5 343	3 666
11302	Banktenester og gebyr	94	0	-94
11400	Annonser og reklame	12 119	10 685	-1 434
11500	Kursutgifter	0	8 885	8 885
11501	Opphaldsutgifter kurs	0	2 137	2 137
11600	Reiseutgifter, oppgåvepliktige	30 570	53 425	22 855
11601	Diettgodtgjersle, oppgåvepliktige	0	3 206	3 206
11703	Reiseutgifter, ikkje oppgavepliktige	0	5 343	5 343
11800	Straum	12 495	0	-12 495
11900	Husleige	156 000	64 684	-91 316
11951	Lisenser	13 442	8 548	-4 894
12000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler	111 637	10 685	-100 952
12003	Kjøp av kontormaskiner	9 122	7 480	-1 642
12200	Leie (operasjonell leasing) av driftsmidler	2 527	0	-2 527
12300	Vedlikehold og byggetjenester	1 391	8 548	7 157
12400	Serviceavtaler og reparasjoner	2 546	4 274	1 728
13700	Kjøp fra andre (private)	21 808	0	-21 808
14290	Moms generell kompensasjonsordning	46 463	22 460	-24 003
16200	Avgiftsfrie salsinntekter	-16 407	-20 440	-4 033
16500	Avgiftspliktig sal av varer og teneste	0	-10 220	-10 220
17100	Refusjon sjukeløn	-68 716	0	68 716
17102	Refusjon feriepengar	-6 740	0	6 740
17290	Kompensasjon mva Driftsrekneskapen	-46 463	-22 460	24 003
17509	Sal av tenester til Herøy kommune	0	-55 000	-55 000
18900	Overføringar frå private	-172 901	0	172 901
18901	Gåver	-5 000	0	5 000
234	**Aktivisering og servicetjenester overfor eldre og funksjonshemmede**	**926 531**	**744 854**	**-181 677**
4021	**Frivillighetssentralen**	**929 057**	**771 042**	**-158 015**

Årsmelding Herøy Frivilligsentral 2017.

Tenester og oppgåver i avdelinga

Frivilligsentralen i Herøy skal bidra til å gjere Herøy kommune til ei enno betre kommune å bu i ved å kartlegge, synleggjere og ta i bruk dei frivillige ressursane i kommuna. Frivilligsentralen skal vere eit knutepunkt og bindeledd mellom dei som vil yte ein ubetalt innsats i nærmiløet/lokalsamfunnet og dei som ynskjer å motta slik innsats. Fs skal fungere som møteplass og brubyggjar mellom menneske, frivillige organisasjonar/samanslutningar og det offentlege.

Økonomi: I tillegg til statstøtte har vi fått prosjektmidler frå gjensidigestiftelsen: Sykkeltur for personar med nedsett funksjonsevne, 119231,-. Strøsand til eldre i Herøy, 53670,- Tilskot frå Tryg til drift av Natteravntenesta 5000,- Rekneskapen syner eit underskot på 158 015,-. Meirutgifter hovudsakleg til husleige, straum m.v. grunna at eigedomsavdelinga si tilrettelegging for flytting vart sterkt forseinka. Dessutan manglar den årlege overføringa frå pleie og omsorgsavdelinga på 55 000,-, og vi måtte dekkje alle utgifter i forbindelse med middagsombring frå eige budsjett. Den kulturelle spaserstokken med eige ansvarsnummer 4015 har vi dette året nytta 46 568,75 av tildelte 102 641,-.	
Organisasjon:	
Eigar:	Herøy kommune Kulturavdelinga, Eileen Gjerde.
Styret:	Styreleiar: Sigurd V. Nygard, vara Kurt Dalhstrøm (Politisk valt) Nestleiar: Karl Anders Brendmo, vara Karine Sæter (Kyrkja) Styremedlem: Terje Krogset, vara Elsi Hagen (Ytre Herøy pensjonistlag) Styremedlem: Sylvi Lillebø, vara Trine Myklebust. (Herøy Sanitetsforening) Styremedlem: Magne Nærø, Kurt Are Skarbø. (Frivillige)
Dagleg leiar:	100 % stilling, Britt Paulsen tom 12.09. 80% Ingvill Sævik Bjørneset vikar frå oktober.
Møter/kurs/konferansar:	Styremøter: 2 møter der det er handsama 9 saker. Årsmøte: Kommunestyret 21.06. Møter: Integrering: 5. Leiarmøter kulturavdelinga: 15. TV-aksjon: 2. Sommarfest: 3. Styremøter Natteravn: 1. Ytre Herøy ungdomskule: 1. Samarbeidsmøte aktivitet eldre: 2. Psykisk helse: 1. Servicetorget: 1. Kulturgruppe omsorgssentera: 2. Nettverk Søre Sunnmøre: 2.
Tenester:	
Frivillige lag og organisasjonar	• Utlån av lokalet: Herøy senioruniversitet, Flyktningtenesten, Handykapforbundet, Revmatikerforeninga, Herøy kameraklubb, Søre Sunnmøre brystkreftforening, Herøy Høgre, Sørøyane Røde Kors, Familievernkontoret Ålesund, Barnas Turlag, Herøy Frimerkeklubb, Herøyspelet, Bergsøy Skulekorps, Amcar Ytre Sunnmøre, Ungdomsavdelinga, Herøy LAN, Bergsøy Gammeldansgruppe. • Liste over lag og organisasjonar: vert oppdatert fortløpande. Påminning sendast ut nokre gongar pr. år.

	Lista ligg tilgjengeleg på heimesidene til kommunen og Frivilligsentralen. • Hjelper til med rekruttering av medlemmar. • Påminning og tips via epost, nettside og facebook om kvar, korleis og frist for å søkje tilskot eller prosjektmidler. • Frivilligprisen 2017,skal i 2018 tildelast ilag med dei andre prisane i kommunen under eit felles arrangement. • Tilbod om gratis stand og anna aktivitet på årets sommarfestival.
Møteplassar, integreringstiltak, bulyst og førebyggande folkehelse.	• **Tjukkasgjengen** har turar stort sett kvar veke, denne gruppa er no sjølvstyrt. • **Strikkekafe'** kvar torsdag på dagtid. På kveldstid ein gong pr månad. Samarbeid med Fosnavåg kino om strikkekino. • **Eldrebølgen**, Dette er eit trivselstiltak for eldre både på institusjonane og heimebuande. Pensjonistlaga; LHL og Frivilligsentralen samarbeider om dette. Vi går tur i nabolaget når det er ver til å vere ute elles enkel trim innandørs. LHL Søre Sunnmøre og Ytre Herøy pensjonistforening har ansvar for trimmen innendørs på begge omsorgssentera. • **TV Aksjon**, gjekk i år til Unicef, ordførar er leiar av aksjonen, dagleg leiar koordinerer rodeleiarar og bøssebærarar. Vi hadde full bøssebærardekning og resultatet syner 76,- i snitt pr innbyggar. I tillegg til innsamling i bøsser hadde nokre skular og barnehagar eigne arrangement i høve innsamlinga, samt bedrifter og organisasjonar gav gode bidrag. • **Den kulturelle spaserstokken**, dagleg leiar er kontaktperson i kommunen. Arbeidsgruppe består av kulturkontakter på omsorgssentera og frivilligsentralen. Etter søknad til Møre og Romsdal fylkeskomune får vi midler til arrangement for eldre og hjelpetrengande. Dette året har vi hatt 8 arrangement i omsorgsentera og 1 arrangement i forbindelse med eldreårdets eldrefest. • **Radiobingo**, frivillige står for organisering og gjennomføring av denne møteplassen, kvar måndag.
Hjelpetenester	• **Middagsombringing** har vi to dagar pr veke. Vi køyrer 2 ulike ruter kvar gong. Det har vorte levert ut ca 2000 middagar, og det frivillige arbeidet utgjer ca 20% stilling. Det er ei fast kjerne på 10 personar som køyrer etter oppsett turnus. Dei som køyrer får køyregodtgjerelse og vi arrangerer «sjåførkaffi» ein gong pr månad. Brukarar må ha vedtak frå pleie og omsorgsavdelinga for å få bringa mat heim til seg. • **Høyrselhjelp,** personar frå høyrselsforbundet kjem to gongar pr månad og hjelper dei som treng det med høyreapparat og rådgjeving. Omlag 60 personar har vore innom og fått hjelp av likepersonane. Dei ga også tilbod

	om høyrseltest under årets sommarfestival om lag 30 personar Sal av batteri er også ei teneste frivilligsentralen yter utanom høyrselhjelpa. • **Natteravnar,** har eige styre på 6 personar, desse byter på å orientere foreldre som skal vere natteravn, fortrinnsvis fredagar i forbindelse med ungdomsklubbane. Dei har også ravna på festivalar og i russetida både i Herøy og nabokommunene. • **Strøsand til eldre i Herøy** etter søknad til Gjensidigestiftelsen fekk vi tildelt 53670,- det vart kjøpt inn 250 handstrøbokser og 150 påfyllingsbøtter. Herøy produksjon tok arbeidet med klargjering av utstyr, som vart midlertidig lagra på Sanitetshuset. Sidan vinteren kom brått og det vart mykje is og holke, gjekk utdelinga fort, både frivillige, lag og organisasjonar, privat drosjenæring og pleie og omsorgsavdelinga tok del i distribueringa av desse. Vi kan sjølvsagt ikkje måle effekta av dette, men målet med tiltaket er å forebygge beinbrot og andre skader, samt bidra til at fleire eldre vert meir sjølvhjelpte og slepp stor grad av isolasjon om vinteren. • **Sykkeltur for eldre med nedsett funksjonsevne** Etter søknad til gjensidigestiftelsen fekk vi tildelt 140 000,- til innkjøp av to rickshaws (el-sykkel) ein til kvar av omsorgssentera i kommunen. Vi nytta 119231,- av midlane, resten vart tilbakebetalt til gjensidigestiftelsen. Syklane er no i bruk på omsorgssentera, pleie og omsorgsavdelinga har ansvar for bruk og vedlikehald av desse.
Samarbeidspartar	• Frivillige lag og organisasjonar, • Kulturavdelinga. • Frivilligsentralar i nabokommuner. • Herøy kyrkje. • Herøy frikyrkje. • Internasjonal skule. • Natteravnar: ungdomsarbeidar, FAU, MOT, Ytre Herøy ungdomskule, Stokksund skule, Møre skule, Politiet. • Pleie -og omsorgsavdelinga. • NAV flyktning og Internasjonal skule. • Eldrerådet.
Marknadsføring	Vestlandsnytt med annonser, artiklar og omtaler, Servicekontoret, facebook, heimesider: frivilligheroy.no og heroy.kommune.no, plakatar og oppslag, flyers, epost, sms, «jungeltelegraf» og fornøgde brukarar. Infoskjerm på internasjonal skule.

Hovedutfordringar/prioritering 2018.

- Arbeide for å få eit betre samarbeid med andre avdelingar i kommunen.
- Arbeide med opplysing og markedsføring av nye lokaliteter og ny aktivitet.
- Skape nye og oppretthalde aktivitetar med fokus på bulyst, inkludering og førebyggande folkehelse.
- Bli endå betre på godt samarbeid med lag og organisasjonar.

Fosnavåg 28.08.2018

-Sigurd Nygard, styreleiar-

-Britt Paulsen, dagleg leiar-

-Karl Anders Brendmo-

-Trine Myklebust (vara)-

-Magne Nærø-

-Terje Krogset-

Delegerte saker frå avdelingane

DS 245/18 Rullestolrampe rådhuset - søknad dispensasjon byggegrense. 05.09.2018 00:00:00 AURVOLL OG FURESUND AS

DS 246/18 Per Erling Lynge - 48/90 - Rehabilitering av skorstein 02.10.2018 00:00:00 CEMENTPRODUKT AS

DS 247/18 Frede Uldbæk - 87/15 - IG brygge 09.10.2018 00:00:00 CONPLAN AS

DS 248/18 Skjenkebevilling - søknad om skjenking for lukka selskap 19.10.2018 14.09.2018 00:00:00 KVALSVIK BJARNE

DS 249/18 Mellombels bruksløyve - 26/229 17.09.2018 00:00:00 BYGGENHEIM AS

DS 250/18 Kjøp av 80/27 i Feirelia. 18.09.2018 00:00:00 Hallgeir Espeseth

DS 251/18 Oddbjørn Roseth - 23/1 - grunnarbeid/infrastruktur 17.09.2018 00:00:00 B TARBERG AS

DS 252/18 Ferdigattest - fasadeendring 26/27 18.09.2018 00:00:00 Arve Voldsund

DS 253/18 Godkjenning - skjenkebevilling - søknad om bevilling for åpent arrangement (enkelt, bestemt anledning) 01.10.2018 00:00:00 Kvalsvik Bjarne

DS 254/18 Handelsbygg Holding as - 38/2 - IG grunn og fundamentarbeid 25.09.2018 00:00:00 SH PROSJEKT AS

DS 255/18 Frode Bakken - 86/52 - riving brannskada bygg 03.10.2018 00:00:00 PER MULVIK AS

DS 256/18 Herøy kommune - 34/84 - Fasadeendring/rullestolrampe 14.09.2018 00:00:00 AURVOLL OG FURESUND AS

DS 257/18 Thore A. Bendal - 30/3 - Frådeling 25.09.2018 00:00:00 TOMTESERVICE AS

DS 258/18 Mellombels bruksløyve - 25/89 - Einebustad 27.09.2018 00:00:00 BYGGENHEIM AS

DS 259/18 Ferdigattest - 60/399 - Garasje 02.10.2018 00:00:00 Hjalmar Olav Jacobsen

DS 260/18 Ferdigattest - 45/160 - Leilegheit A og B 08.10.2018 00:00:00 PER MULVIK AS

Referatsaker

RS 35/18 Høyring mulig reduksjon i busstilbod frå 1. mai 2019 - svar

HERØY KOMMUNE
Samfunnsutvikling

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE
Postboks 2500
6404 MOLDE

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2018/1299			UTV	15.10.2018

HØYRING MULIG REDUKSJON I BUSSTILBOD FRÅ 1. MAI 2019 - SVAR

Saka gjeld endring i rutetilbod:

Rute/linje	Kl.	Trase	Turnr	Endring	Dagtype	Antall reisande pr avg	Merknad	Rutepakke
210	05:50	Stordal - Sjøholt	103	Lite påstigende pax Stordal til Sjøholt. Framleis rute Sjøholt – Ålesund	mandag-fredag	4,2	påstigningstatistikk Stordal - Sjøholt	4
235	11:30	Steinshamn - Myklebust	107	utgår	mandag-fredag	4,14		4
235	11:50	Myklebust - Finnøy	110	utgår	mandag-fredag	5,02		4
238	16:50	Skodje - Vadset	101	utgår	mandag-fredag	0,05		4
241	06:10	Midsund-Heggdal-Solholmen		Utgår	Mandag-fredag skuledagar	0		8
245	07:40	Vestnes-Fiksdal	103	Kutte Øverås/Neråsp å turen skolefri	Mandag-frdag skulefri	0	Kun liten del av trase som tas bort.	7
310	15:13	Årvik - Garnes	605	Utgår	laurdag	2,91		5
334	15:50	Leikong - Voldnes	113	Utgår	Mandag-fredag skuledagar	0,38		5
334	16:00	Voldnes - Leikong	120	Utgår	Mandag-fredag skuledagar	0,09		5
338	15:50	Garnes-Volda	606	Utgår	laurdag	1,15		5
338	16:20	Volda - Garnes	605	Utgår	laurdag	2,5		5
					mandag-fredag			

Sak om ruteendringsprosessen har vore annonsert på nettside og sosiale mediar og vi har ikkje motteke merknadar på forslaget frå fylket. Ein har og lagt fram saka for sektor oppvekst og lokal skule som ikkje hadde kommentarar til saka.

Har du spørsmål kring saka kan du kontakte: Jarl Martin Møller, jarl.martin.moller@heroy.kommune.no - 97506761

Med helsing

Jarl Martin Møller Jarl Martin Møller

Kommunalsjef Samfunnsutvikling	Sakshandsamar Utviklingsavdelinga

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Delegerte saker frå avdelingane

DS 261/18 Nils - Jacob Elsebø - 30/9 - Frådeling 16.10.2018 00:00:00 TOMTESERVICE AS

DS 262/18 Geir Jostein Stenersen - 38/216 - Påbygg/tilbygg 28.09.2018 00:00:00 Geir Jostein Stenersen

DS 263/18 Kjell Mikal Blomvik - 19/7 - frådeling av tilleggsareal 08.10.2018 00:00:00 Kjell Mikal Blomvik

Referatsaker

RS 36/18 Søknad om ruteløyve

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Rådhusgata 5
6090 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Arkivkode:
Saksbeh.
12 OKT. 2018
Utgår P
Utgår S
Dok.nr

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		111343/2018	Geir Olsen, 71 28 02 66	08.10.2018

Søknad om ruteløyve for flybuss på strekninga Ålesund Lufthavn Vigra og Ålesund - fråsegn

Frå Ålesund Turvogn Service AS har vi motteke søknad om å får drive persontransport med motorvogn i rute (flybuss) mellom Ålesund Lufthavn Vigra og Moa/Ålesund, samt mellom hurtigbåtkaia på Valderøya og flyplassen.

Søknaden om ruteløyve følgjer vedlagt dette brevet.

Det er samferdselsutvalet i Møre og Romsdal som er løyvestyresmakt for rutegåande transport innan fylket. Vi tek sikte på å handsame søknaden i samferdselsutvalet sitt møte 5. desember i år.

Vi ber om Dykkar eventuelle fråsegn til søknaden innan 5. november 2018.

Med helsing

Jesper Wiig
fung. seksjsonsleiar

Geir Olsen
rådgivar

Kopi:
Ålesund Turvogn Service AS Postvegen 151 6040 VIGRA

Ålesund Turvogn Service AS
Postvegen 151
6040 Vigra

Samferdselsavdelingen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset

6404 MOLDE

Ålesund den 26.09.2018

Søknad om konsesjon ihht. § 25, jf. § 13, i yrkestransportlova

Ålesund Turvogn Service AS innehar per i dag fem turvognløyver, samt løyve for transport av hotellgjester mellom hotell i Ålesund og Ålesund Lufthavn, Vigra.
I gjennomsnitt har vi for tiden i underkant av 30 daglige turer til/frå flyplassen med buss og minibuss.

Vi vil med dette søke om konsesjon for kommersiell drift av "Flybuss" mellom Moa, Ålesund og Ålesund lufthavn – Vigra samt mellom hurtigbåtkai Valderøy og flyplassen.

Etter vår mening har vi ett bedre grunnlag for ruteoppfølging/endringer enn hva dagens ordning er basert på.

Overstående baseres på vår kunnskap om flybevegelser, og evne til å snu rundt en operasjon i løpet av meget kort tid.

Det er heller ikke negativt at vi allerede mottar oversikt over flybevegelser for kommende måned fra alle flyselskaper allerede.

Ved å tildele oss konsjesjon på søkt rute, vil det gi oppdragsgiver mulighet for å konsentrere seg om lokalruter av mer forutsigbar art. Dette basert på den arbeidsmengde det er å følge med flytider og de endringer som kreves i operasjonen.
I tillegg antas det at dagens trafikktall på Flybussen ikke gir noe økonomisk gevinst for fylket.

Med en kommersiell aktør på ruten, vil fylket kunne bruke merkostnadene på denne ruten til andre formål for fylkets innbyggere.

